View metadata, citation and similar papers at core.ac.uk
brought to you by CORE
provided by NORA - Norwegian Open Research Archives

Ideologisk leiarskap i den norske ml-rørsla

Det umogleges kunst 1965−1980

Håkon Kolmannskog

HOVUDOPPGÅVE I HISTORIE
INSTITUTT FOR ARKEOLOGI, KONSERVERING OG HISTORISKE STUDIER
UNIVERSITETET I OSLO
VÅREN 2006

Føreord

Det er mange som skal ha stor takk når eg no avsluttar dette hovudfagsarbeidet. Sambuar Hilde Cathrine Fjellhøy Haug har vist tolsemd og innlevingsevne av ei anna verd. Ho har vore med og diskutert alle delar av arbeidet og har lese korrektur på heile oppgåva. Min gode ven Magnus Engen Marsdal har vore ein inspirerande samtalepartnar frå start til slutt. Eg vil også takka alle informantane mine, og då særleg Brigt Kristensen. Ikkje berre tok han fly ned frå Bodø med ein koffert full av gamle papir, han kommenterte også på sedvanleg skarpt vis eit seint utkast av oppgåva. Lars Nygaard stilte raust opp med datahjelp på slutten. Takk også til dei mange som eg har diskutert og utveksla stoff med dei siste åra: Idar Helle, Hans Petter Sjøli, Jon Rognlien og James Godbolt.

Sist, men ikkje minst, vil eg takka rettleiar Tor Egil Førland. Han har vore ein tolmodig, men streng og god lesar. Takk for kampen!

Ein skal vera varsam med å identifisera seg for sterkt med sitt eige studieobjekt. Eg tileignar likevel denne oppgåva til dei mange samvitsfulle, dyktige og hardt arbeidande menneska som var medlemmer i den norske ml-rørsla på 1970-talet. Det er mi von at det brennande engasjementet deira for ei betre verd ikkje verkar avskrekkande på komande generasjonar med hjartet på venstre side, men at dei dyrkjøpte lærdomane frå ml-rørsla si historie kan bidra til ei ny og betre venstreside i Noreg.

Håkon Kolmannskog
Oslo, mars 2006

Innhald

1. IDEOLOGISK LEIARSKAP I DEN NORSKE ML-RØRSLA 1965−1980 1

1. Innleiing 1
2. Eit leiarskapsperspektiv 3
3. Ideologisk leiarskap i den norske ML-rørsla – ein definisjon 4
4. Tese: ei faustisk pakt med maoismen 6
5. Teori, metode og struktur for oppgåva 12
6. Litteratur og kjelder 13

2. SUF BLIR MAOISTISK 1965−1968 20

1. Innleiing 20
2. Bryn/Hellerud SUF 20
3. Studentane i SUF 24
4. Kontakten mellom SF-stud og Bryn/Hellerud SUF 27
5. Tron Øgrim som karismatisk leiar? 31
6. *Ungsosialisten*: Eit maoistisk univers 32
7. Den endelege overgangen 36
8. Oppsummering 41

3. FRÅ SUF (ML) TIL AKP (ML) 1969−1973 42

1. Innleiing 42
2. Skapinga av ei rørsle 42
3. Striden med Kjell Hovden og MLF 45
4. Striden med Hans Ebbing og Arne Overrein 55
5. Oppsummering 63

4. "OPPGJERET MED HØGREAVVIKET" 1975−1976 65

1. Innleiing 65
2. "Tesene" 65
3. "Oppgjeret" 73
4. Oppsummering 85

5. FRÅ PARTIKRISE TIL PARTIKAMP 1979−1980 87

1. Innleiing 87
2. Ideologisk krise 87
3. Tillitskrise 95
4. Frå partikrise til partikamp: Prosessen mot DS-formannen 103
5. Oppsummering 113

6. ANALYSE 114

1. Innleiing 114
2. Tese: ei faustisk pakt med maoismen 114
3. 1965−1968: Ideologisk effektivisering 115
4. 1969−1973: Ideologisk monopolisering 118
5. 1975−1976: Ideologisk maksimering 121
6. 1979−1980: Ideologisk konservering 125
7. Oppsummering 129

7. KONKLUSJON 130

1. Innleiing 130
2. Var maoismen eit religionssubstitutt? 130
3. Den leiande kjernen og maoismen 137
4. Konklusjon 145

LITTERATUR 147

KJELDER 152

Vedlegg 1: Forkortingar 154
Vedlegg 2: AKP (ml) sin leiarskapsstruktur 155
Vedlegg 3: Den sentrale kjernen i Sentralkomiteens Arbeidsutval (SKAU) 1973−1980 156
Vedlegg 4: Bruk av munnlege kjelder 158

1. Ideologisk leiarskap i den norske ml-rørsla 1965−1980

Bakgrunn og hypotesar

1. Innleiing

Eit mektig svart-kvitt-bilete pregar omslaget på tidlegare AKP (ml)-leiar Pål Steigan si bok *På den himmelske freds plass*: Pål Steigan og Tron Øgrim i møte med formann Mao Zedong. Steigan og Mao helsar, den første med to hender. Unge Steigan smiler breitt, men usikkert. Mao er tilbakelent og kul. Han har ein sigar i handa.

I 1970, då biletet vart teke, hadde Steigan og Øgrim nett ført Sosialistisk Ungdomsforbund (SUF) ut av Sosialistisk Folkeparti (SF) og inn i ein ideologisk fellesskap, tufta på "marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking" (MLM).[1] Ein talde ikkje mange medlemmene. Men i løpet av det komande tiåret vart SUF til Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene) – AKP (ml) – og den såkalla ml-rørsla ei relativt sterk kraft på venstre fløy i Noreg, særleg i gymnas- og universitetsmiljø. Rørsla skipa dagsavis, forlag og ei rad frontar. I 1977 gjekk godt over 10 000 menneske attom den AKP (ml)-initierte Faglig 1. mai-fronten sine parolar i Oslo. Truleg talte partiet på det meste kring 3000 medlemmer, med ungdoms- og studentorganisasjon om lag 5000.[2] AKP (ml) vart det sterkaste av dei skandinaviske ml-partia, kanskje også i Vesten, sett i høve til folketal.[3] I si tid og i sin generasjon av venstreradikale skapte ml-rørsla mykje leven, splid og fiendskap, men også entusiasme, engasjement og ein enorm aktivisme som vart opplevd som frigjerande og meiningsfylt av mange av dei som var med. Den norske ml-rørsla vart slik sett ein *suksess*, m.o.t. organisatorisk styrke, ideologisk einskap og evne til aktivistisk mobilisering.

---

[1] Eg har nytta den moderne skrivemåten av kinesiske namn (pinyin), slik: Mao Zedong. I kjeldetilfanget førekjem derimot den eldre skrivemåten (Wade-Gilles), slik: Mao Tsetung.

[2] Det er stor uvisse om ml-rørsla sine medlemstal, ettersom dei aldri har vore offisielle og partiet ikkje skal ha hatt noko sentralt medlemsregister. Ifølgje Kjell Skjervø, som var leiar for Organisasjonsutvalet (OU) gjennom nesten heile 1970-talet, var 1978 toppåret m.o.t. medlemstal, med omtrent 3000 medlemmer i partiet og 5000 medlemmer i heile rørsla (intervju med Kjell Skjervø, 28. oktober 2003 [37.12]). Andre som har forska på ml-rørsla, opererer med liknande tal, men kjeldegrunnlaget deira ser ut til å vera like usikkert som mitt (Hans Petter Sjøli, *Mao min Mao. Historien om AKPs vekst og fall,* Cappelen, Oslo 2005, s. 124; Anders Holsbø Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla,* hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo 1992, s. 150−151).

[3] Maoisme-forskaren Robert Jay Alexander, som har kartlagt vestlege maoistparti og -grupper i tidsrommet 1950−1980, hevdar at maoistpartia i Skandinavia hadde overraskande stor suksess på 1970-talet, og at det ikkje er tvil om at norske AKP (ml) var det viktigaste av dei (Robert J. Alexander, *Maoism in the developed world*, Praeger Publishers, Westport, Connecticut 2001, s. 139). Vi manglar offisielle medlemstal for dei einskilde ml-partia i Vesten og kan såleis ikkje samanlikna systematisk. Det er likevel grunnlag for å tru at den norske ml-rørsla sine medlemstal må ha vore uvanleg høge sett i høve til folketal. Til samanlikning hadde det sterkaste ml-partiet i Frankrike, Parti Communiste Marxiste-Léniniste de France (PCMLF) på det meste ikkje meir enn 3000 medlemmer. Sjefsrivalen deira, Parti Communiste Révolutionnaire (marxiste-léniniste), PCR (ml), hevda å ha samla det same talet midt på 1970-talet, men tala er usikre (A. Belden Fields, *Trotskyism and maoism. Theory and practice in France and the United States*, Praeger Publishers, New York 1988, s. 94−96).

Men samstundes fekk AKP (ml) lita støtte utanfor studentmiljøet. Dei hadde minimal evne til å utvikla alliansar mellom venstrepartia. I val fekk arbeidarklassen sitt eigentlege parti, som dei lenge kalla seg, promillar i oppslutnad. AKP (ml) vart eit einsamt parti i norsk politikk. Dei støtta Josef Stalin og Pol Pot. Truskapen til MLM var så djup at ml-arane vart "papegøyer for Kina", som partiet sin sjefsideolog Tron Øgrim har formulert det.[4] "Det var en rovdrift på og undertrykkelse av mange politisk engasjerte mennesker," har eks-ml-ar Torstein Hjellum uttala.[5] "Vi ville kontrollere mer enn å diskutere," vedgår dei tidlegare sentrale ml-arane Finn Sjue og Egil Fossum: "Vi undertrykte tvil og tro. Vi sa oss enige. Og vi leste for å få bekreftelser, ikke for å finne fram til det som var sant og riktig."[6]

Etter år med *Klassekampen*-sal utanfor norske fabrikkportar, og ambisiøse og sjølvoppofrande tiltak med "sjølvproletarisering", vart fasit gradvis skriven: Den norske arbeidarklassen kom ikkje til AKP (ml). Revolusjon og sosialisme etter kinesisk mønster hadde ikkje sjanse i sosialdemokratiske og fredelege Noreg. Overmodig studentradikalisme, foredla av maoistisk handlingsideologi og kanalisert til eit disiplinert og monolittisk kommunistparti, kunne ikkje endra dette. Då den internasjonale maoismen braut saman på slutten av 1970-talet, opplevde rørsla sine første store interne partikampar. Utover 1980- og 1990-talet vart partiet stadig mindre, og i dag gjev det lita meining å snakka om noko "ml-rørsle".[7] Den norske ml-rørsla vart slik sett ein *fiasko*, m.o.t. den erklærte ambisjonen om å bli "partiet til proletariatet i Noreg" og å "gjera sosialistisk revolusjon, skipa proletariatets diktatur og til slutt tryggja sigeren for kommunismen i verda".[8]

I sentrum av denne paradoksale utviklinga stod sentrale leiarar som Pål Steigan og Tron Øgrim. Og på himmelen over dei: formann Mao Zedong. Biletet frå Beijing 1970 varslar såleis om noko som skal koma: ei ideologisk "pakt" som skulle prega store delar av norsk venstreside i over ti år, og som gav vidt motstridande resultat. Suksess og fiasko, samstundes.

Denne oppgåva handlar om leiarskapen i den norske ml-rørsla, og korleis nokre få aktørar på norsk venstreside ved hjelp av "marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking" etablerte, heldt ved like og utvikla den ideologiske fellesskapen "ml-rørsla".[9] Og om korleis

[4] Tron Øgrim, *Marxismen – vitenskap eller åpenbaringsreligion?*, Oktober, Oslo 1979, s. 28.
[5] Intervju med Torstein Hjellum, *Klassekampen*, 4. mars 2003.
[6] Finn Sjue og Egil Fossum, "Å ville det helt store", kronikk i *Klassekampen*, 1. mars 2003.
[7] Etter massakren på Den himmelske freds plass i 1989 braut AKP (ml) med Kinas Kommunistiske Parti (KKP). I 1990 fjerna AKP den vidgjetne ml-parentesen frå namnet sitt.
[8] *Prinsipprogram og vedtekter for AKP (ml). Vedtatt på det 2. landsmøtet til Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene) november 1976*, Oktober, Oslo 1977, s. 11.
[9] I denne oppgåva brukar eg omgrepet "ml-rørsla" om AKP (ml) og dei kjerneinstitusjonane som var underlagt partiet, dvs. ungdomsorganisasjon, studentforbund og avisa *Klassekampen*. I dei tilfella eg omtalar nærskylde tiltak, som forlag, andre organisasjonar eller frontar, blir det presisert.

denne prosessen, som eg kallar *ideologisk leiarskap*, bidrog til den norske ml-rørsla sin særeigne kombinasjon av suksess og fiasko.

2. Eit leiarskapsperspektiv

Dette er altså ikkje ei historie om medlemmene i AKP (ml). Heller ikkje om partiet sine mange aktivitetar ute i det norske samfunnet. Blikket er retta innover: mot partiet sitt indre liv og interne ordskifte. Og oppover: mot partiet sine elitar og toppaktørar. Det er fleire grunnar til dette valet.

Av-mystifisering: Den norske ml-rørsla er av mange rekna som "[e]t av de merkeligste fenomener i nyere norsk idéhistorie".[10] Historikaren Berge Furre gav i si noregshistorie til og med opp å forstå at så mange sekstiåttarar kunne "slå over i si totalitære motsetning og gjera seg sterkare gjeldande i Noreg enn i tilsvarande rørsler i andre europeiske land".[11] Etter mi meining er ei viktig årsak til at ml-rørsla ofte er sett som noko av eit mysterium, at lite av partiet sitt indre liv og prosessar er kartlagde og analyserte. Vidare har leiarskapsperspektivet vore fråverande, med unnatak av nokre få forteljingar frå folk som sjølve var med i rørsla. Dette har ført til at ml-rørsla i stort har framstått som *eitt subjekt*. Den monolittiske einskapen som AKP (ml) søkte for å vera eit "korrekt kommunistparti", har vorte hengjande ved når ein har freista å forstå partiet i ettertid. Ofte har ein ikkje sett det enorme konstruksjons- og entreprenørarbeidet som vart utført, av nokre ganske få leiande aktørar, for å verkeleggjera fellesskapen ml-rørsla. Fleire ytre faktorar (som utdanningseksplosjonen, det antiautoritære opprøret og Vietnam-krigen) skapte grunnlaget for etableringa av den norske ml-rørsla. Men for at eit historisk fenomen som den norske ml-rørsla skulle bli skapt, måtte slike ytre faktorar falla saman med ei gruppe menneske som bestemte seg for å handla, for å gjera nokre sentrale idear om til praksis. Og like sikkert som at ml-rørsla ikkje hadde funnest utan menneske som kunne utgjera ho, er det at denne fellesskapen ikkje hadde funnest utan ein *leiarskap*.[12] Den maoistiske ideologien, partikulturen og dei politiske lineskifta vart fortolka, forvalta og initiert *av* nokon. Attom det som ofte er omtala som den norske ml-rørsla sin særleg sterke einskap og store mobiliseringsevne, låg det ei rad utkjempa slag. Kven som vann, og korleis dei vann desse slaga, har spelt ei avgjerande rolle i skapinga av ml-rørsla. Ein studie av leiarskapen kan avdekkja

[10] Andreas Hompland, "Opprør fra flere kanter", i Trond Berg Eriksen, Andreas Hompland og Eivind Tjønneland, *Et lite land i verden. 1950−2000. Norsk idéhistorie*, bd. 6, Aschehoug, Oslo 2003, s. 156.
[11] Berge Furre, *Norsk historie 1905−1990*, Det Norske Samlaget, Oslo 1993, s. 410.
[12] Denne gruppeskapande rolla er eit av hovudpoenga for Jean Blondel, ein framståande forskar på politisk leiarskap: "For leadership to exist, of course, there has to be a group: But wherever a group exists, there is always a form of leadership" (Jean Blondel, *Political leadership. Towards a general analysis*, Sage publications, London 1987, s. 1).

sider ved ml-rørsla som er vanskelegare å gripa om ein berre undersøkjer større einingar, som "rørsla", "medlemmene" eller "partiet".

Personleg: Også mi personlege røynsle av at leiarskap speler ei rolle, har styrt perspektivet i denne oppgåva. I politikken og i organisasjonslivet, som eg sjølv har ei viss fartstid frå, har eg gong på gong opplevd at idear berre blir realiserte viss det finst einskildpersonar med initiativ, evne og vilje til å få folk med seg og få ting gjort. *Kor* viktig leiarskapen var for etableringa og utviklinga av den norske ml-rørsla, er eit ope spørsmål, men det er heva over tvil at leiarskapen var sentral.

Eg skuldar i denne samanhengen å gjera lesaren merksam på den politiske bakgrunnen min. Eg var i 1990-åra med i Raud Ungdom (RU), AKP og Raud Valallianse (RV) sin ungdomsorganisasjon, fire av desse åra som sentralstyremedlem. Frå 1996 til 1998 var eg leiar for Norsk Målungdom. Deretter var eg aktiv i skipinga av den partipolitisk uavhengige studentorganisasjonen Raud Front (RF) i Oslo, og er i dag styremedlem i tenketanken Manifest, skipa av Sosialistisk Ungdom (SU), RU og RF. Eg er kronikk- og debattredaktør i *Klassekampen*. Eg har aldri vore med i AKP, men kjenner, om enn perifert, fleire av aktørane som er skildra i denne oppgåva.

Eit sterkt privat engasjement inneber særleg faglege utfordringar. For det første risikerer eg at analysen kan bli vridd av eigne ideologiske sympatiar og antipatiar. For det andre risikerer eg at sjølve perspektivet kan bli for sterkt prega av eigne personlege røynsler frå parti- og organisasjonsarbeid. For det tredje kan det at eg for fleire av informantane er kjend som ein med interesse i og på venstresida ha farga svara dei har gjeve meg. Alt dette er velkjende problem i alle tolkingsvitskapar, og eg trur ikkje på noko lettvint løysing. Det einaste botemiddelet eg ser er å (a) vera open om den personlege politiske plasseringa eg har i høve til forskingsobjektet, (b) ta i bruk dei kjeldekritiske metodane som historiefaget har utvikla og (c) gjera bruken av kjelder og tolkinga av dei så open som råd. På grunnlag av dette har eg freista å bruka nærleiken til studieobjektet som ein ressurs.

3. Ideologisk leiarskap i den norske ml-rørsla – ein definisjon

Politologen Jean Blondel forstår politisk leiarskap som makt utøvd av eit eller fleire individ for å styra medlemmene av eit parti til handling.[13] Posisjon i partiapparatet og meistring av partimedlemmene sine felles verdiar (ideologien) gjev viktig tilgang på leiarskapsmakt.

Denne oppgåva tek utgangspunkt i at den maoistiske ideologien[14] var ei svært viktig, om

[13] Blondel, *Political leadership*, s. 3.
[14] Med den maoistiske ideologien forstår eg den varianten av marxismen-leninismen som Mao Zedong stod for,

ikkje den viktigaste, kjelda til leiarskapsmakt i ml-rørsla. Korrekt bruk av ideologien og lojalitet til Kina og formann Mao Zedong var sett som avgjerande. Og tett knytt til den ideologiske forankringa var fokuset på ein monolittisk leiarskap med "høgt nivå" og særleg evne til å praktisera den vitskaplege læra. Korkje ideologi eller leiarskap eksisterte uavhengig av einannan. Ideologien vart importert, tolka og forvalta av den norske ml-leiarskapen. Og leiarskapen si sjølvforståing, vala og vurderingane deira var grunnleggjande forankra i ideologien.

For leiinga var maoismen såleis både ein svært viktig styringsreiskap i ml-rørsla, og samstundes noko dei sjølv trudde sterkt på. Tidlegare medlem i Sentralkomiteens Arbeidsutval (SKAU) Finn Sjue og medlem i Sentralkomiteen (SK) Egil Fossum skildrar relasjonen mellom leiarskap og ideologi som utvikla seg i ml-rørsla, som gjensidig forsterkande, der "[f]orestillingen om 'de få vet best' og forestillingen om 'å ha objektivt rett' spilte på lag".[15] Sverre Knutsen, ein annan sentral SKAU-medlem på 70-talet, har fortald korleis leiarskapen i AKP (ml) utvikla seg til det han kallar eit "sannhetsministerium": Kontrollen over rørsla sitt verdsbilete gav enorm makt, men kravde støtt ei aktiv justering, og til og med manipulasjon, for å passa med dei stadige lineskifta i Beijing. Fridomen til leiarskapen var ifølgje Knutsen avgrensa av leiarskapen si eiga forplikting og tru på den maoistiske ideologien. Såleis var mesteparten av leiarskapen si verksemd "systembetinget av den ideologi og de mål vi trodde

som oftast omtala som "Mao Zedong si tenking" eller "marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking".

Bakgrunnen for at Mao vart kanonisert som marxismen-leninismen sin ypparste forvaltar og vidareutviklar, var skismaet i den internasjonale kommunistiske rørsla i 1963, då Kina braut med Sovjet. Slik vart Mao Zedong og Kinas Kommunistiske Parti (KKP) sentrum i ei ny internasjonal rørsle, oftast kalla den internasjonale maoistiske rørsla. Maoismen fekk i løpet av 1960-talet relativt stor oppslutnad i ein del opprørsrørsler i den tredje verda, men få av dei gamle nasjonale kommunistpartia (tidlegare Komintern-parti) følgde Kina. Eit viktig unnatak var Enhver Hoxha og Arbeidets Parti Albania (APA), som braut med Sovjet i 1961 og var alliert med Kina fram til 1978. I Vesten følgde dei fleste kommunistpartia Khrusjtsjov. Men delar av "det nye venstre" som oppstod med studentopprøret på slutten av 1960-talet, vart sterkt inspirert av maoismen, og dei fleste land fekk ei eller anna form for maoistisk organisering i kjølvatnet av 1968. Det har difor vore vanleg å snakka om ein "vestleg maoisme".

Mao såg læra si i opposisjon til Khrusjtsjov og den dåverande leiarskapen i Sovjet, men identifiserte ho (kanskje delvis taktisk) i stor grad med forgjengarane til Khrusjtsjov, Lenin og Stalin. Maoismen kom slik både til å innehalda særeigne kinesiske idear og teoriar utvikla av Mao Zedong (m.a. ei særleg tru på massemobilisering) blanda med ei sovjetisk lære om "marxismen-leninismen", i Lenin og Stalin si tapping.

I denne oppgåva nyttar eg omgrepet marxisme-leninisme synonymt med maoisme, slik ml-arane sjølve gjorde. I dei tilfella der eg diskuterer variasjonar eller motsetnader innanfor den marxist-leninistiske tradisjonen, vil eg presisera med å nytta andre omgrep, som "leninisme", "stalinisme" og "trotskisme". For diskusjonar av maoismen sitt teoretiske grunnlag og plassering i høve til resten av den marxist-leninistiske tradisjonen, sjå m.a. David E. Apter og Tony Saich, *Revolutionary discourse in Mao's republic*, Harvard University Press, Cambridge, Massachusetts 1994, s. 69−138; Wolfgang Leonhard, *Three faces of marxism. The political concepts of Soviet ideology, maoism, and humanist marxism*, Holt, Rinehart and Winston, New York 1970; James Chieh Hsiung (red.), *The logic of "maoism". Critiques and explication*, Praeger Publishers, New York 1974, særleg s. 1−36 og 86−107; Maurice Meisner, *Marxism, maoism and utopianism,* The University of Wisconsin Press, Madison, Wisconsin 1982.

[15] Finn Sjue og Egil Fossum, "Å ville det helt store", *Klassekampen,* 1. mars 2003.

på," meiner Knutsen.[16] Terje Tvedt, historikar og tidlegare medlem i ml-rørsla og redaktør av boka *(ml)*, understrekar det same poenget. Han har i fleire artiklar skildra den enorme krafta som den maoistiske ideologien utløyste mellom medlemmene i ml-rørsla, og den store makta dette gav dei som satt ved styrespakane i partiet. Men Tvedt meiner samstundes at det marxist-leninistiske tolkingsuniverset gav så sterke føringar at einskildpersonar, også i leiarskapen, berre kunne spela ei avgrensa rolle; "verken vekkelsens karakter eller sammenbrudd kunne de styre".[17]

I ml-rørsla er det altså grunn til å tru at maoismen utgjorde mykje av det Blondel omtalar som "institusjonelle instrument" og "karakteristika ved miljøet", som både kan hjelpa og avgrensa utøvinga av leiarskap i eit politisk parti.[18] Med ei lett omskriving av Blondel sin definisjon av politisk leiarskap kan vi slik kalla *ideologisk leiarskap* for maktutøving, i hovudsak tufta på ideologiske førestellingar, med mål om å få medlemmene av eit parti til å handla.

Denne oppgåva søkjer å studera og analysera korleis ideologisk leiarskap i ml-rørsla vart etablert og utvikla i tidsrommet 1965 til 1980. Spørsmålet eg særleg er ute etter å få svar på, er: *Kva rolle spelte maoismen i skapinga og utviklinga av den politiske fellesskapen "ml-rørsla", og korleis føregjekk samspelet mellom leiarskapen og den maoistiske ideologien?* Eg vonar ei undersøking av dette vil gjera meg i stand til betre å forstå den paradoksale karakteren ml-rørsla hadde gjennom 1970-talet, m.a. i høve til det eg har kalla ml-rørsla sin særeigne kombinasjon av suksess og fiasko.

4. Tese: ei faustisk pakt med maoismen

Den gjennomgåande tesen i oppgåva er at relasjonen mellom ml-leiarane og den maoistiske ideologien best kan forståast som ei "faustisk pakt". Den ambisiøse Faustus, som sel sjela si i byte mot Mefistofeles sine overmenneskelege krefter og innsikter, er eit bilete på den *relasjonen* som oppstod mellom ml-rørsla og Mao Zedong.

I denne oppgåva argumenterer eg for at ambisiøse ungdomsradikalarar, i ein "trengt" (i tydinga trengjande og pressa) posisjon i norsk politikk, gjennom tilslutnad til marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking fekk tilgang på det eg vil kalla "politiske superkrefter". Desse kompenserte noko av mangelen på symbolske og materielle ressursar. Den

[16] Sverre Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd. Noen aspekter ved ledelsens rolle i ml-bevegelsen", i Terje Tvedt (red.), *(ml). En bok om maoismen i Norge*, Ad Notam forlag AS, Oslo 1989a, s. 151.
[17] Terje Tvedt, "Innledning", i Tvedt (red.), *(ml)*, s. 8−9. Sjå også Tvedt sine artiklar "Det virkelige Kina i Jens Bjelkes gate" (s. 93−104) og "Kadervurderingene som kobling til det totalitære" (s. 105−133) i same verk.
[18] Blondel, *Political leadership*, s. 5.

symbolske innmarsjen i eit maoistisk tankeunivers gav openberre vinstar for ml-rørsla generelt og ml-leiarane spesielt. Dei fekk ei ny forteljing om seg sjølve: Ein bitte liten politisk minoritet, i eit land der revolusjonære kommunistar var definitivt plasserte på taparlaget, såg i maoismen sitt lys ut som fortroppen for det revolusjonære, internasjonale vinnarlaget som hadde den tredje verda som heimebane og Mao Zedong som revolusjonær filosofkonge. Maoismen gav ml-arane ein sjølvtillit mange kunne misunna dei. Den gav inngang til ein alternativ venstretradisjon å setja opp mot sosialdemokratiet. Den gav auka autoritet til ml-leiarane sine ord og handlingar. Den legitimerte sentralstyring i partiet og skapte effektivitet ved å mana medlemmene til stor og oppofrande innsats.

Prisen rørsla betalte for superkreftene, var den mentale underkastinga under Mao Zedong, både som politisk ikon og ideolog/teoretikar. Maos Kina hadde rolla som *det strålande dømet* som – i praksis – skulle stå som uimotseieleg prov på at marxismen-leninismen var sann, og dimed også at ml-arane hadde rett og var på vinnarlaget. Og fordi det var gjennom *Mao Zedong si tenking* den marxist-leninistiske sanninga var formidla, først til Kinas folk og deretter til SUF/AKP (ml), var dei norske ml-arane sitt sjølvbilete og autoritet ideologisk heilt avhengig av autoriteten til Mao. Det var gjennom den faustiske pakta med maoismen at eit antiautoritært, demokratisk studentopprør enda opp med ein antidemokratisk ideologi som i utgangspunktet stod dei fleste involverte ganske fjernt. Dette kan vi kalla ein faustisk kostnad. Andre kostnader vart lagt til på grunn av den store kulturelle avstanden mellom Kina og Noreg. Folk flest (dei som skulle mobiliserast for revolusjon) må ha oppfatta ml-arane som veldig sære og lite relevante når ml-arane slo om seg med parolar som ”alle reaksjonære er papirtigrar”.

Min påstand er at maoismen bidrog til å skapa grunnlaget for ml-rørsla sin framgang og suksess i visse sjikt av folket, samstundes som den same maoismen la definitive avgrensingar på rørsla sine vinnarsjansar ute mellom arbeidsfolk flest. Maoismen bidrog dimed også til AKP-prosjektet sin fiasko.

Leiarskapen si rolle i utviklinga av den faustiske pakta kan bli skildra i to etappar, som *paktinngåar* og *paktforvaltar*.

4.1 Paktinngåinga

Mange har undra seg over korleis oppegåande, frittenkjande og autoritetsskeptiske ungsosialistar så ukritisk kunne kasta seg på eit autoritært marxist-leninistisk prosjekt i kinesisk tapping, slik SUF gjorde i siste halvdel av 1960-talet. Denne oppgåva argumenterer for at vi må sjå attom SUF-arane sitt ressurssterke ytre for å unngå ei ”mystifisering” av denne brå vendinga.

Unge radikale på 1960-talet hadde tidsånda på si side.[19] Eit gryande gymnas- og studentopprør, USA si stadig meir brutale krigføring i Vietnam og veksande antiimperialistiske frigjeringsrørsler i den tredje verda skapte ei kjensle av at verda opna seg, at alt var mogleg, at alt kunne endrast til det betre: kanskje til og med i sosialdemokratiske og tilsynelatande harmoniske Noreg. Men med eit revolusjonært sinnelag stod vestlege studentradikalarar, og særleg norske SUF-arar, reelt sett i ein politisk avmektig situasjon, m.o.t. politisk autoritet og økonomiske, materielle og intellektuelle ressursar, og m.o.t. det generelle politiske klimaet i det norske folket. Det var, slik eg ser det, eit misforhold mellom ungsosialistane sine enorme politiske forventningar og deira reelle politiske moglegheiter i det norske samfunnet. Den britiske historikaren Eric Hobsbawm har omtala ei slik stode som normaltilstanden for revolusjonære grupper i stabile vestleg-kapitalistiske samfunn, og hevda at dette er paradokset slike rørsler må leva med og i.[20] For ein fellesskap som i aukande grad opplevde trongen til praktisk, politisk handling, var eit slikt paradoks likevel uakseptabelt. Ungsosialistane hadde difor eit stort behov for ideologiske alternativ.

I *denne* situasjonen var Kina og Mao Zedong korkje eit uforståeleg eller særleg dårleg alternativ, for maoismen svara på mange av dei revolusjonære sine mest presserande spørsmål og utfordringar. Maoismen inneheldt ein heilskapleg kosmologi; presenterte tilhengjarane for ein totalitet, gav svar på ei rad ideologiske og politiske spørsmål, peikte ut vener og fiendar, og gav klåre retningsliner for korleis revolusjon og sosialisme skulle bli gjennomført. Maoismen si potensielle kraft låg slik i at han gav det eg vil kalla ”mental strukturrasjonalisering” (ungsosialistane slapp å bruka verdifull tid på å skapa ein teoretisk og ideologisk tradisjon for eiga maskin) og ”praktisk effektivisering” (stram arbeidsdeling, disiplin, personleg offer og askese vart legitimert). Til saman gav dette *politisk effektivisering*, eller maoistiske superkrefter.

Denne pakka vart marknadsført og tolka på svært vellukka vis av nokre få talentfulle aktørar i SUF, spesielt av Tron Øgrim. Gjennom eit særleg talent for ideologisk entreprenørskap makta Øgrim og fløya hans i SUF å gjera læra om marxismen-leninismen og trongen for eit monolittisk fortroppsparti uimotståeleg mellom medlemmene i SUF. Den handlande fellesskapen SUF vart, gjennom gradvis eksponering for eit maoistisk univers, meir og meir sjølvsikker. Og den ideologisk kultiverte fellesskapen vart meir og meir handlande. SUF-arane

[19] Hans Petter Sjøli har argumentert overtydande for at overgangen frå eit antiautoritært opprør til eit revolusjonært prosjekt inspirert av kinesisk kulturrevolusjon *var* i tråd med ”tidsånden” på 1960-talet (Hans Petter Sjøli, *Fra raddis til kader. Kineseri i tidens ånd,* hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo 2002, s. 31−57; Sjøli, *Mao min Mao*, s. 36−37). Det same har Kim Salomon gjort i si skildring av den svenske FNL-rørsla (Kim Salomon, *Rebeller i takt med tiden. FNL-rörelsen och 60-talets politiska ritualer*, Rabén Prisma, Stockholm 1996, s. 64−85 og 294−303).

[20] Eric J. Hobsbawm, *Revolutionaries*, Phoenix, London [1973] 1994, s. 16.

erfarte det Øgrim sa, at "der hvor det er marxist-leninister, blir det som regel gjort godt arbeid, der det blir gjort godt arbeid, blir det marxist-leninister".[21] Dei erfarte – i praksis – maoismen sine superkrefter. På SUF sitt landsmøte i 1968 vedtok ein å starta systematiske studium av marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking, og dimed hadde maoismen vunne hegemoni i SUF. Brotet mellom SUF og SF våren 1969 var slik ein naudsynt konsekvens av den ideologiske alliansen som no var eit faktum. Då Pål Steigan og Tron Øgrim handhelsa på formann Mao Zedong på Den himmelske freds plass eit år seinare, var dette den symbolske stadfestinga av ei allereie inngått "pakt".

4.2 Paktforvaltinga

I løpet av 1970-åra vart det sterke lojalitetstilhøvet til Mao og marxismen-leninismen styrkt og vidareutvikla. Ml-rørsla vart eit stadig meir paradoksalt fenomen. Parallelt med at AKP (ml) forløyste til dels enorm aktivisme hjå eigne medlemmer og på sume område bidrog til å revitalisera norsk politikk, utvikla rørsla seg meir og meir i retning av ei toppstyrt sekt, sterkt prega av Mao Zedong si til kvar tid rådande tenking, og dens representantar i Noreg: SKAU. AKP (ml) sin ideologi og indre partikultur vart utover 1970-talet meir og meir frikopla frå den røyndomen som norsk politikk elles bestod av.

Denne utviklinga kan etter mi meining ikkje berre bli forstått som ein "naturleg" konsekvens av at ein freista å byggja eit tradisjonelt kommunistparti, eit leninistisk fortroppsparti i Noreg. Påvisinga av autoritære trekk i partimodell og -ideologi kan *bidra* i ei forklåring på partiet si autoritære utvikling, men ikkje kvifor rørsla samstundes auka i medlemstal gjennom store delar av 1970-talet, eller kvifor rørsla sin aktivitet var sterkast då ho var på sitt mest dogmatiske.

Eg vil hevda at det berre var ved å halda oppe og vidareutvikla den paktliknande relasjonen med maoismen, at leiarskapen kunne ha voner om den forma for politisk effektivisering som dei maoistiske superkreftene gav, og som på slutten av 1960-talet hadde gjeve SUF-arane ei kjensle av å kunna bryta ut av ein situasjon av politisk avmakt. Etter kvart som avstanden mellom rørsla sine forventningar og moglegheiter ikkje vart mindre i 1970-åra, men tvert om såg ut til å auka, stod ml-rørsla andsynes det eg vil kalla eit eksistensielt vegval: På den eine sida ønskte ml-arane å delta i norsk politikk. På den andre sida ville dei vera "ekte" marxist-leninistar. I dette vanskelege møtet med "vaksenpolitikken" sine utfordringar satsa Øgrim og resten av leiarskapen i partiet etter kvart alt på forsterking av språket og metodane

[21] Tron Øgrim, "6 punkter om partiet", *Ungsosialisten*, 1/1967, s. 4−5.

som hadde sikra SUF (ml) suksess i gymnas- og studentpolitikken. Det er mot denne bakgrunnen vi bør forstå AKP (ml) sitt plutselege formannsskifte frå Sigurd Allern til Pål Steigan, det kraftfulle "oppgjeret med høgreavviket" i 1975 og 1976 og utviklinga mot å bli eit krigsførebuande parti. I denne prosessen fekk eit sentralt element i den ml-ske partiteorien, nemleg ideen om marxismen som ein vitskap og elitepartiet som vitskapen sin rette fortolkar, ei større og større rolle i partiet. Nettopp relasjonen mellom ideologi og parti er sentralt her. Det vart generert ei svært sterk overtydingskraft, gjennom eit gjensidig forsterkande samspel mellom ideologi og leiarskap. Ideologien legitimerte, gjennom skinet av å vera objektivt sann, leiarskapen sin opphøgde og ufeilbarlege status. Og leiarskapen stadfeste, gjennom å aldri avsløra tvil og usemje, illusjonen om ein opphøgd og ufeilbarleg ideologi.

Sett utanfrå vart ml-rørsla meir og meir irrasjonell og totalitær, i si tilsynelatande blinde tru på eigne leiarar og ideologiske førebilete. Men innanfor rørsla var det ein viss rasjonalitet i denne utviklinga. Ei ikkje-ortodoks haldning til ideologien tydde oppheving av trua på MLM, og ergo trong for eige intellektuelt arbeid av ukjent omfang for AKP (ml). Det ville stå i vegen for "praksis", som var rørsla sitt absolutte imperativ. Innanfor denne logikken *kunne* ikkje maoismen vera pluralistisk, fordi styrken (dvs. den mentale strukturrasjonaliseringa og den praktiske effektiviseringa) nettopp låg i ideen om ein ubroten, "rein" kommunistisk og korrekt vitskapleg tradisjon, frå Marx, Engels, Lenin, Stalin – til Mao. Leiarskapen si fundamentale oppgåve vart difor gjennom 1970-åra å skaffa seg "teologisk" monopol og halda ved like det maoistiske universet dei hadde importert, og slik halda den paktliknande relasjonen med maoismen oppe.

4.3 Konklusjonar

I kapittel 6 brukar eg tesen om ei faustisk pakt til å analysera fire prosessar av ideologisk leiarskap, skildra i kapitla 2−5. I siste kapittel (kapittel 7) diskuterer eg nærare to spørsmål som blir aktualiserte i denne analysen, og som er av meir generell karakter: Var maoismen eit religionssubstiutt for ml-rørsla? Og: Kva relasjon mellom leiarskap og ideologi kjem fram i denne analysen? Eg konkluderer med følgjande:

- Oppgåva viser at ml-rørsla har klåre parallellar til religiøse fellesskap. Leiarskapen si rolle som paktinngåar og paktforvaltar har m.a. likskapstrekk i den religiøse verksemda religionssosiologen Peter L. Berger kallar verdsskaping og verdsvedlikehald.[22] Likevel hevdar eg at påvisinga av religiøse mekanismar i ml-rørsla ikkje gjev grunnlag for å slutta at ml-arane

[22] Peter L. Berger, *Religion, samfund og virkelighed. Elementer til en sociologisk religionsteori*, 2. utv. utg. (norsk innleiingstekst), Vidarforlaget, Oslo 1993, 1−66.

bar på eit eksistensielt eller religiøst "tomrom", slik Ragnhild Mork hevdar i si hovudfagsoppgåve om den norske ml-rørsla,[23] og som den danske historikaren Bent Jensen har meint i sine analysar av det danske kommunistpartiet sitt tilhøve til stalinismen.[24]

- Analysen av leiarskapen sine strategiar viser at leiarane systematisk arbeidde for å tryggja og styrkja eigne posisjonar og eiga makt. Dette skjedde både på det formelle, institusjonelle nivået (gjennom vedtekter, direktiv, praktisering av den demokratiske sentralismen osb.) og på det ideologisk-teoretiske nivået (gjennom ei tolking og utforming av den marxist-leninistiske idétradisjonen som konsekvent favoriserte eiga makt). Såleis kan ein hevda at sosiologen Robert Michels sin gamle tese om "oligarkiets jarnlov", som seier at alle parti har ein ibuande tendens til å utvikla fåmannsvelde, nok ein gong er stadfest for eit kommunistparti.[25]

- I lys av denne analysen diskuterer eg Jens Arup Seip sitt Michels-inspirerte perspektiv på relasjonen mellom leiarskap og normer[26] og Francis Sejersted sin kritikk av Seip sin metodologiske individualisme.[27] Eg argumenterer for at analysen avdekkjer eit meir komplekst tilhøve mellom leiarskap og ideologi enn det Seip og Sejersted sine posisjonar opnar for, og føreslår ei tolking av relasjonen mellom ml-leiarar og maoisme tufta på sosiologen Pierre Bourdieu sin praksisteori.

- Denne oppgåva framhevar dei politiske effektiviseringsvinstane ved symbolsk integrering i ei heilskapleg lære og ei verdsfemnande rørsle. Eg spør om ikkje den paktliknande relasjonen til maoismen – i alle fall for leiarskapen – kanskje i større grad enn intellektuell, etisk eller moralsk overtyding var tufta på ei praktisk tilnærming: Det var om å gjera å "få noko gjort", og analysen viser korleis maoismen på fleire område var ein effektiv reiskap for dette. Eg hevdar at i *dette* perspektivet – der praksis står i fokus – blir ml-arane si tilsynelatande ufruktbare, vekkingsprega, for sume òg irrasjonelle satsing på autoritær sosialisme i kinesisk tapping langt på veg forståeleg og rasjonell.

---

[23] Ragnhild Mork, *Kinas raude sol. Den norske ml-rørsla og kulturrevolusjonen i Kina 1966−1976*, hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo 1996, s. 107−112.
[24] Bent Jensen, *Stalinismens fascination og danske venstreintellektuelle*, Lindhardt og Ringhof, København 2002b, s. 185−214; Bent Jensen, *Gulag og glemsel. Ruslands tragedie og Vestens hukommelsestab i det 20. århundrede*, Gyldendal, København 2002a, s. 58−62 og 419−447.
[25] Robert Michels, *Political Parties. A sociological study of the oligarchical tendencies of modern democracy*, The Free Press, Glencoe, Illinois [1915] 1958.
[26] Jens Arup Seip, "Fra embedsmannsstat til ettpartistat", i Jens Arup Seip*, Fra embedsmannsstat til ettpartistat og andre essays*, Universitetsforlaget, Oslo 1963, s. 7−42; Jens Arup Seip, "'Det norske system' i den økonomiske liberalismes klassiske tid (1850−1870)", i Jens Arup Seip*, Tanke og handling i norsk historie*, Gyldendal, Oslo 1968, s. 22−71.
[27] Francis Sejersted, "Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene: Et oppgjør med den metodologiske

5. Teori, metode og struktur for oppgåva

Ovanfor har eg definert ideologisk leiarskap som maktutøving, i hovudsak tufta på ideologiske førestellingar, med mål om å få medlemmene av eit parti til å handla. Oppgåva søkjer å studera korleis denne forma for leiarskapsmakt vart etablert og utvikla, og korleis leiarskapsmakta prega ml-rørsla. Fokuset i oppgåva er difor på leiarskapen sine *val og vurderingar* under politiske lineskifte og i maktkampar. På bakgrunn av dette har eg operasjonalisert analysen av ideologisk leiarskap i den norske ml-rørsla til ein studie av *leiarskapen sine strategiar i prosessar der ideologi og makt stod på spel*.[28] Vona har vore at slike tilfelle kan vera særleg fruktbare for å få ei forståing av krafta som den maoistiske ideologien gav i utøvinga av leiarskap, men også av grensene som ideologien sette. Vidare at prosessane vil gje eit høve til å undersøkja den skapande rolla som ideologisk leiarskap kan ha, i særleg kritiske situasjonar og prosessar.

Oppgåva er avgrensa til åra 1965−1980. I litteraturen om ml-rørsla har dette vore vanleg, ettersom ein slik får med seg dei mest sentrale åra i den norske ml-rørsla si historie; både "etableringsfasen" i SUF i åra 1965−1969, AKP (ml) si "stordomstid" 1973−1978 og starten på "nedgangstida" på slutten av 1970-talet.[29] Med tillegg for perioden 1965−68 svarar avgrensinga slik i stort til det Brigt Kristensen har kalla *ein trong ml-periode*: "Frå m-l-arane fekk hegemoni i SUF til mykje av verdsbiletet braut i hop ved kløyvinga mellom Kina og Albania".[30] Innanfor dette tidsrommet har eg valt ut fire prosessar i ml-rørsla si historie som eg vil rekna som "kritiske", dvs. at dei innebar viktige ideologiske vegval i ml-rørsla si soge, i situasjonar der makt stod på spel. Dei valde prosessane har fått kvart sitt kapittel: kapittel 2: "SUF blir maoistisk 1965−1968"; kapittel 3: "Frå SUF (ml) til AKP (ml) 1969−1973"; kapittel 4: "Oppgjeret med høgreavviket 1975−1976"; kapittel 5: "Frå partikrise til partikamp 1979−80".

I kapittel 6 blir kvar prosess oppsummert og analysert. Utgangspunktet for analysen er Hobsbawm sitt generelle perspektiv på revolusjonære parti i stabile vestleg-kapitalistiske land,

---

individualisme", i Francis Sejersted, *Demokratisk Kapitalisme*, Universitetsforlaget, Oslo 1993, s. 305−328.

[28] Strategi er i denne oppgåva forstått som *handlingsrekkjer objektivt retta mot eit mål*. Med ein slik definisjon, henta frå sosiologen Pierre Bourdieu, har eg søkt eit perspektiv som ikkje ser alle strategiske handlingar som resultat av bestemte intensjonar eller kalkulasjonar. Dei kan i staden vera resultat av praktisk kunnskap, eller det Bourdieu kallar *habitus*: disposisjonar, system av mønster for oppfatting, vurdering og handling, innskrivne i kroppen gjennom tidlegare røynsler (Pierre Bourdieu, *Meditasjoner*, Pax forlag, Oslo 1999, s. 144). Eg argumenterer meir for dette perspektivet i kapittel 7.

[29] Ingen av hovudoppgåvene om den norske ml-rørsla (referert til nedanfor) har undersøkt ml-rørsla etter 1980. Sjøli etterlyste i si hovudoppgåve forsking på AKP (ml) si nyare historie, og har seinare, i boka *Mao min Mao*, ført historia til AKP (ml) opp til 1990-talet.

[30] Brigt Kristensen, "AKP og RV 30 år. Demokratisk spydodd med materialbrest", i Josten Greibrokk (red.), *Byens største tanker fins på Burøya… Festskrift til Brigt Kristensen på 60-årsdagen*, Bodø RV, Bodø 2004, s. 331.

nemleg at slike lever i paradoksale, nesten umoglege posisjonar: Som subjektivt revolusjonære organisasjonar i ikkje-revolusjonære situasjonar.[31] Leiarar for erklært revolusjonære grupper har såleis ei ekstra tung oppgåve, ettersom rommet for å utøva effektiv politisk handling ofte er lite, og ambisjonane høge. I analysen tek eg utgangspunkt i denne grunnleggjande utfordringa og spør kva strategiar som kjem til syne i leiarskapen sine val og vurderingar i dei undersøkte prosessane. I siste kapittel (kapittel 7) konkluderer eg i høve til den framsette tesen, etter å ha drøfta to generelle spørsmål frå analysen ytterlegare.

6. Litteratur og kjelder

6.1 Litteratur

Mykje av litteraturen om ml-rørsla er skriven av folk som sjølve var med.[32] Boka *(ml)*, ei artikkelsamling skriven av eks-medlemmer i ml-rørsla, skil seg ut som den mest nøkterne, men også rikaste skildringa av ml-rørsla si historie til no. For denne oppgåva står Sverre Knutsen sin artikkel "Sannhetstsministeriets framvekst og sammenbrudd" i ei særstilling, ettersom han er den einaste som til no har skildra ml-rørsla si utvikling med utgangspunkt i leiarskapen si rolle.[33]

Av vitskapleg litteratur som omhandlar ml-rørsla finst fem hovudoppgåver og ei avhandling. Elisabeth Trier har skrive om den ideologiske bakgrunnen for splittinga mellom SF og SUF i 1969. Ho har funne at dei ideologiske skilnadene mellom SUF og majoriteten i SF i løpet av 1967 og 1968 var vortne så store at eit brot i røynda var uunngåeleg.[34] Min analyse av radikaliseringa av SUF i åra 1965−1968 stadfester langt på veg at det store fleirtalet i SUF ved årsskiftet 1968−1969 var vunne for eit marxist-leninistisk prosjekt som i praksis stod i motstrid til SF sin "tredje veg".

Anders Holsbø Istad har undersøkt ml-rørsla sine politiske lineskifte, og kor vidt desse kan seiast å vera frivillige eller tvungne på ml-rørsla av ideologiske eller realpolitiske forhold som ho ikkje hadde herredømme over.[35] Etter mi meining er det vanskeleg å forstå ml-rørsla si

[31] Hobsbawm, *Revolutionaries*, s. 16.
[32] Dei viktigaste verka er Tvedt (red.), *(ml)*; Pål Steigan, *På den himmelske freds plass. Om ml-bevegelsen i Norge*, Aschehoug, Oslo 1985; Harald Skjønsberg, *På parti med Stalin? Den merkelige historien om MLernes storhetstid*, Gyldendal, Oslo 1989; Erling Folkvord, *Rødt! På barrikadene for AKP og RV*, Millennium, Oslo 1998; Dag Seierstad, "Bruddet mellom Sosialistisk Folkeparti og Sosialistisk Ungdomsforbund", *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*, 1/1984, s. 139−165; Harald Berntsen, *Det lange friminuttet. Et essay om ungdom i 1960-åra*, Cappelen, Oslo 1998.
[33] Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 135−164. Sverre Knutsen var ein del av ml-rørsla sin indre kjerne frå slutten av 1960-talet og opp til tidleg 1980-tal (sjå vedlegg 3).
[34] Elisabeth Trier, *Splittelsen mellom SF og SUF: den ideologiske bakgrunn*, hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo 1973, s. 105−106.
[35] Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla,* s. 186.

ideologiske utvikling gjennom eit anten-eller-spørsmål om ”tvang” eller ”frivilligheit”, slik Istad gjer. Min analyse viser at samspelet mellom ideologi og leiarskap gjekk føre seg på ein slik måte at det ikkje naudsynleg var noko djupt skilje mellom ideologien sine krav (”tvang”) og leiinga sine eigeninteresser (”frivilligheit”). Graden av ”fridom” treng dessutan kvalifisering i høve til kven som hadde makt i det ml-ske partihierarkiet, noko Istad ikkje gjev. Medlemmene kunne ha *fridom frå* å følgja kvart eit direktiv frå sentralkomiteen, men ikkje *fridom til* å endra den fastlagte strategien eller å kasta si eiga leiing. Tilsvarande hadde leiinga fridom frå å følgja Beijing i alle politiske spørsmål, men ikkje fridom til å endra den maoistiske doksaen (den tause, sjølvsagte kunnskapen som ”alle” maoistar var samde om).

Ann-Mari Skorpen si oppgåve er ein komparativ analyse av den norske og svenske ml-rørsla, med fokus på organisatorisk styrke og einskap.[36] Oppgåva mi stadfester eit av Skorpen sine sentrale funn, nemleg den norske ml-rørsla sin suksess i den ideologiske praksisen. I tillegg til dei faktorane Skorpen peiker på for å forklåra suksessen, vil eg framheva den norske leiarskapen sin kontinuitet og særlege evne til ideologisk leiarskap. Vidare skal vi ikkje undervurdera tidsskilnaden mellom den norske og svenske ml-rørsla si etablering: Eg argumenterer for at dei negative lærdomane frå den svenske partibygginga fungerte som ein ”vaksine” for den norske leiarskapen. Ein ville for kvar pris unngå ”svenske tilstander”, med organisatoriske splittingar og større usemjer i sentralkomiteen. Kanskje kan slike praktiske og prosaiske faktorar vera vel så gode forklåringar på den norske ml-rørsla sin organisatoriske styrke og einskap som Skorpen si påpeiking av ein sterk moralsk-religiøs tradisjon i Noreg.

Ragnhild Mork har undersøkt den norske ml-rørsla og kulturrevolusjonen i Kina. Eg finn Mork sin forklåringshypotese for ml-arane si Kina-dyrking, nemleg at ho hadde opphav i ein åndeleg lengt, eit eksistensielt tomrom, problematisk.[37] I konklusjonen diskuterer eg Mork sin tese, og hevdar at tesen er for avhengig av skjønnlitterære kjelder med ”eksistensialistiske tendensar” (Dag Solstad sine romanar), og (dimed) lita forståing av dei praktisk-ideologiske ressursane maoismen baud på.

Tapani Suominen har i si avhandling om ungdoms- og studentradikalismen på 1960- og 1970-talet studert og samanlikna det han kallar metaforiske kampar i Noreg, Finland og Vest-Tyskland sine ålmenter. Eit funn hjå Suominen som er relevant for mi oppgåve, er påvisinga av det han kallar ulike *hegemoniprofilar*. Ifølgje Suominen innebar sosialdemokratiet si hegemoniske stilling i Noreg at DNA ikkje ”behövde […] röra seg ur fläcken”, samanlikna

[36] Ann-Mari Skorpen, *Maoisme på norsk og svensk. Ei komparativ analyse av den norske og svenske ml-rørslas organisatoriske styrke og einskap på 70-talet,* hovudoppgåve i samanliknande politikk, Universitetet i Bergen 1995.

med dei statsberande partia i Finland og Vest-Tyskland.[38] Pressa i Noreg var difor forholdsvis tolerant, og mogleggjorde slik framføringa av radikale standpunkt. Men samstundes kunne sosialdemokratiet nesten ignorera heile ungdomsradikalismen, meiner Suominen. I avhandlinga diskuterer han ikkje korleis denne "tosidigheita" i norsk ålmente heng i hop med det han omtalar som det unike ved den norske radikalismen, nemleg etableringa av ei sterk og einskapleg maoistisk rørsle, med eit avansert underjordisk organisasjons- og informasjonsnett.[39] For meg synest det klårt at det er ein samanheng her: Forutan det opplagte poenget at ein ønskte å verna partiet mot overvaking (DNA var ikkje *så* tolerante), kan ein sjå ml-rørsla sin særleg sterke ideologiske og organisatoriske einskap som eit svar på ein avmektig posisjon i høve til eit hegemonisk sosialdemokrati.

Hans Petter Sjøli har i si hovudoppgåve undersøkt tilhøvet mellom det antiautoritære opprøret og framvoksteren av kaderpartiet AKP (ml). Eg deler Sjøli sin hovudtese, nemleg at ml-rørsla var barn av si tid.[40] Men Sjøli sin påstand om at det var "relativt tilfeldig" at den ideologiske pakka dei norske 68-arane fann var maoistisk[41], står i direkte motstrid til min tese.

Ml-rørsla si soge er også omtala i sume større historiske oversynsverk, men desse har ikkje vore viktige for mitt arbeid. Bøker om andre ml-rørsler og maoisme generelt har eg mest brukt til bakgrunnsinformasjon.[42]

6.2 Kjelder

I tillegg til å skilja mellom skriftlege og munnlege kjelder kan det i ml-rørsla sitt tilfelle vera

---

[37] Mork, *Kinas raude sol*, s. 112.
[38] Tapani Suominen, *"Verre enn Quislings hird": metaforiska kamper i den offentliga debatten kring 1960- och 1970-talens student- och ungdomsradikalism i Norge, Finland och Västtyskland*, Avhandling (dr. philos.), Universitetet i Oslo 1996, s. 277.
[39] Suominen, *"Verre enn Quislings hird"*, s. 277.
[40] Sjøli, *Fra raddis til kader,* s. 167−173.
[41] Sjøli, *Fra raddis til kader,* s. 174.
[42] Mellom dei viktigaste norske oversynsverka er Knut Einar Eriksen og Trond Bergh, *Storhetstid og stormkast 1955−1997*, bd. 2, i Knut Einar Eriksen og Trond Bergh: *Den hemmelige krigen. Overvåking i Norge 1914−1997,* Cappelen akademisk forlag, Oslo 1998; Jostein Nyhamar, *Nye utfordringer. Arbeiderbevegelsens historie i Norge (1965−1990)*, bd. 6, Tiden, Oslo 1990; Hompland, "Opprør fra flere kanter". Av internasjonal litteratur har eg berre funne eitt generelt verk om vestleg maoisme, nemleg Robert Jay Alexander si *Maoism in the developed world*. Alexander har òg skrive ei tilsvarande bok for utviklingslanda: Robert Jay Alexander, *International maoism in the developing world*, Praeger Publishers, Westport, Connecticut 1999. Forskingsbaserte framstillingar av andre vestlege ml-rørsler ser ut til å vera sjeldne. Eit unnatak er Kim Salomon si bok om den svenske Vietnam-rørsla, *Rebeller i takt med tiden*, som eg har nytta i skildringa av den svenske ml-rørsla. Lars Åke Augustsson og Stig Hansén har skrive ei meir personleg, men også informativ skildring av den svenske maoismen si historie (Lars Åke Augustsson og Stig Hansén, *De svenska maoisterna*, Lindelövs bokförlag, Göteborg 2001. Første gong utgjeve som *Maoisterna: En historia berättad av några som var med*, 1997). A. Belden Fields si *Trotskyism and maoism. Theory and practice in France and the United States* er noko så sjeldan som ein samanliknande studie langs både nasjonale og ideologiske liner. Elles finst det ein brei litteratur om maoisme og marxisme-leninisme meir generelt, som har vore nyttig for å få ei djupare forståing av skilnader og likskapar i den marxist-leninistiske idétradisjonen (Apter og Saich, *Revolutionary discourse in Mao's republic*; Leonhard, *Three faces of marxism*; Hsiung (red.), *The*

nyttig å skilja offentlege og interne skriftlege kjelder, ettersom store delar av ml-rørsla si partiålmente aldri har vore open og såleis har kravd eit eige kjeldearbeid.

Av offentlege, opne kjelder har eg nytta fleire publikasjonar. For perioden før brotet mellom SUF og SF i 1969 er SUF sitt blad *Ungsosialisten* ei viktig kjelde. Frå 1967 hadde ml-arane i SUF kontroll over bladet, og det gjev eit godt innblikk i korleis den tidlege leiarskapen i ml-rørsla opererte i høve til resten av organisasjonen. Likeins med SF-stud si avis *Oppbrudd*, som gjev særleg godt innsyn i den raske ideologiske vendinga som fann stad mellom leiande folk i SUF sitt studentmiljø i same periode. SF si avis *Orientering*, som etter landsmøtet i 1967 spelte ei kritisk rolle andsynes sentralstyret i SUF, er òg ei verdifull kjelde til SUF-arane sin kontakt med annleistenkjande i denne perioden. Etter brotet i 1969 skapte ml-arane fleire eigne publikasjonar, viktigast var avisa *Klassekampen* og tidsskriftet *Røde Fane*. Båe var underlagt streng kontroll frå partileiinga, men nettopp difor kan desse vera gode kjelder til å observera endringar i mentalitetar og ideologiske liner i rørsla. Andre ml-publikasjonar er utelatne av praktiske omsyn. Med unnatak av *Orientering*, som berre er følgd fram til brotet i 1969, er alle kjeldene gått igjennom systematisk for heile den undersøkte perioden.

Trongen til kjelder frå det interne livet som kan vitna om posisjonar, argument og avgjerdsprosessar, har vore stor. I så måte har det vore ei utfordring at den norske ml-rørsla alltid har forsøkt å hemmeleghalda medlemmer, partiapparatet og den interne informasjonsflyten i partiet. Det fanst truleg aldri noko sentralt medlemskartotek. Medlemmene vart oppmoda om å brenna interne papir. Og partiet AKP har heilt opp til i dag ikkje hatt eit offisielt partiarkiv. Det siste er i ferd med å endra seg. Etter søknad til sentralstyret i AKP har eg fått innsyn i delar av det interne tilfanget partiet forvaltar, avgrensa til trykte interne publikasjonar.[43] I praksis vil det seia *Tjen Folket* (TF), som var internblad i AKP (ml)[44], og *Enhet-Kritikk-Enhet* (EKE), eit felles diskusjonsblad mellom SUF (ml), Marxist-leninistiske

---

logic of "maoism"; Meisner, *Marxism, maoism and utopianism*).

[43] Stoda kring AKP sitt arkiv har lenge vore uavklåra. Det har vore uvisse om kor vidt partiet *har* eit arkiv, og i så fall kor omfattande det er. I tillegg har innsynet i det som ev. finst, vore lukka for forskarar og andre interesserte. Ein del av desse spørsmåla har endra seg dei siste åra. I *Dagbladet* sumaren 2003 vart AKP oppmoda om å opna arkivet sitt ("Få ut alle spøkelser", *Dagbladet,* 30. juli 2003). I tilsvaret gjekk partileiar Jorun Gulbrandsen delvis inn for dette, men med atterhaldet at ein ikkje vil offentleggjera namn på folk som opp gjennom tidene ikkje sjølv har ønskt det (Jorun Gulbrandsen, "Et langt innlegg om mange saker i 'Hagtvet-debatten'", artikkel [berre på nett]: www.akp.no/omakp/bh-debatt/gulbrandsen-lang.html#1 [lesedato: 1.12.2005]). Underteikna hadde då alt skrive til partiet sitt sentralstyre og fått godkjend "delvis innsyn", noko som i praksis tydde tilgang på internbladet *Tjen Folket*. Det vi no kan slå fast, er at ein del trykt sentralt interntilfang er teke vare på systematisk, men det er uvisst kva som finst av møteprotokollar og liknande. Våren 2006 vart det klårt at AKP har fått finansiert systematisering og overlevering av arkivtilfang til Arbeiderbevegelsens arkiv. Vonleg vil denne prosessen føra til lettare tilgang til kjeldetilfang, og vidare avklåring av desse spørsmåla.

[44] TF vart starta som organ for opposisjonen i SF i 1968, og gjekk seinare over til å bli organ for Sosialistiske arbeids- og studiegrupper (SASG) og deretter Marxist-leninistiske arbeids- og studiegrupper (MLG). Eg har hatt tilgang på spreidde nummer frå 1969−1973, alle nummer frå 1973−1980, då TF var internblad for AKP (ml).

arbeids- og studiegrupper (MLG) og Marxist-leninistisk Front (MLF), som kom ut med fire nummer i 1971.

Det er her naudsynt med ein kjeldekritisk kommentar i høve til bruken av TF og anna internt tilfang. TF var SKAU sitt organ andsynes medlemmene. I fleire tilfelle vart ordskifte og skribentar aktivt sensurerte, og inntrykket av eit harmonisk og monolittisk parti vart slik forsterka. I andre tilfelle overdreiv partileiinga motsetnader for slik å skapa nye fiendebilete og mobilisering kring leiarskapen. Vidare var TF ikkje SKAU sin einaste måte å kommunisera interne vedtak og liner til medlemmene på. Det er grunn til å tru at dei viktigaste direktiva vart gjevne gjennom Organisasjonsutvalet (OU) sitt apparat.[45] Dette gjer at TF i periodar, t.d. under "oppgjeret med høgreavviket" i 1975−76, knapt viser spor av kva som verkeleg gjekk føre seg i partiet. Som kjelde kan TF i visse tilfelle berre sjåast som ei svak spegling av prosessar som gjekk føre seg på eit skjult, over- eller underliggjande plan i rørsla.[46] Mange av dei same kjeldekritiske kommentarane gjeld for EKE. Noko skil likevel. Bladet var oppretta for å utkjempa eit konkret, tidsavgrensa slag (med MLF i 1971), og SUF (ml) og MLG hadde på dette tidspunktet truleg ikkje eit godt utbygd direktiv- og informasjonssystem på sida av partiålmenta. Såleis gjev EKE truleg eit relativt bra bilete av ordskiftet med MLF.[47]

I tillegg til tilfanget frå AKP har eg hatt god nytte av anna internt partitilfang, teke vare på av privatpersonar.[48] Dette har vore ein del dokument frå SUF-landsmøta i 1967 og 1968;

[45] Direktivinstitusjonen var så viktig i den interne infrastrukturen i AKP (ml) at han treng ein kommentar: OU hadde ansvar for eit omfattande apparat for spreiing av konfidensielle direktiv og informasjonar frå SK/SKAU ut til underliggjande organ. Direktiva var sorterte i to typar: ei pakke med direktiv til distriktsstyra (DS), og ei pakke til lagsstyra. OU-medlemmene reiste personleg rundt i landet for å overrekkja direktiv til spesielt ansvarlege i DS-ane, som så spreidde direktiva vidare. Rutinen var at direktivpakkene vart køyrd ut månadleg (intervju med Kjell Skjervø, 28. oktober 2003 [spor 4, 03.02]). Det er klårt at dette var eit svært viktig styringsinstrument for leiarskapen. Ved hjelp av direktiv kunne SK og SKAU delvis forma meiningsutviklinga i partiet, utanfor kontrollen av større partiålmenter som *Klassekampen* eller *Tjen Folket*. Det ser ut til at SKAU-medlemmene var ganske medvitne om dette. To av informantane mine frå SKAU viser t.d. til at ein pleidde å kalla prosessen som vart sett i gang når ei line skulle skiftast ut eller bli konsolidert, for å laga "utkøyr". Finn Sjue seier det slik: "'Fullt utkøyr', det er eit nykelord. Det var ikkje noko som heitte 'innkøyr'. Det var berre output, ikkje input" (intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 [disk 1, spor 3, 34.42]). Kjell Skjervø skildrar prosessen slik: "Du skulle ha ei leiing som var samd, som skulle laga line som skulle kvernast ned over hovudet på partiet. […] Det var ikkje slik at du la ut ei sak til ordskifte i partiet, med sikte på å få ein haug med framlegg og idear, og så samla trådane til felles vedtak på landsmøtet. […] Det vart gjort slik at SK vart samde på nytt om lina, så vart ho kverna nedover i partiet. […] Det vart kalla å 'køyra ut ei line'. […] Det vart gjeve direktiv til lagsstyra om kva dei skulle diskutera, når og korleis. Og kva som var fasiten. Føremålet med diskusjonen var at alle skulle bli samde om den lina som var køyrd ut" (intervju med Kjell Skjervø, 28. oktober 2003 [spor 4, 03.02]). Sjå vedlegg 2 for eit oversyn over AKP (ml) sin organisasjons- og leiarskapsstruktur.

[46] Eg har difor hatt mest bruk for *Tjen Folket* i analysen av "partikrisa" i 1979−1980, då den underliggjande konflikten i partiet vart så sterk at fleire kritiske ordskifte sprengde seg på også der. Men at sensuren av bladet framleis var hard, er det ikkje tvil om.

[47] Men mykje har òg skjedd utanfor denne ålmenta. Som det går fram i kapittel 3, hadde leiarskapen i SUF (ml)/MLG ein skjult agenda i MLF, og manipulerte ved hjelp av fraksjonistar i MLF delar av EKE-ordskiftet.

[48] Brigt Kristensen og Kjell Skjervø har gjeve meg raus tilgang til eigne papir. Eg har teke eigne kopiar av det tilfanget eg har brukt, men i noteapparatet opplyser eg om i kven sitt eige originaltilfanget er. Namn på arkiv og private papir er forkorta slik: AKP sitt arkiv (AKPA); Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek (AAB); Brigt

mange sentrale dokument frå striden i Bergen mellom Hans Ebbing/Arne Overrein og vestlandsleiinga i MLG i 1972−1973; ulike versjonar av "Teser om høyreavviket" 1975−1976; nokre kadervurderingar gjort i høve til nominasjonsarbeidet til val av ny SK i 1976; "klassifiseringsdirektivet" frå 1978; *Fram For Partiet* (FFP*),* internbladet i Oslo AKP (ml) i perioden 1978−1980; og det sentrale vedtaket i Politisk Utval (PU) mot DS-formannen i Oslo AKP (ml) under partikrisa i 1980. Alle dokumenta er direkte knytt til prosessane eg har analysert, og høver såleis til å supplera, utdjupa og korrigera informasjonen frå dei opne kjeldene og TF. Men også i høve til desse skriftlege kjeldene lyt vi minna om at dei berre gjev innsyn i delar av den interne meiningsskapinga: Møteprotokollar har eg ikkje hatt tilgang til, og dei fleste direktiva frå SK/SKAU er truleg gått tapt. Dei ovannemnde dokumenta er gått systematisk igjennom. I tillegg har eg gått igjennom TF for heile perioden, alle utgåvene av EKE i 1971, og FFP for perioden 1978−1980.

6.2.1 Munnlege kjelder

Eg har funne det naudsynt å supplera det skriftlege tilfanget med munnlege kjelder. Årsaka er at det indre livet i ml-rørsla bar så sterkt preg av hemmeleghald, sensur og informasjonssentralisering at dei skriftlege kjeldene, både offentlege og interne, svært lett kan bli feiltolka. Til saman har eg difor gjort 16 intervju, hovudsakleg med to typar folk: (1) personar frå leiarskapen i rørsla, særleg SKAU, og (2) personar med særleg kunnskap om dei fire prosessane eg har vald å analysera. (I tillegg har eg hatt nokre kortare samtalar med folk som har gjeve meg tilleggsopplysningar.)

Føremålet med intervjua har vore å samla ytterlegare informasjon om dei prosessane eg har skildra og slik få stadfest eller korrigert opplysningar frå det skriftlege tilfanget, og koma aktørane nærare "inn på livet", dvs. få auka kunnskap og innsikt om korleis dei sentrale personane tenkte. I tillegg har desse møta gjeve fine høve til ordskifte og meiningsbrytning kring emnet, og slik bidrege i ein "hermeneutisk prosess" der eg har fått testa tankar og hypotesar på dei eg skriv om. Leitinga etter internt kjeldetilfang har òg gått hand i hand med intervjuprosessen.[49]

Dei intervjua er: Sigurd Allern, Harald Berntsen, Åsmund Egge, Kjersti Ericsson, Jorun Gulbrandsen, Gro Hagemann, Sverre Knutsen, Wiggo Knudsen, Brigt Kristensen, Tor Mostue,

---

Kristensen sine papir (BKP); Kjell Skjervø sine papir (KSP). Full dokumentreferanse står i kvar einskild note.

[49] Her ser vi nokre av dei særlege utfordringane knytt til bruken av munnlege kjelder. I kontakten med levande kjelder er det alltid fare for at intervjuaren overtek perspektiva og tenkjemåtane til intervjuobjektet sitt. Faren aukar om den intervjua har høve til å "løna" intervjuaren med opplysningar. Eg har ikkje funne annan måte å takla dette på enn å freista å vera medviten om problemet.

Arne Overrein, Finn Sjue, Kjell Skjervø, Helge Øgrim, Leikny Øgrim og Tron Øgrim.[50] Fire av desse er tidlegare intervjua av Sjøli.[51]

Av dei intervjua er fem (Tron Øgrim, Sverre Knutsen, Finn Sjue, Sigurd Allern og Kjell Skjervø) mellom dei seks som har vore vanleg å rekna til "kjernen" i ml-rørsla sin leiarskap på 1970-talet (Steigan er den sjette). I vedlegg 3 har eg samla nokre sentrale opplysningar om desse seks personane. I tillegg satt Kjersti Ericsson, Tor Mostue, Helge Øgrim, Wiggo Knudsen og Brigt Kristensen i fleire av ml-rørsla sine sentralkomitear i åra 1971−1980.

Røyndomen nedover i partiet og utanfor Oslo har nok i mange tilfelle vore ein annan enn for desse informantane. Men det har altså ikkje vore emnet mitt. Så lenge vi held dette *in mente*, meiner eg å ha eit godt grunnlag for å bruka intervjua som kjeldetilfang. I kjeldeoversynet til slutt i oppgåva har eg lagt ved eit vedlegg 4, der eg diskuterer nokre særleg kjeldekritiske spørsmål knytt til bruk og handsaming av munnlege kjelder.

---

[50] I to tilfelle har personar eg har vore i kontakt med ikkje ønskt å la seg intervjua. Arild Johansen, som var aktiv i Bryn/Hellerud SUF, og i eitt tilfelle har vore omtala som ein del av den indre kjernen i AKP (ml) (Erik Solheim [red.], *Oppgjør med AKP*, Sosialistisk opplysningsforbund, Oslo 1978, s. 23), sa nei til intervju fordi han tykte det var for lenge sidan. Pål Steigan, formann i AKP (ml) frå 1975−1984, sa først ja til intervju, men trekte seg seinare med ei grunngjeving eg av kjeldekritiske omsyn meiner er naudsynt å referera: "Slik de politiske og ideologiske kampene har utvikla seg dette året, [her tenkjer nok Steigan på *Klassekampen* sin debattserie om ml-rørsla våren 2003 og den såkalla "Hagtvet-debatten" sumaren 2003], har jeg funnet ut to ting: – At det er viktig at jeg stiller meg til disposisjon for forskere som er genuint interessert i å trenge bak mytene om AKP og 70-tallet. – At en forutsetning for at jeg skal kunne gjøre det, er at jeg møter forskere som deler mitt verdigrunnlag. (Jeg snakker ikke om politisk enighet, men om en verdimessig referanseramme.) Etter å ha fulgt dine artikler i KK er jeg kommet til at vi har så store forskjeller i verdisyn at det vil bli vanskelig for oss å kommunisere på en tilfredstillende måte. Jeg ønsker derfor ikke å stille opp til noe intervju" (e-post frå Pål Steigan, 14. august 2003). Eg refererer Steigan sin e-post ikkje berre for å forklåra kvifor leiaren av AKP (ml) 1975−1984 ikkje er intervjua i denne oppgåva, men også for å gjera lesaren merksam på at underteikna, som aktør på den organiserte venstresida i Noreg og som debattredaktør i *Klassekampen*, ikkje har kunna unngått å kommentera og plassera seg i høve til AKP-tradisjonen. Dette har heilt sikkert prega måten informantane mine har relatert seg til meg, og sjølvsagt også vice versa.

[51] I Sjøli si hovudoppgåve er informantane anonymiserte, men på spørsmål opplyser han at han har intervjua fire av mine 17 kjelder (e-postar frå Hans Petter Sjøli, 19. og 20. januar 2006).

2. SUF blir maoistisk 1965−1968

Frå Finn Gustavsen til Formann Mao

1. Innleiing

Dette kapittelet handlar om Sosialistisk Ungdomsforbund (SUF) i åra frå 1965 til slutten av 1968. Siktemålet er å forstå prosessen som førte til at maoismen fekk hegemoni mellom medlemmene i SUF. Den ideologiske snunaden tok til kring midten av 1960-talet, og var langt på veg sluttført alt på SUF sitt landsmøte september 1968, då organisasjonen vedtok å tillempa leninistiske organisasjonsprinsipp og å starta systematiske studium av marxismen-leninismen, Mao Zedong si tenking.[52]

Eg skal først skildra korleis eit ungdomsmiljø på Oslos austkant, sentrert kring den unge SUF-aren Tron Øgrim, alt på midten av 1960-talet byrja å kalla seg maoistar. Gjennom lokallaget Bryn/Hellerud SUF skapte desse eit vitalt og tett aktivistmiljø som seinare vart ein viktig maktbase i striden om ideologisk hegemoni i SUF. Deretter vil eg ta for meg den ideologiske utviklinga mellom studentane i SUF, særleg ved Universitetet i Oslo i åra 1967 og 1968. Desse gjekk gjennom ei utvikling mot ein stadig meir radikalisert ideologisk posisjon, men kom aldri til den same graden av ideologisk einskap som Bryn/Hellerud SUF. Det avgjerande punktet i "maoiseringa" av SUF fann stad hausten 1967 og våren 1968, då dei mest sentrale medlemmene i SF-stud i Oslo vart vunne over på Bryn/Hellerud SUF si line for organisasjonen. Då striden med SF tok til for fullt, seint 1968, hadde det mest avgjerande ideologiske slaget i SUF såleis alt vorte utkjempa.

2. Bryn/Hellerud SUF

SUF vart skipa i 1963, to år etter mororganisasjonen SF. Same år vart det starta eit Bryn SUF. Men arbeidet gjekk fort i stå.[53] To år etterpå gjekk det derimot betre. 3. april 1965 fortalde ein notis i *Orientering* at "Bryn SUL har hatt årsmøte. Det ble besluttet å dele laget i to. Arild Johansen ble valgt til formann i Bryn og Trond Øgrim valgt til formann i Hellerud SUL."[54] Pål Steigan skriv at dei aldri fungerte som to lag, og at dei fort vart slått saman.[55]

Ved den første oppstarten hadde berre nokre få personar vore involvert. Tron Øgrim var

[52] Kapittelet tek difor ikkje for seg den dramatiske perioden mellom oktober 1968 og februar 1969, som enda med brot mellom SUF og mororganisasjonen SF. Denne delen av SUF si historie er kartlagt i Trier, *Splittelsen mellom SF og SUF*.
[53] Steigan, *På den himmelske freds plass*, s. 51.
[54] *Orientering*, 3. april 1965, s. 11. Sosialistiske Ungdomslag (SUL) var den opphavlege nemninga på lokallag av SUF, men ganske snart kalla dei fleste seg for SUF-lag.
[55] Steigan, *På den himmelske freds plass*, s. 51.

sentral. Han hadde alt som 14-åring vorte med i SF ved skipinga i 1961, og deltok på møte med dei vaksne i lokalavdelinga av SF.[56] Kompisane Klaus Hagerup, Harald Are Lund, Kyrre Haugen Bakke, Grete Letting og nokre få til var ikkje med i SF-laget, men deltok på den første lagsskipinga.[57] Alle gjekk på Teisen gymnas. "Det var dei kule, dei radikale. […] Dei var mot religion, ikkje så konforme. Var mot rektors makt," fortel Jorun Gulbrandsen, som i 1964 gjekk i 1. klasse på gymnaset, ein klasse under Øgrim.[58]

2.1 Vegen til Mao

I Tron Øgrim hadde laget frå første stund eit samlingspunkt, ein som var først med dei nye tankane og dei nye bøkene. Då Bryn/Hellerud SUF vart starta på nytt i 1965, kalla Tron Øgrim seg alt for "maoist".[59] Det kom til å få avgjerande innverknad på laget si utvikling. Men kva hadde fått ein ung middelklassesosialist frå Hellerud til å tru at sosialisme i velferdsnoreg måtte tuftast på tankane til ein kommunistisk bondeleiar i Kina?

Det som særleg hadde påverka Øgrim, var kontakten med dei noko eldre "Porsgrunnsmaoistane" i SUF.[60] Gjennom kompisen Klaus Hagerup, som ofte ferierte på mora sin landstad på Søndeled ved Risør, hadde Øgrim tidleg på 1960-talet vorte introdusert for Jørgen Sandemose.[61] Også Jørgen pleidde å tilbringa sumrane på Sørlandet, i Kjørkelvik på bruket til faren. Ofte var kompisen frå Porsgrunn, Harald Berntsen, med. Desse høyrde til eit radikalt skulemiljø ved Porsgrunn høgre skole og hadde starta eit av dei første ungdomslaga i SF alt i 1961.[62] Ifølgje Berntsen hadde dei byrja å interessera seg for Mao fordi Kina støtta dei væpna frigjeringsrørslene i den tredje verda og samstundes oppmoda om klassekamp i dei imperialistiske landa. Dei færraste dreiv systematiske studium av Marx eller Mao, men med Berntsen sine ord "vokste det fram en gryende bevissthet om den revolusjonære teoretiske tradisjonen og en gryende interesse for arbeiderne som klasse og for deres klassekamp".[63] Etter kvart hadde sume av dei også byrja å lesa litt av Mao Zedong, og nokre få var ivrige tingarar av det maoistiske tidsskiftet

[56] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 1, 24.23).
[57] Steigan, *På den himmelske freds plass,* s. 51; intervju med Jorun Gulbrandsen, 12. juni 2003 (disk 1, 01.07).
[58] Intervju med Jorun Gulbrandsen, 12. juni 2003 (disk 1, 01.07). Då laget vart skipa på nytt, var miljøet noko større. Jorun Gulbrandsen var vorten kjærast med Tron Øgrim. Ungdomskuleeleven Astor Larsen var med, han vart seinare same år formann i laget, då Bryn SUF og Hellerud SUF vart slått saman. Ungdomsskuleeleven Pål Steigan kom også snart til. Arild Johansen stod ein del månader formelt som leiar av Bryn SUF. Til saman var miljøet på nokre og tjue folk (Steigan, *På den himmelske freds plass,* s. 51 og 52).
[59] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 1, spor 3, 10.32).
[60] Harald Berntsen har gjeve ei levande, og svært subjektiv, skildring av SUF-miljøet i Porsgrunn i Berntsen, *Det lange friminuttet*.
[61] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 1, spor 3, 00.53); intervju med Harald Berntsen, 15. august 2003 (disk 1, 16.27).
[62] Intervju med Harald Berntsen, 15. august 2003 (disk 1, 16.27).
[63] Berntsen, *Det lange friminuttet*, s. 107.

Africa Latin-America Asia REVOLUTION.

På denne tida var Øgrim det han sjølv kallar "atompasifist"; dvs. at han avviste militære konfliktar i atomalderen, pga. moglegheitene for total kjernefysisk krig.[64] "Han var veldig pasifistisk innstilt," minnest Berntsen.[65] Men gradvis, særleg då USA sendte troppar til Vietnam i 1964, endra mykje seg. Øgrim:

> Eg krangla med dei, om maoisme og slikt, i åra 1963−1964. Vart mykje overtydd av dei. Det som for meg var ganske overtydande (eg las *Kapitalen* på det tidspunktet), det var ideen om at kapitalismen ikkje kan vera stabil. [...] Det var for meg eit veldig viktig skritt over til kommunismen. Og så var det oppfatninga av staten som ein komité for kapitalistane. [...] Eg vart maoist utan å ha lese Mao, det var ut frå ei vurdering: "Kven meiner dette? Russarane er for såkalla fredeleg overgang, det går ikkje. Kinesarane står på den ortodokse marxismen i den samanhengen".[66]

For Øgrim, som for Berntsen, var standpunktet for Kina og Mao i starten tufta på ei politisk haldning, meir enn ideologisk overtyding: "Å vera *for* den tredje verda var på det tidspunktet i stor grad å vera *for* Mao, å vera for Kina," seier Øgrim.[67] Dei unge SUF-arane sitt engasjement for den tredje verda og påfølgjande sympati for Mao følgde på eit vis slik i fotefara til Finn Gustavsen og SF, som hadde brote med DNA mykje på grunn av utanrikspolitikken. Mange meinte nok òg at revolusjonær sosialisme i ei eller anna form måtte vera den naudsynte konsekvensen av SF sitt brot med sosialdemokratiet.

2.2 Kulturelle og personlege ressursar

Då Bryn/Hellerud SUF vart starta opp att i 1965, var såleis Øgrim alt maoist. Snart kalla også resten av laget seg maoistar, og ikkje minst: marxist-leninistar.

Det kan vera farleg å lytta for mykje til seinare mytar om Tron Øgrim og Bryn/Hellerud SUF, som nærast tillegg laget ein klår plan og strategi frå dag éin. Mest truleg skjedde maoiseringa av miljøet gradvis, gjennom auka politisk aktivitet og medvit, som igjen gjorde medlemmene meir mottakelege og søkjande etter ideologi som kunne legitimera og gje retning til det politiske arbeidet. Men det vi veit, er at dette miljøet hadde nokre særlege ressursar, som på kort tid gjorde Bryn/Hellerud SUF til det Finn Gustavsen i memoarane sine minnest som det mest aktive laget i SUF.[68]

Sjølv om Bryn og Hellerud er to gamle arbeidarbydelar i Oslo, er det verdt å merka seg at

[64] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 1, spor 3, 06.02).
[65] Intervju med Harald Berntsen, 15. august 2003 (disk 1, 14.34).
[66] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 1, spor 3, 04.20).
[67] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 1, spor 3, 09.21).
[68] Finn Gustavsen, *Kortene på bordet*, Gyldendal, Oslo 1979, s. 17.

den leiande figuren i dette miljøet kom frå ein kulturelt ressurssterk familie.[69] Heime hjå Tron Øgrim var veggane fulle av bøker. Og i villaen i Trasoppveien, hjå Otto og Marie Øgrim, var døra alltid open. "Vi var veldig mykje heime hjå Tron og dei. Det var ein raus heim, der vi kunne vera," fortel Jorun Gulbrandsen.[70] Mor til Klaus Hagerup, Inger, hadde sjølvsagt òg mykje litteratur heime. Astor Larsen, som kom frå ein NKP-familie, hadde også sosialistisk litteratur heime frå.[71] Også Pål Steigan sine foreldre var radikale, fedrane til Tron og Pål hadde møttest i den radikale studentorganisasjonen Clarté.[72] I Oslo Bok- og Papirhandel fann dei i tillegg litteratur frå Kina. Styrar i den gamle NKP-bokhandelen, Ester Bergerud, høyrde saman med fagforeiningsleiaren Kjell Hovden til den Kina-venlege delen i NKP. Bøkene av Mao Zedong stod aldri godt framme i butikken, men då ungdommane byrja å stikka innom, viste ho dei villig til den "kjettarske" litteraturen.[73]

Kor mange Mao-bøker var det å få kjøpt på bokhandelen i Steinkjer eller Bømlo i 1965? Og kor langt var det ikkje til SF sitt partikontor og *Orientering* sine redaksjonslokale? Med slike "hovudstadsfortrinn" og Tron Øgrim sine høgttravande ambisjonar og særlege entreprenørevner utvikla laget ein kreativ miks av ideologiske studium og praktisk aktivisme, som laget med hell skulle eksportera til resten av landet nokre år seinare.

Særleg Mao sin artikkel "Om praksis" vart lesen mykje i starten. Pål Steigan fortel at artikkelen sin bodskap om at teori alltid må omsetjast i handling, trefte den aktivistiske gjengen i Bryn/Hellerud midt i hjarta.[74] (Seinare skulle denne artikkelen bli som ei lita katekisme i ml-rørsla, viktigare enn Mao si raude bok og sentral reiskap i å forma den praktiske habitusen som kom til å bli så særeigen for ml-arane.) Jorun Gulbrandsen minnest førsteinntrykket: "Han [Mao] verka så *barnsleg*, det verka så lett! Det burde jo vera vanskeleg når det var teori. Men eg trur det hadde mykje å seia når det galdt jakta på dei positive moglegheitene."[75]

Hjå Mao fann ungdommane ein teori som sa at det viktigaste var å gjera noko, og at det var

[69] Far til Tron Øgrim, Otto Øgrim, var mellom leiarane av spionorganisasjonen XU under 2. verdskrigen og hadde tidlegare vore medlem i Mot Dag og Clarté, han er utdanna fysikar, arbeidde lenge ved Universitetet i Oslo og har hatt eigne tv-program på NRK ("Fysikk på roterommet"). Mora, Marie Øgrim, utdanna ernæringsfysiolog, var leiar for Statens ernæringsinstitutt. Farfar, Tobias Immanuel Øgrim, var kommandør i Frelsesarmeen, og var igjen son av Johan Øgrim, landsleiar i Frelsesarmeen i Noreg. Morfar, Albert Eggen, satt ei tid på Stortinget for Venstre. Far til Tron Øgrim heldt *Orientering* frå starten av og røysta SF frå 1961, men var ikkje medlem. Om mora sine politiske sympatiar veit Tron Øgrim mindre, men understrekar: "Barndomsideologien var på ein måte Freud, Einstein og Marx. […] Du kan seia Mot Dagist-tenkinga frå 30-talet hang att" (intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 [disk 1, 12.40]).
[70] Intervju med Jorun Gulbrandsen, 12. juni 2003 (disk 1, 10.50).
[71] Intervju med Jorun Gulbrandsen, 12. juni 2003 (disk 1, 09.12).
[72] Steigan, *På den himmelske freds plass*, s. 46.
[73] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 1, spor 3, 26.12); intervju med Jorun Gulbrandsen, 12. juni 2003 (disk 2, 09.32).
[74] Steigan, *På den himmelske freds plass*, s. 53.
[75] Intervju med Jorun Gulbrandsen, 12. juni 2003 (disk 1, 11.33).

mogleg å endra verda, berre ein arbeidde hardt nok. I løpet av nokre få år auka Vietnam-motstanden stort i heile Noreg, og miljøet i Bryn/Hellerud SUF vart raskt mellom dei særleg aktive og kreative i Vietnam-arbeidet.[76] Mao sin handlingsideologi stod så sterkt i laget at ein sumaren 1967 kunne gjennomføra ei avantgardistisk sumarjobb-innsamling, som resulterte i innkjøp av ei avansert offsetpresse.[77] Laget hadde på ekte marxistisk vis alt hausten 1967 uttevla sentralleiinga i SUF på produksjonsmiddelsida, noko som skulle visa seg å vera avgjerande då laget fekk kontroll over SUF sitt blad *Ungsosialisten* seinare same år.

Det SUF-laget Øgrim og kameratane hans skipa på nytt i 1965, bar såleis tidleg preg av å ha ein klårare ideologisk profil enn andre delar av ungdomsforbundet. Gjennom ein kombinasjon av miljøet sine kulturelle ressursar, planmessige studiesirklar og fokus på aktivisme vart denne klårleiken utvikla ytterlegare, slik at laget i løpet av nokre få år framstod som ei klår ideologisk fløy i SUF. Ei positiv haldning til Mao var vorten til overtyding om at Mao hadde rett. Om ein skulle fullføra det brotet SF hadde starta frå sosialdemokratiet, måtte ein formulera eit heilskapleg og alternativt samfunnssyn til Gerhardsen sin sosialdemokratiske orden. Det såg ikkje ut til at Gustavsen og resten av SF var i stand til det. Men ein kommunistisk bondeleiar frå Kina baud ungdommane nett det dei sakna: Tru på "dei positive moglegheitene".

3. Studentane i SUF

Parallelt med maoiseringa av ungdommen i Bryn/Hellerud gjekk det også føre seg ei radikalisering av studentane i SUF. Denne prosessen følgde lenge sine eigne spor og hadde sine eigne leiarar. Her skal vi særleg sjå på utviklinga ved Universitetet i Oslo og laget SF-stud.

Ved universitetet i Oslo hadde ein frå gamalt det såkalla Sos. Stud: laget som i 1958 hadde stått i spissen for Nato-motstanden i Ap ("Påskeopprøret") og hadde vore sentralt under skipinga av SF tre år etter. Laget samla studentar frå SF, venstresida i Ap, NKP og uavhengige sosialistar, gav ut avisa *Underveis* og var størst i det landsfemnande Sosialistisk Studentforbund. I tillegg var mange av SUF sine medlemmer organiserte i SF-stud, som var eit lag tilslutta SUF.

---

[76] Steigan, *På den himmelske freds plass,* s. 52; jf. òg "Arbeidsdokument for den organisatoriske debatt", frå sentralstyret til SUF sitt 3. landsmøte, 15.−16. oktober 1966, BKP, der det vart oppsummert at det ved fleire høve hadde vorte halde "svært oppsiktsvekkende demonstrasjoner", og at SF-stud og Bryn/Hellerud SUF hadde delteke særleg aktivt. Bryn/Hellerud SUF sin aukande dominans i Solidaritetskomiteen for Vietnam (Solkom) er skildra utførleg i James Godbolt si avhandling (under arbeid) om den norske Vietnam-rørsla. Godbolt argumenterer for at Vietnam-spørsmålet i siste halvdel av 1960-talet vart ei viktig kjelde til politisk kapital i norsk politikk (James Godbolt, *Vietnam-protesten i Norge*, avhandling (under arbeid), særleg kapittel 4: "Bevegelsen fragmenteres"; sjå også James Godbolt, "RAPPORT: Vietnam-protesten i Norge. Fra ad hoc-aksjoner til politisk kapital", *Nytt Norsk Tidsskrift*, 1/2004, s. 61−70).

[77] Steigan, *På den himmelske freds plass*, s. 75.

3.1 Radikalisering

Frå midten av 1960-talet gjekk dette studentmiljøet og særleg SF-stud igjennom ei tydeleg venstredreiing. Fleire av "Porsgrunnsmaoistane" hadde byrja på universitetet og var aktive i både Sos. Stud og SF-stud. På Blindern fann desse saman med tilflyttarar frå andre SUF-lag. Snart var fleire aktive i SF-stud-avisa *Oppbrudd*.[78] I 1967 var sentrale personar i *Oppbrudd* fauskeværingen Brigt Kristensen, Bjørn Lindgren frå Porsgrunn og Tor Mostue frå Sinsen i Oslo.[79] Ein gjennomgang av årgangen viser eit ideologisk og teoretisk mangfaldig miljø, men på rask ferd mot venstre og med veksande sympatiar for Kina.

Avisa var likevel ikkje så pluralistisk at ho var tvitydig i haldninga til Josef Stalin. I ein artikkel tidleg i 1967 vart Stalin samanlikna med ein *kapitalist*, fordi han gjennom si personlege makt over staten hadde kontroll over produksjonsmidla og såleis utbytta arbeidarklassen i Sovjet. I staden for Stalin-sosialisme uttrykte artikkelforfattaren, Tor Mostue, voner til landet i Aust: "På den andre siden av Kloden har en aktiv gruppe reist seg for å slå ned klassetendensene i sitt eget land. Stalinistene liker det ikke, verken i det 'liberaliserte' Sovjet eller i det 'demokratiske' Vest-Europa".[80] Mostue sin artikkel synest å vera dekkjande for haldningane i miljøet rundt *Oppbrudd*. Kulturrevolusjonen vart sett på som ei anti-autoritær og anti-stalinistisk rørsle. Nokre år seinare skulle Josef Stalin bli rekna som ein av dei "fem store" marxistiske klassikarane, også av Tor Mostue og andre i *Oppbrudd* sin redaksjon.

Oppbrudd oppsummerte i nr. 5/1967 at SF-stud sidan starten i 1963 hadde utvikla seg til å bli eit "venstresosialistisk aktivum både i studentpolitikken så vel som på andre områder" og at "[d]ebatten i laget har ført til en politisk holdning og praksis som representerer et frontalangrep på det bestående samfunn".[81] Kva låg bak denne utviklinga?

For det første førte den internasjonale situasjonen, med Vietnam-krigen som den viktigaste faktoren, til ei radikalisering av dei mentale skjemaa hjå dei sosialistiske studentane. 1968-opprøret slo ikkje verkeleg inn mellom "massane" av studentar i Noreg før på tidleg 1970-tal, men dei leiande sjikta mellom studentane følgde godt med på kva som skjedde ved universiteta i resten av Vest-Europa.[82] Noreg var *i* verda, og ho var i flammar. Saman med Bryn/Hellerud var

[78] Namna på Sos. Stud si avis *Underveis* og SF-stud si *Oppbrudd* var henta frå Helge Krog sine skodespel med same namn.
[79] Redaksjonen i 1967 talde i tillegg Harald Berntsen, Eystein Arntsen, Lars Berg, Ivar Minken, Sigmund Karterud, Alv Dahl, Truls Sevje og Bjørgulv Mensen. Det var langt mellom damene i redaksjonen.
[80] Tor Mostue, "Stalinisme, kapitalisme og maoisme", *Oppbrudd*, 2/1967.
[81] "Hvorfor SF-stud?", usignert, *Oppbrudd*, 5/1967.
[82] Studentleiaren Rudi Dutschke vitja Noreg og deltok på møte i regi av SF-stud, Sos. Stud og A-stud i mars 1968, i tillegg til møte i studentersamfunna i Noreg. Dutschke skal ha vore ivrig etter å møta "denne Tron Øgrim". Kristensen fortel at Øgrim enda med å diskutera "spørsmålet om Stalin" med Dutschke halve natta på nachspiel (e-post frå Brigt Kristensen, 28. januar 2006). Våren 1968 vitja Sigurd Allern, som Sos. Stud sin formannskandidat, studentleiarar i Berlin, Paris og London.

SF-studarane vortne dei mest aktive i SUF sitt Vietnam-arbeid.[83] På slutten av 1967 meinte mange ein ikkje lenger kunne reservera dei radikale meiningane til utanrikspolitikken: Også i norsk politikk trongst det sterkare lut. Mange meinte no det var tydeleg at SF hadde problem med å meisla ut ein alternativ posisjon i norsk politikk som grunnleggjande utfordra sosialdemokratiet sitt hegemoni, også i innanrikspolitikken. SF-stud åtvara SF-leiinga mot samarbeid med DNA.[84]

3.2 Maoisering

Det var såleis trong for å setja opp heilskaplege alternativ til det USA-lojale sosialdemokratiet og det Moskva-tru kommunistpartiet. Men kvar skulle det hentast frå?

Den andre faktoren som bidrog til studentane si radikalisering var, slik det hadde vore for Bryn/Hellerud SUF, Kina og Mao Zedong. Sumaren 1967 arrangerte Sosialistisk studentforbund ei delegasjonsreise til Kina, med om lag tjue personar.[85] Delegasjonen hamna i Kina under eit av dei kraftige oppsvinga i kulturrevolusjonen. Det var eit kultursjokk, fortel Åsmund Egge, som var leiar for turen.[86] Men dét var også møtet med Noreg etterpå. På heimvegen las delegasjonen i norske aviser om at lika flaut i Shanghais gater. Men Egge og resten av delegasjonen hadde vore i byen på dei omtala tidspunkta og meinte det var løgn: "Det som stod, bidrog sjølvsagt ikkje til at vårt syn på kva vestleg presse var i stand til å framstilla vart noko særleg betre," fortel Egge.[87] Få av deltakarane var så Kina-venlege at dei kunne kalla seg maoistar, meiner han.[88] Men Egge, og truleg fleire med han, opplevde paradoksalt nok ved heimkoma å bli pressa inn i ein Mao-lojalitet han eigentleg ikkje kunne stå for. Etter ein pressekonferanse skulle ein fotograf absolutt ha ungdommane til å vifta med Maos litle raude, slik Raudegardistane pleidde å gjera:

> Det var ein ganske vrien situasjon. Å la vera å gjera det ville på ein måte vera ei slags desavuering av dette her, og det ville vi ikkje vera med på. På den andre sida: Det å gjera det fall seg ikkje naturleg å gjera […] for meg, ikkje på det tidspunktet. Og det enda då med at vi gjorde det, ikkje sant?[89]

Gradvis, i møtet med borgarpressa sine reaksjonar på kulturrevolusjonen og etter ei rad føredrag ute i SUF-lag, m.a. på eit begeistra og stort lagsmøte i Bryn/Hellerud SUF, vart Åsmund Egge og andre Kina-fararar meir og meir Mao-venlege. Kanskje var ikkje tankane til den revolusjonære

[83] Jf. "Arbeidsdokument for den organisatoriske debatt", frå sentralstyret til SUF sitt 3. landsmøte, 15.−16. oktober 1966, BKP.
[84] "Den onde arven fra 50-åra", usignert leiar, *Oppbrudd,* 5/1967.
[85] E-post frå Åsmund Egge, 19. januar 2005. Med på turen var folk som Tor Mostue, som alt då var aktiv i SUF og SF-stud, Harald Minken og Åsmund Egge som båe var med i SF og etter turen vart trekte med i SUF.
[86] Intervju med Åsmund Egge, 20. juni 2003 (disk 1, 15.23).
[87] Intervju med Åsmund Egge, 20. juni 2003 (disk 1, 17.59).
[88] Intervju med Åsmund Egge, 20. juni 2003 (disk 1, spor 6, 20.33).
[89] Intervju med Åsmund Egge, 20. juni 2003 (disk 1, spor 6. 20.18).

bondeleiaren frå Kina så ubrukelege her i Noreg?

4. Kontakten mellom SF-stud og Bryn/Hellerud SUF

Kina-reisa sumaren 1967 gav radikaliseringa i SF-stud ytterlegare ideologisk retning. Ein viktig og avgjerande faktor som gjekk delvis parallelt, var kontakten med Tron Øgrim og Bryn/Hellerud SUF rundt landsmøtet hausten 1967.

Både Brigt Kristensen og Tor Mostue, som vi har sett var med i SF-stud og i miljøet rundt *Oppbrudd*, minnest korleis dei ganske tidleg kom i kontakt med Tron Øgrim, som var nokre år yngre enn dei, og ikkje enno var student. Ved semesteropninga på Universitetsplassen i Oslo, august 1966, hugsar Kristensen m.a. at Tron Øgrim enda i eit opphissa ordskifte med Tor Mostue. Ordskiftet handla om naturdialektikk og Stalin, meiner han.[90] "Mostue hevda den forma for maoisme vi hadde nådd fram til i studentlaget, medan Tron då hadde ei meir tradisjonell 'traktor-marxistisk' oppfatning," meiner Kristensen.[91] På landsmøtet i SUF to månader seinare var både Kristensen, Mostue og Øgrim utsendingar. SUF bar framleis preg av å vera ein organisasjon i harmoni og utan store ideologiske spaningar. Bryn/Hellerud SUF viste ingen teikn på opposisjon. Men sentrale personar i Bryn/Hellerud SUF og SF-stud utgjorde utanom sentralstyret alt på dette landsmøtet store delar av landsmøtekomiteane. Mange møttest nok for første gong der.[92]

Etter landsmøtet i 1966 endra derimot mykje seg. Tron Øgrim fortel at han hadde vona at "Porsgrunnsmaoistane" Harald Berntsen og Jørgen Sandemose ville leia an i ein maoistisk opposisjon i SUF, men at han etter kvart skjøna at det ikkje ville skje.[93] Frå tidleg 1967 byrja miljøet rundt Bryn/Hellerud SUF å ta sjølvstendige initiativ i organisasjonen. Alt våren 1967 tok

[90] Naturdialektikk er av Jon Elster forklåra som 1) ein freistnad på å bruka dialektisk metode på prosessar i naturen eller 2) ein påstand om at prosessar i naturen følgjer eit dialektisk mønster. I det første perspektivet blir naturdialektikk ei retning som legg vekt på historie og heilskap som viktige forståingskategoriar, i motsetnad til den meir analytiske metoden, som stykkar prosessane i mindre delar for å kunna undersøkja dei i større detalj. I det andre perspektivet blir det mogleg å framsetja dialektiske lover for utviklinga i naturen (Jon Elster, *Forklaring og dialektikk*, Pax, Oslo 1979, s. 198−216). Det var nok det siste perspektivet, som er knytt til Fredrich Engels sitt verk "Anti-Dühring" og seinare Josef Stalin si deterministiske form for marxisme, som Mostue var kritisk til.

[91] Intervju med Brigt Kristensen, 14. juni 2003 (disk 1, 01.19).

[92] Av landsmøtepapiret "Sentralstyrets forslag til div. valg til landsmøtet", til SUFs landsmøte 15.−16. oktober 1966, BKP, går det fram at mellom andre Tron Øgrim (Bryn/Hellerud SUF), Brigt Kristensen (SF-stud) og Sigurd Allern (Smedstad/Røa SUF) var føreslåtte i redaksjonskomiteen og mellom andre Pål Steigan (Bryn/Hellerud SUF), Larsen (truleg Astor Larsen i Bryn/Hellerud SUF), Arild Johansen (Bryn/Hellerud SUF), Knudsen (truleg Einar Knudsen i SF-stud) og Tor Mostue (SF-stud) var føreslåtte i valkomiteen. Bryn/Hellerud SUF og SF-stud dominerte stort i komiteane. Ved valet av det nye sentralstyret fekk Øgrim fast plass, som redaktør av *Ungsosialisten*. Av andre frå Bryn/Hellerud-miljøet vart Arild Johansen vald til skulesekretær og Pål Steigan 2. varamann til sentralstyret. Øgrim sitt verv som redaktør for *Ungsosialisten* var ikkje så prominent som det kan høyrast ut. "Bladet" var i røynda nokre få eigne sider i *Orientering* no og då. Det ser ikkje ut til at Øgrim gjorde noko stort arbeid med 1966-årgangen (Kjelde: "Beretning fra SUFs sentralstyre for perioden 15/10−66 – 7/10−67", til SUF sitt landsmøte 15.−16. oktober 1966, BKP).

[93] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 1, spor 3, 17.55).

Oslo/Akershus SUF kontakt med dei svenske marxist-leninistane i Kommunistiska Förbundet Marxist-Leninistarna (KFML), som låg fleire år framom dei norske maoistane, og alt var på god veg til å starta eit ml-parti.[94] På skipingskonferansen for KFML, midtsumaren 1967, vart Tron Øgrim kjend med eldre maoistar som Nils og Marika Holmberg, Gunnar Bylin og Bo Gustavson, redaktøren av *Marxistisk Forum* og på den tida den sentrale ml-teoretikaren i Skandinavia.[95] Øgrim heldt særleg god kontakt med "Nisse" Holmberg og "Bosse" Gustavsson. Dei var både inspiratorar og kanskje direkte rådgjevarar i året som kom.[96]

Truleg var kontakten med KFML eit vendepunkt for Bryn/Hellerud-miljøet. Øgrim hadde fram til då vurdert dei ulike europeiske freistnadene på å skipa maoistiske parti som "ei ørkenvandring. Eg såg at folk gjorde det [...], men eg såg ikkje det som nokon moglegheit i Noreg."[97] I KFML såg han ein organisasjon med ein konkret politikk, ein god plan og med dyktige folk til å gjennomføra han:

> Det var intellektuelt bra, gjennomarbeidd og fornuftig. Ikkje tull og tøys. […] Det gav meg oppfatninga at det var politisk realistisk å laga ei maoistisk kommunistisk rørsle som kunne bety noko sosialt og politisk. Det var ei oppfatning eg hadde i 1967, men ikkje i 1965.[98]

Sumaren 1967 gjennomførte òg SUF sin første sumarleir, på initiativ frå Bryn/Hellerud-representantane i sentralstyret. Leiren vart ein suksess, og eit viktig steg fram for ml-arane i SUF, som no gjorde røynsla at slike uformelle, men likevel organiserte arenaer, kunne fungera som ideologiske utprøvings- og propagandaverkstader for maoistane. Bryn/Hellerud hadde ikkje hegemoni etter leiren, men ein oppdaga at det var stor grobotn for maoistiske og revolusjonære tankar i SUF.

Før landsmøtet skulle finna stad, oktober 1967, tok Øgrim såleis kontakt med fleire personar i SF-stud, for å få vedteke fråsegner som drog SUF i meir radikal retning, i tillegg til å få vald Einar Knudsen som ny formann i staden for Sigurd Allern, som fleire oppfatta som for

---

[94] Steigan, *På den himmelske freds plass,* s. 70. Jf. òg Salomon, *Rebeller i takt med tiden,* s. 73−79, s. 107−114.
[95] Frå SUF deltok Arild Johansen og Steinar Hinkel, i tillegg til Øgrim (intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 [disk 1, spor 3, 25.17]).
[96] Både Tron Øgrim og Pål Steigan har framheva at KFML var svært viktig som inspirasjonskjelde for ml-arane i SUF i desse åra (intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 [disk 1, 3, 25.17]; Steigan, *På den himmelske freds plass,* s. 68−69). Sverre Knutsen meiner Gustavsson, som heldt innleiing på sumarleiren i SUF august 1968, diskuterte mykje med Øgrim om taktikken for brotet med SF. Knutsen meiner òg at Gustavsson var delaktig i det mange oppfattar som det taktiske meisterstykket å ikkje vedta ein marxist-leninistisk-plattform på landsmøtet i 1968, men å "studere marxismen-leninismen, Mao Tse-tungs tenking" (intervju med Sverre Knutsen, 16. oktober 2003 [disk 1, 31.30]). Dette meiner Øgrim er feil: "Den SF-røynsla var så ulik [den svenske]" (intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 [disk 2, 07.23]).
[97] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (spor 3, 28.25).
[98] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (spor 4, 00.23).

sentrumsorientert.[99] Sverre Knutsen, som var formann i SF-stud hausten 1967, var på dette tidspunktet vorten mykje samd med ml-arane i SUF. Men det galdt ikkje fleirtalet: Kristensen minnest at både han og Mostue før landsmøtet hadde vorte samde om å gå inn for Allern som leiar, og meiner dei fleste utsendingane frå SF-stud hadde same standpunkt.[100]

4.1 SUF-landsmøtet 1967

7. oktober 1967 samla over 80 utsendingar seg til SUF sitt 4. landsmøte. Det var ein styrkt organisasjon som møttest. Meldinga frå sentralstyret til landsmøtet fortalde at det var kome til 16 nye lag i perioden. SUF hadde dimed lag i alle fylke, og til saman 65 lokallag.[101] Ungdommen i salen var dessutan vortne meir aktivistiske i løpet av dei siste to åra: Sentralstyret fortalde om ein organisasjon som deltok aktivt i Vietnam-demonstrasjonar og aksjonen Politisk militærnekting. "De fleste av sentralstyrets medlemmer har vært arrestert i forbindelse med Vietnam-demonstrasjoner," kunne rapporten fortelja.[102]

At SUF-medlemmene seinhaustes 1967 var på rask veg til venstre, kunne ein særleg merka i debatten kring dei politiske fråsegnene. Bryn/Hellerud hadde levert inn to framlegg til fråsegner: Eit framlegg som kritiserte den negative omtalen av kulturrevolusjonen i norske aviser og i NRK, eitt med kritikk av Israel sin politikk andsynes palestinarane. SF-stud hadde levert ei fråsegn med kritikk av dei vestlege sosialdemokratia.[103] Med små endringar vart fråsegnene vedtekne.[104] Kvar på sitt vis markerte desse tre fråsegnene at ei tydeleg venstredreiing hadde skjedd i SUF.

Semja bestod altså av kompromiss mellom ulike tendensar og miljø mellom ungsosialistane. SUF var ikkje vorten "monolittisk" enno, noko særleg formannsvalet på

---

[99] "Bryn/Hellerud-folka hadde ikkje tillit til Sigurd Allern. Vi var også skeptiske i SF-stud. Det hadde først og fremst samanheng med Allern sin pasifistiske bakgrunn, hadde drive fredskontor og slikt. Og var det noko vi ikkje likte, så var det pasifismen, altså," fortel Sverre Knutsen (intervju med Sverre Knutsen, 16. oktober 2003 [disk 1, 26.40]).

[100] E-post frå Brigt Kristensen, 28. januar 2006.

[101] "Beretning fra SUFs sentralstyre for perioden 15/10−66 – 7/10−67", signert Einar Knudsen, organisatorisk nestformann, til landsmøtet i SUF 7.−8. oktober 1967, BKP. Heretter: "Beretning fra SUFs sentralstyre for perioden 15/10−66 – 7/10−67".

[102] "Beretning fra SUFs sentralstyre for perioden 15/10−66 – 7/10−67".

[103] Framleggstillarane for SF-stud var Sverre Knutsen, Brigt Kristensen, Ellen Wennberg, Torbjørn Kalberg og Sigmund Grønmo. Bryn/Hellerud SUF si fråsegn var fremja kollektivt.

[104] I "Midt-Austen-fråsegna" var det særleg siste setning som skapte debatt. Bryn/Hellerud hadde føreslått formuleringa "Staten Israel i sin nåværende form må opphøre å eksistere" ("Forslag til resulosjen. [sic] Fra Bryn/Hellerud SUF. Ang. situasjonen imidtösten. [sic]", til landsmøtet i SUF 7.−8. oktober 1967, BKP). Etter omfattande ordskifte vart setninga omformulert til "Staten Israel i sin nåværende form *som brohode for imperialismen* må opphøre å eksistere" (mi kursivering). I tillegg vart det vedteke eit nytt siste punkt, som presiserte at den "nåværende befolkning i Israel må garanteres sin rett til å bo i Midt-Østen". I fråsegna om kulturrevolusjonen vart røynslene frå Åsmund Egge og kameratane si Kina-reise tidlegare på året trekte eksplisitt inn. Fråsegna vart berre endra på mindre punkt. SF-stud si fråsegn om sosialdemokratiet vart derimot skjerpa ytterlegare, med tillegget "(e)thvert organisert samarbeid mellom Sosialistisk Folkepart og Det Norske Arbeiderparti (…) er et forræderi mot den norske arbeiderklassen" (Dei vedtekne fråsegnene vart gjengjevne i

landsmøtet sin siste dag skulle visa. Valet stod som venta mellom dei to nordlendingane Einar Knudsen og Sigurd Allern. Nemnda var delt i to. Fleirtalet på fem innstilte på Knudsen, mindretalet på fire på Sigurd Allern. Brigt Kristensen, nok ein nordlending, representerte mindretalet i valnemnda. Kristensen heldt valtalen for Allern. På førehand var Allern knytt til sentrumsfløya i SUF.[105] Den ideologiske vinden på landsmøtet hadde til då ikkje blåse i retning sentrum. I valtalen sin forankra Kristensen sentrumskandidaten solid på det han oppfatta som SUF si nye line: "I SUF som hos s.[igurd] a.[llern] har [en] ullen pasifistisk tåketale veket plassen for en erkjennelse av den imperialistiske verden vi lever i. […] Vi innser at kampen mot kapitalkreftene er den kjerneakse som hele SUFs politikk dreier seg om." Kristensen framheva samstundes dei pragmatiske sidene hjå Allern, og meinte desse særleg kunne koma til nytte i den nye ideologiske situasjonen i SUF:

> Revisjonismen har lidd knusende nederlag. f.[ra] i dag er hovedfaren i SUF tendensene til eksibisjonisme [sic], hang til å se mer på sine egne utrykk enn på de virkningene politikken har. Dette er barnesykdommer. Vi skal ikkje gi dem stimulansen.
>
> Allern kan kjøre fram *SUFs* nye linje på en dyktig måte. *Det* er det viktigste.[106]

Valresultatet vart så spanande som det kunne bli. Med 38 mot 37 røyster vart Sigurd Allern vald. Tron Øgrim var rasande.[107]

Men korkje Tron Øgrim eller dei til venstre for Allern trong å hengja med nebbet lenge. Ei større radikaliseringsbølgje var på veg ved dei vesteuropeiske universiteta. Som valtala til Brigt Kristensen viser, stod også sentrumsfløya i SUF hausten 1967 på ei revolusjonær plattform.[108] Og SF-leiinga hadde ingen planar om å utøva taktisk klokskap i debatten som følgde etter landsmøtet.

4.2 *Orientering* og SF-leiinga sine reaksjonar

Tapani Suominen har dokumentert kor omfattande og massivt fordømmande medieoppslaga etter SUF sitt landsmøte i 1967 var.[109] Både i *Dagbladet* og andre aviser vart fråsegna om Midt-Austen referert og kritisert skarpt. Men også SF si avis *Orientering* – og med den SF si leiing – var svært

---

Orientering, 14. oktober 1967).

[105] Allern hadde t.d. vore nemnd i sume krinsar kring Finn Gustavsen som mogleg partisekretær i SF (intervju med Sigurd Allern, 4. august 2003 [disk 1, 10.48]).

[106] Handskrive manus av Brigt Kristensen til valtalen på SUF sitt landsmøte 7.−8. oktober 1967, BKP (org. uth.).

[107] Etter valet skal Kristensen ha fått ein lapp frå den frustrerte Øgrim, med ei lite smigrande teikning på og bodskapen: "Du skal henges i din egen endetarm!" (intervju med Brigt Kristensen, 14. juni 2003 [disk 1, 06.54]).

[108] Kristensen meiner skiljet mellom Bryn/Hellerud SUF og SF-stud no ikkje gjekk mellom maoistar og ikkje-maoistar, men mellom dei erklærte marxist-leninistane i Bryn/Hellerud SUF og dei som "berre" ville kalla seg maoistar (då i den ikkje-stalinistiske varianten til SF-stud, skildra ovanfor). Kristensen tolkar såleis valet av Allern i 1967 som ein siger for maoistane mot marxist-leninistane i SUF (Kristensen, "Demokratisk spydodd med materialbrest", s. 333).

negativ. Eit lengre og opphissa ordskifte følgde i *Orientering*.[110]

Dette må ha passa Bryn/Hellerud-folka i SUF sitt sentralstyre godt.[111] Utover hausten 1967 vart biletet av ei Sovjet-venleg, reformistisk og tafatt SF-leiing styrkt.[112] Ifølgje Sigurd Allern bidrog ordskiftet til å sveisa sentralstyret saman, mot *Orientering* sin redaksjon og Løfsnes/Gustavsen -fløya i SF-leiinga.[113] Den massive kritikken frå leiande SF-hald framstår i ettertid som ein stor taktisk blunder. Nettopp på det tidspunktet då SUF hadde delt seg i eit formannsval mellom to ulike fløyer, presterte altså sentrale SF-arar å handsama SUF og SUF si leiing under eitt, i staden for å freista spela på dei ideologiske skilja som trass alt fanst. SF-leiarskapen stadfeste slik inntrykket av at SF stod på sida av den politiske radikaliseringsprosessen som var i gang over heile Vest-Europa, og som alt hadde slått sterkt inn i SUF. Ifølgje Kristensen "bidrog [SF-leiinga] til å sveise dei fleste i hop om dei som hadde det klaraste prosjektet – ml-arane rundt Tron Øgrim".[114]

5. Tron Øgrim som karismatisk leiar?

Tron Øgrim si rolle som det Sverre Knutsen har kalla "politisk og ideologisk entreprenør" i desse kritiske åra, er framheva av mange.[115] Også i rørsla si seinare utvikling er Øgrim vurdert

---

[109] Suominen, *"Verre enn Quislings hird"*, s. 171−173.

[110] Elisabeth Trier har gjeve ein grundig gjennomgang av ordskiftet i Trier, *Splittelsen mellom SF og SUF*, s. 80−91.

[111] Sentralstyret etter SUF sitt landsmøte i 1967 var: Sigurd Allern (formann), Tor Mostue (politisk nestformann), Sigmund Grønmo (organisatorisk nestformann), Viktor Stein (organisasjonssekretær), Ellen Wennberg (organisasjonssekretær), Lars Berg (kasserar), Astor Larsen (redaktør av *Ungsosialisten*), Knut E. Hartmann Olsen (fagleg sekretær), Åsmund Egge (studiesekretær), Morten A. Falck (skolesekretær), Vigdis Vollset (internasjonal sekretær), Brigt Kristensen (1. vara), Marit Skar (2. vara), Carl-Erik Schultz (3. vara), Kjersti Martinsen (4. vara), Egil Engebregtsen (5. vara), Ragnar Steinstad (6. vara), Tron Øgrim (7. vara) (kjelde: "Organisatorisk beretning fra SUFs sentralstyre for perioden 8/10/1967 − 20/9/1968", til SUF sitt landsmøte 20.−22. september 1968 , BKP). Av desse var Astor Larsen, Morten A. Falck og Tron Øgrim klåre representantar for Bryn/Hellerud-fløya. Det var vanleg at også varafolka møtte fast.

Etter gjennomgang av ordskiftet er det påfallande at ingen frå Bryn/Hellerud i SUF sitt sentralstyre deltok i debatten i *Orientering* hausten 1967. I staden svarte SUF gjennom samrøystes vedtak i sentralstyret, eller overlét til meir sentrumsorienterte folk som Brigt Kristensen å svara, sjølv om fråsegnene som vart debatterte opphavleg var skrivne av nettopp Bryn/Hellerud SUF. Om dette var ein taktikk eller ikkje er vanskeleg å seia, men resultatet av SUF sin "samla front" verka i alle høve til å dekkja over motsetnadene som hadde kome til utrykk på SUF-landsmøtet. I staden var det SF-leiinga som viste teikn på veikskap, då Kjell Bygstad, medlem av SF sitt sentralstyre og SF sin sekretær 1964−66, stilte seg på SUF-arane si side i ordskiftet.

[112] I høve 50-årsdagen for oktober-revolusjonen hadde leiande SF-arar som Knut Løfsnes og Sigurd Evensmo underteikna eit helsingstelegram som venskapsforeininga Norsk Sovjetrussisk Samband sendte ut. SUF på si side laga eit "helsingstelegram" der ein i sterke ordelag fordømte Sovjet sitt samarbeid med USA og kalla det ei spotting av dei revolusjonære rørslene som kjempa dagstøtt mot amerikansk imperialisme. Det opphissa ordskiftet i etterkant førte til at SUF sitt sentralstyre vart endå meir samansveisa, medan SF si leiing stod splitta tilbake i det Dag Seierstad seinare har kalla "et intetsigende vedtak som avsluttet med at det 'ikke er SF's oppgave for eksempel å velge side i konflikten mellom China og Sovjet-samveldet'" (Seierstad, "Bruddet mellom Sosialistisk Folkeparti og Sosialistisk Ungdomsforbund", s. 142).

[113] Intervju med Sigurd Allern, 4. august 2003 (disk 1, 19.17).

[114] Kristensen, "Demokratisk spydodd med materialbrest", s. 335.

[115] Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 143; Steigan, *På den himmelske freds plass,* s.

som "sjefsideolog".[116] Helge Øgrim, fetter til Tron Øgrim og Raud Ungdom sin første leiar (1973−76), meiner jamvel ei forklåring på styrken AKP (ml) fekk på 70-talet bør søkjast i å sjå AKP (ml) som karismatisk rørsle med Tron Øgrim som "guru".[117]

Max Weber definerer karismatisk herredømme som "herredømme i kraft av en affektbestemt hengivelse til herskerens person og hans nådegaver (charisma), og da særlig magiske evner, åpenbaringer eller heltedåder, åndens og ordets makt".[118] Av dei som kom til å utgjera ml-rørsla sin leiarskap er mitt inntrykk at Tron Øgrim var den som hadde trekk av slike karismatiske eigenskapar.[119] I den påfølgjande prosessen med maoisering av SUF skal vi sjå at Øgrim i særleg grad hadde "åndens eller ordets makt". Og i seinare kapittel vil vi sjå at Øgrim var heilt sentral i å skapa det Weber ser som det avgjerande for at visse eigenskapar skal reknast som karismatiske, nemleg medlemmene si *anerkjenning*, både av den maoistiske ideologien og av dens representantar i Noreg.

Eg er likevel skeptisk både til å forklåra maoiseringa på 60-talet og styrken til ml-rørsla i 70-åra med Øgrim sine personleg-karismatiske trekk. I det ideologiske entreprenørarbeidet særleg Tron Øgrim dreiv med var det *Mao* som hadde det vi kan kalla karismatisk herredømme. Tron Øgrim og resten av leiarskapen var i den forstand meir å rekna for "stedfortredarar" eller det Weber kallar ein "forvaltningsstab".[120]

6. *Ungsosialisten*: Eit maoistisk univers

Det første tydeleg strategiske tiltaket frå marxist-leninistane i SUF hadde vore fremjinga av fråsegnene på landsmøtet i oktober 1967. Effekten var stor. Bryn/Hellerud-miljøet tok no sitt andre tydelege grep, gjennom redigeringa av SUF sitt medlemsblad *Ungsosialisten*. Bladet flytta ut av *Orientering* sine spalter og vart frå desember 1967 trykt på Bryn/Hellerud si eiga offsetpresse, redigert av ml-aren Astor Larsen. For Tron Øgrim, som alt hadde hatt stor suksess som Mao-importør i Bryn/Hellerud-laget, vart *Ungsosialisten* no den sentrale arenaen for etableringa

---

51−52 og 75−76; Kristensen, "Demokratisk spydodd med materialbrest", s. 335; Sjøli, *Mao min Mao*, s. 18−25; Gustavsen, *Kortene på bordet*, s. 17.

[116] Sjøli, *Mao min Mao*, s. 24−25. Erik Solheim kallar Øgrim "den samlende mannen i AKP" (Solheim [red.], *Oppgjør med AKP*, s. 24). Knutsen meiner Øgrim vart "den enkeltperson som bidro mest til å snekre den norske maoistiske bevegelsen sammen" (Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 143).

[117] Hans Petter Sjøli, "Dissident (m-l)", Helge Øgrim i samtale med Hans Petter Sjøli, *Samtiden*, 1/2006, s. 128.

[118] Max Weber, *Makt og byråkrati*, Gyldendal, Oslo [1971] 1997, s. 98.

[119] Fleire av informantane har framheva Tron Øgrim sine særlege overtalingsevner: Han var retorisk sterk og enormt sjølvsikker. Åsmund Egge fortel: "Han hadde ein måte å argumentera på som eg vil kalla ei form for karisma, som korkje Allern eller Steigan hadde. Dei kunne òg halda flammande talar, men det var i alle høve Øgrim som gjorde inntrykk på meg. Mellom folk som eg kjende og diskuterte og snakka med, var det Øgrim sine synspunkt vi diskuterte, det var han vi heldt oss til, på ein måte (intervju med Åsmund Egge, 20. juni 2003 [disk 1, 09.30]).

[120] Weber, *Makt og byråkrati*, s. 101. I kapittel 7 tek eg opp att spørsmålet om Øgrim si rolle som ideolog i

av eit felles, maoistisk univers i *heile* SUF.

Alt i første utgåve av det nye bladet, som kom ved juletider 1967, vart tonen slått an. For dei som lurte på kvar SUF var på veg etter landsmøtet i oktober, var særleg ein kort artikkel av Tron Øgrim eigna til å fanga merksemda. I artikkelen "6 punkter om partiet" formulerte han det som kom til å bli både strategien fram til brotet med SF i februar 1969 og den ideologiske tankerekkja som i åra som kom vann tvilarane over på maoistane si side. Argumentasjonen i artikkelen var bygd opp logisk og stringent. I samandrag var resonnementet i dei fem første punkta slik: (1) Vi lever i eit klassesamfunn, der staten er ein reiskap for kapitalistklassen; (2) difor er ikkje sosialisme at staten eig fabrikkane, men at arbeidarklassen knuser staten og innfører proletariatets demokratiske diktatur; (3) av dette følgjer at sosialistar må skapa rørsle i folket, ikkje i parlamentet; (4) for å leia og hjelpa fram massane trengst eit parti med røter i arbeidarklassen; (5) korkje SF eller SUF fyller ei slik rolle i dag.

Slik den ideologiske stoda var vorten i SUF kring juletider i 1967 var dette ein argumentasjon mange i SUF kunne vera samde i, til og med eit stykke inn i dei vaksne sine rekkjer. SF sin "tredje veg" var for uklår i høve til Ap si reformistiske line. Problemet med denne revolusjonære posisjonen var likevel at han på mange måtar var vonlaus. Det var ikkje tilløp til revolusjonære tilstandar i Noreg. Etter 2. verdskrigen hadde den norske arbeidarklassen opplevd tjue år med høgkonjunktur og velstandsauke, det store fleirtalet røysta Ap og såg ut til å vera vel nøgde med det. For alle som ønskte ei venstreside som oppførte seg som noko anna enn eit haleheng til det statsberande partiet i Noreg, var dette plagsame sannkjenningar som stod i vegen for ytterlegare framgang. Men i desember 1967 hadde Bryn/Hellerud-fløya studert seg fram til ein kur mot ei slik potensiell politisk avmaktskjensle: marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking. Øgrim avslutta artikkelen med eit siste og avgjerande punkt:

> En slik organisasjon må bygge på Marxismen-Leninismen, Mao Tse-tungs tenkning. Marxismen-Leninismen er arbeiderklassens egentlige ideologi, vitenskapen om åssen man driver klassekamp, organisasjonsarbeid, åssen man gjennomfører masselinja og blir ett med arbeiderklassen, åssen man gjør revolusjon. Dette avspeiler seg i vår organisasjon også: der hvor det er marxist-leninster blir det som regel gjort godt arbeid, der det blir gjort godt arbeid blir det marxist-leninister.[121]

Logikken i Øgrims punkt seks var sterk. Hadde du først godteke dei føregåande poenga, var det vanskeleg å halda att: Var det ikkje slik at revolusjonane i Russland og Kina hadde vore leidde av marxist-leninistiske parti? Og var det ikkje også eit faktum at den største voksteren i SUF kom i dei

---

ml-rørsla.

[121] Tron Øgrim, "6 punkter om partiet", *Ungsosialisten*, 1/1967, s. 5.

områda som var sterkast influerte av maoismen?[122] I SUF anno 1967, med fleire og fleire som las Mao sine skrifter, var det vanskeleg å imøtegå Øgrim sine argument.[123] Midla som stod til rådvelde for dei revolusjonære var få og lite brukande. I ei slik stode representerte maoismen ein potensiell ressurs som kunne gje dei revolusjonære voner om framgang.

Bladet som på tidleg 1960-tal hadde vore redigert av "Porsgrunnsmaoistane" og innehalde artiklar om Sartre, Marcuse, Mao og jazz, hadde gått gjennom ein kulturrevolusjon. I tillegg til artiklane bidrog også bladbunad, teikningar og symbol i bladet frå nr. 1/1967 til å militarisera språkbruken og framtoninga til SUF. Alt frå første utgåve vart sidene fylde med Mao-sitat. Biletet av "dei fem store" var òg raskt på plass. Raudegardistane frå Teisen gymnas hadde gjort sitt definitive inntog i SUF. Sjølv om skribentar frå SF-stud kom til etter kvart, var *Ungsosialisten* først og fremst Bryn/Hellerud SUF sin boltreplass. Der skreiv folk som Morten A. Falck, Arild Johansen, Pål Steigan, Tron Øgrim og Jorun Gulbrandsen ortodokse, engasjerte og offensive artiklar. Ideologien var no klår og ute i det opne: *Ungsosialisten* propaganderte ei maoistisk line i SUF. Svara på dei politiske utfordringane til arbeidsfolk i industri-Noreg var å finna hjå ein mektig statsleiar i bonde-Kina...

For dei meir "sentrumsorienterte" i SUF kom første nummer av *Ungsosialisten* jula 1967 som eit sjokk. Sigurd Allern, nyvald formann i SUF, reagerte: "Det hadde ei form og ein stil som verka veldig framand på mange av oss," fortel han.[124] Allern trur at om bladet hadde kome to månader tidlegare, ville mange i sentralstyret ha teke avstand frå bladet. Men no var det annleis:

> Etter SF-leiinga sine mange åtak vart det spørsmål om korleis ein takla dette. Det vart spørsmål om å køyra konfliktane innetter eller utetter, om det no kanskje hadde oppstått ein viktigare frontkollisjon i høve SF-leiinga og redaktørleiinga [i *Orientering*]. Og på det tidspunktet hadde utviklinga kome så langt at vi valde dét. Det vart på ein måte feid litt under teppet, og oversett.[125]

Sigurd Allern og dei andre sentristane i SUF sitt sentralstyre fann seg i same lojalitetslogikk som den Åsmund Egge opplevde på pressekonferansen etter Kina-reisa tidlegare på året, då Egge kjende seg tvungen til å vifta med Maos litle raude: Alternativet til å stå saman med Bryn/Hellerud-gjengen var verre. Resultatet vart dels einsretting i SUF, dels polarisering i SF.

---

[122] Medlemstalet i Oslo/Akershus SUF vart i "SUF-nytt", *Orientering*, 21. oktober 1967, rapportert til å liggja på over 700, fordelt på over 18 lag. Dette var ei dobling sidan årsskiftet, ifølgje notisen.

[123] Den einaste som protesterte eksplisitt var Einar Jetne frå Sos. Stud i Trondheim. I innlegget "Litt om kapitalismen og revolusjonær taktikk", *Ungsosialisten*, 4/1968, var Jetne kritisk til det han oppfatta som Øgrim sitt "konspiratoriske" syn på revolusjon "over natta". Korkje Øgrim eller andre svarte Jetne. Jetne, som alt i 1965 hadde markert seg som ein tidleg skulert marxist i Sos. Stud, vart ekskludert frå SUF tre år etter, saman med m.a. Rune Skarstein.

[124] Intervju med Sigurd Allern, 4. august 2003 (disk 1, 19.58).

[125] Intervju med Sigurd Allern, 4. august 2003 (disk 1, 20.38).

Men andre medlemmer lengre ned i organisasjonen reagerte ope på nye *Ungsosialisten*. Alt i neste nummer fortalde Toril Brekke at ho ikkje høyrde til den store gruppa i SUF som kalla seg revolusjonære, men var mellom "de forvirrede når det gjelder revolusjonstanken – og blant de mer skeptiske". [126] Brekke meinte det var urealistisk med ein revolusjon i Noreg. "Norges arbeiderklasse er mett og opplyst," hevda ho.[127] I same nummer kritiserte Marianne Dahl det ho oppfatta som redaktøren sitt ønske om å "konformere og standardisere alle medlemmenes syn".[128] Sigurd Allern, derimot, heldt munn med kritikken sin av Bryn/Hellerud. Etter kvart bidrog også han og andre sentrale folk frå SF-stud i bladet.[129] Slik vart Bryn/Hellerud SUF sin ideologiske offensiv legitimert, og ml-arane var no tydeleg oppfatta som ideologisk leiande i ungdomsorganisasjonen, sjølv om SF-stud si avis *Oppbrudd* intellektuelt låg mange hakk over *Ungsosialisten*.

Øgrim hadde på dette tidspunktet ingen andre sentrale verv i SUF enn varaplassen sin i SUF sitt sentralstyre. I løpet av det eine nummeret i 1967 og dei seks nummera som kom i 1968 skreiv han likevel heile ti artiklar, alle av strategisk eller opplysande karakter.[130] Formannen i SUF bidrog med éin artikkel i same periode. For SUF-medlemmene var det nok difor den ideologisk mest "leiande" i SUF som tok ordet då Tron Øgrim svarte på Brekke sin kritikk av dei revolusjonære. I svaret sitt gjentok Øgrim argumentasjonen frå artikkelen "6 punkter om partiet" og spurde kva andre vegar som fanst til sosialismen, enn den revolusjonære vegen: "Hvilke 'andre veier'? […] At storkapitalen roper 'flower power' og serverer arbeiderne sosialismen på et sølvbrett, fordi den får et stortingsvedtak mot seg. Dette er i sannhet umulig, dette er *utopiske ideer* om veien til sosialismen."[131]

Nok ein gong var det veikskapane i dei alternative ideologiske posisjonane tilgjengelege på venstresida Øgrim nytta som argument for sin eigen posisjon. Det einaste *realistiske* alternativet som kunne utfordra kapitalismen, var ei revolusjonær line bygd på marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking, meinte han. Og i ei viss forstand stemte dette: Dei revolusjonære ungsosialistane sine tilgjengelege ressursar i norsk politikk var få. Trongen for sterke symbolske ressursar i form av ideologiske alternativ var difor stor. Og i *denne* samanhengen var maoismen inkje dårleg tilbod. Andre venstreideologiar som anarkismen, trotskismen og syndikalismen inneheldt ikkje på same måte ein einskapleg ideologisk ortodoksi slik "marxismen-leninismen

[126] Toril Brekke, "Revolusjon i velferdssamfunnet", *Ungsosialisten*, 1/1968, s. 30.
[127] Toril Brekke, "Revolusjon i velferdssamfunnet", *Ungsosialisten*, 1/1968, s 30.
[128] Marianne Dahl, "Om ungsosialisten", *Ungsosialisten*, 1/1968, s. 31.
[129] I *Ungsosialisten* 2/1968 skreiv både Sigurd Allern og Brigt Kristensen. Sverre Knutsen og Tor Mostue bidro også gjennom heile 1968-årgangen.
[130] Åtte artiklar var skrivne under eige namn, to under pseudonymet "Müntzer" etter den tyske bondeleiaren Thomas Müntzer.

Mao Zedong si tenking" hadde skin av, heller ikkje hadde desse retningane like konkrete, praktiske førebilete, som Kina og Mao. For anarkismen hadde dessutan stram, hierarkisk arbeidsdeling under éi felles ideologisk fane historisk sett ofte vore noko av eit problem. Trotskismen har historisk hatt svært få representantar på norsk venstreside, og hadde dessutan få praktiske resultat å visa til i form av sosialistiske eksempel. Syndikalismen er i utgangspunktet ei fagforeiningsrørsle, noko som passa dårleg med dei unge SUF-arane sin sosiale basis. Som vi har sett tidlegare, fanst det ei rad alternative marxistinspirerte teoretikarar på venstresida på slutten av 1960-talet (mellom andre André Gorz, Herbert Marcuse, Jürgen Habermas og Jean Paul Sartre), som særleg vart lesne i miljøet kring SF-stud. Men heller ikkje desse kunne overleva ei "praktisk" samanlikning med det marxist-leninistiske og maoistiske alternativet, mest fordi dei ikkje på same måte innebar noko heilskapleg kosmologi eller "pakke".

Den faktiske prosessen med avvising av andre ideologiske og teoretiske tradisjonar skjedde nok i hovudsak ikkje gjennom ein slik "rasjonell kalkulasjon" som ovanfor, prosessen hadde heile tida eit sterkt ideologisk og delvis sekterisk preg. Likevel: Kristensen fortel om korleis han, Sigurd Allern, Øystein Johansen (tidleg "Porsgrunn-maoist") og Oddmund Søilen etter landsmøtet i 1967 drog på hyttetur, med føremål om å studera Trotskij, for å "finne ut om denne retninga var så ille som ml-arane påsto – eller om her kanskje var noe i retning av alternativ". Men: "Det kom ikkje noe ut av det."[132]

7. Den endelege overgangen

Bryn-Hellerud-maoistane sitt informasjonsovertak i SUF etter landsmøtet i 1967 fall saman med store endringar i den internasjonale situasjonen utover året 1968. Som både Sjøli har vist for den norske ml-rørsla og Salomon for den svenske, var Vietnam-krigen den største einskildfaktoren som fekk ungdommane til å radikalisera og engasjera seg i dei gryande ml-rørslene på denne tida.[133] FNL sin Tet-offensiv mot USA januar 1968 bidrog til ytterlegare radikalisering. Studentopprøra i Berlin og Paris våren 1968 skapte auka voner om at revolusjon og samfunnsendring også i kapitalismen sine kjerneområde var mogleg.

I SUF vart Øgrim sitt sjette punkt, om naudsynet av den marxist-leninistiske organisasjonen, oppfatta som meir og meir logisk: Verda endra seg, og SUF gjekk framover, under leiing av marxismen-leninismen. SF hadde derimot i liten grad evna å gripa dei nye trekka i tida og var oppfatta som sidrumpa og for parlamentarisk fokusert. "Kva kan det komme av at Sosialistisk

[131] Tron Øgrim, "Revolusjonær arbeiderpolitikk", *Ungsosialisten*, 2/1968, s. 30−31 (org. uth.).
[132] E-post frå Brigt Kristensen, 28. januar 2006.
[133] Sjøli, *Fra raddis til kader,* s. 80; Salomon, *Rebeller i takt med tiden*, s. 10−12 og 58−65.

Folkeparti er i ferd med å bli passert av den bevegelsen partiet gav opphav til?" spurde Brigt Kristensen i *Orientering*.[134] Mange i SUF spurde seg om det same.

7.1 Leiarskapen til "sentrum" gjekk over

Sentristane i SUF sitt sentralstyre vart no, éin etter éin, vunne over på Bryn/Hellerud SUF si ideologiske line for organisasjonen. Då sumarleiren i august 1968 nærma seg, hadde følgjande skjedd i SUF sitt sentralstyre: I juni hadde Sigurd Allern vore på rundreise i Europa for å setja saman nytt møteprogram for Det Norske Studentersamfund, der han hausten 1968 var formannskandidat. I Paris hamna han oppi etterverknadene av maiopprøret, med aktiv polititerror mot studentmiljøa, og han og eit anna SUF-medlem vart slått ned med batongar etter eit tåregassåtak. Allern seier at han etter mai 1968 "subjektivt" oppfatta seg som revolusjonær sosialist.[135] Tor Mostue, som hadde vore mellom filosofen Hans Skjervheim sine diskusjonspartnarar på Krølles kro og var sterkt inspirert av Skjervheim og Dag Østerberg sin positivismekritikk, hadde heilt sidan diskusjonane med Øgrim på Universitetsplassen hausten 1966 teke avstand frå naturdialektikken og sosialismesynet til Josef Stalin. Men no gav Mostue seg, tilliks med slike som Brigt Kristensen, som hadde definert seg som maoist ei god stund, men ikkje delte Bryn/Hellerud si marxist-leninistiske line. Mostue meiner overgangen til marxist-leninistane i SUF i 1967−68 skjedde utan at han eigentleg vart overtydd: "Det var meir slik at vi *gav oss*," seier han.[136] Det som var viktig, var å få gjort noko: "Og om du skulle få gjort noko, var det om å gjera å få stabla eit parti på beina, det vart vi alle samde om. Og då svelgja du ein god del kamelar. Slik trur eg det var veldig mange som tenkte, altså."[137]

Brigt Kristensen hadde framleis problem med å godta Stalin, men hadde tapt tiltru til SF. Utan Øgrim sine gode taktiske evner internt i SUF, og særleg i høve til splittinga i SF, ville han truleg vorten verande i SF, meiner han.[138] Med Sigurd Allern, Brigt Kristensen, Tor Mostue og også Åsmund Egge sin aukande lojalitet til venstristane i sentralstyret var det klårt at alle frontfigurane i SF-stud hadde skift ideologisk line. Kritikarar i SUF sine rekkjer hadde ingen leiarar att.

---

[134] Her sitert i Kristensen, "Demokratisk spydodd med materialbrest", s. 332.
[135] Intervju med Sigurd Allern, 4. august 2003 (disk 1, 26.10). I Frankfurt og Berlin møtte Allern fleire leiarar frå det sosialistiske studentforbundet. I London møtte han trotskisten Tariq Ali og New Left Review-redaktøren Perry Anderson (e-post frå Sigurd Allern, 29. januar 2005).
[136] Intervju med Tor Mostue, 7. august 2003 (disk 1, 01.30).
[137] Intervju med Tor Mostue, 7. august 2003 (disk 1, 02.11).
[138] Intervju med Brigt Kristensen, 14. juni 2003 (disk 1, 11.59). Øgrim hadde politiske kvalitetar som meiningsfellane hans mangla, og som gjorde alternativet hans "spiselig", meiner Kristensen (e-post frå Brigt Kristensen, 28. januar 2006).

Dét vistes også att i avisa *Oppbrudd*. Overgangen vart av sume oppfatta som svært brå.[139] Medan 1967-årgangen hadde inneheldt fleire Stalin-kritiske artiklar og eit stort teoretisk og ideologisk mangfald, var 1968-årgangen annleis: Stalin-kritikken var fullstendig borte, SF-kritikken auka derimot omvendt proporsjonalt. Frå første årgang i 1966 hadde mottoet for *Oppbrudd* vore eit klassisk Kafka-sitat: "Vekk herfra – det er mitt mål". Frå mai 1968 heitte det: "Arbeiderklassens frigjøring er forutsetninga for et fritt universitet".[140] Same månad endra SF-stud namn til SUF-stud.[141]

7.2 Sumarleiren 1968: Symbolsk og praktisk integrering

Sumarleiren i 1967 hadde tydd mykje for den ideologiske radikaliseringa i SUF. SUF sin sumarleir 4.−11. august 1968 på Tromøya utanfor Arendal skulle bli vendepunktet for mange, og den endelege prøven på oppslutnaden kring Bryn/Hellerud-fløya si line.

Særleg viktig vart konfrontasjonsmøtet mellom Berge Furre, Tore Hellesøy og Tron Øgrim, under tittelen "Revolusjonært parti eller valgkampmaskin?". Med dette møtet markerte SUF-leiinga tydeleg at den ideologiske striden som lenge hadde gått føre seg i SUF, no skulle førast i SF. I innleiinga si framstod Furre som meir radikal og open enn mange SUF-arar truleg hadde venta. Furre vedgjekk at det i SF var mange uløyste strategiske og ideologiske spørsmål, brukte til og med formuleringa "kapitalistisk diktatur" om det norske samfunnet og meinte at SF måtte vera eit "revolusjonært parti" i den forstand at partiet ønskte ei "total omskiping av samfunnet og av makttilhøva i samfunnet".[142] Men Furre siterte òg frå *Ungsosialisten,* der det vart hevda at SF var eit "venstresosialdemokratisk parti", og at dét var ein ideologi som måtte knusast. "SF hadde krav på å få vita om eit fleirtal i SUF ynskte eit brot med SF og eit nytt parti," rapporterte *Orientering*.[143] Tron Øgrim heldt seg til den tankerekkja han hadde formulert ni månader tidlegare, i "6 punkter om partiet". "Øgrim streka under at eit marxist-leninistisk parti ikkje er nokon venteklubb der folk sit og spøtar votter [sic] og ventar på den revolusjonære

[139] Harald Berntsen oppfatta det som om Brigt Kristensen og Tor Mostue "kasta seg på" lina til Bryn/Hellerud SUF (intervju med Harald Berntsen, 15. august 2003 [disk 1, 30.21]). Som Sjøli har poengtert, er det kanskje ein samanheng mellom Sartre si verdsetting av handlingsaspektet og det *definitive valet*, og SF-studentane sin overgang frå ein meir sedat raddis-posisjon til å bli fullblods kader (Sjøli, *Mao min Mao*, note 36, s. 232). Kristensen har nyansert vurderinga av kor mykje SF-stud-arane eigentleg "svelgde" av Bryn/Hellerud sin versjon av marxismen-leninismen i løpet av 1968. Kristensen viser m.a. til at det framleis var usemje om Stalin sin status i den marxist-leninistiske tradisjonen (Kristensen, "Demokratisk spydodd med materialbrest", s. 334).
[140] *Oppbrudd*, 3/1968. Også neste mottoendring i *Oppbrudd* er talande. Frå og med *Oppbrudd* 8/1971 var avisa sitt nye motto: "Til kamp under ledelse av arbeiderklassen mot monopolkapitalen og for sosialismen".
[141] *Oppbrudd*, 3/1968.
[142] *Orientering*, 24. august 1968, s. 12.
[143] *Orientering*, 24. august 1968, s. 12.

situasjonen," rapporterte *Orientering*.[144] Øgrim hevda at det måtte eit parti av marxist-leninistisk type til dersom det skulle verta nokon revolusjon. "SF er i dag et parlamentarisk parti. Det tyder på at partiet har en reaksjonær funksjon," hevda Øgrim.[145]

Den harde Mao-lina var først eit sjokk for mange, men Tron Øgrim og kameratane i Bryn/Hellerud gjorde maoismen "sjølvsagt" gjennom ikon, symbol, ritual og språklege markørar – "eit maoistisk univers" – og la slik samstundes grunnlaget for ein sterk, kampvillig partikultur. Han *viste* tvilarane styrken i maoismen, i tillegg til å snakka om han. Som på sumarleiren i 1967 hadde Bryn/Hellerud-miljøet vore flittige med å utnytta den uformelle makta si, til å prega leiren med songar, plakatar og symbol. Under heile ordskiftet mellom Furre, Øgrim og Hellesøy hadde store portrett av Lenin, Ho Chi Minh, Mao og Josef Stalin kika ned på Berge Furre og forsamlinga på om lag 300 ungdommar.

For Arne Overrein, som på landsmøtet i 1967 hadde røysta på Einar Knudsen og heile tida hadde identifisert seg til venstre for sentristane i SUF, kjendes opphenginga av Stalin-bilete svært vanskeleg og unaturleg. Men han sa inkje. Nok ein gong fann personar som kjende seg kritiske til den ultra-maoistiske lina til Bryn/Hellerud-miljøet, fanga i ein slags lojalitetslogikk: Til liks med mange andre av ungdommane på Tromøya identifiserte Overrein seg ikkje med stalinismen, men heldt kjeft i lojalitet til SUF-leiinga og einskapen mot SF-leiinga.[146]

Om nokon hadde vore i tvil kva retning SUF var på veg, var tvilen borte etter leiren: "Politisk vart leiren ein siger for dei kreftene i SUF som stiller seg mest kritisk til SF slik det er i dag, og ynskjer eit parti med ein annan struktur og ideologi enn SF har," meldte *Orientering* i sitt fyldige referat etter leiren.[147]

Etter leiren var Toril Brekke, som sju månader tidlegare i *Ungsosialisten* ikkje eingong kunne identifisera seg med dei revolusjonære i SUF, vorten entusiastisk maoist.[148] Det var òg det store fleirtalet i SUF vorte. Framleis var mange spørsmål knytt til ideologi og strategi opne og uavklåra mellom SUF-arane. Den mest grunnleggjande prosessen var likevel sluttført: Alle dei leiande figurane i SUF var vunne over på eit program der ein kalla seg revolusjonære, meinte at SF langt på veg var ubrukeleg som sosialistisk parti, og at den marxist-leninistiske og maoistiske idétradisjonen representerte einaste farbare vegen for å oppnå det politiske målet om eit sosialistisk Noreg.

---

[144] *Orientering*, 24. august 1968, s. 12.
[145] Tor Hellesøy, som høyrde til venstrefløya i SF, vedgjekk at SF var inne i ei krise, ettersom partiet var for parlamentarisk orientert. "Han sa seg elles stort sett samd med Tron Øgrim," meldte *Orientering*, som òg fortalde at i ordskiftet etterpå støtta dei aller fleste opp om Øgrims line (*Orientering*, 24. august 1968, s. 12).
[146] Intervju med Arne Overrein, 19. november 2003.
[147] *Orientering*, 24. august 1968, s. 12.
[148] E-post frå Toril Brekke, 5. oktober 2004.

7.3 SUF sitt landsmøte 1968

Ein og ein halv månad seinare, 20.−22. september 1968, samla utsendingar seg til SUF sitt 5. landsmøte. På dagsorden stod vedtak av ny politisk plattform og "tillemping av den demokratiske sentralismen i SUF". Men alt før vedtaka var unnagjorde, kunne møtelyden fylla salen med entusiastisk song, då utsendingane stemte i "Hyldningssang til demokratisk sentralisme":

> Borgerliggjorte sosialister
> tror at disiplin må skape tvang
> alltid vil de liberale
> lage vansker for vår kamp
>
> Studier, praksis, enhetlig linje
> er et våpen i vår felles kamp
> demokratisk sentralisme
> knuser borgerstatens makt.[149]

For alle som hadde lese *Ungsosialisten* eller vore på sumarleiren, var det openbert at det no fanst eit stort fleirtal for den nye lina i SUF. Alle dei viktigaste framlegga frå sentralstyret gjekk då også igjennom.[150]

Etter landsmøtet heitte det i SUF si politiske plattform at "SUF er en revolusjonær klassekamporganisasjon som arbeider for en proletarisk revolusjon i Norge med det klasseløse samfunn som mål". Om sosialismen heitte det at ein ønskte ein demokratisk stat av ein ny type: "proletariatets demokratiske diktatur. Dette innebærer demokrati for folket som utøver diktat

[149] "Hyldningssang til demokratisk sentralisme", landsmøtepapir til SUF sitt landsmøte 20.−22. september 1968, BKP.

[150] Stavanger SUL ved Tønnes Thorsen hadde levert sitt eige framlegg til politisk plattform som ikkje vart vedteke ("Forslag til politisk plattform for SUF", framlegg frå Tønnes Thorsen, Stavanger SUL, landsmøtepapir til SUF sitt landsmøte 20.−22. september 1968, BKP). Fram mot splittinga med SF i februar 1969 var Stavanger SUL eitt av dei få lokallaga som melde seg ut av SUF og direkte inn i SF. Trondheim SUF hadde, ved "kameratene Myhre, Fiskvik, Bratseth, Lange-Andersen, Tveitdal, Langemyr, Overrein, Knutsen, Førre, Rutle, Ekeland, Skarstein", "etter anmodning fra kamerat Tron Øgrim", også levert eit endringsframlegg til framlegget til politisk plattform ("Frå Trondheim SUF. Til alle lag og sentralstyret", følgjebrev til Trondheim SUF sine framlegg, landsmøtepapir til SUF sitt landsmøte 20.−22. september 1968, BKP). Framlegget inneheldt ein implisitt kritikk av bruken av termen "monopolkapital", som dei ønskte erstatta av "kapital", men stødde elles alle sentrale prinsipp, som t.d. proletariatets demokratiske diktatur ("Forslag til politisk plattform for SUF", framlegg frå Trondheim SUF, landsmøtepapir til SUF sitt landsmøte 20.−22. september 1968, BKP). For eiga rekning hadde Einar Jetne levert eit innlegg som "bidrag til debatten fra landsmøtet og utover", der han lanserte ein meir "anarkistisk" versjon av sosialismen, med formuleringar som "revolusjonen og klassekampen må bli permanent" og "statsmakt og folkemakt er uforsonlige motsetninger" ("Forslag til politisk plattform for SUF", framlegg frå Einar Jetne, landsmøtepapir til SUF sitt landsmøte 20.−22. september 1968, BKP). Litt over eitt år seinare skulle både Einar Jetne og Rune Skarstein bli ekskluderte frå SUF og oppdaga at framlegga deira på landsmøtet i 1968 vart brukte mot dei ("Materiale om anarkistgruppa i Trondheim", *Bolsjevik*, 1/1970, s. 4−9). To år etter det, i 1973, var òg Arne Overrein ute. I 1977 vart også Anders Ekeland ekskludert, etter det han hevdar var eit vedtak om at han var "subjektiv og objektiv agent for SIPO" (Personleg opplysning frå Anders Ekeland, 11. november 2003).

ut over dem som vil gjenopprette kapitalismen".[151]

Pål Steigan skriv at det på dette tidspunktet var stort fleirtal for å erklæra seg som marxist-leninistar.[152] Men landsmøtet vedtok, etter Tron Øgrim si oppmoding, i staden å starta systematiske studium av marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking. Ifølgje Brigt Kristensen var dette eit utslag av Øgrim sin taktiske meisterskap: Ein søkte å få flest mogleg med mot høgrefløya i SF.[153] Først året etter, då brotet med SF var unnagjord, skifta SUF namn til SUF (ml) og starta arbeidet med å skapa eit marxist-leninistisk parti i Noreg.

Det ideologiske hegemoniet til Bryn/Hellerud SUF var no svært sterkt i SUF. Lite kunne stoppa maoiseringa av organisasjonen. I prosessen fram mot brotet med SF februar 1969 vart dei ulike miljøa i SUF ytterlegare integrert kring ein felles ideologisk ortodoksi.

8. Oppsummering

I dette kapittelet har eg skildra korleis SUF i åra 1965 til 1968 vart vunne for ei ideologisk line tufta på "marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking". Vi har sett at det i åra 1965−1967 gjekk føre seg ei politisk radikalisering og det eg har kalla ein maoiseringsprosess i Bryn/Hellerud SUF og SF-stud, dei to sentrale miljøa i SUF på 60-talet. Men prosessane hadde ulikt tempo og arta seg ulikt i dei to SUF-laga: Bryn/Hellerud SUF, og den sentrale personen der, Tron Øgrim, stod tidleg på ei avklåra ideologisk line, der målet var å skapa eit kommunistisk parti etter marxist-leninistisk mønster. SF-stud var meir pluralistisk, og fleire såg maoismen i motsetnad til den stalinistiske og marxist-leninistiske tradisjonen. Eg har identifisert det kritiske punktet i den ideologiske omdanningsprosessen av SUF til hausten 1967 og våren 1968, då dei leiande kreftene i SF-stud gjekk over på Bryn/Hellerud SUF si line for organisasjonen. Eg har peikt på følgjande faktorar som avgjerande i denne prosessen: (1) Bryn/Hellerud SUF si tidleg avklåra plattform, som gjorde dei meir samla og koordinerte i møte med dei noko eldre, men òg meir sprikande kreftene i SF-stud; (2) Tron Øgrim si særlege rolle som ideologisk entreprenør; (3) miljøet i SF-stud sin mangel på ideologiske alternativ til Bryn/Hellerud SUF si marxist-leninistiske line og "maoistiske univers"; (4) den aukande trongen til å "få noko gjort", som ei viktig underliggjande drivkraft mot å få ei rask avklåring. På landsmøtet i SUF i 1968 hadde Bryn/Hellerud SUF fått ideologisk hegemoni for si line, sjølv om det framleis var politiske og kulturelle skilnader mellom dei ulike miljøa i SUF.

[151] "SUFs politiske plattform", sitert i *Orientering*, 28. september 1968, s. 5.
[152] Steigan, *På den himmelske freds plass*, s. 89.
[153] Kristensen, "Demokratisk spydodd med materialbrest", s. 334.

3. Frå SUF (ml) til AKP (ml) 1969−1973

”Den einaste linja” tek form

1. Innleiing

I førre kapittel såg vi korleis eit miljø i Bryn/Hellerud SUF, sentrert rundt Tron Øgrim, kjempa til seg ideologisk hegemoni i Sosialistisk Ungdomsforbund (SUF). I dette kapittelet skal eg skildra korleis leiarskapen i den gryande ml-rørsla i åra frå 1969 til skipinga av AKP (ml) i 1973 takla to tilfelle av opposisjon, som båe forsvann ut av ml-rørsla. I motsetnad til sine svenske kameratar makta dei norske ml-leiarane å ta kontroll over den ideologiske diskursen og dei organisatoriske utbrota på vegen til skipinga av eit nytt kommunistparti.

Eg vil først sjå kort på korleis SUF (ml) frå 1969 organiserte det partibyggjande arbeidet rundt ei brei, men kontrollert ”ml-rørsle”. Deretter skal eg leggja fram og drøfta striden med Kjell Hovden og Marxist-leninistisk Front (MLF) i åra 1970−1971, som enda i fullt splitting og etableringa av Kommunistisk Arbeiderforbund (KA). Vidare vil eg diskutera striden med Hans Ebbing og Arne Overrein i åra 1972−1973, som resulterte i om lag 20 utmeldingar frå SUF-stud i Bergen og etableringa av Kommunistisk Arbeidsgruppe i Bergen (KAG/B).[154] Desse to episodane var dei første tilfella av relativt omfattande intern opposisjon som den unge leiarskapen i ml-rørsla stod andsynes, og utfallet kan seiast å vera avgjerande for det som skulle bli det nye kommunistpartiet si ideologiske og strategiske line.

2. Skapinga av ei rørsle

I februar 1969 kom det til brot mellom SUF og mororganisasjonen SF. På SUF sitt landsmøte hausten same år vedtok SUF ei marxist-leninistisk plattform, og den karakteristiske ml-parentesen vart ført til namnet. Det offisielle målet for SUF (ml) var no å skipa eit nytt kommunistisk parti, ”av marxist-leninistisk type”. Den indre kjernen i ml-rørsla sin leiarskap var i ferd med å etablera seg, men framleis fanst det potensielle konkurrentar og hindringar. Og den maoistiske ortodoksien var enno ikkje vorten *doksisk*: taus, felles og ureflektert sanning. Framleis var mange usamde om kva som eigentleg låg i formuleringar om ”proletariatets demokratiske diktatur” og ”demokratisk sentralisme”. I åra frå 1969 og fram mot skipinga av Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene) i 1973 stod ml-leiarane andsynes

[154] Etter skipinga av AKP (ml) i februar 1973 oppstod det nok ei venstregruppering, kalla Kommunistisk Universitetslag (KUL). KUL starta raskt eit formelt samarbeid med Kjell Hovdens KA og dreiv stort sett aktivitetar ved Universitetet i Oslo. KUL var særleg aktiv etter 1973 og representerte i praksis ingen opposisjonstendens internt i SUF/MLG, sjølv om dei to skipingsmedlemmene kom frå SUF (ml). Eg omtalar difor KUL i liten grad i dette kapittelet.

utfordringa å skapa ei rørsle under éi leiing, med felles tolking av den marxist-leninistiske tradisjonen.

2.1 Vaksine frå Sverige

Røynslene frå Sverige fortalde at det ikkje ville bli lett. Der hadde Kommunistiska Förbundet Marxist-Leninisterna (KFML) alt våren 1968 mista over helvta av medlemsmassen til den såkalla Rebellrörelsen, ei ultra-maoistisk retning som ønskte å gjera kulturrevolusjon både i Sverige og i ml-organisasjonane.[155] To år seinare forlét KFML sin nestformann, Frank Baude, forbundet i protest mot det han rekna som "høgreopportunistisk politikk" og starta Kommunistiska Förbundet Marxist-Leninisterna, revolutionärerna (KFMLr). Baude tok med seg over tjue partiavdelingar.[156] Også trotskistiske og syndikalistiske grupperingar splitta ut av KFML og starta eigne organisasjonar tidleg på 1970-talet.[157]

Då KFML ved årsskiftet 1972/73 sluttførte partiprosessen og omdøypte seg til Sveriges Kommunistiska Parti (SKP), var det såleis openbert at ein ikkje kunne snakka om noko hegemoni for det nye partiet. Ein hadde truleg mista over 1000 medlemmer. I KFMLr fanst ein hard konkurrent, som påstod at *dei* forvalta den sanne marxismen-leninismen. Og det fanst ideologiske alternativ til maoismen. Dei svenske tilstandane skremde dei norske ml-arane. Pål Steigan brukar omgrepet "vaksine" om dei svenske røynslene.[158]

2.2 Praktisk og ideologisk integrering

"Folka som gikk ut av SF er alt for [sic] uenige om mange saker til at de kan danne noe parti nå," heitte det i *Klassekampen* sitt første nummer etter brotet med SF.[159] Frå Sverige adopterte ein difor raskt strategien med å skapa ei større og breiare "rørsle", som gjennom kombinasjon av ideologisk skulering, felles praksis og ordskifte skulle danna basis for skipinga av det nye partiet. Sentralt i denne prosessen var godt koordinerte studieringar og skapinga av ein meir "moden" organisasjon, først i form av Sosialistiske arbeids- og studiegrupper (SASG) i 1969 og deretter Marxist-leninistiske arbeids- og studiegrupper (MLG) frå våren 1970.

SASG var i hovudsak landsfemnande studiesirklar, leidde av dei mest lojale og skulerte

[155] Skorpen, *Maoisme på norsk og svensk,* s. 26; Salomon, *Rebeller i takt med tiden,* s. 154−155; Augustsson og Hansén, *De svenska maoisterna*, s. 53−62.
[156] Skorpen, *Maoisme på norsk og svensk,* s. 27, fotnote 33.
[157] Skorpen, *Maoisme på norsk og svensk*, s. 29−32.
[158] Steigan, *På den himmelske freds plass*, s. 71−74.
[159] "Arbeiderklassen trenger et revolusjonært parti", *Klassekampen*, 1/1969, usignert, s. 3. Lengda på artikkelen, emne og språkføring gjer det truleg at forfattaren var Tron Øgrim. *Klassekampen*-utgåvene hadde ikkje datotilvising før ut i 1973, men nummera ser ut til å følgja månadene. Fram til 1973 refererer eg til nummer og årstal.

medlemmene i SUF (ml). I løpet av hausten og vinteren 1969 vart det gjennomført studiesirklar over eit felles pensum over heile landet.[160] Ml-leiarane hadde lært av situasjonen i Sverige, og var tidleg svært merksame på moglege ideologiske utfordrarar. Fleire informantar fortel at sirklane ikkje berre var godt organiserte, men at det òg vart stilt klåre ideologiske "inngangskrav" for å bli med vidare: Etter sirkelen var det vanleg at interesserte sendte søknad om å få bli opptekne i SUF (ml) eller MLG. Om deltakaren hadde ideologiske "avvik", var det ikkje opplagd at kandidaten fekk bli med. Harald Berntsen, som vi i kapittel 2 såg høyrde til det første Mao-inspirerte miljøet i SUF, fortel at han i 1970 søkte om medlemskap etter avslutta studiering. Berntsen fekk avslag, avgjeveleg fordi han ikkje gav seg på kritikken av Stalins naturdialektikk.[161] Finn Sjue, som under striden i SF hadde stilt seg på "gal side" og til og med stått på eit opprop i *Orientering* mot SUF-maoistane, gjekk òg på SASG-studiering, under leiing av Sigurd Allern. Sjue slepte etter eige utsegn berre inn med eit naudskrik.[162]

MLG, som vart skipa 14.−15. mars 1970, vart organisatorisk strammare enn dei provisoriske studiegruppene: MLG praktiserte demokratisk sentralisme, hadde ein klårare ml-plattform og hadde som fremste føremål å leggja grunnen for det nye partiet. Opptakskrava til MLG var òg langt strengare enn til SUF. Også mangeårige medlemmer i SUF (ml) opplevde å ikkje få bli med i MLG.[163] I tillegg til det klåre fokuset på ideologisk einskap som alt var lagt gjennom studieringane, utvikla ein nyvinninga "kadervurderingar", inspirert av kinesarane. I forkant av det første ordinære landsmøtet i MLG, juli 1971, tok ein systematisk i bruk kollektive vurderingar av kvar einskild føreslåtte kandidat til sentralkomiteen.[164] Kadervurderingar vart seinare alltid praktiserte ved val, men også av andre medlemmer under det vanlege dagsordenpunktet "kritikk/sjølvkritikk". Under ei kadervurdering skulle den aktuelle kandidaten først gje ei vurdering av seg sjølv, ut frå visse fastsette kriterium som "klassestandpunkt", "masselinje", "politisk/ideologisk nivå". Deretter skulle medlemmene i laget, under Maos parole "bekjemp selvet, avslør revisjonismen", vurdera kandidaten etter

[160] Istad meiner SASG april 1969 i alle fall hadde grupper i Oslo, Bergen og Trondheim (Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 22). Både Finn Sjue og Kjersti Ericsson, som båe kom til å bli viktige i leiinga av AKP (ml), vart rekrutterte gjennom SASG.
[161] Intervju med Harald Berntsen, 15. august 2003 (disk 1, 53.23). Som vi har sett var dette med naturdialektikken noko som skilde fleire anti-positivistiske SF-studentar frå Øgrim-fløya i SUF, jf. kapittel 2.
[162] Intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 (disk 1, spor 2, 08.09).
[163] Anders Ekeland hadde vore medlem i SUF frå 1968, men fekk avslag på søknaden sin om å bli oppteken i MLG i 1970 (personleg opplysning frå Anders Ekeland, 11. november 2003). Under striden i Bergen (sjå nedanfor) opplevde også Arne Overrein, som hadde vore med i SUF i mange år, å ikkje bli godkjend som medlem i MLG.
[164] *Tjen Folket*, 4/1970, s. 4−5; *Tjen Folket*, 3/1971, s. 7−12. Terje Tvedt har gjeve ein grundig analyse av bruken av kadervurderingar i ml-rørsla i Tvedt, "Kadervurderingene som kobling til det totalitære", s. 105−134.

same kriterium.[165]

2.3 Etableringa av ein indre kjerne

Parallelt med denne utviklinga gjekk ein prosess med samling av det som utover 1970-talet skulle bli ein indre kjerne i leiarskapen. Pål Steigan vart frå 1969 formann i SUF (ml); Sigurd Allern vart leiar for MLG frå august 1971; Tron Øgrim var nestleiar same stad; Sverre Knutsen overtok formannsvervet i SUF (ml) etter Steigan i 1971; Kjell Skjervø var komen med i SUF (ml) sitt sentralstyre frå 1969. Alle hadde bakgrunn frå Bryn/Hellerud SUF eller SF-stud i Oslo. Saman med nokre andre nykelpersonar gjekk alle desse over til leiinga i MLG kring 1970/71 og deretter over i AKP (ml) si første leiing. Der skulle dei bli verande gjennom heile 70-talet.[166]

Samstundes som makta i ml-rørsla slik var i ferd med å konsolidera seg, vart ho meir upersonifisert. Med eit visst unnatak for formennene stod dei sentrale personane sjeldnare og sjeldnare fram med eigne namn i interne debattar. Dekknamn vart vanleg. Dette er viktig for den vidare gjennomgangen: Både i striden med MLF og med Ebbing/Overrein-miljøet i Bergen var det nesten utelukkande den kollektive signaturen frå leiarskapen i SUF (ml) og/eller MLG som vart brukt.

3. Striden med Kjell Hovden og MLF

Etter brotet i SF hadde SUF (ml) truleg mindre enn 1000 medlemmer.[167] Størstedelen kom frå gymnas- og studentmiljøa. For ei gruppe som hadde teke mål av seg å skapa arbeidarklassen sitt revolusjonære parti, representerte dette snevre sosiale grunnlaget ei utfordring. Sjølv om ein vaks raskt i åra 1970−72, var det absolutt naudsynt for SUF (ml)-arane å søkja kontakt med resten av venstresida. Særleg interessante var "de ekte marxist-leninstene i NKP", som *Klassekampen* formulerte det.[168] Desse miljøa var i motsetnad til ungmaoistane i hovudsak arbeidarar, hadde mangeårig praksis frå motstandsarbeid under krigen og omfattande røynsler med opposisjonsarbeid i fagrørsla. Nedanfor skal vi sjå korleis SUF-arane freista å få den marxist-leninistiske opposisjonen innanfor NKP med i sitt eige partiprosjekt, og korleis striden med det SUF-arane kalla "Hovden-gruppa", eskalerte utover 1971 og enda i fullt brot.[169]

---

[165] Tvedt, "Kadervurderingene som kobling til det totalitære", s. 105−106.
[166] Steigan, *På den himmelske freds plass,* s. 113; Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 143 og 146. Sjå også vedlegg 3.
[167] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 2, spor 2, 03.55).
[168] *Klassekampen*, 1/1969.
[169] Utviklinga av MLF og kontakten og den påfølgjande striden med SUF/MLG i åra 1969−1971 er også skildra i Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 22−50. Etter mi vurdering godtek Istad i for stor grad aktørane si sjølvoppfatning av striden, dvs. som politisk usemje om argumentasjon og strategi i EEC-arbeidet. Nedanfor argumenterer eg for at dette berre var éin viktig dimensjon i striden, og at prosessen mot Hovden i hovudsak bør

3.1 Opposisjonen i NKP

Noregs Kommunististiske Parti (NKP) stilte seg utover 1960-talet, til liks med dei fleste søsterpartia, stort sett på sida av det radikale ungdomsopprøret. Etter at Kina i 1963/64 braut banda med Sovjet og rekna det sovjetiske regimet som "kontrarevolusjonært", fekk dei som hadde sympati med Mao dårlege kår i NKP. Likevel fanst det krefter i partiet, hovudsakleg i og rundt Østkantlaget av NKP, som hadde ei opnare haldning til den nye tidas ml-ideologi.

Som vi såg i kapittel 2, førte Ester Bergerud, leiaren av NKP-bokhandelen Oslo Bok- og Papirhandel, pro-kinesisk litteratur alt frå midten av 1960-talet. Lenge var denne bokhandelen den einaste staden unge maoistar kunne få kjøpt Maos litle raude.[170] Bergerud var truleg det første bandet mellom ml-opposisjonen i NKP og dei unge i Bryn/Hellerud SUF. Ein annan sentral figur i det maoistiske NKP-miljøet var Kjell Hovden. Hovden må ha vore som ein norsk Stakanov for dei unge i SUF (ml): Han var ein del yngre enn den gjennomsnittlege NKP-aren, han var klubbleiar på Norgas i Oslo, og ikkje minst: Kjell Hovden hadde møtt formann Mao alt i 1966.[171] Ester Bergerud satt i sentralstyret i NKP, Kjell Hovden i Oslo/Akershus NKP. Andre i dette miljøet var Eva Berg, Svein Johnsen og Georg Vaagen. Etter kvart som dei organiserte seg betre, voks miljøet noko, og til saman kom miljøet rundt Bergerud og Hovden til å telja kring 50−60 folk.[172]

Den private kontakten mellom Bergerud, Hovden og miljøet i Bryn/Hellerud var, som vi har sett, alt etablert uformelt så tidleg som rundt 1965. Tron Øgrim var ven med Kjell Hovden på 1960-talet.[173] Det vart òg andre leiande SUF-arar.[174] Rett etter brotet i SF fekk SUF sin kontakt med NKP-arane meir offisielle former. Alt i første nummer av *Klassekampen* bidrog Kjell Hovden med ein lengre artikkel med tittelen "Det arbeidende folket vinner seier gjennom KULTURREVOLUSJONEN".[175] Artikkelen var illustrert med bilete av Hovden saman med formann Mao. Etter ein ulovleg streik på Norgas våren 1970, der streikeleiar Hovden vart boren bort av politiet, auka Hovden sin status i SUF (ml)-krinsane ytterlegare. Øgrim meiner SUF sjølv bidrog til å få Hovden fram i lyset:

---

sjåast som ein strid om leiarskapshegemoni og fortrenging av strategiske grunnlagsproblem.

[170] Intervju med Jorun Gulbrandsen, 12. juni 2003 (disk 2, 09.32).

[171] Hovden hadde vore del av ein fagforeiningsdelegasjon til Kina.

[172] Det er vanskeleg å danna seg eit nøyaktig inntrykk av kor mange som var i MLF-miljøet. Summen har eg slutta meg til på bakgrunn av tal på eksklusjonar og utmeldingar frå NKP, først i 1970 og så i 1971, jf. nedanfor. Istad opererer også med dette talet (Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 28).

[173] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 2, spor 2, 27.28).

[174] Wiggo Knudsen var SUF (ml) sin faglege leiar på tidleg 1970-tal og vart òg god ven med Hovden (intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 (cd 3/3, 43.00).

[175] *Klassekampen*, 1/1969, s. 14.

> Han vart ei stjerne på Norgas-streiken. Der gjorde han ein utmerka jobb, som klubbformann. Men samstundes var det vi som skapte Hovden. Det var vi som populariserte Hovden, det var vi som tok bilete av han medan han vart boren bort av politiet, det var vi som inviterte Hovden i Studentersamfundet, på sumarleirer og slikt.[176]

Sjølv om vi bør vera kritiske til Øgrim sine utsegner om Hovden (dei enda opp som politiske fiendar) er det ikkje tvil om at SUF-miljøet hadde *eigeninteresse* både i å knyta kontaktar med NKP-opposisjonen og å framstilla denne i eit godt lys. For det første representerte NKP ein slags historisk kontinuitet i norsk arbeidarrørsle, som dei unge rebellane instinktivt skjønte at dei trong å knyta seg til. Mykje tankegods i den marxist-leninistiske ortodoksien hadde røter i mellomkrigstidas Komintern-tradisjon, meir enn Kina sin agrar-kommunisme. Kanskje særleg fordi SUF hadde brote ut av eit venstre-sosialdemokratisk parti, var kontakt med eit kommunistisk parti naudsynt for den symbolske kontinuiteten som "arbeidarklassen sitt parti i Noreg". For det andre hadde NKP røter i arbeidarklassen i ein helt annan grad enn SUF (ml), der storparten bestod av unge gymnasiastar og studentar. Miljøet rundt Hovden var eldre, og hadde fotfeste i industrien i Oslo. Kontakten med Hovden gav slik dei unge maoistane tilgang på sårt tiltrengt symbolsk arbeidarkapital. I tillegg var kontakten viktig av praktiske omsyn. Wiggo Knudsen, som då var leiar for SUF (ml) sitt Faglege Utval, fortel: "For oss var desse gull verdt. Både for å legitimera streikerørsla og få tak i et nettverk. Vi rekrutterte jo dessutan som galne oppi dette; mellom ungane til desse gamle NKP-arane."[177] Litt kynisk kan vi òg seia at den maoistiske opposisjonen i NKP representerte eit potensielt trugsmål, i eller utanfor NKP. Eit miljø som kalla seg marxist-leninistisk, hadde fotfeste i industrien og ambisjonar om å reformera NKP, kunne svekkja SUF (ml)-arane sitt partiprosjekt.

I løpet av 1969 starta miljøet rundt Bergerud og Hovden eit meir tydeleg opposisjonsarbeid internt i NKP, rundt tidsskriftet *Røde Fane*. I *Klassekampen* oktober/november 1969 vart det referert omhyggeleg frå tidsskriftet, og ein oppmoda "alle ærlige marxist-leninister i NKP om å ta opp kampen mot partiets revisjonistiske ledere."[178] I året som følgde gav *Klassekampen* lesarane utførlege artiklar om stridane i NKP. Såleis kunne ein sumaren 1970 lesa at 27 medlemmer var ekskluderte frå NKP. Mellom dei var den gamle bokhandlaren i Oslo Bok- og Papirhandel. "Det revisjonistiske flertallet i vår partiledelse har sviktet grunnlegende prinsipper, bl.a. i spørsmålet om proletariatets diktatur," meinte Ester

[176] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 2, spor 2, 27.28).
[177] Intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 (cd 3/3, 40.48).
[178] *Klassekampen*, 10/11 1969, s. 8.

Bergerud, som ønskte samarbeid med SUF (ml) og MLG.[179] På landsmøtet i NKP april 1971 forlét ytterlegare 32 medlemmer av fraksjonen partiet, og dei slo seg saman med dei tidlegare ekskluderte i det som frå 1970 hadde kalla seg Marxist-leninistisk Front (MLF).

Då MLF heldt sitt første landsmøte, juni 1971, hadde det alt i om lag eit år eksistert eit formalisert, løynd samarbeid mellom leiingane i MLG, SUF (ml) og MLF. På dei såkalla "trippelmøta" vart felles aksjonar, studietilfang og anna organisert samarbeid diskutert.[180] Men i *Klassekampen* same månad gjorde ein leiar med tittelen "Enhet-Kritikk-Enhet" det klårt at det fanst "motsigelser i den marxist-leninistiske bevegelsen om viktige spørsmål".[181]

3.2 Enhet-Kritikk-Enhet

Nøyaktig *kva* motseiingane dreidde seg om vart det ikkje opplyst om i leiaren, men dét hadde medlemmene i dei tre organisasjonane alt fått vita gjennom diskusjonsbladet *Enhet-Kritikk-Enhet* (EKE). EKE skulle vera eit ad hoc-blad for ei diskusjonsrørsle som no skulle gå i alle dei tre organisasjonane. Bladet kom i alt ut med fire nummer, det første truleg april/mai 1971, det siste i november 1971. Då var brotet mellom MLG/SUF (ml) og MLF eit faktum.

Ifølgje ei felles innleiing i første nummer av EKE dreidde motsetningane seg "både om konkrete saker og grunnleggende spørsmål i samband med linja for partibygginga og klassekampen". Ein fann det difor rett å leggja motsetnadene fram for medlemmene i dei tre organisasjonane, og ønskte ei brei diskusjonsrørsle i både MLG, SUF (ml) og MLF, for slik å "skape enhet gjennom en felles stor, kameratslig og demokratisk diskusjon". Idealet var henta i formann Maos formel "Enhet-Kritikk-Enhet", som skulle bety "å gå ut fra ønsket om enhet, løse motsigelser gjennom kritikk eller kamp og nå fram til en ny enhet på et nytt grunnlag".[182]

Dei to første nummera av EKE inneheldt eldre notat og referat frå ordskifte på trippelmøta, i tillegg til nye dokument frå leiingane i MLG/SUF (ml) og MLF. I desse nummera gjekk det klårt fram at det fanst til dels store politiske motsetnader mellom MLG/SUF (ml) og MLF. Særleg EEC-spørsmålet, som i løpet av hausten 1970 og i 1971 hadde vorte høgaktuelt, hadde fått opp mange stridspunkt mellom ny-maoistane og dei eldre kadrane frå NKP.

[179] *Klassekampen*, 7/8 1970, s. 2.
[180] I innleiinga til første nummer av det felles diskusjonsbladet *Enhet-Kritikk-Enhet* (EKE), som truleg kom i april/mai 1971, vart det forklåra at samarbeidet mellom dei tre organisasjonane hadde gått føre seg på topplan i lang tid. EKE 1/1971 inneheld referat frå tidlegare trippelmøte, som vitnar om at det vart halde mange samarbeidsmøte hausten 1970, og at det formaliserte samarbeidet hausten 1970 alt hadde funne stad ei god stund. Såleis er det grunn til å tru at trippelmøta i alle fall var i gang sumaren 1970, kanskje rett etter at dei 27 var ekskluderte frå NKP.
[181] *Klassekampen*, 6/7 1971, s. 2.

Usemjene gjekk m.a. på vurderinga av Folkebevegelsen mot EEC, som SUF/MLG i løpet av 1971 innsåg hadde vorten sterkare enn ein hadde trudd. I løpet av 1971 hadde SUF (ml) og MLG både endra på den negative haldninga til Folkebevegelsen, og skift nei-argumentasjon i retning av meir fokus på forsvar av den nasjonale sjølvråderetten. MLF var på si side framleis skeptisk til samarbeid med Folkebevegelsen, og stod på den opphavlege klassekamp-argumentasjonen mot EEC.[183]

Med det andre nummeret av EKE, truleg gjeve ut sumaren 1971, var det klårt at usemjene ikkje berre dreidde seg om EEC-arbeidet, men òg om grunnlaget for sjølve partiskipinga. Det var tydeleg at det var snakk om to ulike haldningar til tempo og vilkår for skipinga av eit nytt kommunistparti. I artikkelen "Til spørsmålet om partiet" lanserte leiingane i MLG og SUF (ml) eit framlegg om at det måtte skipast ein einskapleg partibyggjande organisasjon (EPO) for ml-rørsla i Noreg, eit slags "norsk KFML". Det måtte vera "[ett] sentrum, og ikke flere!" [184] Men eit vilkår var avklåring av fleire programmatiske spørsmål, og i artikkelen (på heile 17 sider) var det reist ein omfattande kritikk av MLF sine tidlegare vedtak om partibygging. Viktigast i SUF (ml)/MLG sin kritikk var det ein oppfatta som ei vegring mot å skipa det kommunistiske partiet utan god nok støtte og grunnlag i arbeidarklassen. MLF hadde på landskonferansen sin hausten 1970 m.a. vedteke at "[v]i avviser tanken om at vi, dagens norske marxist-leninister, skal etablere vårt lederskap over hodet på massen" og at ein såg det som si oppgåve å "*bistå* arbeiderklassen i dens organisatoriske oppbygging av det kommunistiske partiet."[185] Leiinga i MLG og SUF (ml) meinte MLF med slike og liknande formuleringar var for vage. Kor store delar av arbeidarklassen måtte krevja at det vart starta eit nytt parti? "[H]ele arbeiderklassen, eller flertallet av den? Og hvordan skal (hele, eller flertallet av) arbeiderklassen delta i organiseringen?" MLG og SUF (ml) meinte MLF neglisjerte marxist-leninistane si leiande rolle, og framheva den avantgardistiske karakteren til partiet. "Spørsmålet om partiets grunnleggelse er et *kvalitativt* og ikke et *kvantitativt* spørsmål," meinte artikkelforfattarane.[186]

Både i spørsmål om mobilisering, organisering og argumentasjon i EEC-arbeidet og om tempo og organisering i partibygginga kom såleis ein grunnleggjande skilnad i vurderinga av arbeidarklassen og den såkalla "massemobiliseringa" til syne mellom dei unge og dei eldre

---

[182] *Enhet-Kritikk-Enhet*, 1/1971, s. 1−2.
[183] "En kamerat i MLF" karakteriserte t.d. Folkebevegelsen som "storborgerskapets tannløse, ufarlige kamp mot EEC" og heldt fram den felles erklæringa frå dei tre organisasjonane frå 1970, som slo fast at kampen mot EEC måtte underordnast "arbeiderklassens almenne [sic] kamp for sosialismen" (*Enhet-Kritikk-Enhet*, 1/1971, s. 4−5).
[184] *Enhet-Kritikk-Enhet*, 2/1971, s. 4.
[185] "Arbeiderklassen og gjenreisinga av dens kommunistiske partis organisatoriske ledelse," vedteke på landskonferansen i MLF oktober 1970. Referert i *Enhet-Kritikk-Enhet*, 2/1971, s. 21 (mi uth.).

ml-arane. MLF la stor vekt på at ein måtte ta seg tid og driva langsiktig propagandaarbeid på arbeidsplassane for å utvikla klassemedvitet i arbeidarklassen. MLG og SUF (ml) framheva på si side at rask handling og aksjon frå marxist-leninistane sjølve var ein føresetnad for auka klassemedvit. Typisk for MLF si haldning var eit innlegg frå "en kamerat i MLF" som karakteriserte SUF (ml) si line i det tidlege EEC-arbeidet for "avantgardisme".[187] MLF verka nok defensive og avventande i augo til dei yngre maoistane.

Ordskiftet viste at det var to ulike kulturar og sett med røynsler som møttest. Men det låg også ulike interesser bak. Medlemmene i SUF (ml) og MLG hadde stort sett berre opplevd suksess og framgang i sine relativt korte organisasjonsliv. Dei hadde minst 1000 medlemmer og auka fort. Dei hadde ei ambisiøs leiing som ønskte eit nytt parti raskt. Ein hadde avventa eit brot i NKP. No når det var unnagjord, ville ein ha MLF inn i falden raskast råd. MLF på si side var eldre, færre og hadde ikkje sjanse til å tevla med SUF (ml) i organisatorisk styrke. Folk som Bergerud og Hovden kom frå ein tradisjon som hadde opplevd til dels store nederlag og mange bitre slag. Dei levde også nærare slike lag av folket som var mindre disponerte for revolusjonær radikalisme enn studentar og gymnasiastar var. MLF frykta nok, med rette, at ein ville mista kontroll og sjølvstende om ein følgde SUF (ml) og MLGs raske og monolittiske line.

EKE nr. 3, som truleg kom ut rundt september 1971, romma hovudsakleg innsendte innlegg frå MLG- og SUF (ml)-medlemmer med støtte til dei respektive leiingane sine. Usemjene hadde ikkje utvikla seg i tråd med Mao sitt ideal, dei var systematisk knytt til MLG og SUF (ml) på den eine sida og MLF på den andre.[188] Også frå offisielt hald i MLG og SUF (ml) var tonen skjerpa betrakteleg. No heitte det:

> Vi vil ha enhet *raskt*, vi vil ha en *kamporganisasjon* og en *demokratisk-sentralistisk organisasjon*. Vi har *bevist* ut fra marxismen-leninismen Mao Tsetungs tenkning at dette er *den eneste linja* som fører fram mot partiet. Alle andre linjer som settes fram *mot* denne linja, er derfor i praksis *sabotasje* av partiet. *Uansett* hvor velmenende de kameratene som fører fram ei slik linje er, så betyr den *i praksis støtte til imperialismen, monopolkapitalen og revisjonismen*. Den betyr *intet parti*, og det er det reaksjonen ønsker.[189]

3.3 Brotet

For dei som ikkje hadde følgt det interne ordskiftet, men berre hadde lese *Klassekampen*, må brotet ha kome overraskande. I november-utgåva 1971, knappe fire månader etter at ein hadde

---

[186] *Enhet-Kritikk-Enhet*, 2/1971, s. 7−8 (org. uth.).
[187] *Enhet-Kritikk-Enhet*, 1/1971, s. 5.
[188] Unnataket var to innlegg frå medlemmer av MLFs "K-stud" i Bergen. Desse to innlegga støtta MLG og SUF (ml) si line i partibygginga. Som det går fram nedanfor var K-stud på dette tidspunktet i røynda kontrollert av SUF (ml)/MLG og fungerte som ein fraksjon i MLF.

nemnd at det fanst ”motsetninger”, rapporterte avisa om brot med det som no konsekvent berre vart omtala som ”Hovden-gruppa”. ”Landsmøtet i Marxist-Leninistisk Front (MLF) har ekskludert fire medlemmer med den tidligere MLF-formannen Kjell Hovden i spissen,” proklamerte leiaren. Mannen som berre eitt år tidlegare hadde vore streikehelt, vart no karakterisert med venstresidas mest demoniserande omgrep: ”streikebryter”. Den direkte årsaka til eksklusjonane var ifølgje *Klassekampen* at Kjell Hovden og fleire andre i Streikestøttekomiteen, ein landsfemnande innsamlingsorganisasjon organisert av ml-organisasjonane, i midten av oktober 1971 hadde brote offentleg med komiteen, på grunn av det dei oppfatta som ”SUF-kupp”. Dette rekna MLG og SUF (ml) som ”streikebryteri”, ettersom komiteen stod oppi viktig innsamlingsarbeid for den såkalla ”Austad-streiken” i Tromsø.[190] Den offisielle versjonen var vidare at eit ekstraordinært landsmøte i MLF 16.−17. oktober 1971 deretter hadde ekskludert Hovden og tre andre medlemmer.[191]

Versjonen til Kjell Hovden var derimot at SUF (ml) i lengre tid hadde fraksjonert internt i MLF. SUF (ml)-lojale medlemmer i MLF i Bergen hadde mobilisert utsendingar til det ekstraordinære landsmøtet for slik å få fleirtal for å kasta Hovden.[192] På landsmøtet i MLF hadde difor møtet delt seg i to delar, som båe oppfatta seg som det legitime landsmøtet. Det var altså det SUF (ml)-lojale ”MLF” som vedtok å bryta med Kjell Hovden. Etter brotet fanst det såleis to organisasjonar som *båe* kalla seg Marxist-leninistisk Front, med to tidsskrift med *same namn*: *Røde Fane*.[193] Brotet tydde at *Enhet-Kritikk-Enhet*-rørsla var avslutta. Kort tid etter vedtok SUF (ml) sitt ”MLF” at: ”Bruddet med Hovden-gruppa fjerner den viktigste hindringen for opprettelsen av en enhetlig partibyggende organisasjon. MLG, MLF og SUF (ml) kan nå for alvor ta til med de forberedelsene som må gjøres for en slik organisasjon kan skapes.”[194]

Sjølv om EKE-rørsla gav inntrykk av eit ønske om einskap og samling, er det gode grunnar til å hevda at leiarane i MLG/SUF (ml) alt i forkant av prosessen var samde om kva utfall dei ville ha. Mykje tyder på at ml-leiarane i god tid før *Enhet-Kritikk-Enhet* vart starta hadde bestemt seg for å kvitta seg med Hovden og tilhengjarane hans, og at dei kombinerte tilsynelatande fritt ordskifte og løynd konspirasjon. Eit vitnesbyrd som vart offentleggjord i

---

[189] *Enhet-Kritikk-Enhet*, 3/1971, s. 29 (org. uth.).
[190] *Klassekampen*, 11/1971, s. 2.
[191] Dei ekskluderte var Kjell Hovden, Kurt Wolfgram, Sverre Hagen og Finn Johansen (*Enhet-Kritikk-Enhet*, 4/1971, s. 6).
[192] *Klassekampen*, 11/1971, s. 2.
[193] I EKE nr. 4 (som kom ut etter brotet med Hovden, altså truleg i november 1971) vart den autoriserte versjonen av brotet gjenteke. Det heitte også at ”[m]edlemskapet til alle andre medlemmer av MLF vil bli tatt opp til vurdering ifølge MLFs statutter”, ein eufemisk måte å seia at alle sympatisørar av Hovden ville bli kasta ut (*Enhet-Kritikk-Enhet*, 4/1971, s. 9).
[194] *Enhet-Kritikk-Enhet*, 4/1971, s. 11.

1973, fortel at MLG dreiv aktiv fraksjonering og konspirasjon internt i MLF alt i mars 1971, altså *før* EKE-rørsla var starta og før MLF sitt landsmøte i juni 1971. Kjell R. Solheim, som i 1971 var medlem i MLF sitt K-stud i Bergen, fortel i dokumentet "Erklæring" at "Kommunistisk Studentlag i Bergen hadde siden februar/mars 1971 vært en reell fraksjon innafor MLF med underhånds forbindelser med ledelsen i MLG". Vidare hevdar Solheim at det vart arbeidd for å få folk til å søkja medlemskap i MLF, som slik kunne fungera som "leiesoldater" som kunne sendast til Oslo.[195]

Solheim fortel at "SUF-fraksjonen i MLF" (Solheim si formulering), lenge før MLF sine representantar trekte seg frå Streikestøttekomiteen, i samråd med MLG-leiinga hadde bestemt at ein skulle bryta organisatorisk med Hovden-fløya. Det var heile poenget med å kalla inn til ekstraordinært landsmøte, skriv han. Solheim fortel òg at MLG sin nestformann (Tron Øgrim) same dag som MLF sitt ekstraordinære landsmøte 14. oktober 1971 vedgjekk at Hovden hadde vorte halden systematisk utanfor streikestøttearbeidet, heilt frå Austad-streiken byrja. Solheim skriv:

> Nestformannen i MLG svarte at man helt bevisst hadde holdt Hovden og Wolfgram utafor. Undertegnede ønsket å være sikker i denne saken, og spurte om hvordan nestformannen ville forsvare en slik fremgangsmåte. Svaret var at vi ikke kunne tillate politisk "svarte" folk som Hovden og Wolfgram å stå fram som arbeiderklassens forkjempere i den nåværende situasjon. "Slike folk" måtte avsløres for massene, og derfor var det nødvendig å ta i bruk slike midler som å sette dem utafor viktige informasjoner osv. Undertegnede samtykket, og samtalen gikk videre om andre ting.[196]

Det er liten tvil om at SUF (ml)-leiinga deltok meir aktivt i MLF enn det dei fleste medlemmene i SUF (ml), MLG og MLF visste. Tron Øgrim meiner det knapt ville ha funnest noko MLF utan at han og andre i SUF (ml) hadde pressa på.[197] Anten dette stemmer eller ikkje, vitnar det uansett om at Øgrim og SUF (ml) kan ha hatt eit instrumentelt tilhøve til dei eldre NKP-arane, som

---

[195] Dokumentet "Erklæring", skrive av Kjell R. Solheim, vart gjeve ut av Kommunistisk Arbeidsgruppe i Bergen (KAG/B), i heftet "Bruddet i ml-bevegelsen høsten 1971 mellom SUF/MLG og MLF (Marxist-leninistisk front). En politisk læreprosess i stalinistisk praksis", utgjeve av KAG, 1973, BKP. Heretter: "Erklæring". KAG hadde då nettopp brote ut av SUF (ml) og hadde interesse av å skada det nyskipa partiet AKP (ml). Det er likevel vanskeleg å avvisa den personlege erklæringa frå Solheim. I dokumentet stiller Solheim seg framleis kritisk til Kjell Hovden sitt politiske syn, men fører fram samvitsgrunnar til at han står fram med opplysningane sine. Opplysningane frå Solheim stemmer òg mykje med det biletet Wiggo Knudsen gjev av kastinga av Hovden, jf. nedanfor. Istad meiner òg K-stud arbeidde i samarbeid med MLG (Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 45).

[196] "Erklæring". Knudsen, som då var FU-leiar og ifølgje seg sjølv "vart sett til å vera slaktar andsynes desse [MLF]", stadfester at skuldingane mot Hovden var fabrikkerte (intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 [cd 3/3, 45.33]).

[197] Øgrim hevdar det var SUF (ml) som pressa på mellom andre Svein Johnsen for å starta tidsskriftet *Røde Fane* i 1969. Vidare at det var dei som finansierte, trykte og distribuerte bladet, og at det var SUF-arane som særleg ivra for at Hovden og Bergerud skulle danna ein formell organisasjon for brotet i NKP (intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 [disk 2, 29.25−30.07]).

middel for eit større mål. I løpet av denne prosessen erfarte SUF (ml)-leiarane at Hovden (fødd i 1932, godt over 15 år eldre) ikkje ønskte å innordna seg planane dei hadde lagt på førehand. Det er grunn til å tru at Hovden oppdaga K-stud i Bergen si fraksjonering på vegner av MLG, og det kan ha vore ei årsak til Hovden sin "baktunghet" i høve ein "enhetlig partibyggende organisasjon". Øgrim reknar derimot striden med Hovden som svært personleg, og formulerer det slik: "Eg trur Hovden heller ville vera nummer ein i ei lita bygd i Sveits, heller enn nummer to i Roma."[198]

Etter brotet med SUF-arane fekk Hovden si litle sveitsiske bygd: I 1973 starta Hovden Kommunistisk Arbeiderforbund (KA). KA vart aldri noko trugsmål mot AKP (ml), og forsvann rundt 1980.

3.4 Kvifor *Enhet-Kritikk-Enhet*-rørsle?

Istad har vist korleis EEC-kampen frå 1970 til 1971 for SUF/MLG gjekk frå å bli oppfatta som antikapitalistisk strid til forsvar for nasjonale verdiar, og han vurderer dette som ein viktig kime til motsetnadene mellom ungmaoistane og MLF. Han distanserer seg likevel frå dei som forklårar brotet med Hovden med denne usemja. Ifølgje Istad forstod ml-leiinga (i SUF/MLG) gjennom EKE-ordskiftet at MLF aldri ville underordna seg ein straumlineforma organisasjon.[199] Eg trur Istad har rett i dette, men at også han overvurderer dei politiske motsetnadene som årsak til sjølve EKE-prosessen. Spørsmålet som reiser seg er nemleg kvifor ml-leiinga gjennomførte ei omfattande diskusjonsrørsle som involverte alle medlemmene i SUF (ml) og MLG i eit år, med ei gruppe på kanskje ikkje fleire enn 60 folk? Mykje tyder på at ein *på førehand* visste at det ville enda i eit brot. Det er fleire moglege forklåringar på dette, som ikkje utelukkar kvarandre.

Rekruttering: EKE-rørsla gav dei yngre maoistane formelt høve til å driva agitasjon andsynes MLF-medlemmene. Faren for lekkasje den andre vegen var liten, truleg gjekk ingen over til MLF frå SUF (ml) eller MLG. Øgrim hevdar at dei delte MLF på midten.[200] Dette er ikkje mogleg å verifisera, men sentrale personar som Svein Johnsen frå MLF sitt *Røde Fane* og andre eldre NKP-arar vart med vidare inn i AKP (ml).[201] Dette gav AKP (ml) viktig symbolsk arbeidarkapital og truleg ei viss kjensle av kontinuitet og tradisjon.

Hegemoni: Vidare må det ha vore strategisk viktig å skapa størst mogleg grad av

[198] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 2, spor 2, 28.50).
[199] Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 48.
[200] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 2, spor 2, 29.52).
[201] Både Svein Johnsen og Georg Vaagen vart med i AKP (ml) sin første SK i 1973−76, Vaagen også vidare i 1976−1980.

organisatorisk og ideologisk einskap på ytste venstreside, med MLG/SUF (ml) i førarsetet. Frank Baude-spøkjelset var trekt fram i fleire EKE-artiklar, og eit innlegg skulda MLF for å ha ei uavklåra haldning til utbrytargruppa KFML(r), noko som ikkje var teke heilt ut av det blå.[202] Kjell Hovden i AKP (ml) sin første Sentralkomité kunne lett ha vorten ein ny Frank Baude. I denne samanhengen var prosessen naudsynt for å isolera Hovden og dra sympatisørar vekk frå han.

Integrering i det maoistiske universet: Prosessen kan òg sjåast som ml-leiinga sitt ønske om å oppdra eigne kadrar i praktisk maoisme, i dette tilfellet å løysa "motsetningar i folket" og fjerna tvil på grunnleggjande føresetnader for det nye partiet. Gjennom EKE-rørsla lærte medlemmene maoistisk tolinekamp: Ulike liner spegla alltid ulike klasseinteresser, hadde Mao sagt. Ei line (i EEC-kampen, partibygginga, klassekampen) var alltid utrykk for anten borgarleg eller sosialistisk tenking. Artikkelen "Bolsjevikparti eller Narvesen(ml)?", skriven av Arbeidsutvala i MLG og SUF (ml), var typisk i så måte, då han gjorde det klårt for alle eventuelle tilhengjarar av MLF at "deres linje tjener objektivt monopolkapitalen".[203] Gjennom EKE lærte ein at fienden kunne stå midt i partiet, ja, at ein sjølv kunne ha borgarlege tankar. Då var Mao sine ord gode å ha:

> I hodet på våre partikamerater og i vårt partis arbeid er det stadig fare for at det kan hope seg opp støv og skitt, og derfor må det sørges for renhold. […] Det eneste effektive middel som duger i kampen for å hindre tilsmussing av partikameraters tanker og partiets organisme ved allslags politisk skitt og mikrober, er stadig å nykontrollere sitt eiget arbeid.[204]

Hovden og fleire av dei eldre kameratane i MLF hadde stilt spørsmål ved det dei oppfatta som ungmaoistane si overoptimistiske vurdering og avantgardistiske haldning til arbeidarklassen. Dét var ikkje nokon ufarleg kritikk av eit prosjekt som om knappe to år skulle proklamera Arbeidernes kommunistparti. Men gjennom rørsla med *Enhet-Kritikk-Enhet* hadde SUF- og MLG-medlemmene sjølve fått vore med på å driva "renhold" mot slik "tilsmussing". Spørsmålet om etableringa av kommunistpartiet var eit spørsmål om *kvalitet*, ikkje kvantitet, hadde ein no lært. Ei potensiell kjelde til øydeleggjande tvil var fjerna, med medlemmene sjølve som aktive deltakarar.[205] Det maoistiske universet – kombinasjonen av ideologi og teori, med ikon, symbol, ritual og språklege markørar – vart slik ytterlegare integrert i kvar einskild

[202] *Enhet-Kritikk-Enhet*, 4/1971, s. 28−29. Etter brotet i oktober 1971 vart det etablert kontakt mellom KA og KFML(r).
[203] *Enhet-Kritikk-Enhet*, 3/1971, s. 33.
[204] *Enhet-Kritikk-Enhet*, 3/1971, s. 3.
[205] Etter at "Hovden-gruppa" var ute, kom det til utreinskingar av opne sympatisørar i SUF/MLG sine eigne rekkjer, men det galdt svært få (Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 59).

medlem.

4. Striden med Hans Ebbing og Arne Overrein

Som vi såg i kapittel to, la fleire av dei tidlegaste maoistane i SF-stud vekt på dei anti-autoritære trekka ved den kinesiske kulturrevolusjonen. Då portrett og artiklar av Stalin byrja å dukka opp i *Ungsosialisten* og på sumarleirane frå 1968, heldt mange munn, i lojalitet med det dei oppfatta som det einaste alternativet til venstre for SF-leiinga. Men fleire av dei kritiske røystene i SUF (ml) var meir overtala enn overtydde. Dei bar på idear om at "overslaga" til Bryn/Hellerud SUF kunne bli retta på seinare. Dét skulle visa seg å vera lettare tenkt enn gjort. Nedanfor skal vi først sjå korleis eit miljø rundt Hans Ebbing i det såkalla propagandalaget for SUF (ml) på Universitetet i Bergen våren 1972 reiste ein fundamental kritikk av ml-rørsla sitt teoretiske og ideologiske grunnlag. Deretter korleis Arne Overrein og andre kameratar i SUF (ml)-stud i Bergen i sympati med kritikken frå Ebbing freista å endra ml-rørsla sitt syn på Josef Stalin og demokratisk sentralisme. Striden enda i eit tjuetals utmeldingar frå SUF (ml) og etableringa av Kommunistiske Arbeidsgrupper i Bergen (KAG/B), våren 1973.[206]

4.1 Propagandalaget ved Universitetet i Bergen

I åra frå 1969 og fram til partiskipinga i 1973 opplevde den nyfødde ml-rørsla stor pågang av nye medlemmer. Som vi såg ovanfor utvikla den norske ml-rørsla fleire mekanismar for å unngå svenske tilstandar (m.a. medlemskapsøknad, strenge inngangskrav og kadervurderingar). Ein annan mekanisme som sytte for ein viss kontroll med rekrutteringa, var såkalla sympatisørlag eller propagandalag, som SUF (ml)/MLG praktiserte i åra 1971 til 1973. I desse laga vart sympatisørar av ml-rørsla organiserte saman med medlemmer av MLG eller SUF (ml) til felles studiesirklar og i sume tilfelle aksjonar, men utan rettar som vanlege medlemmer. Dei organiserte ml-arane skulle opptre einskapleg i slike lag; ein kunne diskutera aksjonar fritt, men måtte ikkje visa usemje i ideologiske spørsmål.[207]

Ved Universitetet i Bergen vart det i løpet av 1971 etablert slike lag med sympatisørar av ml-rørsla. Der utgjorde Hans Ebbing, Nils Gilje, Trond Spurkland, Knut Ågotnes saman med

[206] Striden i ml-rørsla i Bergen 1972−73 er nemnd, men summarisk og utelukkande med basis i ml-rørsla sine eigne offisielle versjonar, i Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 80 og Skorpen, *Maoisme på norsk og svensk,* s. 34.

[207] Kjelde til dette avsnittet er internblada *Solrenning* og *Enhet-Kritikk-Enhet-Vestlandet* (meir om desse blada nedanfor). Det går fram av *EKE-Vestlandet* at det i alle fall i Hordaland hadde vore organisert fleire propagandalag i løpet av 1971. Kjeldene fortel ikkje kor utbreidd ordninga var i resten av landet, men det er ingen tvil om at tiltaket opphavleg har vorte sett i gang frå den sentrale leiinga i ml-rørsla. I *EKE-Vestlandet* nr. 3, s. 7, vart det fortalt at MLG ved Sigurd Allern mai/juni 1972 hadde sendt ut invitasjonar om å bli med i kommunistiske støttelag (propagandalag). I tillegg til propagandalag praktiserte MLG i ei tid ei ordning med støttemedlemskap.

nokre titals til eit propagandalag, som hadde nær kontakt med SUF (ml)-laget på Filosofisk institutt, leidd av trønderen Arne Overrein. I løpet av studiesirklane vinteren 1971/72 vart det i propagandalaget reist så mange innvendingar mot ml-rørsla sitt politiske og teoretiske grunnlag at dei som var med i propagandalaget ikkje umiddelbart søkte om medlemskap i den organiserte ml-rørsla, slik vanleg var. I staden heldt dei fram som uorganiserte sympatisørar i propagandalaget.

4.2 Hans Ebbing: ”Stalinisme”

I februar 1972 forfatta den leiande personen i dette miljøet, filosofilæraren Hans Ebbing, ein 27 sider lang stensil med tittelen “Sekterismen og den teoretiske kampens nødvendighet”. Ebbing sin kritikk, som var meint for internt ordskifte i ml-rørsla, råka nesten alle sider ved det ml-leiarskapen rekna som korrekt marxisme-leninisme.

Hovudankepunktet i Ebbing sin kritikk var det han meinte var *monopolisering* og *nedvurdering* av det teoretiske arbeidet i og rundt ml-rørsla. Teoretisk arbeid var gjort til forvalting av ålmenne sanningar og reservert for personar med “full tiltro til hva angår spørsmålet om å ha de ‘helt riktige ideene’ og det ‘helt riktige klassestandpunktet’”, hevda Ebbing. Den teoretiske kampen burde ikkje vera reservert for særleg fortrulige personar, men måtte angå alle.[208] Ebbing meinte årsaka til den anti-teoretiske utviklinga i ml-rørsla var ei for snever forståing av kva ”praksis” var. Som vi såg i kapittel 2, var det å *gjera noko*, ikkje berre prata, vorte noko av eit imperativ i SUF. Men Ebbing hevda dei hadde misforstått Mao: ”Praksis hos Mao, hos Marx og hos Lenin er *helheten av den økonomiske, politiske og vitenskapelige kampen*, av alle del-aktivitetene. Å identifisere praksis umiddelbart med *én* eller noen av disse aktivitetene er sekterisme”.[209] Ifølgje Ebbing var det ikkje slik at praksis *viste* sanninga og såleis skapte ei rett eller sann oppfatning av verda: Både feilaktige og riktige tankar kom frå praksis. Difor trong ein teoretisk arbeid, for slik å trengja gjennom og analysera røynslene og ideane sine.[210]

Eit døme på kva konsekvensar ml-arane sitt (for) djupe skilje mellom teoretisk og praktisk medvit kunne få, meinte Ebbing å finna i ml-rørsla sitt syn på det såkalla “klassestandpunktet”. Spørsmålet om å ta standpunkt “for” arbeidarklassen, var i ml-rørsla gjort

[208] Hans Ebbing, “Sekterismen og den teoretiske kampens nødvendighet”, kopiert hefte, datert februar 1972, BKP, s. 4. Heretter: Ebbing, “Sekterismen...”. Ebbing vedgjekk at sume både hadde betre høve og evne til teoretisk arbeid, men dette endra ikkje på naudsynet av å involvera heile medlemsmassen i teoretisk verksemd. Ebbing la ikkje skjul på at han meinte dei som til då hadde hatt monopol på det teoretiske arbeidet på ingen måte var spesielt godt eigna til det.
[209] Ebbing, “Sekterismen...”, s. 4 (org. uth.).
[210] Ebbing, “Sekterismen...”, s. 5−6.

til eit teologisk spørsmål, "unndratt teoretisk begrunnelse *i siste instans*", hevda han.[211] Dimed vart det å ha "rett" klassestandpunkt eit individuelt, subjektivt og etisk spørsmål, ikkje spørsmål om teoretisk og politisk standpunkt. Denne teologiske haldninga gjorde at ei rad uløyste og vanskelege teoretiske spørsmål kunne skyvast under bordet, meinte Ebbing. Til dømes vart det såkalla "spørsmålet om Stalin", vurderinga om Josef Stalin var ein stor revolusjonær eller ikkje, av ml-leiinga gjort til eit spørsmål om å ha proletært klassestandpunkt, i staden for gjenstand for teoretisk og fritt ordskifte.[212] Resultatet av nedprioriteringa av den teoretiske kampen var i følgje Ebbing at ml-rørsla utvikla "byråkratisk sekterisme, eller det som vanligvis kalles 'stalinisme'". Døme på dette fann han i at indre ml-organ og *Klassekampen* var "teoretisk 'døde', det vil si: renset for diskusjoner om *problemer*, diskusjoner som ikke har svaret ferdig på forhånd".[213] Hans Ebbing sin kritikk sette slik grunnleggjande sanningar i SUF (ml) sitt maoistiske univers på prøve. Eit år før det nye kommunistpartiet skulle bli skipa oppmoda Ebbing i røynda til ein kraftig revisjon av den ideologiske kursen.

Sjølv om kritikken kom frå eit lite miljø, må han umiddelbart ha gjeve den lokale ml-leiinga ein del hovudbry. Statusen som sympatisørar gav miljøet i propagandalaget legitimitet og ein viss autoritet til å meina noko i "ml-spørsmål". Samstundes var dei ikkje underlagte den strenge forma for demokratisk sentralisme som ml-organisasjonane praktiserte. Dimed kunne dei framføra fundamental ideologisk kritikk utan å bli sensurerte. Ebbing formulerte seg dessutan i eit maoistisk og leninistisk språk. Dette, saman med at kritikken alt hadde fått ein viss oppslutnad i SUF (ml) sitt lag på Filosofisk institutt, gjorde at Ebbing *måtte* bli teken på alvor. Nokre månader seinare vart difor Hans Ebbing invitert til å innleia på sumarleiren til MLG på Vestlandet. Like før sumarleiren kom òg endeleg ml-rørsla sitt autoriserte svar til Ebbing.[214]

---

[211] Ebbing, "Sekterismen...", s. 21 (org. uth.).
[212] Ebbing, "Sekterismen...", s. 16.
[213] Ebbing, "Sekterismen...", s. 15. På same måte meinte Ebbing diskusjonsrørsla med MLF året før hadde vore: Leiinga hadde på byråkratisk vis lagt fasit på førehand, og bad deretter medlemmene gjennom *Enhet-Kritikk-Enhet* ta stilling til fordummande spørsmål som "[t]jener det arbeiderklassen – *eller* er det ikke i dens interesser – at alle ml-ere styrker kraftig det praktiske og organisatoriske samarbeidet seg i mellom?". "Gjett!!!" spurde Ebbing (Ebbing, "Sekterismen...", s. 14 [org. uth.]).
[214] Som det går fram nedanfor, vart den påfølgjande striden med miljøet kring Ebbing og Overrein i all hovudsak ført lokalt, på Vestlandet og særleg i Bergen. Det var såleis mest SK-medlemmer i MLG på Vestlandet som i det daglege leidde an i kritikken av denne opposisjonsrørsla. Det er likevel ikkje tvil om at den sentrale leiinga i MLG og SUF (ml) var fullt informert og diskuterte strategien med dei lokale leiarane. Fleire frå sentralleiinga deltok på sumarleiren på Herdla juli 1972, og har truleg diskutert strategien med å føra striden over i same spor ("Enhet-Kritikk-Enhet-ordskifte") som med MLF året før. Arne Overrein fortel at ein representant frå SUF (ml), Hilde Haugsgjerd, kom frå Oslo til Bergen i 1972 for å diskutera usemjene i studentlaget. Seinare, då ordskiftet i *EKE-Vestlandet* hadde gått ei stund, var Tron Øgrim over fjella på vegner av MLG. Øgrim hadde møte både med dei lokale ml-leiarane og Arne Overrein frå opposisjonen (intervju med Arne Overrein, 19. november 2003).

4.3 MLG og SUF (ml): ”Idealisme”

I MLG og SUF (ml) sitt 35 sider lange svar, datert juli 1972, er det tydeleg at taktikken var å dra ei demarkasjonsline mot Hans Ebbing. Innleiingsvis heitte det at: ”Motsigelsene mellom Ebbing og oss går på sentrale politiske, teoretiske og organisatoriske spørsmål. Dersom ikke disse blir løst, vil det kunne legge grunnlaget for *to forskjellige politiske retninger* innenfor den kommunistiske bevegelsen.”[215] Sjølv om Ebbing hadde formulert seg innanfor ein maoistisk og leninistisk ortodoksi, var det openbert maktpåliggjande for leiinga å definera kritikken som eit fenomen *på sida* av ml-rørsla. Ebbing hadde i kritikken sin nytta *Enhet-Kritikk-Enhet*-rørsla som døme på det han kalla byråkratisk sentralisme. Filosofilæraren meinte ordskiftet med MLF var døme på at leiinga hadde sanningsmonopol, og at medlemmene vart servert ferdigtygde konklusjonar og liksom-ordskifte. Motsett Ebbing meinte ml-leiinga at EKE-rørsla nettopp var eit døme på korleis ideologiske og teoretiske usemjer *burde* bli løyst.[216] I staden skulda dei Ebbing for ”idealisme”.[217] Ebbing hadde kritisert ml-arane for “praktisisme”, og hevda at også teoretisk arbeid måtte reknast som sosial praksis. Ml-leiarane kunne ikkje vera meir usamde. “Motsigelsen mellom teori og praksis er grunnleggende,” hevda dei. Å blanda den praktiske sida saman med den ideologiske og teoretiske ville berre forvirra, “og dermed hjelpe borgerskapet”. I svaret vart det meir enn antyda at Ebbing si oppvurdering av teoretisk arbeid hang i hop med hans eigen sosiale posisjon (som filosofilærar): ”Da kan en innbille seg at en driver praksis mens en egentlig bare sitter hjemme i sitt studérkammer bøyd over et teoretisk arbeid, – og kanskje burde drive praksis!”[218]

4.4 Opposisjon i SUF (ml)-stud

Same månad som svaret frå MLG og SUF (ml) kom, deltok Hans Ebbing og andre i propagandalaget på MLG sin sumarleir på Herdla, utanfor Bergen.[219] Alle som trudde på rask semje mellom tilhengjarar og motstandarar av Ebbing-kritikken, må ha vorte skuffa. Tvert om blåste vinden sterkare enn på lenge, og det viste seg at tankane i “Sekterismen...” hadde fått ein

---

Striden i Bergen var oppe på fleire SK-møte (intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 [cd 3/3, 28.40]).

[215] “Svar på Hans Ebbings kritikk ‘Sekterismen og den teoretiske kampens nødvendighet’”, juli 1972, oppkopiert stensil, anonym forfattar, BKP, s. 7 (org. uth). Heretter: “Svar på Hans Ebbings kritikk”. Kristensen opplyser at forfattar var Oddmund Søilen (e-post frå Brigt Kristensen, 28. januar 2006).

[216] EKE-rørsla var ifølgje SUF(ml) og MLG ”den demokratiske sentralismen *på sitt beste*” (“Svar på Hans Ebbings kritikk”, s. 14 [org. uth.]). Som vi såg ovanfor, var dette ei sanning med modifikasjonar, men det er uklårt kor god kunnskap MLG-leiinga på Vestlandet hadde om den konspiratoriske sida ved EKE-ordskiftet. I SUF (ml)-laget på Filosofisk institutt satt derimot Kjell R. Soleim, som i si tid var medlem i “K-stud”, og som vi såg hadde fraksjonert på vegner av MLG-leiinga internt i MLF. Det er ikkje utenkjeleg at han alt på dette tidspunktet hadde ymta frampå til kameratane sine om at det demokratiske einskapsordskiftet hadde ei anna side enn den offisielle.

[217] “Svar på Hans Ebbings kritikk”, s. 22.

[218] “Svar på Hans Ebbings kritikk”, s. 32.

viss oppslutnad *internt* i SUF (ml) sitt studentlag, særleg i laget på Filosofisk institutt.[220] Ei sak var at det fanst kritikk av ml-rørsla i eit propagandalag ved universitetet, noko heilt anna at det òg ulma i dei indre rekkjene. Etter nokre månader med freistnad på felles ordskifte i bladet *Solrenning* etablerte ml-leiinga på Vestlandet difor, etter oppskrift frå striden med MLF, eit eige debattorgan for kampen med opposisjonen i studentlaget. "Enhet-Kritikk-Enhet – diskusjonsbulletin for ml-rørsla på Vestlandet" (heretter forkorta EKE-Vestlandet), skulle vera medlemsinternt og måtte bli lese av alle medlemmer i SUF (ml) og MLG på Vestlandet.[221]

Av sentrale spørsmål det fanst usemje kring, var særleg opposisjonen sin kritikk av stalinismen, meinte leiaren i første nummer av EKE-Vestlandet. Nesten like viktig var det at dei opposisjonelle kameratane meinte slike motsetnader kunne bli diskuterte ope, og at ml-arar burde få hevda ulike liner eksternt.[222] Ei oppteljing av innlegga i dei tre nummera viser at debatten nesten utelukkande kom til å dreia seg om det siste spørsmålet, nemleg tolking og praktisering av den demokratiske sentralismen. Ml-rørsla si positive vurdering av Stalin vart kritisert i fleire innlegg, men fekk liten respons.[223] Dei manglande svara kan tolkast som at mange framleis hadde problem med å godta Stalin som del av den maoistiske "pakka".[224] "Spørsmålet om Stalin" vart nok oppfatta som eit defensivt område, der ml-rørsla hadde lite å tena på å føra lengre ordskifte.[225] Då var det meir takknemleg å diskutera vedtekter, organisasjonspraksis og disiplin – eit område både medlemmene og leiinga, etter eit år med

---

[219] Sumarleiren fann stad 23.−30. juli 1972.

[220] *Solrenning*, leiravisa på Herdla, kom ut med fleire nummer også etter juli 1972, som felles ordskifteblad mellom MLG og sympatisørar. I oppsummeringsnummeret etter leiren vart det referert både frå plenumsordskifta og veggavisdebattane på sumarleiren (*Solrenning*, "oppsummeringsnr.", udatert, truleg august/september 1972, BKP). Desse viser at det fanst ein opposisjon på leiren både i spørsmålet om den nasjonale sjølvråderetten og vurderinga av bøndene og fiskarane sin klassekarakter. Som vi såg ovanfor, var dette òg argument som MLF hadde ført fram i EKE-ordskiftet i 1971. Det hadde alt før sumarleiren gått ordskifte i SUF (ml)-stud sitt internblad om delar av kritikken frå Ebbing, jf. Arne Overrein sitt innlegg i *EKE-Vestlandet* nr. 1, s. 4−6, datert mai 1972.

[221] *EKE-Vestlandet*, 1/1972, s. 2. I alt kom det truleg ikkje fleire enn tre nummer av *EKE-Vestlandet*: nr. 1 truleg i november 1972, nr. 2 i midten av desember 1972 og nr. 3 i februar 1973.

[222] *EKE-Vestlandet*, 1/1972, s. 2. I tillegg var det usemjer om EEC-argumentasjon og interessekamp mellom studentane. Desse spørsmåla var likevel ein svært liten del av innlegga i *EKE-Vestlandet*.

[223] I spørsmålet om ml-rørsla si vurdering av Josef Stalin var det fem innlegg som kritiserte ml-rørsla si rådande line (eitt i nr. 1, eitt i nr. 2, tre i nr. 3) og berre to som svarte på kritikken (eitt i nr. 2, eitt i nr. 3). I spørsmålet om ml-rørsla si tolking og praktisering av den demokratiske sentralismen var det ti innlegg som kritiserte den rådande lina i ml-rørsla (to i nr. 1, tre i nr. 2, fem i nr. 3) og ni som forsvarte MLG og SUF (ml) si haldning (eitt i nr. 1, fem i nr. 2, tre i nr. 3). Til saman utgjorde dei tre *EKE-Vestlandet*-nummera 126 sider.

[224] I ei vidgjeten formulering hadde Mao uttala at Stalin var "70 prosent bra og 30 prosent dårleg". Hovudsida ved Stalin var altså bra, og dette var viktig, for berre slik kunne Mao framstilla seg sjølv som legitim arvtakar av den korrekte marxismen-leninismen, i opposisjon til dei sovjetiske leiarane etter Stalin. Difor "marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking" og ikkje berre "maoisme".

[225] Hausten 1972 vart det halde debattmøte om Stalin i fleire studentersamfunn, truleg som eit resultat av vedvarande kritikk frå venstreopposisjonelle utanfor ml-rørsla. I Bergen, som vi skal sjå nedanfor, var tittelen "Stalin – en stor revolusjonær?". I Oslo vart spørjeteiknet erstatta av eit utropsteikn. Mange har vitna om korleis Stalin vart oppfatta som ein naudsynt, men ikkje særleg populær del av den ml-ske "pakka". I den grad spørsmålet hadde offensiv karakter for ml-rørsla var det nok internt, som ei lojalitetserklæring, eller det Knutsen har kalla "syretest", jf. Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 156.

MLF-strid, kjende seg meir enn trygge i.

Lenin hadde lært ungmaoistane at kommunistpartiet skulle vera arbeidarklassens fortropp: Dei som gjennom vitskaplege analysar kom fram til korrekte liner for proletariatet sin kamp. Sentralt i denne læra stod prinsippet om demokratisk sentralisme. Det skulle tyda frie ordskifte internt (demokrati), deretter vedtak og ei påfølgjande monolittisk og einskapleg line utetter (sentralisme).[226] I studentlaget til SUF (ml) hadde det alt i fleire månader vore klårt at to ulike tolkingar av prinsippet om demokratisk sentralisme stod mot einannan. I EKE-Vestlandet nr. 1 hevda Arne Overrein at "prinsippet om demokratisk sentralisme betyr ikke at ikke *prinsipielle spørsmål* kan diskuteres i full offentlighet. [...] Åpen diskusjon, der massene får presentert motsigelsene, er den sikreste metoden for å utvikle riktige teorier og politiske linjer."[227] Med tilvisningar til Lenin meinte Overrein at kravet om einskap utetter i hovudsak burde gjelda kollektive handlingar, særleg aksjonar. På det ideologiske området måtte det vera rom for fleire syn på eit spørsmål. Opposisjonen identifiserte ei tolking som også underla teoretiske ordskifte parti-sentralisme, med Stalin sin demokratiske sentralisme. Overrein meinte årsaka til at ein del ønskte ein meir rigid sentralisme kom av at dei ikkje innsåg at det kunne oppstå til dels djupe motseiingar mellom folk som alle tok utgangspunkt i marxismen-leninismen.[228] Mot Arne Overrein og filosofilaget si liberale tolking av den demokratiske sentralismen vart det hevda at også prinsipielle og ideologiske spørsmål måtte vera underlagt krav om sentralisme og einskap utetter. "Frihet til kritikk" ville ifølgje "Halvard" innebera fare for tryggleiken; "spre forvirring i de progressive massene"; føra til "svekkelse av demokratiet i organisasjonen" og "umuliggjør[e] en vitenskapelig oppdragelse av massene gjennom en enhetlig revolusjonær teori".[229]

I ei rørsle der korrekt ideologi og teori spelte ei viktig rolle, var det berre eit tidsspørsmål

---

[226] Per Lorentzen har i si bok *Leninismen og partidemokratiet* vist korleis demokratisk sentralisme opphavleg var eit knippe tvitydige og lite konkretiserte reglar for det interne partilivet i bolsjevikpartiet, og har poengtert at Lenin la vekt på dei demokratiske eller sentralistiske sidene avhengig av endringar i den politiske situasjonen. Først etter at Sovjet vart eit eittpartidiktatur kring 1921−22 (etter borgarkrigen), fekk demokratisk sentralisme ei meir fasttømra tyding, særleg etter SUKP sin 10. partikongress i 1921, der det vart vedteke forbod mot tendensar og fraksjonar i partiet. Lorentzen viser korleis dette forbodet var eit midlertidig tiltak, men vart gjort til leninistisk ortodoksi av Stalin i åra som følgde (Per Lorentzen, *Leninismen og partidemokratiet. En drøfting av begrepet demokratisk sentralisme og det interne demokratiet i bolsjevikpartiet*, Arbeidermaktgruppa i Oslo, Oslo 1990, s. 116−156). "Dei monolittiske" i SUF (ml)/MLG tolka i praksis demokratisk sentralisme i si stalinistiske tyding.

[227] Trykt i *EKE-Vestlandet*, 1/1972, datert 24/5−72 (innlegget hadde tidlegare stått i SUF (ml)-stud sitt internblad), signert "a.o", s. 5 (org. uth.).

[228] *EKE-Vestlandet*, 2/1972, datert 1/12−72, signert "a.o", s. 17. Lina som Overrein formulerte i desse to første nummera av *EKE-Vestlandet* var i all hovudsak sams for dei i alt ti innlegga som kom frå miljøet rundt "Filosofi-laget".

[229] *EKE-Vestlandet*, 1/1972, s. 8−11. Ingen av dei andre lojale innlegga i *EKE-Vestlandet* skilde seg stort frå "Halvard" si tolking av den demokratiske sentralismen, men dreidde seg i hovudsak om dei konkrete stridsspørsmåla som oppstod rundt verksemda og statusen til det som snart vart heitande "Opposisjonsgruppa på Filosofi".

før slike usemjer òg ville få konsekvensar. Ordskiftet i EKE-Vestlandet fekk difor raskt ein slags metakarakter: Opposisjonen la fram ein ideologisk og teoretisk kritikk av stalinismen, men måtte samstundes underleggja seg den same stalinismen dei kritiserte. Eit tydeleg prov på kva denne knipetang-situasjonen ville seia i praksis fekk dei opposisjonelle då "det overveldende flertallet" i SUF (ml)-stud ei veke før eit tillyst møte om Stalin i studentersamfunnet meinte at opposisjonen ikkje skulle ha høve til å framføra innlegg mot MLG sin innleiar.[230] Kritikarane protesterte, og meinte det var eit brot med Lenin å krevja sentralisme når det fanst store ideologiske usemjer mellom marxistar. På debattmøtet i studentersamfunnet 27. oktober 1972 innleidde Brigt Kristensen frå MLG og Trond Spurkland frå propagandalaget. Frå talarstolen vart det hevda at det råda diktatoriske tilstander i SUF (ml), og at det var lagt ned munnkorg for dei med eit avvikande syn på Stalin.[231] Overrein og dei andre opposisjonelle i SUF (ml)-stud heldt lojalt munn. I staden fann dei trøyst i å applaudera på "feil" stader i ordskiftet (noko dei leiingslojale i SUF (ml) ikkje lét stå ukommentert).[232]

4.5 Opposisjonen organiserer seg

I oktober 1972, same månad som studentersamfunnet diskuterte Stalin, opposisjonen i SUF (ml) hadde fått munnkorg og like før EKE-Vestlandet vart sett i gang, forfatta Ebbing ein ny stensil. "Sosialismen fra vitenskap til sitatdyrkelse" var Ebbing sitt 37 sider lange svar på MLG og SUF (ml)-leiinga sin respons tre månader tidlegare. Ebbing gjentok der kritikken sin av det han meinte var ml-rørsla sitt låge teoretiske nivå. Men no var det først og fremst *ramma* rundt Ebbing sin nye kritikk som fekk mest merksemd. "Sosialismen..." vart gjeve ut om lag samstundes som det interne EKE-Vestlandet vart sett i gang, og det var tydeleg at Ebbing nekta å overlata striden til dei indre gemakka i SUF (ml). I tråd med den ikkje-stalinistiske tolkinga av demokratisk sentralisme ville Ebbing ha "frihet til kritikk".[233] I sluttordet sleppte Ebbing katta

[230] I *EKE-Vestlandet*, 1/1972 går det fram at det på eit "Stalin-seminar" i SUF (ml)-stud, ei veke før det opne møtet i studentersamfunnet, vart diskutert korleis ml-arane skulle stilla seg i ordskiftet ettersom det var usemje i laget i spørsmålet om Stalin. Ifølgje "Halvard" var det der kritikarar som hevda at dei ikkje kunne garantera at dei ikkje ville snakka mot MLG sin innleiar. Desse hadde etter "Halvard" "det overveldende flertallet mot seg" (*EKE-Vestlandet,* 1/1972, s. 18). Eit innlegg frå opposisjonen i same nummer refererte til same møte, og formulerte det til at "alle som har et syn på Stalin-spørsmålet som avviker fra det offisielle ml-synet, må holde kjeft i debatten i Samfunnet den 27.10. Dette vedtaket er etter min oppfatning av hva dem. sentr. er helt absurd, men helt i tråd med tradisjonen i den norske ml-bevegelsen" (*EKE-Vestlandet*, 1/1972, s. 23, signert "K.A"). Trass usemje var altså båe sider samde om at eit fleirtal på møtet i SUF (ml)-stud hadde meint at kritikarane ikkje skulle uttala seg mot MLG sin innleiar på møtet 27. oktober 1972.

[231] "Halvard" refererer i *EKE-Vestlandet,* 1/1972, s. 18 at Knut Ågotnes kritiserte ml-rørsla og informerte om munnkorga.

[232] Episoden fekk eit etterspel: "Halvard" spurde i eit innlegg i *EKE-Vestlandet*: "mener du [Arne Overrein] at det tjente organisasjonen at du og endel [sic] andre klappet demonstrativt?" (*EKE-Vestlandet*, 1/1972, s. 18).

[233] Hans Ebbing, "Sosialismen fra vitenskap til sitatdyrkelse", oppkopiert stensil, datert oktober 1972, BKP. Heretter: Ebbing, "Sosialismen fra vitenskap til sitatdyrkelse". Ebbing gjorde deretter noko så uhøyrd som å leggja

ut or sekken då han oppmoda om at "de gode kreftene (må) tilstrebe en enhetlig opptreden".[234]

Om Ebbing i det førre skrivet hadde oppmoda om ein intern kulturrevolusjon, var dette ei open krigserklæring.[235] På dette tidspunktet, oktober-november 1972, var det openbert at Ebbing og propagandalaget handla i ei viss samforstand med Overrein og opposisjonen i SUF (ml)-stud. På lagsmøte i propagandalaget 25. november 1972 vedtok ein, med SUF (ml)-stud sitt lag på Filosofisk institutt til stades, at sympatisørlaget skulle få ei fastare form, med oftare møte. Ambisjonen var å vera ei pressgruppe i høve til ml-rørsla. Dei organiserte SUF (ml)-arane røysta for opprettinga, men presiserte at dei ikkje kunne underleggja seg vedtak i laget. Slik var ikkje deltakinga i opposisjonsgruppa noko brot på ml-rørsla sin demokratiske sentralisme, mente dei.[236] Dét var ikkje ml-leiinga samd i.

4.6 Brotet

Det ser ut som ml-leiinga sin kontroll på opposisjonen auka proporsjonalt med at temperaturen (mot juletider 1972) steig og frontane vart steilare. Årsaka var truleg at ei opptrapping av konflikten kravde at opposisjonen gjekk ut over det stalinistiske rammeverket dei ønskte å endra, og at leiinga dermed fekk eit moralsk og organisatorisk overtak. (Overrein vedgår t.d. i dag at han fraksjonerte med Ebbing under striden.[237]) Leiinga sin strategi i månadene som kom handla mykje om å utnytta dette, og i november-desember 1972 og januar 1973 retta dei ein serie med organisatoriske tiltak mot opposisjonen.

Det første tiltaket etter november-møtet var å leggja ned "Opposisjonsgruppa på Filosofisk institutt", som den nye organiseringa rundt propagandalaget vart kalla. Vidare arbeid i opposisjonsgruppa ville vera umogleg å sameina med medlemskap i SUF (ml), vart ein fortald.[238] Samstundes vart medlemmene òg informerte om at eit samrøystes medlemsmøte i MLG ved Universitetet i Bergen 27. november 1972, altså to dagar etter møtet i propagandalaget, hadde vedteke å avslå Overrein sin søknad om opptak til MLG.[239] Dei opposisjonelle i SUF (ml) hevda hardnakka at dei med samarbeidet med kritikarane i

---

stensilen sin ut for sal frå kontoret sitt på Filosofisk institutt. Deretter sendte han den vidare til tidsskriftet *Kontrast*. *Kontrast* var nært knytt til SF og distanserte seg kraftig frå ml-rørsla utover 1970-talet.

[234] Ebbing, "Sosialismen fra vitenskap til sitatdyrkelse", s. 37.

[235] MLG ønskte heller ikkje å svara på Ebbing sitt "Sosialismen fra vitenskap til sitatdyrkelse". Også i andre samanhengar i oktober-november 1972 søkte Ebbing og andre medlemmer i propagandalaget å auka presset på ml-rørsla. I ordskiftet i Stalin-debatten på studentersamfunnet har vi sett at Knut Ågotnes frå propagandalaget kritiserte munnkorga SUF (ml)-medlemmene hadde fått før ordskiftet. I dagane etter førte Ebbing eit aggressivt veggavisordskifte med MLG på Universitetet i Bergen (ordskiftet vart referert i *EKE-Vestlandet*, 2/1972, s. 25−28).

[236] *EKE-Vestlandet*, 2/1972, s. 7.

[237] Intervju med Arne Overrein, 19. november 2003.

[238] *EKE-Vestlandet*, 2/1972, s. 4.

propagandalaget ikkje braut den demokratiske sentralismen. Men medan opposisjonen hadde hatt ein slags offensiv posisjon i kritikken av Stalin, var ortodoksien rundt demokratisk sentralisme og kravet om monolittisk einskap no vorten så sterk at opposisjonen raskt kom på defensiven.

Striden i Bergen starta med Hans Ebbing. Også i finalen skulle Ebbing sin person stå sentralt. Propagandalaget var som nemnd ikkje underlagt ml-rørsla sin demokratiske sentralisme. Som sympatisørar var dei likevel forventa å ha ein viss lojalitet til ml-organisasjonane. Denne lojaliteten hadde Ebbing brote då han gjekk offentleg ut med kritikken sin, meinte den lokale ml-leiinga. I desember 1972 gjorde distriktsutvalet i MLG vedtak om at Ebbing ikkje lenger var å rekna som sympatisør av ml-rørsla.[240] Reaksjonen frå propagandalaget kom over årsskiftet. "Vi ser på vedtaket som eit forsøk på med reint organisatoriske middel å isolera ein av dei som skarpast har kritisert den organiserte delen av m-l-rørsla for byråkratisk sentralistiske tendensar," vedtok laget på møte 22. januar 1973. Om ikkje MLG gjorde om vedtaket, var det klårt at medlemmene i propagandalaget ville melda seg ut.[241] Men alle må ha forstått at vedtaket var endeleg. Hans Ebbing *skulle* ikkje vera med i ml-rørsla.

12. februar 1973, nokre få dagar etter at det nye kommunistpartiet AKP (ml) vart offentleggjort, gjekk medlemmene i propagandalaget og ni medlemmer frå SUF (ml)-stud, mellom andre Arne Overrein, ut av ml-rørsla.[242] Ei stund etterpå gjekk ytterlegare ti medlemmer frå SUF (ml)-stud ut. Saman danna dei Kommunistisk Arbeidsgruppe i Bergen (KAG/B). Nok ein konkurrent til Bryn/Hellerud-hegemoniet var ute av dansen, forvist til ei radikal smågruppe, eller ei "sveitsisk bygd", denne gongen i Bergen.

5. Oppsummering

I dette kapittelet har eg skildra korleis leiarskapen i SUF (ml) og MLG takla to tilfelle av opposisjon i den kritiske prosessen mot skipinga av eit nytt kommunistparti. Det var viktige politiske usemjer til stades, både i konflikten med Hovden sitt MLF og Ebbing og Overrein i Bergen (m.a. ulik vurdering av EEC-kampen, synet på bøndene og småborgarskapen). Men eg har halde fram andre aspekt som meir grunnleggjande i konfrontasjonane: Hovden si vegring mot rask satsing på eit ml-parti, utan naudsynt støtte i arbeidarklassen, utfordra i praksis heile

[239] *EKE-Vestlandet,* 2/1972, s. 21.
[240] *EKE-Vestlandet,* (3) 1/1973, s. 4.
[241] *EKE-Vestlandet,* (3) 1/1973, s. 8−9.
[242] Dette er dateringa for Arne Overrein sitt 34 sider lange utmeldingsbrev (Arne Overrein, "Ved en skillevei. En venstreopposisjonell legger fram sin kritikk av MLG og SUF (ml)", datert 12. februar 1973, BKP).

den avantgardistiske strategien til SUF/MLG-leiinga. Ebbing/Overrein sin kritikk av stalinisme og demokratisk sentralisme utfordra ideen om at dei fleste teoretisk-ideologiske spørsmål var ”løyst” i Mao Zedong si tenking. I ei stode der ein skulle integrera flest mogleg kring ein felles plattform for eit nytt ml-parti var dette potensielt katastrofale tankar. Ikkje minst var dei som førte dei fram (Hovden og Ebbing) eigenrådige personlegdomar som lite truleg ville underleggja seg ”kjernen” sitt hegemoni.

I motsetnad til KFML i Sverige har vi sett at den norske ml-leiinga tidleg makta å ta kontroll over den ideologiske integreringsprosessen, og i praksis utmanøvrerte dei opposisjonelle tendensane. Både striden med Hovden sitt MLF og Ebbing/Overrein i Bergen vart underlagt ein felles maoistisk ”toline-diskurs” gjennom *Enhet-Kritikk-Enhet*-rørslene. Slik kontrollerte leiarskapen i SUF/MLG langt på veg spelereglane og rammene for stridane. Logikken vart fort: ”Med eller mot?”. Utfallet var, som vi har sett, ei kontrollert utskiljing av miljø som utfordra leiarskapen sitt ideologiske hegemoni.

4. "Oppgjeret med høgreavviket" 1975−1976

Frå Sigurd Allern til Pål Steigan

1. Innleiing

I førre kapittel såg vi korleis ml-leiinga fram mot partiskipinga februar 1973 takla to tilfelle av open ideologisk opposisjon. I dette kapittelet skal eg ta for meg det indre sjølvoppgjeret i ml-rørsla i åra 1975 og 1976, kalla "oppgjeret med høgreavviket".

"Oppgjeret" starta med at Tron Øgrim våren 1975, i dokumentet "Teser om høyreavviket", formulerte ein fundamental kritikk av partiet si ideologiske utvikling og praksis i åra 1972−1975. Heile ml-rørsla var råka av eit "moderne revisjonistisk avvik", meinte Øgrim, som raskt fekk med seg arbeidsutvalet og deretter sentralkomiteen på diagnosen. Seinsumaren 1975 trekte partiformann Sigurd Allern seg. Pål Steigan overtok leiarklubba. Men "oppgjeret med høgreavviket" var ikkje avslutta med Allern sin avgang. Hausten 1975 sette sentralkomiteen i gang ein omfattande korrigeringskampanje i heile rørsla. Kampanjen innebar ei ideologisk og politisk kursendring, men også sterk innstramming av det indre partilivet. På AKP (ml) sitt 2. landsmøte, oktober 1976, vart så den nye ortodoksien institusjonalisert i form av nye vedtekter, prinsipprogram og ein utreinska sentralkomité.

I dette kapittelet skal vi først sjå på bakgrunnen for, innhaldet i og handsaminga av dokumentet "Teser om høyreavviket". Deretter korleis "oppgjeret med høgreavviket" arta seg vidare fram til AKP (ml) sitt landsmøte i 1976. Eg vil særleg ha søkjelyset på korleis leiarskapen gjennom heile prosessen makta å halda oppe og til og med styrka den ideologiske og organisatoriske einskapen i rørsla.[243]

2. "Tesene"

"Teser om høyreavviket" innførte ein ny ideologisk og politisk ortodoksi i ml-rørsla. I kjølvatnet følgde enorme viljeshandlingar som proletariseringskampanjen, etableringa av *Klassekampen* som dagsavis og førebuing på krig. Nedanfor skal vi først sjå på bakgrunnen for vedtaket, deretter innhaldet og handsaminga "Tesene".

[243] Istad sin gjennomgang av denne perioden er grundig, men etter mi meining viser denne nokre av problema med å skriva "tradisjonell" politisk historie om AKP (ml): I for stor grad er det hjå Istad "rørsla" som skifter kurs i desse åra, og i den grad einskildaktørar sine val og vurderingar blir undersøkte, godtek han i stort sjølvoppfatninga deira, dvs. at oppgjeret er tolka som ein naudsynt korreksjon av eit mislukka forsøk på å vera venstresosialistisk reformparti (Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 106). Eg har difor gjort ein sjølvstendig gjennomgang av prosessen, med sikte på å få betre grep om kvifor delar av leiarskapen ønskte eit slikt lineskifte, og ikkje minst kvifor prosessen fekk ei slik "bolsjeviserande" form.

2.1 Bakgrunn

Sett i lys av dei stormfylte åra før partiskipinga, må den første tida etter 1973 ha vore eit stille og fredfylt farvatn. Partiet forlét den tidlegare lina med å boikotta parlamentariske val, det første landsmøtet forkynte at ein ønskte samarbeid med resten av venstresida og at ein ville vera "parti for vanlege folk". Men idyllen varte ikkje lenge. Finn Sjue, som då var redaktør i *Klassekampen* og var komen inn i partiet si øvste leiing, SKAU, fortel at det i leiinga i løpet av 1974 hadde oppstått ei kjensle av at det var i ferd med å gå gale.[244]

I ettertid er det naturleg å sjå uroa i samband med at overgangen frå "studentpolitikk" til "vaksenpolitikk" i røynda baud på omfattande problem. I 1971 hadde Steigan proklamert at breie lag av det arbeidande folket slutta opp om revolusjonære standpunkt, men etter fleire år utanfor fabrikkportane, med iherdig sal av *Klassekampen*, streikestøttearbeid og andre verveframstøytar, var dommen knusande: Den norske arbeidarklassen kom ikkje til AKP (ml). Ei sak var at sjølve språket og kulturen til dei norske ml-arane var framandgjerande i høve til dei fleste arbeidarar, men også ideologi og politikk var milevis unna det dei fleste ville kalla røyndomsorientert. I studentmiljøa var det mogleg å framstå som radikal ved å snakka om "papirtigrar", "masseline" og "proletariatets demokratiske diktatur". I det norske arbeidslivet skapte slik ordbruksradikalisme truleg berre større avstand til dei ein ønskte å nå.

Eit handfast og klårt signal på problema hadde ein fått alt i partiet sitt første år. I forkant av stortingsvalet i 1973 hadde ein strekt seg langt for å få til valteknisk samarbeid med SF og NKP, men bitre SF-leiarar ville ikkje ha noko med ml-arane å gjera. Det heile enda i fiasko: AKP (ml) sin valfront Raud Valallianse (RV) fekk mindre enn 10 000 røyster, noko som var langt under det ein hadde vona på.[245]

Internt i SKAU utvikla det seg etter kvart ei meir og meir kritisk vurdering av valkampstrategien.[246] Ein ting var at valet hadde slått feil. Ein annan at det taktisk-politiske arbeidet med tingingar med andre venstresideparti hadde ført til det fleire oppfatta som ei utvatning av partiet sin eigenprofil og ei kritikklaus haldning til venstresosialdemokratiet. "Vi hang etter dei med tunga ut av halsen, og dei slo oss i hovudet og var ikkje interesserte," oppsummerer Øgrim.[247] Sjølv om heile leiinga var ansvarleg for valkampstrategien og

[244] Intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 (disk 1, spor 3, 18.23).
[245] Raud Valallianse stilte lister i 19 fylke og fekk til saman 9360 røyster. Det svara til 0,4 % oppslutnad og ingen stortingsrepresentantar.
[246] Finn Sjue meiner Tron Øgrim leidde an i kritikken (intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 [disk 1, spor 3, 13.38]).
[247] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 2, spor 3, 25.26). Dette er utsegn gjeve lang tid etterpå. Eg har ikkje funne skriftlege kjelder som kan stadfesta at Øgrim meinte dette då, like etter valet 1973. Kristensen trur ikkje Øgrim var den som leidde an i kritikken av vallinja i 1973, i alle fall ikkje før nokre månader var gått. Han meiner også at Steigan var like mykje på hogget for SV-lina som Allern. Då Kristensen hausten -73/våren -74 skreiv ein

tilnærmingslina til SF, var desse tydeleg prega av Allern sitt handlag og politikar-habitusen hans. Allern ville ikkje utan vidare godta kritikken.[248] I eit intervju i *Klassekampen*, trykt veka etter valet, framheva partiformannen framgangen for Sosialistisk Valgforbund som ei progressiv hending. Allern meinte RV hadde ført "en svært riktig politikk".[249] Men etter kvart sa også han seg samd i kritikken.

Dei kritiske oppsummeringane etter valet 1973 vart forsterka av at partiet i løpet av 1974 gradvis slutta seg til Kina si vurdering av at faren for ein tredje verdskrig var aukande, og at Sovjet var den mest aggressive supermakta. I samanheng med dette auka òg kritikken av dei såkalla moderne revisjonistpartia, som ein oppfatta anten stod i samband med Sovjet eller oppførte seg som nyttige idiotar for supermakta i aust.[250] Våren 1975 vart NKP og det nyskipa Sosialistisk Venstreparti (SV) rekna som "moderne revisjonistparti": parti som var samansvorne med Sovjet og såleis var ein dødsfiende av sosialismen. Mindre enn to år tidlegare hadde ein ønskt å stilla til val med dei.

Grunnleggjande problem knytt til partiet sitt politiske rom og strategiske plassering, klårast uttrykt i fiaskoen i stortingsvalet, danna såleis bakgrunn for ein aukande frustrasjon internt i leiinga i AKP (ml). Sjølv om politikken gradvis hadde vorte endra i tråd med ønsket om å skjerpa profilen, var det sume som meinte at ein ikkje kunne koma vidare om ein ikkje også oppsummerte kvifor partiet ikkje hadde svara til forventningane.

Då toppleiinga i AKP (ml) i midten av mars 1975 kom heim etter delegasjonsreiser til Albania og Kina, vart det heile sett på spissen. Allern hadde då vore i Kina saman med mellom andre Sverre Knutsen; Steigan og Øgrim hadde vore i Albania hjå Arbeidets parti (APA).[251] Allern merkte med ein gong at noko var gale. Nokon hadde snakka saman, og det var tydeleg

---

artikkel i *Sosialistisk Årbok* (under dekknamnet "Sverre Knutsen"!) og tok til orde for einskapsfront med revisjonistane, var det ingen som reagerte negativt (e-post frå Brigt Kristensen, 24. januar 2005).

[248] Intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 (disk 1, spor 3, 16.44). Også Istad refererer til misnøye med Allern i SKAU (Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 102).

[249] *Klassekampen*, 19.−25. april 1973, s. 6−7.

[250] I november 1974 hadde AKP (ml) på ein landskonferanse gjort eit omfattande vedtak om sosialimperialismen, gjeve ut i bokform året etter (*Sosialimperialismen i dag*, Oktober, Oslo 1975). På eit fellesmøte mellom nordiske ml-parti januar 1975 vart det gjort liknande vedtak. No heitte det at sosialimperialistane i Sovjet hadde aukande ambisjonar i Norden, og at kampen mot den moderne revisjonismen måtte bli styrka (*Røde Fane*, 1/1975, s. 20−26). Det var særleg Tron Øgrim som hadde arbeidd på norsk side med den nordiske konferansen. Øgrim var intervjua om konferansen i *Klassekampen*, 22.−28. januar 1975, s. 14.

[251] I tillegg hadde Vidar Vaade vore med til Albania og Ellen Pedersen til Kina. Båe satt i AKP (ml) sin SK 1973−76. Det er inkje som tyder på at Albania-delegasjonen mottok krav frå APA om ei innstramming av AKP (ml) si line, men at nordmennene kan ha late seg inspirera av albanarane, kan vi ikkje utelukka. APA var rekna som meir ortodokse marxist-leninistar enn KKP. Men den ekstreme forma for "oppgjer" som AKP (ml) gjennomførte, må etter mi meining likevel forklårast ut frå norske tilhøve. Dette ser også ut til å vera Istad si vurdering (Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 101−106). Tron Øgrim meiner Kina og Albania hadde lite med oppgjeret å gjera. Hans eigen person derimot, meiner han spelte inn: "Tesene om høgreavviket er veldig mykje meg. På godt og på vondt vis, vesentleg på vondt" (intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 [disk 2, spor 3, 22.29]).

kven dét var: "Øgrim-Steigan hadde ei definitiv misnøye til mi leiing av AKP, AKP si hovudline og mi evne til å stå i spissen for å korrigera noko som helst. Det merka eg umiddelbart," fortel Allern.[252]

2.2 Vedtaket

Kritikken skulle raskt bli systematisk formulert. På møte i SKAU om lag ein månad etter heimkoma, i april 1975, la Tron Øgrim fram eit dokument på 101 sider, med tittelen "Teser om høyreavviket". Dommen var knusande: AKP (ml) hadde ifølgje Øgrim utvikla eit omfattande "høgreavvik" som truga med å utsletta partiet som eit ekte marxist-leninistisk kommunistparti. Kritikken var usedvanleg skarp, men nemnde ingen som særleg ansvarlege. Dokumentet var forma som ein kollektiv sjølvkritikk, der alle hadde skuld. Dette kan ha vore medverkande til at arbeidsutvalet, inkludert Allern, raskt samla seg om analysen ,og at sentralkomiteen i AKP (ml) på sitt 7. plenum, mai 1975, vedtok "Teser om høyreavviket" (frå no omtala som "Tesene").[253] "Tesene" var *totale* i strengaste tyding av ordet. Absolutt alle område av partiet sin eksterne politikk, interne organisatoriske liner, ideologi og metode vart saumfare og kritiserte frå topp til botn. Vi skal no sjå nærare på dette dokumentet, ettersom det skulle danna sjølve grunnstammen i den nye ortodoksien som no vart innført i ml-rørsla.

Hovudpåstanden i det som no var vorten ein autorisert diagnose, var at heile ml-rørsla var råka av ei omfattande ideologisk utgliding: eit "høgreavvik". *Ideologisk* hadde avviket gjeve seg utslag i konsesjonar til den moderne revisjonismen; *politisk* som freistnader på samarbeid med revisjonistpartia "NKP" (som no berre vart omtala i hermeteikn) og SF/SV; *organisatorisk* i manglande plan for partibygginga, og slapp tryggleikspolitikk.

Årsaka til at "revisjonisme" var så farleg, var for det første at slik tenking var rekna som ein faktor som hindra arbeidarklassen i å gjera revolusjon.[254] Ifølgje "Tesene" var revisjonisme

[252] Intervju med Sigurd Allern, 4. august 2003 (disk 2, 10.16).

[253] "Teser om høyreavviket", vedteke på sentralkomiteen i AKP (ml) sitt 7. plenum, datert september 1975, BKP, opplyser at sentralkomiteen i AKP (ml) sitt 7. plenum var i mai 1975. Det er signert Arbeidsutvalet i AKP (ml) og dateringa (september 1975) fell truleg saman med den interne offentleggjeringa av formannsskiftet, vedteke på sentralkomiteen sitt 8. plenum. Heretter blir dokumentet referert som "Teser om høyreavviket". Dei første utkasta til dokumentet skilde seg truleg lite frå sentralkomiteen sitt vedtak i mai 1975. Ifølgje informantane som satt i SKAU på den tida (Øgrim, Knutsen, Allern, Sjue og Skjervø) var det ikkje omfattande usemjer rundt "Tesene", og endringane var truleg mest redaksjonelle. Ifølgje vedtaket på sentralkomiteen sitt 7. plenum skilde det endelege vedtaket seg ikkje stort frå det SKAU hadde sendt ut på førehand.

[254] "Revisjonisme" er eit gamalt utrykk i den marxistiske tradisjonen (opphavleg frå Karl Kautsky sin kritikk av Eduard Bernstein). Det var mynta på folk som ein meinte hadde gjort grunnleggjande og feilaktige revideringar av Karl Marx si lære, og slik forlate den vitskaplege marxismen. Med maoismen oppstod omgrepet "moderne revisjonisme", brukt om lina til den sovjetiske kommunisteliten etter Stalin. Ein moderne revisjonist var ein som omforma eller omtolka læra frå Marx, Engels, Lenin og Stalin, i strid med Mao Zedong sine vurderingar.

"klassefiendens *viktigste politiske redskap* […] til å hindre revolusjon i vår tid".[255] For det andre meinte ein at ei undervurdering av den moderne revisjonismen var "organisk forbundet" med nedvurderinga av sosialimperialismen og faren for eit sovjetisk åtak på Noreg.[256] Moderne revisjonistparti i Vesten stod direkte (NKP) eller indirekte (SV) saman med Sovjet. I apokalyptisk prosa vart eit større alvor pressa fram: "Avviket overfor sosialimperialismen er svangert med de største katastrofer, ikke bare for partiet, men for hele det arbeidende folket og den norske nasjonen." Revisjonistane var ikkje lenger berre agentar for borgarskapen, men òg "femtekollonister [sic]" og "potensielle quislinger ved et angrep".[257]

"Tesene" inneheldt ikkje berre ei ålmenn analyse av kva som stod på spel ved revisjonistisk lefling. Dokumentet gjekk òg systematisk gjennom alle område av partiet sin politikk og konkluderte med at absolutt alle felt var påverka. Særleg den faglege politikken, kvinnepolitikken og arbeidet med valet 1973 vart kritiserte for høgreavvik. Felles var at freistnader på å få til einskap med NKP og SV, anten det var i fagforeiningane, i Kvinnefronten eller i forkant av valkampen, hadde ført til ein "råtten borgfred" med revisjonistane.[258] Men avviket hadde også slått rot i partiet sitt indre liv, meinte "Tesene". I tida før partiet sitt første landsmøte i 1973 hadde AKP (ml), som ein freistnad på å rekruttera frå arbeidarklassen, utvikla ein parole om at ein ønskte å vera "eit parti for vanlege folk". Terskelen for å bli med skulle ikkje vera så høg at vanlege folk med born og arbeid ikkje orka å bli partimedlemmer, meinte ein.[259] I "Tesene" vart det slått fast at lina hadde feila, ein hadde ikkje rekruttert fleire frå arbeidarklassen, i tillegg at den "likviderer partimedlemmenes karakterer [sic] av *ledere*".[260] Medlemmene i AKP (ml) skulle tvert om vera *uvanlege*: dei mest aktive, interesserte og framskridne. Alt anna braut med kravet om at partiet skulle vera ein fortropp, stod det i "Tesene".[261] Parolen hadde i røynda fungert som:

> et signal som fikk alle slags råtne tendenser i partiet til å krype fram fra gjemmestedene og gå til angrep. Medlemmer med småborgerlige, liberalistiske trekk krevde 'rett' til å unnlate å utføre oppgaver de var pålagt fordi de skulle være 'vanlige folk'. Linja blei brukt som påskudd for å ignorere direktiver om aksjoner

[255] "Teser om høyreavviket", s. 10 (org. uth.).
[256] "Teser om høyreavviket", s. 13.
[257] "Teser om høyreavviket", s. 16.
[258] "Teser om høyreavviket", s. 26. Særleg AKP (ml) sitt første landsmøte vart kritisert for å ha lege under for høgreavviket. Beretninga var "et råttent, revisjonistisk dokument, som fungerte som en programmatisk sammenfatning av det revisjonistiske høyreavviket" ("Teser om høyreavviket", s. 68).
[259] Ifølgje Kjell Skjervø var det særleg Tron Øgrim og han sjølv som hadde utvikla denne lina (intervju med Kjell Skjervø, 28. oktober 2003 [disk 1, 58.50]).
[260] "Teser om høyreavviket", s. 44 (org. uth.).
[261] "Teser om høyreavviket", s. 45.

> [...] Dette viser at 'P[arti] for vanlig folk' var blitt utvikla til en plattform for å ignorere partiets vedtekter, til å bryte mot [sic] den demokratiske sentralismen.[262]

Også på ei rad andre område meinte "Tesene" at liberaliseringa av det indre partilivet hadde gått for langt. Studiearbeidet hadde vorte nedprioritert. Kadervurderingar var ikkje lenger rutine. Ekstreme sikkerheitsavvik hadde fått florera på grunnplanet.[263]

Både symptom (høgreavvik) og diagnose (revisjonisme) var altså identifisert i "Tesene". Men om nokon er sjuk, trengst det meir enn ein diagnose. Ein må skriva ut medisin, eller "vaksine" som sentralkomiteen kalla det.[264] I eit slikt vaksineringsarbeid stod det å finna *årsakene* til sjukdomen, eller smittekjeldene, sentralt. "Tesene" meinte å vita at avviket ikkje kunne bli forklåra med ytre faktorar, som at partiet i åra 1972−73 hadde vore ungt og urøynd og stått andsynes store politiske utfordringar som EEC-strid og stortingsval. Avviket måtte koma av "feil og råtne tendenser *på den indre fronten*". Og ettersom revisjonisme vart tolka som borgarskapen og sosialimperialismen sitt agentur i arbeidarklassen, måtte dét tyda at det stod ein kamp mellom desse *i* partiet: "Den interne kampen er en del av klassekampen – partikamp er klassekamp," hevda "Tesene".[265] Ml-leiarane tok difor berre sin eigen ideologi på alvor då dei nøye diskuterte på kva måtar borgarskapen kunne vera representert i partiet. Det låg føre fleire alternativ: Anten at borgarskapen var direkte representert i leiinga av partiet; eller at det fanst "bevisste agenter for fienden, skurker og karrierister"; kanskje borgarleggjorte arbeidararistokratar; eller "ærlige kamerater med gode motiver, men som sjøl blir narra".[266] Det var særleg den siste gruppa som var årsak til avviket, meinte "Tesene", sjølv om ein ikkje utelukka at medvitne agentar òg hadde vore delaktige.[267]

Det var særleg to årsaker som hadde leidd både leiing og medlemsmasse frå å ha gode motiv til indirekte å tena borgarskapen i ei rad partispørsmål. For det første mangla både leiing og medlemsmasse grundig nok marxist-leninistisk skulering, særleg i "klassikarane". For det andre var det var for mange småborgarlege element i partiet. Difor måtte ein styrka den indre ideologiske disiplinen og dei leninistiske partinormene. Og proletariseringskampanjen som

---

[262] "Teser om høyreavviket", s. 46.
[263] "Teser om høyreavviket", s. 48−51.
[264] "Teser om høyreavviket", s. 99. Som George Lakoff og Mark Johnson har vist, er metaforar sin essens å forstå og erfara éin ting gjennom ein annan (George Lakoff og Mark Johnson, *Hverdagslivets metaforer*, Pax, Oslo 2003, s. 9). I "Tesene" var ein metaforikk knytt til sjukdom og smitte gjennomført. Desse erfaringskategoriane konnoterte godt til den nye lukka partikulturen som no vart utvikla: Verda "der ute" (SV-arar, Ap-folk, norsk politikk) var skitten og ei potensiell smittekjelde. Difor måtte ein, som i eit laboratorium, halda partiet ("vitskapsmannen") og ideologien ("vitskapen"), rein. Ein "desinfiserte" (tok "oppgjer med høgreavviket") og isolerte (stramma inn dei leninistiske partinormene).
[265] "Teser om høyreavviket", s. 92 (org. uth.).
[266] "Teser om høyreavviket", s. 93.
[267] "Teser om høyreavviket", s. 99.

AKP (ml) hadde starta i løpet av 1974, skulle bli gira opp fleire hakk. Det var tid for å "utvikle kampen i hver enkelt kader sjøl".[268]

2.3 "Ein monolitt som svinga i takt"

"Teser om høyreavviket" vart samrøystes vedteke på sentralkomiteen sitt 7. plenum, mai 1975. Alle informantane som var til stades på plenumet (i alt ti) stadfester inntrykket av eit møte utan store kontroversar.[269] Kjersti Ericsson omtalar partileiinga på denne tida som "ein monolitt som svinga i takt".[270] Finn Sjue meiner det nesten var ein urovekkjande unison oppslutnad i SK.[271] Tron Øgrim hugsar at han meinte vedtaket var som å slå inn opne dører.[272] Korleis kunne ein så massiv kritikk bli omfemna av alle medlemmene i leiinga?

For det første var delar av kritikken overmoden. Som vi såg ovanfor, hadde partiet gjennom 1974 og første halvdel av 1975 gradvis endra politikk og vorte meir kritisk til sine eigne liner andsynes NKP og SF/SV.[273] På sume område, som i oppsummeringa av stortingsvalet 1973, hadde Øgrim berre sett ord på det mange hadde kjend i lengre tid. For det andre gjorde nok "Tesene" sin ålmenne karakter at det var lettare å slutta opp om kritikken. Konfliktnivået ville truleg ha vore høgare om personar som hadde stått for såkalla "høgreliner", hadde vorte nemnde med namn. Slik dokumentet var formulert, var høgreavviket noko alle hadde skuld i, noko både leiing og medlemmer var infisert av. For det tredje førte den maoistiske doktrinen om at usemjer spegla den evige kampen mellom borgarlege og proletære interesser, til ideologisk konformisme der ingen ønskte å skilja seg ut med avvikande standpunkt. Å reisa motførestellingar i dette tilfellet ville vera jamgodt med å flagga borgarskapen sine interesser i partiet. For det fjerde hadde ml-rørsla i lang tid dyrka fram "einskap" og (dimed) samrøystes vedtak som eit ideal i seg sjølv. I føreordet til "Tesene" heitte det såleis:

> "TESENE" blei vedtatt enstemmig av 7. plenum. Dette er et utrykk for styrken og enheten i partiledelsen, og for styrken og enheten i partiet. [...] Det viser at vi er

[268] "Teser om høyreavviket", s. 100.
[269] Informantar som var til stades på sentralkomiteen sitt 7. plenum var Sigurd Allern, Kjersti Ericsson, Sverre Knutsen, Brigt Kristensen, Tor Mostue, Finn Sjue, Kjell Skjervø, Helge Øgrim, Tron Øgrim og Wiggo Knudsen.
[270] Intervju med Kjersti Ericsson, 14. august 2003 (disk 1, 72.00).
[271] Intervju med Finn Sjue, 17. februar 2003 (disk 1, spor 3, 22.07).
[272] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 3, spor 1, 13.14).
[273] Kristensen, som satt i AKP (ml) sin sentralkomité i 1975, meiner "høgreavviket" alt var korrigert på det tidspunktet "Tesene" vart lansert, jf. Kristensen, "Demokratisk spydodd med materialbrest", s. 339. Kjersti Ericsson, som òg satt i AKP (ml) sin sentralkomité i 1975, er samd (intervju med Kjersti Ericsson, 14. august 2003 [disk 1, 73.10]).

> *Leninister*, for typisk for leninistene er nettopp at de ikke prøver å skjule eller bortforklare sine egne feil, men åpent og hensynsløst avslører dem.[274]

Innanfor ein maoistisk einskapsortodoksi var semja i sentralkomiteen heilt avgjerande; med denne intakt kunne ein oppsummera vedtaket som ein siger.

2.4 Frå Allern til Steigan

"Tesene" peikte altså ikkje ut namn på personar som var særleg ansvarlege for avviket. Ansvaret var kollektivt, og det hadde ikkje funnest etablerte fraksjonar eller systematiske delingar i SK, heitte det. Likevel var ikkje ansvaret heilt likt, sume hadde vore "mer åpent og kontinuerlig til høyre" og difor måtte "enkeltpersoner granskes og stilles til ansvar".[275] Både under og etter SK sitt 7. plenum vart særleg Allern si rolle diskutert, det var trass alt han som var den valde formannen og slik hadde det øvste ansvaret for avviket. Det var heller ingen tvil om at Allern heilt sidan SUF-tida på 60-talet hadde høyrd til ei sentrumsorientert retning mellom ungmaoistane, og han hadde vore sentral i utforminga av delar av folkefrontlina som no vart så skarpt kritisert. Ville han vera i stand til å leia partiet i den store korrigeringsrørsla som var på veg? Sjue fortel at fleire medlemmer i den inste leiinga alt før kritikken hadde vore oppe i SKAU uformelt hadde diskutert formannen si rolle og kva dei skulle gjera. Særleg Øgrim var aktiv i gangane.[276] Knutsen minnest det same, og seier "eg veit at Tron [Øgrim] etter kvart tok opp dette spørsmålet, om at her galdt det ikkje berre spørsmålet om å røyka ut idear, her var det også spørsmål om å setja søkjelyset på sjefen".[277]

På SK sitt 8. plenum, truleg seinsumaren august 1975, vart spørsmålet avgjort. Formannen annonserte der at han trekte seg. Det var truleg to hovudårsaker. For det første innsåg Allern at han ikkje kunne stå i spissen for eit oppgjer han ikkje slutta heilhjarta opp om. "Det var heilt openbert at ein grunnleggjande pragmatisk innstilt 'revolusjonist' som meg ikkje kunne stå i spissen for noko slikt," fortel Allern. For det andre var den potensielle støtta han kunne ha fått frå andre minimal. Dei som tradisjonelt hadde stått for liner som kunne bli stempla som "høgre," var mellom dei ivrigaste til å hiva seg på den nye lina, meiner han. Allern

[274] "Teser om høyreavviket", s. 1 (org. uth).
[275] "Teser om høyreavviket", s. 98.
[276] Intervju med Finn Sjue, 17. februar 2003 (disk 1, spor 3, 20.31). Øgrim fortel at han tok kontakt med Allern før møtet i sentralkomiteen og bad han trekkja seg (intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 [disk 3, spor 1, 15.16]). Vi bør leggja til at dette ikkje berre dreidde seg om politisk misnøye. Allern hadde etter partiskipinga gjort ferdig magistergraden sin i sosiologi og deretter vorte kalla inn til militærteneste 1973−74. Han mista dimed styringa med den daglege drifta av partiet. Sjue hugsar at han oppfatta at situasjonen var tøff og krevjande for Allern, og at formannen ofte framstod handlingslamma og med svak evne til å ta initiativ (intervju med Finn Sjue, 17. februar 2003 [disk 1, spor 3, 16.44]). Også Allern vektlegg at desse personlege hendingane ikkje styrka posisjonen hans internt (intervju med Sigurd Allern, 4. august 2003 [disk 2, 13.13]).
[277] Intervju med Sverre Knutsen, 16. oktober 2003 (disk 1, 69.38).

opplevde det som at personar han rekna som personlege vener, fall han i ryggen.[278]

På same SK-møte, etter lange ordskifte, vart Steigan vald til formann. Tidleg oktober 1975 var formannsskiftet offentleg. Då hadde alle medlemmer i AKP (ml), RU og NKS vorte munnleg informerte på hemmelege møte over heile landet.[279] Det var likevel klårt at striden på langt nær var ferdig med SK sitt vedtak: "[E]nnå trengs det en grundig oppsummering av høyreavviket i hele m-l-bevegelsen. I tida fram til neste landsmøte vil dette stå sentralt både i beretningsdiskusjoner og forslag til programrevisjoner. Vi skal styrke og herde partiet, 'bolsjevisere' det."[280]

Orda kom frå den nyvalde formannen Pål Steigan. I året som kom, gjorde korkje han eller resten av partileiinga skam på lovnaden.

3. "Oppgjeret"

Leiinga hadde altså vedteke ein knusande kritikk av viktige sider ved det partiet hadde meint og gjort dei fire siste åra. Men *medlemmene* hadde ikkje vore involverte, korkje i partiformannen sin avgang eller i utforminga av høgreavviksdiagnosen. På ein måte spelte SK såleis eit høgt spel: I røynda stod leiinga hausten 1975 andsynes utfordringa å vinna sine eigne medlemmer for ei line dei alt hadde vedteke og byrja å setja ut i livet.

Den påfølgjande tida ovra seg som ei altomfattande korrigeringskampanje. Når "oppgjeret med høgreavviket" eigentleg vart avslutta, er eit definisjonsspørsmål. Om vi ser tiltaka for å førebu partiet på krig i samband med oppgjeret, er det rimeleg å meina at perioden vara heilt fram til tidleg 1980-tal. Men etter SK sine to møte sumaren 1975 lyt ein likevel seia at *det kritiske punktet* i denne perioden var tida mellom Allern sin avgang i september 1975 og landsmøtet i oktober 1976, der den nye ortodoksien vart institusjonalisert i form av nye vedtekter, nytt prinsipprogram og ny sentralkomité. I resten av kapittelet skal eg fokusera på følgjande spørsmål: Korleis gjekk leiinga fram for å etablera den nye lina i organisasjonen? Og korleis makta leiarskapen å halda oppe og styrka den ideologiske og organisatoriske einskapen i prosessen, trass den harde kursendringa?

Nedanfor skal vi sjå korleis "Tesene" sitt fiendebilete gav leiarskapen ein effektiv reiskap for ny motivering og disiplinering av medlemmene. Vidare at praktisk omlegging av det

[278] Intervju med Sigurd Allern, 4. august 2003 (disk 2, 16.27−23.13). Likevel vart Allern verande, t.o.m. i den inste leiinga i sentralkomiteen og etter kvart som ny redaktør av *Klassekampen*. "Alternativet slik eg oppfatta det då var å gå i passivitet eller på lengre sikt å gå ut," minnest den avgåtte partiformannen.
[279] Steigan, *På den himmelske freds plass,* s. 211. Skorpen skriv, feilaktig, at oppgjeret og Allern sin avgang fann stad på partiet sitt landsmøte i november 1976 (Skorpen, *Maoisme på norsk og svensk,* s. 141).
[280] *Klassekampen*, 8.−14. oktober 1975, s. 10−11, baud på eit stort intervju med den avgåtte og påtroppande partiformannen.

indre partilivet, saman med partiet si nye legitimeringsforteljing, etter kvart skapte ein sterk einskap av teori og praksis, eller *krigsfrykt i ord og handling*. Saman med nokre vellukka organisatoriske grep frå leiinga si side i forkant av partiet sitt 2. landsmøte var grunnlaget lagt for at partiet samrøystes kunne slutta seg til den nye ortodoksien.

3.1 Frå utopi til dystopi

Vi har sett at alt før "Tesene" vart vedteke, hadde ml-rørsla slutta seg til Kina si line om faren for ein tredje verdskrig, med Sovjet som den mest aggressive stormakta. Etter vedtaket av "Tesene" og det påfølgjande formannsskiftet vart krigsretorikken trappa opp. I intervjuet med Allern og Steigan om offentleggjeringa av skiftet heitte det i *Klassekampen* at "[d]et blir mer og mer klart at vi lever i en førkrigsperiode hvor det er et tidsspørsmål når den tredje verdenskrigen bryter ut."[281]

I det symbolske universet som ml-arane orienterte seg i, vart trua på "Revolusjonen" no erstatta av "Krigen".[282] Og som så ofte før var slike ideologiske omleggingar Tron Øgrim sitt domene. 1. mai 1976 kunne Øgrim sjå ut over forsamlinga på AKP (ml) sitt festmøte og fortelja at alle no måtte vera klåre over at harde tider venta lenger framme. Krigen ville truleg koma, og:

> En sånn krig og okkupasjon vil bli jævlig hard. Mye verre enn nazistenes. Under nazistene blei ingen norsk storby teppebomba. Det var ingen hungersnød. De skaut ikke alle som var mistenkt for kommunist-sympatier. [...] Hvis nordmenna ikke vil forsvare seg, kan det gå med oss som med indianerne. Sosialimperialista kan sende 2 millioner nordmenn til Sibir og importere russere i stedet. [...] Våre 4 millioner er ei pølse i slaktetida.[283]

I 1976 var det nye fiendebiletet hovudemne på sumarleirane i både AKP (ml), RU og NKS.[284] I dei komande åra skulle *krigen* bli det overordna ideologiske temaet i partiarbeidet. Mao sine militærskrifter vart gjevne ut med plastomslag og perforerte sider, til bruk i felten. Partiet sette ned eige militærutval og tryggingsutval. Sumarleirar vart etter kvart arrangerte som tur- og vandreleirar.[285]

Men "Tesene" mobiliserte òg på eit indre frontavsnitt: Kampen mot sosialimperialismen

---

[281] *Klassekampen*, 8.−14. oktober 1975, s. 11.
[282] Vegen frå eit metaforisk univers der "Revolusjon" hadde hovudrolla til eit univers strukturert rundt "Krig", var ikkje lang. Store delar av det stalinistiske og maoistiske språket er gjennomgåande militarisert. Josef Stalin tala typisk om "vitskapsfronten", "kornfronten" osb. Sosiologen Robert Michels peikte alt i 1915 på at ettersom moderne politiske parti er kjempande organisasjonar, må dei orientera seg mykje i høve til taktikk, særleg har sosialistiske parti lånt mange termar frå militær vitskap (Michels, *Political Parties*, s. 46−48).
[283] Tron Øgrim, "Styrk AKP (ml), styrk banda til massene! Tale på AKP (ml)s festmøte i Oslo 1. mai 1976", *Røde Fane*, 3/1976, s. 41.
[284] *Klassekampen*, 15. juni 1976, s. 10−11.
[285] I 1977 starta *Klassekampen* eiga jakt- og fiskespalte, som m.a. i ein lengre serie kunne orientera lesarane om

og borgarskapen stod *i* partiet, mot revisjonisten i kvar einskild partimedlem. Proletariseringskampanjen, som partiet hadde starta alt i 1974, gjekk slik hand i hand med den nye legitimeringsforteljinga, og vart no langt meir systematisk og omfattande. For som "Tesene" hadde slått fast, var revisjonismen i partiet knytt til medlemmene sin småborgarlege karakter. Lina med "parti for vanlege folk" hadde uttrykt eit ønske om å få arbeidarklassen inn i partiet. Det hadde vist seg å vera mislukka. No skulle partiet ut til klassen; kanskje ikkje først og fremst for å frelsa arbeidsfolk, men for å frelsa seg sjølv. Ein måtte halda partiet "reint og raudt", fritt for småborgarleg revisjonisme.[286] Kanskje så mange som 1000 medlemmer av ml-rørsla gjekk ut i industrien i åra 1975−1977.[287]

Konstruksjonen av eit eksternt trugsmål (Sovjet) med ein intern medsamansvoren i partiet (Revisjonisten) gjorde kravet om einskap og personleg offer endå sterkare, i ei rørsle som frå før praktiserte sterke konformitetskrav.[288] Forteljinga om den komande storkrigen og proletariseringsrørsla gav no ny motivasjon i ei rørsle med medlemmer som hadde vakse ut av universiteta og inn i arbeid, familie og kvardagsliv.[289] "Tesene" gav partiet ein ny misjon: AKP (ml) var det einaste partiet som verkeleg tok krigsfaren på alvor, og som bygde ein stram organisasjon som kunne overleva ein krig, vart det no hevda. Den grunnleggjande avstanden mellom studentradikalarar og arbeidarklasse skulle overskridast gjennom ei maksimal satsing på den einskilde sin vilje til å "bli eitt" med klassen.

I sum mobiliserte forteljinga om den komande Sovjet-invasjonen ein konkret og trugande ytre fiende som ml-rørsla kunne samla seg om, og som motiverte til ekstra innsats og disiplin. Konstruksjonen av eit korresponderande indre fiendebilete gjorde i praksis vilkåra for politisk kritikk av forteljinga som "Tesene" målbar, nesten umogleg. Om ikkje ml-leiarane sjølve såg denne effekten, så hadde dei like fullt ein sans for å bruka det nye fiendebiletet for det det var verdt. Slik vart medlemmene stemt med eit nytt og djupare alvor. Sjølv om perioden

---

"haglgeværets konstruksjon" (*Klassekampen*, 3. august 1977, s. 9).

[286] Viljen til å la seg sjølvproletarisera vart no sjølve testen på "klassestandpunktet" til den einskilde, og også testen på om ein kjempa tilstrekkeleg mot høgreavviket. Ein av informantane, Gro Hagemann, fortel at eigen motvilje mot å proletarisera seg var mellom årsakene til at ho vart rekna som "høgre" under oppgjeret og såleis ikkje var ønskt til verv eller andre viktige partioppgåver. Ho var då åleinemor med eit lite barn og opplevde presset for å ta jobb på Freia som svært sterkt (intervju med Gro Hagemann, 26. august 2003 [disk 1, 24.33]).

[287] Det er vanskeleg å seia noko presist om kor mange som proletariserte seg. Jon Ivar Elstad reknar med at det kring 1977 kanskje var meir enn 1000 sjølvproletariserte ml-arar i arbeidarklasseyrke (Jon Ivar Elstad, "Arbeiderklassen tur/retur. (Ml)-bevegelsens sjølproletarisering", *Samtiden,* 3/2004, s. 27).

[288] Med "konstruksjon" meiner eg det ideologiske arbeidet leiarskapen gjorde med å overfokusera på ein ytre fiende, føresetja at denne fienden kom til å gå til åtak på Noreg og krinsa inn AKP (ml) som subjekt i ein komande motstandskamp. Som med alle ideologiske konstruksjonar var ikkje tankane tekne ut av det blå. Det kan vera lurt å minna seg på at krigsanalysen vart utvikla under den kalde krigen og få år før Sovjet invaderte Afghanistan.

[289] I tillegg gav krigsperspektivet fin ideologisk overbygnad for fritidsaktivitetar (jakt, skogs- og fjellturar) som i ungdommen nok hadde vore sett som både borgarlege og individualistiske. Også Istad har peikt på at "Tesene" gav AKP(m-l) ein "eksistensberettigelse" partiet mangla då det ville vera del av SV (Istad, *Politiske endringar i den*

1975−78 var tida då partiet var på sitt mest sekteriske og innettervendte, vart det i ei viss forstand òg ml-rørsla si *stordomstid*. Aldri hadde partiet teke så store krafttak, og aldri hadde dei vore fleire enn i åra etter "oppgjeret".

3.2 Det illegale partiet

Ideologi skapar ikkje parti, i alle fall ikkje av kadertypen. Ml-arane, både høg og låg, visste godt at eit politisk-ideologisk lineskifte av eit format som dette måtte få konsekvensar "på bakken", i organisasjonen. Parallelt med at den komande storkrigen vart ml-rørsla si overordna legitimeringsforteljing, endra også praksisane og organisasjonsstrukturane seg. I løpet av hausten 1975 og våren 1976 gjekk AKP (ml), RU og NKS såleis gjennom ei omfattande "korrigeringskampanje". Denne tok form av intens studieverksemd, innstramming av den interne partidisiplinen og tryggingsarbeidet, sjølvransakande kadervurderingar og ei opptrapping av proletariseringskampanjen.

At eit politisk parti skifta praksis i etterkant av eit ideologisk lineskifte, var ikkje oppsiktsvekkjande. Men i og med at den overordna forteljinga som legitimerte omlegginga ikkje var lagt fram for medlemmene til demokratisk ordskifte, fekk delar av dei organisatoriske endringane funksjonen å tilpassa terrenget (medlemmene) etter kartet, før koordinatane for det nye kartet ("Tesene") kom på bordet for diskusjon.[290] Den organisatoriske innstramminga kan

---

norske ML-rørsla, s. 106).

[290] Då Allern trekte seg som partiformann i september 1975, vart medlemmene informerte munnleg på partimøte over heile landet. Grunnlagsdokumentet for det heile, "Teser om høyreavviket", vart likevel halde hemmeleg for medlemmene i eit år: Sentralkomiteen hadde vedteke at berre "en del styrer og utvalg" ville få tilgang på "Tesene", i tillegg til "utvalgte ledende utvalg i ungdomsforbunda" ("Teser om høyreavviket", s. 6). I føreordet til "Tesene" vart det presisert at det ikkje var lov å visa dei til andre enn dei som fekk spesiell melding om det ("Teser om høyreavviket", s. 7). Først i mai 1976, same månad som nominasjonskomiteen sette i gang kadervurderingsprosessen i forkant av landsmøtet, fekk medlemmene i AKP (ml) tilgang til ein mindre og revidert versjon av dokumentet ("Teser om høyreavviket. Vedtak i sentralkomiteen sommeren 1975", signert SKAU, datert mai 1976, AKPA. Heretter: "Teser om høyreavviket", kort versjon).

Ei samanlikning av dei opphavlege "Tesene" og den versjonen medlemmene fekk i 1976 viser at endringane hovudsakleg var gjort på to område: For det første var nokre passasjar som var svært kritiske til partiet si line moderert. For det andre var dei fem siste sidene i dei opphavlege "Tesene", som kritiserte partileiinga for å ha hovudansvaret for avviket, tekne bort. Sidene var erstatta av eit kort avsnitt som informerte at sidene som var kutta dreidde seg om partileiinga sitt tilhøve til høgreavviket. Det medlemmene dimed ikkje fekk lesa, var m.a. at SK sjølv hadde meint at "de viktigste av de feilaktige linjene *har kommet fra ledelsen*" ("Teser om høyreavviket", s. 97 [org. uth.]), men at dei samstundes hadde bestemt seg for at "[v]i må bevare ledelsen" ("Teser om høyreavviket", s. 97). Heller ikkje dei tiltaka som leiinga hadde planlagt å setja i gang andsynes partimedlemmene, var å sjå i den nye versjonen.

I dei opphavlege "Tesene" hadde det funnest ei grunngjeving for kvifor "Tesene" måtte haldast hemmelege også for medlemmene: Den formelle årsaka var at "Tesene" opphavleg var formulert til bruk i partileiinga sjølv, og at det ikkje var teke omsyn til ein vidare lesarkrins ("Teser om høyreavviket", s. 7). Men også dette var fjerna i "Teser om høyreavviket", kort versjon. Korkje i føreordet eller andre stader vart det gjeve noko forklåring på kvifor innsynet hadde vore avgrensa til nokre få i toppen av partiet i eit heilt år etter at dei var vedtekne. Sverre Knutsen har seinare hevda at det i SK var kraftig usemje om denne framgangsmåten, men at SKAU vann fram med sitt syn om å ikkje underkasta "Tesene" ålment og ope ordskifte. Han meiner bakgrunnen for hemmeleghaldet for det første låg i at dokumentet var "*programmet* for avsettelse av Allern som partiformann".

ha disponert medlemmene til lettare å godta forteljinga, som i sin tur hadde initiert omlegginga. Særleg to område kan illustrera denne vekselverknaden mellom det teoretiske og praktiske nivået i leiinga si konsensusskaping: Partiet sin nye tryggingspolitikk og oppvurderinga av kadervurderingane før landsmøtet i 1976.

Alt frå SUF (ml) sitt landsmøte i 1969 hadde ml-arane søkt å gjera organisasjonen vanskeleg å overvaka for Sikkerheitspolitiet (SIPO). Ein anonymiserte delar av dei valde leiingane, brukte dekknamn i partisamanhengar og hadde landsmøte på hemmeleg stad. Men som vi såg i gjennomgangen av "Tesene", meinte SK to år etter partiskipinga at tryggingspolitikken hadde sklidd ut og på ingen måte var tilpassa det nye fiendebiletet anno 1975. Ved juletider 1975 sendte difor SKAU ut det Sjue meiner var den første gjennomarbeidde tryggingsinstruksen partiet hadde hatt til då, i form av eit lengre direktiv i *Tjen Folket*.[291] "[M]uligheten for en imperialistisk okkupasjon av Norge, [stiller] spørsmålet om AKP (ml)s sikkerhetslinje uvanlig skarpt på dagsorden," presiserte leiinga i innleiinga til direktivet.[292] Instruksen systematiserte og gav påbod om ei rad tryggingstiltak, som til saman skulle gjera organisasjonen ugjennomsiktig for klassefienden. Det vart no forbode å kalla inn til møte per telefon eller post ("jo *færre* som har telefon desto bedre"); dekknamnbruk vart påbode, også ved val til styre; det var obligatorisk å koma og gå spreidd til partimøta; alle hadde påbod om å styrka tryggleiken heime ("[s]nakk ikke løst og fast om indre forhold [...] i partiet") og alle fekk instruksjon om alltid å rapportera brot på tryggleiken oppover ("dette er en *plikt*").[293] Tryggingsdirektivet markerte starten på ein prosess der det endelege målet var å gjera partiet fullstendig hemmeleg og førebudd på krig og okkupasjon.[294] Høgdepunktet i denne prosessen vart nådd i 1978, då SKAU vedtok det såkalla "Klassifiseringsdirektivet". Der gav SKAU reglar for den nedgravingsprosessen som Tryggingsinstruksen frå jula 1975 hadde starta opp: Alle medlemmer skulle bli inndelte etter ein klassifiseringsnykel, frå 1.1, som var offentlege talspersonar, til 2.2, som var medlemmer som "aktivt og grundig skjuler at de er med i

---

For det andre at "Tesene" skulle vera eit dokument som SKAU kunne bruka i partiet som referansemateriale i oppgjeret med uønska einskildpersonar og grupperingar. Avvikarane skulle ikkje ha høve til å skjula feila sine etter først å ha lese sentralkomiteen si framstilling. Slik kunne ein ta avvikarane med buksa nede, skriv Knutsen (Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 148 [org. uth.]).

[291] Intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 (disk 1, spor 3, 25.15). SKAU sin tryggingsinstruks kom som vedlegg til *Tjen Folket*, desember 1975, under namnet "Sikkerhetsinstruks for AKP (ml)s medlemmer. Direktiv om sikkerhetsarbeidet fra Arbeidsutvalget i AKP (ml)". Heretter: "Sikkerhetsinstruks".

[292] "Sikkerhetsinstruks", s. 2 (mi nummerering).

[293] "Sikkerhetsinstruks", s. 6−10 (org. uth.). Dei første krava om å klassifisera medlemmer og gjera særlege vedtak om kven som skulle vera offentleg kjende partimedlemmer vart òg gjeve i direktivet.

[294] Den første sladdinga av bilete frå demonstrasjonstog fann òg stad på denne tida, jf. *Klassekampen*, 27. august - 2. september 1975, s. 18.

partiet".[295] I tillegg fanst det medlemmer som var hemmelege for storparten av partiapparatet.[296] Og partiet hadde truleg eit apparat, gjennom eit Sikkerheits- og etterretningsutval (SU/EU), for å driva ei viss kartlegging av "fiendar", kanskje helst på ytre høgre, men òg mellom venstreorienterte.[297]

Overvakingspolitiet fekk truleg aldri godt oversyn over dei indre kommandolinene eller sentralkomiteane i ml-rørsla.[298] Slik sett kan AKP (ml) si tryggingspolitiske line kanskje kallast ein suksess.[299] Men det kosta. Tryggingspolitikken fekk andre konsekvensar, som gjorde ml-leiinga sin jobb med å skapa orden i rekkjene lettare og opposisjon vanskelegare. For det første disponerte den nye tryggingspolitikken medlemmene til lettare å svelgja "Tesene" si overordna forteljing om den komande krigen. Graderingssystemet, som vart initiert desember 1975 og fekk sitt høgdepunkt hausten 1978, førte truleg til at fleire hundre medlemmer av AKP (ml) vart klassifiserte som 2.2.[300] Ein stor del av partimedlemmene fekk slik fysisk og mentalt røynsle med å leva "under jorda". Men graderingssystemet hadde òg sterk innverknad på det mentale klimaet i *heile* partiet. SKAU lèt det vera lita tvil om at dei fleste av partiet sine

[295] "Direktiv om klassifisering av medlemmer", maskinskrive, signert SKAU, udatert (truleg 1979), KSP, s. 10. Heretter: "Direktiv om klassifisering av medlemmer". Det første direktivet om tryggleiksklassifisering av medlemmene, sendt ut ein gong i 1978, vart berre lese opp i partilaga. Eg har hatt tilgang på ei seinare utgåve, sendt ut av SKAU til distriktstyra truleg i løpet av 1979.

[296] I SKAU vart det, på sida av "Klassifiseringsdirektivet", gjort vedtak om å innføra ein *ekstra* kategori hemmelege medlemmer, som berre den øvste partileiinga kjende til. Sjue fortel kven dette var: "Det var dei som vart bedne om å gå inn i ein annan organisasjon. Det var dei som skulle inn i andre parti, og dei som skulle inn i statlege institusjonar av heilt spesiell art, for å seia det slik. Det kunne dreia seg om spesielle delar av hæren og politiet" (intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 [disk 2, spor 4, 10.08]). Målet med denne verksemda var ifølgje Sjue å ha "øyro og augo", ikkje å driva sabotasje. Sjue seier at DNA vart freista infiltrert på denne måten, men at utbyttet var skralt. Truleg hadde AKP (ml) meir hell i politiet, meiner han. Skjervø stadfester at SKAU gjorde vedtak om folk som skulle inn i andre parti (intervju med Kjell Skjervø, 28. oktober 2003 [disk 1, 32.43]).

[297] Sjøli har hevda at det i denne perioden vart drive "storstilt overvåking og registrering av NKP-medlemmer, av nynazistmiljøet og politiet" (Sjøli, *Mao min Mao*, s. 131). Arbeidet skal ha vore leidd av Sikkerhetsutvalget/Etterretningsutvalget (SU/EU), der Tron Øgrim var leiar. Sjøli hevdar òg, på bakgrunn av det han vurderer som sikre kjelder, at einskilde kadrar i AKP (ml) bar våpen på slutten av 1970-talet, og han fortel at det fanst eit "halvautonomt illegalt apparat", på sida av 2.2-systemet, av folk frå Militærpolitisk Utvalg (MPU), SU/EU og to lokallag i Oslo. Sjøli sine kjelder er anonyme, og eg kan ikkje sjå at han kan underbyggja ein påstand om at AKP (ml) dreiv "storstilt overvåkning". At partiet hadde miljø som, truleg med SKAU si velsigning, dreiv med ei viss form for observasjon og kartlegging, også av venstreorienterte, synest likevel klårt. Jf. Helge Øgrim, som fortel at han, på vegner av partiet sitt tryggingsutval, braut seg inn hjå ein partimedlem for å kopiera ymse papir (Helge Øgrim, "Beretningen om et politisk innbrudd", artikkel [berre på nett] i *Dagbladet*: www.dagbladet.no/magasinet/2005/09/09/442839.html [lesedato: 9.9.2005]).

[298] Dette er eit generelt inntrykk, etter at fleire tidlegare ml-arar i etterkant av Lund-kommisjonens rapport har fått frigjeve "mappene" sine frå overvakingspolitiet.

[299] Sjølv om ein kan stilla spørsmålet om ikkje tryggingspolitikken til AKP (ml) også skapte ein mystikk rundt partiet som gjorde det lettare for SIPO å halda liv i eigne konspirasjonsteoriar.

[300] Det er vanskeleg å anslå kor mange som vart graderte som 2.2. Om Skjervø har rett i at AKP (ml) i 1978 hadde 3000 partimedlemmer, tek med at eit partilag normalt ikkje skulle vera større enn 10−15 personar, og går ut i frå at i det i kvart partilag var minst éin person gradert 2.2., vil vi få eit tal på rundt 200−300 "2.2-arar" i AKP (ml) kring 1978−1979. Kanskje er dette anslaget for lågt, både fordi det ofte kunne vera minst to som fekk 2.2.-gradering i eit lag og fordi direktivet opna for at også heile lag (på strategisk viktige plassar) kunne bli gradert 2.2. Sjøli har anslått talet til kring 300 (Sjøli, *Mao min Mao*, s. 128).

medlemmer måtte vera budde på å bli fengsla eller drepne om få år.[301] Og når du lever *som om* krigen snart kjem, er vegen til å tru *endå meir* på forteljinga kort. For det andre vart truleg også leiarskapen ytterlegare disponert til å følgja sine eigne reglar. Det er lite som tyder på at dei sjølv ikkje følgde dei strenge tryggingspåboda, kanskje tvert om. Leiinga utvikla nok ei kjensle av å vera ekstra viktige og spesielt utsette ved ein krig. "Eg rekna med at eg ville bli drepen," fortel Øgrim.[302]

For det tredje vart tryggingsinstruksen og det ålmenne omsynet til "tryggleiken" raskt ein reiskap for leiinga til å monopolisera og kontrollera informasjon og ordskifte i partiet. Medlemmene i AKP (ml) hadde ikkje innsyn i kva leiinga gjorde mellom landsmøta, visste heller ikkje kor mange leiinga var eller kva medlemmene heitte. Ikkje ein gong tillitsvalde på distriktstyrenivå hadde innsyn i protokollar eller referat frå SK sine møte. Partiet hadde ein kontrollkomité, men denne bestod berre av SK-medlemmer. Leiaren for kontrollkomiteen, Egil Fossum, seier komiteen hadde to oppgåver: å godkjenna eksklusjonar og å gå gjennom rekneskapen til SK. Han oppfatta aldri komiteen som viktig.[303] Tryggingsinstruksen slo dessutan fast at i det heile å interessera seg for spørsmål om kva leiarskapen dreiv på med på toppen var å rekna som "slarv" og skulle rapporterast oppover. Medlemmene hadde i det heile teke ingen reelle høve til å kontrollera si eiga leiing.[304] I visse tilfelle (som vi skal sjå nedanfor) fungerte omsynet til tryggleiken også som påskott for handlingar mange vil meina var manipulasjon av partidemokratiet.

3.3 Det sjølvransakande partiet

Partiet budde seg på krig og okkupasjon. Hemmeleghald og konspirasjon mot omverda var ein stadig større del av det maoistiske universet. Men krigen skulle ikkje berre bli ført utetter. Avgjerande slag stod òg på den indre fronten. Omfanget, intensiteten og rolla til kadervurderingane auka sterkt i åra 1975 og 1976. Ifølgje Tvedt kom "[k]rigsanalysen […] til å gi nytt liv i kadervurderingene, også fordi den kom omtrent samtidig med at AKP-ledelsen fant fram til at AKPs eksistens som kommunistisk parti hadde vært truet av et 'likvidatorisk moderne revisjonistisk avvik'."[305]

Mai 1976, fem månader før AKP (ml) skulle halda sitt 2. landsmøte, la

[301] For alle gruppene med unnatak av 2.2. måtte ein ifølgje SKAU "regne med at under okkupasjon vil mannefallet være stort" ("Direktiv om klassifisering av medlemmer", s. 7).
[302] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 3, 1, 32.09).
[303] Personleg opplysning frå Egil Fossum, 13. januar 2005.
[304] Skorpen har analysert ml-rørsla ein tryggingspolitikk langs dei same linene, dvs. "som eit verkty for å trygga den interne *lojaliteten* og disiplinen" (Skorpen, *Maoisme på norsk og svensk,* s. 140).
[305] Tvedt, "Kadervurderingene som kobling til det totalitære", s. 118.

nominasjonskomiteen fram kriteria som kandidatane til ny SK skulle bli vurdert ut frå.[306] Dei nye vurderingskriteria illustrerer korleis nålauget no var tilpassa den lina som "Tesene" eit år tidlegare hadde staka ut. På landsmøtet i 1973 hadde omsyn til kjønn og sosial samansetjing tald svært mykje ved vala til leiinga. Dette vart no oppsummert som "en skadelig, revisjonistisk tendens, som vi må være klar over og føre kamp mot".[307] Det absolutte hovudkriteriet skulle no vera "politisk og ideologisk nivå".[308] Kva var rekna som høgt politisk nivå? Ein viktig indikasjon var at kameraten hadde "synt evne til å føre kamp mot revisjonistiske avvik i partiet". Som vi har sett, hadde medlemmene i SK og nokre få andre tillitsvalde høgt oppe i partiorganisasjonen hatt tilgang på "Tesene om høyreavviket" alt i eit år då nominasjonane tok til. Medlemmene sjølve fekk ein redigert versjon først same månad (mai 1976) som nominasjonsprosessen starta. Sjansane til å vera tidleg ute med å føra kamp mot revisjonismen hadde altså vore ganske ulikt fordelt. Slike og liknande kriterium gjorde at merkelappen "høgt nivå" i røynda vart identisk med å vera høgt oppe i ml-hierarkiet eller å vera fullstendig lojal til den til kvar tid rådande lina i SK. Lojalitet til partiet vart t.d. gjort synonymt med å ikkje vakla i tilfelle der partiet vart utsett for kritikk eller press.[309]

I kapittel 2 såg vi korleis fauskeværingen Kristensen på midten av 1960-talet vart aktiv i SF-stud i Oslo, spelte ei viktig rolle i å få Allern vald til SUF-formann i 1967, og sjølv i fleire år satt i sentralstyret. I kapittel 3 møtte vi han i Bergen, aktiv i stridane mot Ebbing og Overrein. Med unnatak av åra 1969−71 hadde Kristensen sumaren 1976 sete samanhengande i sentralstyre og sentralkomitear i SUF, MLG og i AKP (ml) i nesten ti år. Juni 1976 var han fylt 31 år. Ved årsskiftet hadde han sjølvproletarisert seg, ikkje ulikt mange andre i partiet, og slutta i lærarjobben sin for å byrja i fiskeindustrien. Han var med i den sentralkomiteen som eitt år tidlegare hadde vedteke "Tesene", satt i Distriktstyret til AKP (ml) i Nordland og var rekna som ein røynd, påliteleg og skulert kader i fylket. Det var ganske opplagt at Kristensen var ein av dei mest aktuelle kandidatane å senda på landsmøtet og å nominera til den nye sentralkomiteen frå Nordland. Og såleis var han mellom dei som skulle bli kadervurdert i nominasjonsprosessen før landsmøtet i 1976. Av Kristensen sine eigne dokument frå denne prosessen kan vi få eit innblikk i korleis "oppgjeret med høgreavviket" verka inn på ein røynd SK-medlem i AKP (ml).

I løpet av sumaren 1976 gjennomførte partilaget i Bodø og deretter ei samling av SK-medlemmer kadervurderingar av Kristensen og andre aktuelle kandidatar til partileiinga,

[306] "Materiale til møte om nominasjonar til val av SK på Partiets 2. Landsmøte", *Tjen Folket*, mai 1976, s. 2−3. Heretter: "Materiale til møte om nominasjonar til val av SK".
[307] "Materiale til møte om nominasjonar til val av SK", s. 3.
[308] "Materiale til møte om nominasjonar til val av SK", s. 2.
[309] "Materiale til møte om nominasjonar til val av SK", s. 2.

slik dei var instruerte om av nominasjonskomiteen. Av referat frå avdelingsmøtet går det fram at avdelinga meinte Kristensen i løpet av dei siste åra hadde hatt fleire høgrerevisjonistiske avvik, og at han såleis berre delvis tilfredstilte det viktigaste kravet i nominasjonsprosessen: eit høgt politisk nivå. Han vart likevel innstilt. Men: "Det advares imidlertid mot tendensen til å neglisjere massekampen. Får ein slik tendens breie seg i SK, vil det vere ein fare for partiet," meinte Kristensen si partiavdeling.[310]

På eit vurderingsmøte mellom fire SK-medlemmer (der Kristensen deltok) same sumar vart vedtaket frå avdelinga lagt til grunn. I det endelege referatet frå dette møtet, som truleg var det som vart sendt inn til den sentrale nominasjonskomiteen, går det fram at Kristensen no hadde pådratt seg ein meir alvorleg høgreavviksdiagnose. Kristensen hadde tidlegare gått aktivt inn for strategisk einskap med SV og lina med "parti for vanlege folk", vart det hevda. Kristensen hadde hatt fleire "tilbakefall til typiske feil".

> Både på intern og ekstern kamp har han hang til konservatisme, til å la vere å satse, til å arbeide meir på å hindre at 'noko galt' skjer enn på å sørge for at det skjer noko *rett*. Ein 'safe', defensiv stil, som står skarpt mot ein revolusjonær stil. [...] Ideologisk utrykk for liten [sic] tru på at massane og partiet verkeleg kan snu opp-ned på verden, gjøre revolusjon.[311]

Kritikken gjekk så langt som til å stilla spørsmålet om Kristensen faktisk var vorten "eit råttent egg" og om "medlemskap må utelukkes", men "Oskar" tala varmt for at Kristensen var stødig og lenge hadde vore med i ein leiande kjerne.[312] Av referatet går det fram at Kristensen sjølv no var i ferd med å tvila på om han passa inn i den øvste leiinga i partiet. Han meinte at han hadde hatt "hyppige tilbakefall" m.o.t. høgreavvik, og at dette gjorde det naudsynt "å oppsummere historia mi på høgre frå eg tok eit revolusjonært standpunkt midt i 60-åra".[313] Fleirtalet (på tre)

---

[310] "Eit *relativt* høgt nivå når det gjeld grepet om teorien og generallinja til partiet" (Referat frå avdelingsmøte i Bodø AKP (ml) der Kristensen sitt kandidatur til SK vart vurdert, datert juni 1976, handskrive, privat notat, BKP [mi uth.]. Heretter: Referat frå avdelingsmøte i Bodø AKP (ml), juni 1976).

[311] Referat frå vurderingsmøte, udatert (truleg juli 1976), signert "Bernhard", maskinskrive, BKP (org. uth.). Kristensen opplyser at det var han som hadde dekknamnet "Bernhard" og førte referatet, vidare at vurderingsmøtet bestod av til saman fire SK-medlemmer frå Salten til Trøndelag. Heretter: Referat frå vurderingsmøte, truleg juli 1976.

[312] Referat frå vurderingsmøte, truleg juli 1976. "Oskar" sitt skryt leidde til at også han sjølv var nøydd til å ta sjølvkritikk, ettersom dei andre på møtet meinte han tok for lett på feila til Kristensen. ("Oskar" var dekknamnet til Wiggo Knudsen, som i 1979 skulle bli DS-formann i Oslo AKP (ml) og leia an i opposisjonsrørsla mot SKAU.)

[313] Referat frå vurderingsmøte, truleg juli 1976. Innanfor kadervurderingssystemet var det ein viss logikk i dette. Kristensen hadde sokna til sentrum-høgre i SUF i 1967−68 og hadde (dimed) ei "slags historie med høgre" (mine hermeteikn). Tvedt peiker på at han sjølv hamna i ein liknande situasjon i RU, då lausrivne døme på høgreavvik vart trekte fram fleire år etterpå i høve nominasjonar til sentralstyret i organisasjonen (Tvedt, "Kadervurderingene som kobling til det totalitære", fotnote 40, s. 232). For å forstå Kristensen bør vi òg leggja til at det i AKP (ml) var kultur i kadervurderingane for å vera ekstremt sjølvkritisk: Det var viktig å vera ute med sjølvkritikken før kritikken kom. Kanskje har denne sjølvkritiske kulturen visse band til norsk politisk kultur elles, der det ofte kan straffa seg å vera for "kåt" på opprykk og høge posisjonar. Det kan løna seg å vera smålåten. Kristensen meiner

innstilte under tvil Kristensen, medan "Bernhard", dvs. Kristensen sjølv, røysta mot.[314]

Sumaren 1976 var Kristensen innstilt frå partiavdelinga og av andre SK-medlemmer. Hausten 1976 reiste han på landsmøtet, men med ei kjensle av at han var ein høgreavvikar. Han tvilte på om det var rett at slike som han satt i partiet sin øvste leiarskap.

Gjennom dømet med Kristensen, som vi nok kan rekna som representativt for korleis kadervurderingane vart gjennomførte i forkant av landsmøtet,[315] kan vi peika på nokre konsekvensar kadervurderingane fekk, fram mot landsmøtet i 1976. For det første fungerte kadervurderingssystemet som ein effektiv silingsmekanisme av all potensiell opposisjon i forkant av landsmøtet. Kriteria som nominasjonskomiteen hadde sendt ut i mai 1976, sytte for at alle andre omsyn enn ideologisk konformisme vart sett til side. Dei som sleppte gjennom nålauga, var nesten 100 prosent garantert på den nye lina. Kristensen var "sentrumsorientert" marxist-leninist, til liks med folk som Allern og Ericsson, men representerte ingen opposisjon til den nye lina. Likevel hadde han altså store problem med å sleppa unna stempelen som avvikar. Eventuelle opne kritikarar av "Tesene" ville ikkje ha ein sjanse i møte med dei nye kadervurderingskrava. Kadervurderingane fungerte såleis som eit maktinstrument for den øvste leiinga: Gjennom å kontrollera reglane for kadervurderingane kontrollerte dei også mekanismane for den ideologiske og organisatoriske reproduksjonen i rørsla. For det andre fungerte kadervurderingane som ein måte å internalisera kampen mot høgreavviket på. Gjennom kadervurderingssystemet vart kvar einskild partimedlem deltakar i ein ideologisk reinsingsprosess, der dei aktivt deltok i å trekkja opp grenser for seg sjølve. Resultatet vart, hevdar Tvedt, eit system "der selve muligheten for en fri og åpen meningsbrytning var gjort prinsipielt umulig".[316]

3.4 Krigsfrykt i ord og handling

Det er vanskeleg å skjøna den ideologiske konsensusen som vart skapt i 1975−76 utan å sjå korleis ideologi og den daglege praksisen i partiet vart smelta i hop. Den nye tryggingspolitiske lina og bruken av kadervurderingar i forkant av landsmøtet hausten 1976 var *konkrete praksisar* som medlemmene deltok aktivt i, men verknaden av desse tiltaka kan målast minst like mykje i ideologisk reorientering som i praktisk nytte. Båe illustrerer korleis omlegginga av dei organisatoriske strukturane bidrog til å leggja grunnlaget for at den overordna ideologiske

sjølv han kan ha vore prega av ein slik "norsk" stil, men at han i det rådande klimaet vart teken på ordet og slik kan ha falle for eige grep (e-post frå Brigt Kristensen, 24. januar 2005).

[314] Referat frå vurderingsmøte, truleg juli 1976.

[315] Jf. Tvedt, "Kadervurderingene som kobling til det totalitære", s. 105−133, som viser korleis kadervurderingane var institusjonaliserte og systematiserte til ein slik grad at det var lite rom for lokale eller individuelle variantar.

forteljinga i "Tesene" skulle få hegemoni. Leiarskapen i ml-rørsla makta i desse kritiske åra å etablera ein slags sjølvforsterkande einskap av teori og praksis, der dei kollektive førestellingane og den organisatoriske praksisen gjekk opp i ein felles indre *partikultur*. Figuren nedanfor viser kva som prega det eg kallar "førestellingsnivå" og "praktisk nivå" i åra etter vedtaket av "Tesene":

Figur 4.1. AKP (ml) sin partikultur 1975−78/9:



På "førestellingsnivået" har vi sett korleis "Tesene" si forteljing om krigen gradvis erstatta maoistane sine draumar om revolusjon. Dei fungerte både motiverande og disiplinerande i ei rørsle *som etter valfiaskoen 1973 trong ei ny legitimerande forteljing*. Vi har sett korleis konstruksjonen av ein ytre fiende (Sovjet) og ein indre medsamansvoren (Revisjonisten), gjorde det endå lettare å få medlemmene til å underleggja seg vidtgåande direktiv på det praktiske nivået, og å godta diagnosen "høgreavvik". På det "praktiske nivået" har vi sett at førestellinga om ein trugande ytre fiende (Krigen/Sovjet) fekk praktisk motstykke i ny tryggingspolitikk, og at ideen om ein indre fiende (Revisjonisten) vart møtt med auka krav om kadervurderingar og sjølvproletarisering. Organisatoriske endringar i det indre partilivet, som tryggingspolitiske tiltak og kadervurderingsystemet, støtta samstundes opp om og auka styrken i forteljinga om krigen.

Slik vart det skapt ein sterk einskap av teori og praksis – *krigsfrykt i ord og handling* – som la grunnlaget for at den nye lina som "Tesene" hadde streka opp, kunne få så stor og djup oppslutnad. I sirkelen mellom førestellingar og praksis fanst det ikkje rom for ope, eksplisitt ordskifte om den faktiske lina som "Tesene" hadde lagt fram.

[316] Tvedt, "Kadervurderingene som kobling til det totalitære", s. 128.

3.5 Epilog: Landsmøtet 1976

I løpet av dei 17 månadene frå "Tesene" vart vedteke i mai 1975, til partiet sitt 2. landsmøte i midten av oktober 1976,[317] hadde leiarskapen i AKP (ml) oppnådd ei usedvanleg semje kring den nye ortodoksien. Gjennom strengt kontrollerte delegatvalskonferansar hadde SKAU i tillegg full kontroll på at utsendingane var lojale.[318] Då dei nøye utvalde utsendingane samla seg, fekk leiarskapen nok ein gong sin "einskap": "Vedtaka om programmer og vedtekter og valget på sentralkomité var enstemmige," rapporterte SKAU i *Klassekampen* tre veker etterpå.[319]

Gjennom godkjenninga av SK sin rapport til landsmøtet vart "Tesene" og "oppgjeret med høgreavviket" endeleg formelt institusjonalisert i partiet. Men også det nyskrivne prinsipprogrammet og dei oppstramma vedtektene utrykte det djupe kursskiftet som partiet hadde gjennomgått. Prinsipprogrammet slo no ettertrykkeleg fast at arbeidarklassen sitt parti *var* AKP (ml), fordi "AKP (ml) [er] den høgste forma for proletarisk klasseorganisasjon i Noreg".[320] Vedtektene, som SKAU hadde konsentrert mykje av ordskiftet i *Tjen Folket* og i partiorganisasjonen om, vart også endra omfattande. Landsmøteperioden vart utvida til fire år, SKAU/SK fekk utvida fullmakter m.o.t. val til landsmøte og distriktsårsmøte[321], og eksklusjonsparagrafen fylte no to fulle sider.

I eit så sentralstyrt parti som AKP (ml) var vorte, var det ingen tvil om at det var valet av den øvste leiinga – sentralkomiteen – som var viktigaste punkt på programmet.[322] Som vi har

---

[317] Den offisielle datoen for AKP (ml) sitt 2. landsmøte er 12.−14. november 1976. Vi har tidlegare sett korleis det var rutine å justera datoane for interne partimøte for å forvirra eventuelle overvakarar. Knutsen skriv at partiet sitt 2. landsmøte vart halde i midten av oktober 1976 (Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 139).

[318] Vala til AKP (ml) sine landsmøte var indirekte, gjennom regionalt organiserte delegatvalskonferansar. Det som skilde denne institusjonen i AKP (ml) frå andre parti sine fylkesårsmøte, var ikkje sjølve ordninga med indirekte val, men leiinga sitt makt- og informasjonsmonopol i partiet. Korleis delegatvalskonferansane skulle setjast saman låg t.d. ikkje fast i vedtektene, og dimed var det opp til SKAU. Vidare var krava til hemmeleghald så sterke at laga som sendte utsendingar til slike konferansar ikkje hadde rett eller høve til å kontrollera om dei vart representerte på landsmøtet eller ikkje. Ein hadde heller ikkje høve til å sjekka "på tvers" i partiet og slik undersøkja om andre lag vart representerte. Slik hadde grunnorganisasjonane i partiet få, om nokon, middel til å hindra at leiarskapen brukte konferansane til å få "sine" folk valde. Leiarskapen lét ikkje sjansen gå frå seg. Fleire SKAU-medlemmer har framheva delegatkonferansane sin viktige funksjon som leiinga sin reiskap for å førehandssila landsmøta for opposisjon og annleistenkjande (intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 [disk 1, spor 3, 30.05]; Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 155−156; intervju med Kjell Skjervø, 28. oktober 2003 [disk 2, spor 2, 05.50]).

[319] *Klassekampen*, 11. november 1976, s. 11.

[320] *Prinsipprogram og vedtekter for AKP (ml)*, Oslo 1977, s. 20. Vi kan notera oss at det også på dette området var Tron Øgrim som hadde initiert den ideologiske omlegginga. I to lengre artiklar i *Røde Fane*, 5/1975, s. 95−117, og 6/1975, s. 61−85, hadde Øgrim argumentert kraftfullt for ei total nyskriving av prinsipprogrammet.

[321] "Sentralkomiteen vedtar fordelingsnøkkelen og framgangsmåten ved valg av delegater til landsmøte og vedtar tilsvarende retningsliner for distriktsmøter. Dersom krava til sikring av partiet gjør det nødvendig, kan sentralkomiteen beslutte at delegatene igjen gjennom vanlige demokratiske valg blant seg velger ut et mindre antall som møter på sjølve landsmøtet eller distriktsårsmøtet" (utdrag frå § 7 i *Prinsipprogram og vedtekter for AKP (ml)*, Oslo 1977, s. 178). Desse unnataksrettane nytta leiinga seg av til fulle før landsmøtet i 1980 (sjå kapittel 5).

[322] Vedtektene sa at Sentralkomiteen sjølv konstituerte seg, valde formann og andre naudsynte tillitsmenn, som arbeidsutval og Politisk Utval (*Arbeidernes kommunistparti (m-l): programmer og vedtekter fra det 1. landsmøtet*

sett, hadde alle nominerte vore igjennom fleire kadervurderingar, og dei skriftlege oppsummeringane av desse hadde i fleire månader vore i hendene på medlemmene i nominasjonskomiteen, som SKAU hadde fått vald inn i landsmøtet si valnemnd. Knutsen skriv at SKAU på førehand, i samarbeid med nominasjonskomiteen, ut frå det innsendte tilfanget alt hadde plukka ut dei dei ville ha i den nye leiinga.[323]

Alt i mai, då nominasjonskomiteen sendte ut krav for vurdering av kandidatar til sentralkomiteen, hadde det lege i lufta at det ville koma utskiftingar, men at dei skulle vera så omfattande, var truleg ikkje venta. SK, som fram til då hadde vore litt over 30 folk, var føreslått kutta ned til helvta. Heile SKAU, inkludert Allern, var føreslått attvald, i tillegg til kring ti andre særleg leiingslojale SK-medlemmer. Berre to kvinner berga plassane sine, i leiinga for partiet som nokre få år før hadde vore sentrale i å skipa Kvinnefronten.[324] Innstillinga vart samrøystes vedteken, og rett etter landsmøtet kunne den nye sentralkomiteen velja opp att Pål Steigan til formann og einaste offisielle talsperson for AKP (ml).

Ei rad medlemmer i partiet sin øvste leiarskap var vege og funne for lette: Dei hadde for lågt nivå og meir eller mindre omfattande høgreavvik. Kristensen var ute av den nye leiinga. Mannen som ni år tidlegare hadde stått på SUF sitt landsmøte og tala Øgrim midt i mot i striden rundt Allern, kjende han var stolt:

> Ein 'kverulant' og diskusjonslysten som eg var mektig stolt over partiet da landsmøtet i 1976 – under Sverre Knutsen si faste veileiing – ikkje fann meg (og Kjersti Ericsson m. fl.) verdige til gjenval i sentralkomiteen. Ideane om eit monolittisk parti og ein monolittisk sentralisme stod da så sterkt at eg tolka alle innvendingar mot den politiske linja som utslag av eigen ibuande tendens til høgreavvik![325]

4. Oppsummering

I dette kapittelet har eg skildra korleis Tron Øgrim fekk med seg leiarskapen i AKP (ml) på vedtak av dokumentet "Teser om høyreavviket". Vedtaket innebar starten på ei kraftfull omlegging av partiet sin ideologiske, politiske og strategiske kurs, og skifte av formann, frå Sigurd Allern til Pål Steigan. AKP (ml) starta no systematisk arbeid for å føra partimedlemmene over i industrien. Ein byrja å førebu partiet på krig og okkupasjon.

---

februar 1973, Oktober, Oslo 1973, s. 94).

[323] Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 155.

[324] Eg har gjort eit arbeid for å rekonstruera sentralkomiteane i AKP (ml) gjennom 1970-talet, men har vald å ikkje leggja ved listene: både av omsyn til at sume ikkje ønskjer å bli kjende, men òg fordi eg reknar med å framleis mangla namn. Listene er likevel så pass komplette at eg meiner dei generelle påstandane ovanfor er korrekte, med dei atterhalda eg tek.

Vi har sett at bakgrunnen for omlegginga starta som ei ”uro” i partileiinga. Eg har tolka denne i samband med det eg har kalla den vanskelege overgangen frå studentpolitikk til ”vaksenpolitikk”: Ei ideologisk pakke som kunne gje suksess i eit studentradikalt miljø kunne vera eigna til å skapa større avstand til folk flest, ikkje minst arbeidsfolk. Stortingsvalet i 1973 må ha vore eit slag i trynet på dei som få år tidlegare hadde trudd 70-talet skulle by på revolusjonære stormar.

I denne situasjonen har eg vist korleis ”Tesene” baud på ei ny legitimeringsforteljing for det unge kommunistpartiet: Ein engasjerande utopi (”Revolusjonen”) vart no erstatta av ein mobiliserande dystopi (”Krigen”). Sjølvproletarisering skulle knyta partiet til arbeidarklassen. Tryggingspolitikk og kadervurderingar skulle halda fiendane (Sovjet og revisjonismen) unna partiet. Denne kraftige omleggingsprosessen føregjekk utan større utbrot eller indre splid. I forklåringa på korleis dette kunne gå til har eg fokusert på at det vart skapt det eg har kalla ein sterk einskap av teori og praksis i kjølvatnet av ”oppgjeret med høgreavviket”: Praktiske ritual som tryggingspolitikk og kadervurderingar disponerte medlemmene til lettare å godta den nye forteljinga om Sovjethæren si kome i Noreg og den snikande revisjonismen i partiets indre. Og vice versa. Eg hevdar slik at det under ”oppgjeret med høgreavviket” vart skapt ein særeigen partikultur, dominert av det eg har kalla ”krigsfrykt i ord og handling”.

[325] Kristensen, ”Demokratisk spydodd med materialbrest”, s. 339.

5. Frå partikrise til partikamp 1979−1980

Gudane sviktar

1. Innleiing

I førre kapittel såg vi korleis Tron Øgrim våren 1975 førte ml-rørsla inn i eit sjølvoppgjer som gjorde SKAU si makt i ml-rørsla nesten total. I dette kapittelet skal eg ta for meg den såkalla "partikrisa" i AKP (ml) i åra 1979-1980, der denne makta vart dramatisk svekt og utfordra av ei intern kritikkrørsle.

I løpet av åra 1979 og 1980 opplevde AKP (ml) eit grunnleggjande samanbrot i dei to viktigaste pilarane i partiet si verksemd. Det ideologiske kittet i rørsla var i ferd med å smuldra bort, i samband med krisa i den internasjonale maoismen som følgde i kjølvatnet av Mao sin død i 1976. Parallelt vart den enorme tilliten medlemmene hadde til leiinga i partiet sterkt redusert, fordi SKAU hausten 1978 nesten hadde køyrd partiøkonomien i grøfta. Medlemstalet gjekk ned. Kritikken av leiinga auka kontinuerleg.

I dette kapittelet skal eg først visa korleis samanbrotet i den internasjonale maoismen skapte djupe ideologiske problem for ml-rørsla. Deretter korleis tillitskrisa i AKP (ml) førte til at det parallelt utvikla seg omfattande misnøye med leiinga si takling av det mange no omtala som ei "partikrise". Slik oppstod ein dramatisk situasjon i partiet. Både trua på det marxist-leninistiske grunnlaget og trua på dei som hadde forvalta det i over ti år, var utfordra. I siste del av kapittelet skal vi sjå at SKAU sitt viktigaste mottrekk mot denne utviklinga var å setja i gang ein "partikamp" våren 1980. Slik vart det skapt ei slags semje på partiet sitt tredje landsmøte i desember 1980. Men semja var berre tilsynelatande: Etter landsmøtet opplevde AKP (ml) dei første kollektive utmeldingane i partiet si historie. Også einskapen i den indre kjernen, som hadde styrt ml-rørsla i alle desse åra, var snart historie.[326]

2. Ideologisk krise

9. september 1976 døydde formann Mao Zedong. Dødsfallet varsla den ideologiske krisa som raskt skulle utspela seg på den internasjonale ml-scena. På Arbeidets parti i Albania (APA) sin 7.

[326] I Istad sin gjennomgang av åra 1978−1980 har han særleg fokusert på internasjonale tilhøve og rørsla sin respons på desse. Eg viser i dette kapittelet også til endringar i den internasjonale maoismen, men konsentrerer framstillinga om partiet sitt indre liv og leiarskapen sine freistnader på å takla ideologiske og organisatoriske krisetendensar. Opposisjonsrørsla i Oslo AKP (ml) har ikkje tidlegare vore framstilt med kjeldetilfang frå lokalplanet, og det er første gong opposisjonsleiaren Wiggo Knudsen, DS-formannen i Oslo AKP (ml) 1979−1980, er intervjua. Etter mi vurdering er striden i Oslo og leiarskapen si takling av denne undervurdert i litteraturen til no. At Oslo-opposisjonen vart nedkjempa, er truleg ein viktig årsak til at AKP (ml) heldt fram som ml-parti gjennom 1980-åra.

partikongress, to månader etter dødsfallet, tok albanarane avstand frå kinesarane sin teori om "dei tre verder" og starta der striden som skulle enda i brot med Kinas Kommunistiske Parti (KKP).[327] Like før hadde fire av dei mest sentrale leiarane i Kulturrevolusjonen, mellom dei kona til Mao, vorte stempla som "firarbande" og fiende av det kinesiske folket. Deng Xiaoping, som alt to gongar tidlegare hadde kunna smykka seg med den tittelen, vart derimot teke inn i varmen att sumaren 1977. Vietnam, som hadde vore så sentral i å gje den gryande maoistrørsla politisk startkapital, gjekk i desember 1978 til åtak på Kampuchea, eit anna land der leiinga òg hevda å vera marxist-leninistar og dessutan hadde støtte frå Kina.[328]

2.1 Ein tilpassingsstrategi

På APA sin 7. partikongress november 1976 skjønte utsendingane Steigan og Sjue at det gjekk mot eit brot mellom dei to ideologiske fyrtårna. Det heile kom som eit sjokk.[329] For ei rørsle som i stor grad var bunden saman av maoisme, var det klårt at utviklinga ville skapa store problem. Det tok likevel ikkje SKAU lang tid å konkludera med at ein måtte velja Kina si side i eit komande skisma.[330]

Men ei utvikling av konkurrerande liner i ei verdsrørsle som meinte ho bygde på ein eintydig og vitskapleg ideologi, ville raskt kunna setja sjølve eksistensgrunnlaget for AKP (ml) på spel. Dette, pluss at motsetnadene mellom APA og KKP førebels var ukjende for ålmenta, gjorde at den indre kjernen valde å følgja det vi kan kalla ein "tilpassingsstrategi", svært lik den brukt under "oppgjeret med høgreavviket", der leiinga i AKP (ml) heldt "Tesene" løynde i over eit år. Gjennom 1977 og 1978 heldt SKAU den ideologisk brennfarlege informasjonen for seg sjølv. Samstundes tilpassa AKP-toppane gradvis partiet til ei ny line. Sakte, men sikkert fann ein "dokumentasjon" på ei skremmande utvikling i Albania. Til slutt kunne partiet erklæra at

[327] Teorien om "dei tre verder" delte verda inn i ei første verd, der dei to supermaktene Sovjet og USA høyrde til; ei andre verd, med OECD-landa og dei austeuropeiske landa utanom Sovjet; og ei tredje verd, som Asia (med unnatak av Japan), heile Afrika og Latin-Amerika sokna til. KKP hevda at Sovjetunionen og USA var dei sams fiendane til folket i verda, og at den tredje verda og den andre verda burde sameina seg i kampen mot supermaktene. Istad meiner tre verder-teorien ikkje var viktig i ml-rørsla før *etter* Albania sitt åtak på teorien, seint i 1976, og kritiserer Hjellum og Tvedt, som har påstått at teorien var retningsgjevande for den norske ml-rørsla frå 1974 (Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 118). Også Sjøli meiner tre verder-teorien ikkje var dogme i AKP (ml) før etter 1976 (Sjøli, *Mao min Mao*, s. 139).

[328] Dei omfattande endringane i Kina sin leiarskap i desse åra og den norske ml-rørsla sitt servile tilhøve til dette er skildra i Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 120−124 og 140−144.

[329] Intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 [disk 1, spor 3, 39.21]); Steigan, *På den himmelske freds plass*, s. 171−173.

[330] Sjue fortel at Steigan raskt ringde heim til resten av SKAU for å informera om kva som var på gang: "Det var veldig lett, vi gjorde oss veldig fort opp ei meining om at dette var steike gale," fortel Sjue (intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 [disk 1, spor 3, 39.21]). Steigan refererer også telefonsamtalen: "På ei utrolig dårlig telefonlinje over Wien klarte jeg ved hjelp av koder å fortelle Sverre Knutsen i Oslo at nå brygga det opp til kamp om treverdenteorien. Under resten av Albania-oppholdet lå disse motsetningene under alle utspill, alle forslag og alle diskusjoner" (Steigan, *På den himmelske freds plass,* s. 173).

Albania hadde vore gjennom ein kontrarevolusjon.[331] På denne måten kunne ein forklåra skismaet som eit naudsynt brot mellom ei revisjonistisk og ei revolusjonær line, og slik (førebels) berga trua på ein vitskapleg og eintydig ml-ideologi.

Rundt nyttår 1978/79 fekk endeleg medlemmene delta i røysting om AKP (ml) sitt tilhøve til Albania. SKAU si line hadde oppslutnad: 91,1 % av medlemmene røysta for å bryta banda til APA, berre 1,4 % var mot.[332]

2.2 ... men framleis vanskelege spørsmål att

Den norske ml-rørsla kom seg slik heilskinna gjennom det første store dramaet i det som var i ferd med å bli samanbrotet i den internasjonale maoismen.[333] Men leiinga si gradvise tilpassingsline hadde ikkje berre medført ein meir kritisk analyse av Albania, ho hadde samstundes kravd ei ukritisk omfamning av dei til kvar tid rådande linene i Kina. Når AKP (ml) på denne måten plapra etter Beijing og utviklinga i Kina samstundes var meir og meir forvirrande, vart dei djupare ideologiske problema i marxismen-leninismen berre meir presserande.

For det første truga skismaet mellom Albania og Kina førestellinga om "den einaste rette lina". Sjølv om AKP (ml) tilsynelatande problemfritt hadde teke parti for Kina, endra ikkje dette at makthavarane i eit land dei lenge hadde rekna som eit sosialistisk fyrtårn, hadde utvikla seg til eit "moderne revisjonistisk parti" som "først og fremst [tjener] sosialimperialismens interesser".[334] Ideen om "kontrarevolusjon" i Albania skreiv seg inn i ein lang ml-tradisjon med å forklåra politiske usemjer mellom kommunistar med konspirasjon og svik (jf. teorien om "kontrarevolusjon" på SUKP sin 10. partikongress 1956, der Khrusjtsjov fordømde Stalin). Men i motsetnad til leiarane i Sovjet på 1950-talet hadde ml-arane sjølve *vore* i Albania. Var svaret verkeleg så enkelt, at APA hadde skift side, nesten over natta? Eller var usemjene mellom Kina og Albania usemjer mellom marxist-leninistar?

Det andre grunnleggjande problemet var kort og godt *Kina*. Etter Maos død var det stadig meir uvisst kva kurs landet eigentleg var inne på. At det no pressa seg fram grunnleggjande spørsmål ved Kina si politiske utvikling, hadde sjølvsagt store implikasjonar for

---

[331] Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 117−120 og 136−140; Knudsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 154.

[332] "Internasjonal resolusjon: avstemningsresultat", *Tjen Folket*, august 1979, s. 11. Fråsegna inneheldt fleire spørsmål, og hadde m.a. punkt med støtte til KKP, Hua Guofeng og oppgjeret med "firarbanden". Røystingane skjedde separat, punkt for punkt. Resultatet gav SKAU eit stort fleirtal for lina si (til saman 95,3 % for heile fråsegna). I spørsmålet om Kina var derimot fråhaldne røyster så mange som 11,7 %.

[333] Heller ikkje i dette tilfellet splitta AKP (ml) seg i ulike fraksjonar, sjølv om einskildpersonar forsvann (Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 120).

[334] "Internasjonal resolusjon: avstemningsresultat", *Tjen Folket*, august 1979, s. 11.

eit parti som i stort hadde gjort seg avhengig av utopien i aust. Mange hadde reagert på korleis ml-rørsla kunne gå frå å hylla Albania som sosialistisk fyrtårn den eine dagen til å erklæra landet for kontrarevolusjonært den andre, tilsynelatande utan å villa stilla meir grunnleggjande spørsmål til sitt eige ideologiske grunnlag.[335] Skulle det same skje i tilhøvet til Kina om nokre år? Det er klårt at den internasjonale utviklinga ikkje berre kunne bli takla med kløktig intern manøvrering frå SKAU si side. Dessutan var leiinga sin autoritet frå hausten 1978 i nedgåande kurs internt i partiet, noko som gjorde situasjonen endå meir spent. Spørsmål knytt til sjølve grunnlaget for ml-rørsla, statusen for maoismen og den marxist-leninistiske ideologien, tvang seg no fram.

2.3 Tron Øgrim: *Marxismen – vitenskap eller åpenbaringsreligion?*

Som "sjefsideolog" i den norske ml-rørsla må Tron Øgrim ha opplevd situasjonen som prekær. I september 1979, om lag på same tid som *Klassekampen* sine spalter var i ferd med å renna over av innlegg om AKP (ml) sitt nye prinsipprogram (sjå under), gav Øgrim ut boka *Marxismen – vitenskap eller åpenbaringsreligion?*. I boka vedgjekk Øgrim at AKP (ml) og andre maoistparti hadde gjort seg for avhengige av Mao sin autoritet, og at dei i massane sine augo nok hadde framstått som "papegøyer for Kina".[336] Gjennom ein lengre kritikk av den marxist-leninistiske tradisjonen, frå Lenin via Stalin til Mao, kritiserte Øgrim Komintern-tradisjonen og ideane om eitt revolusjonært verdssentrum. Sjølv om det aldri hadde funnest nokon kinesisk internasjonale, hadde dei norske ml-arane ofte oppført seg som om ein var "medlemmer av et kinesisk KOMINTERN, og alt for ukritisk latt [seg] påvirke av alle svingninger i KKPs politikk," meinte Øgrim.[337] No var det på tide at AKP (ml) utvikla ein politikk for sosialismen i *Noreg*: "Det hjælper [...] ikke å komme og snakke om hvor bra sosialismen er for Kina og hvor nødvending revolusjonen er i India," hevda han .[338]

Med å diskutera rørsla si nasegruse ovundring for Mao, og å vedgå at rørsla nok hadde vore religiøs, greip Øgrim fatt i verkelege problem i ml-rørsla. Av mange vart boka difor rekna som forfriskande og som klårsignal for eit nytt og mindre dogmatisk ordskifte. Men trass stor

[335] Det var berre nokre år sidan *Klassekampen* hadde forsvart at albanarane konfiskerte sosialistisk litteratur, som tidsskriftet *Kontrast*, på grensa: "Vi meiner det albanske folket er heider og ære verd for at dei er vakne andsynes alle freistnader på å smugle pro-imperialistisk propaganda inn i landet," var kommentaren då (*Klassekampen*, 17.−23. september 1975, s. 14). Forfattaren Johanna Schwartz tala nok for fleire då ho i etterkant av eit ope debattmøte om Albania "[nesten] syntes det ble pinlig å se den ene gamle Albania-vennen etter den andre stå opp og 'vitne' om sin omvendelse og om hvor lenge han eller hun hadde 'vært i tvil' − 'begynt å skjønne at noe måtte være galt et sted' osv." (*Klassekampen*, 20. januar 1979, s. 17).
[336] Tron Øgrim, *Marxismen – vitenskap eller åpenbaringsreligion?*, Oktober, Oslo 1979, s. 28.
[337] Øgrim, *Marxismen – vitenskap eller åpenbaringsreligion?*, s. 89.
[338] Øgrim, *Marxismen – vitenskap eller åpenbaringsreligion?*, s. 292.

merksemd, høgt opplag (7000 eks.) og gode tilbakemeldingar makta ikkje Øgrim å roa ned dei mest taleføre kritikarane i partiet. Det var truleg to årsaker til dette. For det første kom boka for seint. Om ho verkeleg skulle ha skapt kompromiss i partiet, måtte ho minst ha kome eitt, kanskje to år tidlegare. For det andre makta ikkje Øgrim å koma seg langt nok ut av den maoistiske ortodoksien han ønskte å skapa større avstand til. Rett nok var boka skriven i ein open og diskuterande tone, i rak motsetnad til Øgrim sine skilsetjande "Teser" fire år tidlegare. Men i hovudsak konkluderte dei kritiske drøftingane med varsame reformuleringar av tidlegare standpunkt, og framleis var det meste heilt i tråd med Kina sine liner.[339] Rett nok opna Øgrim sin appell om å bli meir "vitskapleg" og mindre "religiøs" for at sekteriske trekk i partiet sin praksis kunne bli kritiserte. Men dei grunnleggjande dogma stod intakt: Øgrim insisterte på at marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking var "grundig bevist i praksis" og såleis representerte ein kvalitativt betre metode for å få sann kunnskap om røyndomen.[340]

Dette gjorde Øgrim ute av stand til å konfrontera det mest påtrengjande ideologiske spørsmålet i AKP (ml) no: Spørsmålet om sosialismen og demokratiet. Gjennom fleirfaldige sider vedgjekk Øgrim at "vi marxister trenger grundigere teoretisk klargjøring av *behovet* for demokrati, debatt og kritikk under sosialismen".[341] Men ikkje éin stad tok Øgrim opp om det kunne tenkjast fleire parti under sosialismen, sjølve spørsmålet som tvang seg meir og meir fram i ordskiftet om AKP (ml) sitt nye prinsipprogram. Øgrim vart dimed "stalinisten som vil avstalinisere", som Hans Ebbing ironisk formulerte det i eit "takk for sist" i SV-avisa *Ny Tid*.[342]

Slik var det tydeleg at boka òg var eit medvite strategisk grep frå Øgrim si side. Gjennom å koma kritikarane i partiet i møte, og samstundes freista å skilja det han oppfatta som det marxist-leninistiske barnet frå det religiøse badevatnet, må han ha vona å få kontroll med dei ideologiske oppløysingstendensane i rørsla og slik halda oppe det "teologiske monopolet" til den indre kjernen. Øgrim vedgår at bakgrunnen for å skriva boka var at han "kjente faen i hæla.

[339] Stalin vart kritisert på nytt, men framleis innanfor "kineserenes ganske brukbare tallforhold '70 prosent riktig, 30 prosent feil'" (s. 103); Albania kunne no kritiserast grundig for revisjonisme, men framleis heilt i tråd med KKP sin politikk (s. 119−131), det same galdt for Vietnam, som Kina jo hadde gått til åtak på (s. 133−148). Pol Pot og Kampuchea sin politikk vart rekna som "grunnleggende riktig og marxistisk", framleis heilt i tråd med lina frå Beijing (s. 196). I spørsmål om Kina freista Øgrim å gardera seg: Han opna for at formann Mao Zedong hadde hatt eit "gærent forhold" til "firarbanden" (s. 177), men samstundes at det kunne vera feil å rehabilitera Deng Xiaoping (s. 182−183). Heldigvis var framleis hovudsida god: "Jeg mener dette Kina fortsatt er Maos Kina, det vil si: Fortsatt et sosialistisk land som i viktige hovedspørsmål holder fast ved Maos linjer" (s. 180). Alle sidetal er til Øgrim, *Marxismen – vitenskap eller åpenbaringsreligion?*.

[340] Øgrim, *Marxismen – vitenskap eller åpenbaringsreligion?*, s. 241.

[341] Øgrim, *Marxismen – vitenskap eller åpenbaringsreligion?*, s. 212 (org. uth).

[342] *Ny Tid*, 31. oktober 1979. Som vi såg i kapittel 3, hadde Ebbing sju år tidlegare varsla den ideologiske krisa AKP (ml) ville hamna i. Mange av spørsmåla ml-rørsla no sleit med, var emne kritikarane i Bergen i 1972−73 hadde kravd å få ordskifte om i heile ml-rørsla.

Eg såg føreåt den bølgja av kritikk som ville koma".[343] Men var boka ein strategi frå *heile* SKAU? Inkje tyder på det. I føreordet hadde Øgrim insistert på at boka var uttrykk for private meiningar og ikkje AKP (ml) sitt nye lineskifte. Finn Sjue fortel at boka kom som ei overrasking.[344] Sverre Knutsen meinte det var gale å gje ut boka utan eit større ordskifte i SKAU først.[345] Pål Steigan, som framleis var partiformann, var ifølgje Øgrim raskt positiv til boka.[346] Sjølv om SKAU skulle stå samla utetter i den påfølgjande partikampen, representerte nok boka til Øgrim ein byrjande sprekk i fundamentet til den indre kjernen i AKP (ml).[347]

Det er fleire måtar å tolka denne situasjonen på. På den eine sida kan vi spørja: Viser det at Øgrim kunne "trumfa" igjennom ei slik bok, med standpunkt som fram til då ikkje hadde vore legitime, kor suveren den ideologiske makta hans var, både i SKAU og i partiet som heilskap? Ingen andre i SKAU kunne vel gjort noko liknande, og kome unna med det? På den andre sida kan vi spørja: Var årsaka til at han kunne gjera noko slikt at han nettopp *ikkje* hadde så mykje makt, og først og fremst var ein upraktisk skrivebordsideolog? Etter mi oppfatning, basert på det vi veit om krafta i den ideologiske og organisatoriske einskapen i ml-rørsla, er det siste perspektivet urimeleg. Øgrim var ingen politikar eller partiformann, men han var den fremste fortolkaren av den marxist-leninistiske ortodoksien, noko som vi har sett utgjorde sjølve spelereglane i partiet sitt indre liv. Som vi skal sjå, var Øgrim si ideologiske makt likevel ikkje meir suveren enn at han frivillig gav opp denne "glastnostlina" (i partiet kalla "kamp mot dogmatisme") for å halda SKAU sin monolittiske einskap oppe og slik møta den interne opposisjonen sterkare.[348]

---

[343] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 3, spor 3, 17.44).

[344] "Ikkje eingong eg visste at boka skulle koma. Det var ikkje så veldig bra, tykte eg. Det likna mykje på eit individuelt prosjekt, men det var nok nokon som hadde planlagt det. Nokon av oss hadde snakka saman … for å seia det slik. Men 'oss' var altså berre nokre få av oss. Dette var eit veldig eksklusivt utspel. Og då skapte det også ein viss indre uro hjå nokre av oss i toppen. Eg reagerte veldig sterkt på denne måten å gå fram på, men tykte likevel at resultatet av boka var flott og naudsynt, og at vi skulle teke eit slikt initiativ mykje tidlegare. Likevel tykte eg at her var noko gale" (intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 [disk 2, spor 4, 29.50]).

[345] "Den boka irriterte meg grenselaust. Årsaka var at han [Øgrim] handterte veldig viktige og store spørsmål fullstendig på eiga hand. Sju-åtte år tidlegare ville vi ha diskutert dette i leiinga først" (intervju med Sverre Knutsen, 16. oktober 2003 [disk 2, 06.23]).

[346] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 3, 3, 17.44). At Steigan skal ha vore positiv, er verdt å merkja seg. Seinare, kanskje på grunn av rolla som partiformann, hadde han ei meir konservativ haldning i dei ideologiske og organisatoriske ordskifta.

[347] Det var òg reaksjonar mellom medlemmene. Seinare, i "partikampen" i 1980, vedtok distrikststyret i Hordaland AKP (ml) kritikk av prosessen kring bokutgjevinga: "Tron Øgrim sin bok kom ut uten en intern debatt på forhånd. […] En god del medlemmer følte seg snytt: Her ble synspunkter som de sjøl hadde hatt i lang tid og ofte blitt kritsert for, kjørt ut i full offentlighet" (*Tjen Folket*, september 1980, s. 13).

[348] Tre år seinare førte Øgrim den ideologiske nyorienteringa vidare, med boka *Den vestlige maoismens sammenbrudd og krisa i AKP (ml) – et debattinnlegg om partiteori (mai 1982)*, Oktober, Oslo 1982.

2.4 Prinsipprogramordskiftet 1979−80

Det ideologiske samanbrotet i den internasjonale maoismen hadde altså gjort at "tenkern kom i sving" hjå Øgrim.[349] Men det same hadde skjedd med fleire. Som vi såg i kapittel 4, følgde AKP (ml) sitt prinsipprogram frå 1976 i fotefara til den ortodokse legitimeringsforteljinga Øgrim hadde lansert med sine "Teser om høyreavviket" våren 1975. Programmet gjekk langt i å formulera eit sosialismesyn der AKP (ml) skulle ha statsmakta, og tilsvarande kort i å formulera grenser for partiet si makt. Omgrepet eittpartisosialisme var ikkje brukt, men låg som ein implisitt konklusjon gjennom heile programmet.[350] I 1976 var denne lina vedteken utan nokon uttala intern opposisjon. Men no var det meste snudd på hovudet. Både i Kina og Albania satt rett nok kommunistpartia med all makt over staten, men korleis kunne ein eigentleg vita at dei representerte arbeidarklassen? Viste ikkje tilfellet med APA at så ikkje alltid var tilfelle? Og kva med AKP (ml) sjølv? Korleis kunne eit parti som kronisk hadde under éin prosent støtte i det norske folket, bramfritt erklæra seg som arbeidarklassen sitt parti, også uavhengig av kva klassen sjølv meinte? Var det eittpartidiktatur AKP (ml) ønskte seg?

I løpet av 1977 og 1978 hadde slike spørsmål tårna seg opp. Hausten 1979 vitna debattsidene i *Klassekampen* og internblad som *Tjen Folket* og *Fram For Partiet* om at det var i ferd med å utvikla seg ein opposisjon til lina 1976-programmet hadde formulert. At partiet skulle nyskriva programmet sitt til landsmøtet i 1980, gjorde det berre endå meir legitimt å reisa kritikk. Då den førebuande programnemnda i oktober 1979 leverte eit utkast til nytt prinsipprogram som imøtekom mykje av kritikken og distanserte seg frå ortodoksien i 1976-programmet, var det klårt at det gjekk mot strid rundt grunnleggjande programspørsmål i AKP (ml).[351] For første gong i partiet si soge vart det lagt opp til offentleg ordskifte rundt store og interne ideologiske usemjer: Programutkastet vart trykt opp og selt fritt frå Forlaget Oktober. *Klassekampen* og *Røde Fane* sine spalter vart rydda for programdebatt. Det var nye tider i ml-rørsla.

Gjennom hausten 1979 og våren 1980 var det oppstått to hovudposisjonar i ordskiftet.

---

[349] Øgrim, *Marxismen – vitenskap eller åpenbaringsreligion?*, s. 7.

[350] Prinsipprogrammet bygde på den gamle marxist-leninistiske ortodoksien om at partiet skulle vera "ein *fortropp* og ein *generalstab* for proletariatet" (s. 21, org. uth.) og at proletariatets diktatur "vert utøvd gjennom den leiinga partiet har i staten og samfunnet" (s. 143). Korleis ein kunne vera trygg på at arbeidarklasse og kommunistparti hadde felles interesser, var gjennomgåande uklårt: Det vart lagt stor vekt på at partiet gjennom å praktisera "masselina" skulle læra av proletariatet, samla og systematisera røynslene deira (s. 17−18); vidare vart det insistert på at også partimedlemmene var ein del av arbeidarklassen og såleis "har [...] dei same interessene og problema som det arbeidande folket elles" (s. 21). Viktigast var kanskje likevel at "[i] dag viser kjennsgjerningane sjølve at AKP (ml) er det einaste partiet i Noreg som er berar av arbeidarklassen sin vitskaplege teori [...] [a]rbeidarklassen i Noreg treng partiet, for utan partiet kan klassen aldri frigjera seg sjølv" (s. 17). Alle sidetal er til *Prinsipprogram og vedtekter for AKP (ml)*, Oslo 1977.

[351] Eit oversyn over dei viktigaste endringane som var føreslåtte i høve til 1976-programmet vart trykt som vedlegg

På den eine sida stod dei som ønskte å avgrensa kommunistpartiet si formelle makt under sosialismen og ville tillata fleire parti å tevla om politisk oppslutnad. "Dermed vil partiet bare kunne ha innflytelse gjennom en riktig *politisk praksis*, og ikke 'flyte på' særrettigheter gitt av staten," meinte Trond Andresen, mangeårig medlem av AKP (ml) i Trondheim.[352] På den andre sida stod dei som meinte at kommunistpartiet *måtte* ha ein særskild formell maktposisjon i den sosialistiske staten, for berre slik kunne arbeidarklassen utøva diktatur over borgarskapen. Ettersom dei parlamentariske partia var utrykk for ulike klasseinteresser, ville ideen om fleirpartisystem innebera at ein "mista hele *klassespørsmålet* av syne", meinte signaturen "Kalle".[353] Då prinsipprogramnemnda mai 1980 la fram den endelege innstillinga si, kom desse to syna klårast til utrykk i fleirtals- og mindretalsinnstillinga rundt éi viktig setning. Fleirtalet i nemnda ville vedta at "AKP (ml) går mot at kommunistpartiet skal ha ei forfatningsmessig, lovfesta særstilling i staten". Mindretalet ville stryka setninga. Men også andre formuleringar markerte opposisjon til partisynet frå 1976, m.a. ønskte halve nemnda å presisera at "[s]osialismen må vere proletariatets diktatur reelt, ikkje partiet sitt diktatur på vegner av proletariatet".[354]

Dissensane i programnemnda og ordskiftet i *Klassekampen* synte tydeleg korleis dei ideologiske konjunkturane var fundamentalt endra i løpet av dei siste åra. Dei internasjonale røynslene hadde gjort det umogleg å koma unna ordskifte om eittpartisosialismen. Og på grunn av lojalitetsbanda til den rådande lina i KKP kunne ikkje leiinga avfeia ordskiftet med at "kulturrevolusjonen" løyste slike problem, for i Kina vart han no heftig kritisert. Situasjonen må ha vore uvand og vanskeleg for den inste leiinga i AKP (ml): Den tidlegare monolittiske einskapen i den internasjonale maoismen var borte. Også i det norske partiet var ein splitta i det alle meinte var avgjerande ideologiske spørsmål. Til og med i SK fanst det medlemmer som støtta kritikken.[355]

---

til *Røde Fane*, 7/1979.

[352] *Klassekampen*, 1. oktober 1979, s. 9 (org. uth.). Andresen utvida argumentasjonen sin i artikkelen "Ut av tvangstrøya" i *Røde Fane*, 2/1980, s. 34−39. Andre aktive debattantar på denne sida var særleg signaturen "H.G". Han/ho ønskte fleirpartisystem under sosialismen, som vern mot kontrarevolusjon gjennom partiet (*Klassekampen*, 17. august, 25. september, 15. november, 24. november og 26. november, alle i 1979).

[353] "Mot illusjonsmakeri i sosialismedebatten, *Røde Fane*, 4/1980, s. 35, signert "Kalle, Trondheim". Andre aktive debattantar på denne sida var mellom andre Ellen Pedersen, RV-representant i Oslo bystyre. Pedersen ville ikkje utelukka at ein kunne tillata fleire parti under sosialismen, men ville først sjå partiprogramma deira og kva haldning dei tok til proletariatets diktatur (*Klassekampen*, 10. oktober 1979, s. 11).

[354] *Nytt framlegg til prinsipprogram for AKP (ml)*, Oktober, mai 1980, s. 52. Det var like røystetal rundt formuleringa "[p]artiet må heile tida kjempe om støtte frå folket på like fot med andre lovlege organisasjonar og parti".

[355] Av SKAU sitt føreord til *Nytt framlegg til prinsipprogram for AKP (ml)* går det fram at det hadde vore svært omfattande røystingar og 30 protokollmerknader under handsaminga av utkastet (s. 6). Seinare i kapittelet vil vi òg sjå at Wiggo Knudsen, formannen i Oslo AKP (ml) 1979−1980 og SK-medlem, alt hausten 1979 hadde starta ein omfattande intern kritikk, som hadde fleire tangeringspunkt med den ideologiske striden rundt partiprogrammet.

3. Tillitskrise

Utopiar forvitra. Gudar stod for fall. Også på det interne planet bar AKP (ml) meir og meir preg av å køyra i motbakke: Ein mista medlemmer, færre meldte seg inn.[356] Mange var slitne og trøytte etter fleire års seig aktivisme under stendig meir omfattande hemmeleghald. Dei mest løynde medlemmene byrja å "rotna på rot" i mangel på oppfølging, fortel Sjue.[357] Likevel: Den viktigaste indre faktoren i "partikrisa" var nok at det interne limet; den enorme *tilliten* frå medlemmene til partileiinga, særleg til SKAU, vart dramatisk svekt frå slutten av 1978 og utover 1979. I kjølvatnet utvikla det seg i Oslo-partiet hausten 1979 og våren 1980 eit opposisjonelt miljø med sterk kritikk av den indre kjernen i ml-rørsla og måten leiinga takla partikrisa på.

3.1 Tilliten før og etter 1978

Mange fortel om den uavgrensa tilliten medlemmene i AKP (ml) i lange tider viste den øvste leiinga i partiet. Medlemmene samla inn millionar for å etablera *Klassekampen* som dagsavis, ofra store delar av årsløna si og la ned hundrevis av arbeidstimar for partiet.[358] Det heile vart forvalta av ei leiing berre dei færraste visste sikkert kven var.

Brigt Kristensen minnest at då problema i partiarbeidet byrja å syna seg også i det lokale arbeidet i Bodø (rundt 1978−79), skulda medlemmene støtt på den lokale leiinga: "Den sentrale leiinga var jo heilt i orden, det var som synet på tsaren, eller kongen i København. Dei *kunne* det jo nesten ikkje vera noko feil med," fortel han.[359] Tilliten hadde røter både i ml-ideologien og i dei norske, lokale røynslene: Den leninistiske partiteorien lærte medlemmene at det var naudsynt å underordna seg den demokratiske sentralismen og sentralkomiteen. Praktiske røynsler med partiarbeidet i Noreg hadde dessutan vist at leiinga i AKP (ml) var svært flinke strategar og organisatorar. Leiinga *skulle* ha tillit og hadde dessutan gjort seg *fortent* til han, ville dei fleste ha hevda før hausten 1978.

Dét tok brått slutt 1. november 1978. Då såg SKAU seg nøydd til å informera medlemmene om at fleire av partiverksemdene, m.a. *Klassekampen* og Forlaget Oktober, var på randen av konkurs. For medlemmene i AKP (ml), som alt hadde samla inn fleire millionar til avisa si nye rotasjonspresse, verva tusenvis av tingarar og lenge gått bodruter seks dagar i veka

[356] 1979 vart det første året der talet på utmeldingar frå AKP (ml) overgjekk innmeldingar. Mellom 1978 og 1981 forsvann ein fjerdedel av medlemsmassen til AKP (ml) (Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 150).
[357] Intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 (disk 2, spor 4, 08.00).
[358] Det beste innsynet i denne delen av ml-rørsla si verksemd er gjeve i Ottosen og Westlie, "Da 'Klassekampen' ble dagsavis", i Tvedt (red.), *(ml)*, s. 165−196.

for eit parti og ei avis dei trudde var i framgang, kom meldinga som eit stort sjokk.[360]

Samanbrotet i partiøkonomien hadde alvorlege konsekvensar. For det første sette det den øvste leiinga i partiet i eit dårleg lys, særleg fordi dei hadde halde stilt om informasjonen så lenge. "Hvorfor kommer slikt som en tung stein i hodet på partikamerater utenfor ledelsen? […] Hvorfor får ikke kameratene i partiet vite noe sånt, før skuta er i ferd med å synke?" spurde "Rudolf" i ein typisk reaksjon på grunnplanet.[361] For det andre skapte nok samanbrotet ei kjensle av nederlag: Med eitt stod det heile på spel og kunne gå tapt. For det tredje var det openbert at partimedlemmene nok ein gong ville bli bedne om å vrengja lommene og yta maksimalt, men denne gongen til eit prosjekt som hadde vist seg feilbarleg.

Den indre kjernen i AKP (ml) hadde slik definitivt mista skinet av å vera ufeilbarleg. I februar 1979 måtte SKAU leggja fram ein åtte sider lang skriftleg sjølvkritikk, etter lenge å ha "blitt oppfordra fra mange deler av partiet".[362] Det var nye tider i ml-rørsla.

Etter at SKAU på denne måten hadde sett heile partiverksemda i fare og såleis brote ned store delar av den tilliten som låg mellom medlemmer og leiing, var det som om taket hadde rast saman i AKP (ml) sitt byggverk. Frisk luft seig inn, lys kom til utanfrå, og det var råd å kritisera partileiinga også på andre område. Det vart no mogleg å sjå at Pål Steigan, Sigurd Allern, Tron Øgrim, Finn Sjue, Sverre Knutsen og den løyndomsfulle "Billy" (Kjell Skjervø sitt dekknamn) ikkje berre kunne gjera feil, men òg kunne vera arrogante, pavete, ja, kanskje herskesjuke. Utover 1979 vart internbladet dominert av kritiske innlegg om leiinga si takling av partiøkonomien.[363] Gradvis vart tonen meir kritisk også til andre område av partiet si verksemd og leiinga si handsaming av desse.

Ei av dei viktigaste kjeldene til at kritikken auka på utover 1979, var usemjer rundt framtida for avisa *Klassekampen*. Skulle ein halda fram dagsavisa, uansett økonomisk og ideologisk kostnad? Å gjera dette ville innebera å søkja statsstøtte, ta imot statsannonsar, truleg òg å leggja ned det ekstremt arbeidskrevjande bodsystemet. Dette var ikkje uproblematisk for

---

[359] Intervju med Brigt Kristensen, 14. juni 2003 (disk 1, 10.40).
[360] Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 158; Ottosen og Westlie, "Da 'Klassekampen' ble dagsavis", s. 192−194; Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 152. Både Istad og Skorpen ser samanbrotet i partiøkonomien som den viktigaste føresetnaden for partikrisa (Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 154; Skorpen, *Maoisme på norsk og svensk,* s. 145).
[361] *Tjen Folket*, mai 1979, s. 14.
[362] "Sjølkritikk fra sentralkomiteens arbeidsutvalg", vedlegg til *Tjen Folket*, februar 1979.
[363] Felles for dei fleste innlegga var at folk var skuffa og sjokkerte over å ikkje ha vorte informerte om krisa tidlegare. Typisk var innlegget frå "Asbjørn, Oslo" (truleg Asbjørn Solevåg, medlem i distriktsstyret i Oslo AKP [ml]), som særleg meinte "[m]åten partimedlemmer har fått informasjon om partiets økonomiske situasjon på er kritikkverdig. Den kommer som ei bombe, feier til sider andre oppgaver, og oppfordrer medlemmene til å vente med kritikk" (*Tjen Folket*, mai 1979, s. 17).

eit parti som prinsipielt meinte at statsstøtte var "'kuler med sukkertrekk'"[364] og hadde kritisert SV si avis *Ny Tid* for å bli halde oppe av "judas-pengar".[365] Å avskaffa det sjølvorganiserte bodsystemet ville i mange sine augo innebera å gje overvakingspolitiet ei nesten komplett liste over AKP (ml) sine medlemmer.[366] Det var difor store usemjer i SKAU og SK rundt dette. Sjue fortel at konstellasjonane no byrja å gå "på kryss og tvers". Ifølgje Sjue stod han, Steigan og Allern overraskande nok saman i synet på at *Klassekampen* måtte bli berga, uansett, medan Sverre Knutsen og Øgrim var meir kritiske.[367] Til slutt, truleg i løpet av sumaren 1979, vart det likevel etablert ei taktisk semje mellom partane i SKAU, som så vart teken med inn i arbeidet med å overtala sentralkomiteen.[368] Sjue: "Alt for mykje stod på spel for heile partiet. Ei semje måtte til om ikkje partiet skulle bli hardt skada – ei skade som seinare kunne koma til syne som eit banesår".[369]

3.2 Kritikkrørsle i Oslo AKP (ml)

Bakgrunnen for at den indre kjernen nok ein gong samla seg, sjølv om ein i røynda no hadde byrja å bli usamde på fleire område, var at omfanget av intern kritikk og misnøye hadde auka sterkt etter økonomikrisa i 1978. Særleg i Oslo-distriktet hadde det murra lenge. Det var her konflikten vart skapt, som kom til å få avgjerande innverknad på resten av AKP (ml) si partikrise.

Som i dei fleste partilag i landet opplevde Oslo-partiet frå 1978 generell tilbakegang og problem i partiarbeidet. Likevel var nok den organisatoriske og menneskelege slitasjen ekstra stor i hovudstadsområdet. Både avisdrift og det sentrale partibyråkratiet stal mykje tid, pengar og kadrar. Rundt årsskiftet 1978/79 skifta SKAU ut leiaren i distriktstyret (DS) i laget, og sette inn Wiggo Knudsen, mangeårig SK-medlem, som ny formann, i von om å kunna endra på stoda. Knudsen var ein godt omtykt kader i partiet.[370] Men sjølv om han i utgangspunktet må ha vore leiinga sin mann i Oslo, oppførte den nye DS-formannen seg raskt med stort sjølvstende i høve

[364] *Prinsipprogram og vedtekter for AKP (ml)*, Oslo 1977, s. 25.
[365] Valhefte gjeve ut av Raud Valallianse før stortingsvalet 1977, sitert i Ottosen og Westlie, "Da 'Klassekampen' ble dagsavis", s. 192.
[366] Det var direktiv for partimedlemmene å tinga avisa (Ottosen og Westlie, "Da 'Klassekampen' ble dagsavis", s. 170).
[367] Intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 (disk 2, spor 4, 40.42).
[368] Ifølgje Steigan inngjekk dei to fløyene i SKAU eit kompromiss der Steigan og Allern gjekk med på å avslutta kampanjen mot dogmatisme mot at Knutsen støtta at *Klassekampen* heldt fram som dagsavis (Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 160). Sverre Knutsen har seinare stadfest at han ønskte å leggja ned *Klassekampen* som dagsavis (Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 164).
[369] E-post frå Finn Sjue, 28. januar 2005.
[370] Då han vart sett inn som formann i Oslo, kom han frå ei liknande rolle i Mo i Rana, der han etter sigande hadde gjort ein svært god jobb (intervju med Tor Mostue, 7. august 2003 [disk 1, 31.19]).

til SKAU og danna seg si eiga oppfatning av kva som var gale i partiarbeidet.[371]

Wiggo Knudsen fortel at han i freistnaden på å kartleggja årsakene til dei store problema i Oslo hadde byrja å laga konkrete rekneskap, der han sette opp dei ressursane distriktet hadde (pengar, kadrar, stillingar) og samanlikna med dei oppgåvene ein var *pålagt* frå SKAU. Konklusjonen var klår: "Det var heilt udiskutabelt at vi var i deep shit." DS-formannen og resten av DS sin analyse var at fleire av problema i Oslo måtte ha bakgrunn i at *heile* partiet var hamna i ei omfattande krise. Vidare at denne ikkje berre kom av ytre tilhøve som utviklinga i Albania og Kina, men kanskje først og fremst hang saman med det interne partilivet og partiet sin praksis. Ei stund var haldninga til DS-formannen at ein skulle forsøka å snakka til SKAU og slik få dei til å forstå at partiet var i krise. Det vart difor halde mange møte mellom han og representantar for SKAU, men analysen frå leiinga var at kritikarane var for svake i trua, og at her måtte ein ha meir disiplin, ifølgje Oslo-leiaren. På møte med Steigan, der DS-formannen la fram dei raude tala og forklåra at det ikkje gjekk lenger, "bad [Steigan] meg om å "be til Mao" og bli sterkare i trua".[372]

Det var tydeleg at den lojale lina ikkje fungerte. I august 1979 sendte DS i Oslo AKP (ml) eit internt vedtak til SK:

> DS har diskutert partikrisa. Vi oppfatter situasjonen i partiet som svært alvorlig, og mener det er tendenser som peker i retning av en vanskeligere og mer problematisk situasjon enn den vi står oppe i nå. Slike tendenser er:
> – Stagnasjon i medlemstallet. Flere utmedlinger [sic] enn vi har hatt tidligere. Økende spontan tilbakeføring av kamerater fra industrien til universitetet og intellektuelle yrker. – Markert nedgang i sommerleirdeltakelsen i -79. – Dårlig oppslutning om demonstrasjoner. – Motstand mot innsamling til Klassekampen og RV. – Sammenbrudd i ledelsen i mange avdelinger. – Demoralisering og passivisering av mange medlemmer.
>
> Vi mener at den største faren i denne situasjonen er ytterligere demoralisering og passivisering av medlemmene. Vi ber SK være dristigere til å føre diskusjonen om partikrisa og feil i partiet ut til hele partiet. Vi trur denne diskusjonen vil fungere positivt overfor demoralisering og passivisering, og at den ikke vil bli dominert av ultrademokratiske og kritiske tendenser. Vi synes SK til nå har vært baktunge i forhold til diskusjonen om partikrisa. Vi understreker at målet med denne diskusjonen må være å trekke hele partiet med i løsninga av problemene i partiet og *ikke* å skape en 'kritikk/sjølkritikk-kampanje' (28/8−79).[373]

[371] I *Fram For Partiet*, april 1980, s. 11, fortalde Wiggo Knudsen, då som "eks-DS-formann", at han halvtanna år tidlegare hadde vorte "hala inn til Oslo. En sterk leder var det som trengtes for å rette opp Oslo. Jeg trodde det var for enkelt, en måtte også gjøre noe med SKAUs linje for ledelse av Oslo." Det kan sjå ut til at ein slik praksis med å flytta på leiande kadrar var vanleg på område som var strategisk viktige for partiet.
[372] Intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 (cd 3/3, 34.20−41.00).
[373] Vedtaket vart seinare, i den påfølgjande "partikampen", gjort kjend internt i Oslo-partiet av Wiggo Knudsen, då som "Eks-DS-formannen", i *Fram For Partiet*, april 1980, s. 11−12 (org. uth.).

Distriktsstyret i Oslo-partiet ønskte ope ordskifte om at partiet var i krise, og ein kritiserte SK (varsamt) for å ha halde attende den naudsynte prosessen. Frå august/september 1979 sette så DS lina si ut i praksis gjennom artiklar i det regionale internbladet *Fram For Partiet* (FFP): Ein oppmoda medlemmene og laga til å bidra til ein analyse av det dei no kalla "partikrisa". Dei lét seg ikkje be to gongar. Hausten 1979 strøymde det på med innlegg som kritiserte tilhøva i partiet. Og sjølv om det interne vedtaket retta til SK ikkje var gjort kjend for medlemmene, vitna fleire av formuleringane i internbladet tydeleg om at det var store usemjer mellom DS og SKAU. "[Vi] mener […] hovedårsaken til krisa ligger i feil i egne linjer," skreiv distriktsstyret.[374]

Steigan hadde i august åtvara "mot en tendens […] til å gjøre 'krisa' i partiet til et spørsmål bare om feil i SK".[375] Var det ikkje nettopp dette Oslo-laget og den tidlegare så lojale SK-medlemmen Wiggo Knudsen var i ferd med å gjera? For Øgrim, Steigan og dei andre i den indre kjernen kan det lett ha verka slik. At ein distriktsleiar på eiga hand tok i bruk omgrepet "partikrise" og opna for kritikk av den øvste leiinga, utan at løyve var gjeve frå toppen i partiet, likte SKAU dårleg. Oslo-leiinga hadde byrja å visa eit sjølvstende som tidlegare hadde vore utenkjeleg i AKP (ml). Og det i partiet sitt absolutt viktigaste distrikt. I styret saman med DS-formannen satt leiarane for både ungdoms- og studentforbundet, i tillegg til leiarar i Fagleg Utval (FU) og andre operative leiingar.[376] Kritikken kunne ikkje ha kome på ein verre stad. Korleis skulle det gå med partiet sin einskap om SKAU mista kontrollen over partiet sitt indre liv? I den kritiske situasjonen ml-rørsla no var inne i, må SKAU ha opplevd utviklinga i Oslo-laget som eit trugsmål – noko som kravde handling.

Alt like etter at Oslo hadde starta kriseordskiftet, august/september 1979, hadde SKAU fått igjennom vedtak i Politisk Utval (PU) som kritiserte DS-formannen si line. I dette viktige utvalet, der Wiggo Knudsen òg var medlem, vart han kritisert for å leggja for lita vekt på "de objektive årsakenes store betydning", og ein tok avstand frå ønsket om "en stor kritikk-sjølkritikk-bevegelse". I staden ønskte ein "at hovedvekta i diskusjonen blir lagt på å utvikle en riktige [sic] politikk". Fleirtalet i PU meinte også at partiet var i krise, men ønskte ikkje ope ordskifte mellom medlemmene om dette. Det vart likevel presisert at "PU som kollektiv tar ikke stilling til innlegget fra formannen i Oslo (FFP august 79)".[377] Kort tid etter

[374] *Fram For Partiet*, september 1979, s. 5. Dette var ein implisitt kritikk av analysen Steigan hadde lagt fram i *Tjen Folket,* august 1979 (s. 17−20), der han la stor vekt på endringar i dei ytre, ideologiske vilkåra for partiarbeidet. At dette var ein motsetnad både DS-formannen og SKAU var medvitne om, går også klårt fram av vedtaket om partikrisa i Politisk Utval, truleg gjort like etter (sjå nedanfor), og Steigan sitt svar til DS: "[V]edtaket er formulert som en indirekte kritikk av det standpunktet jeg gikk ut med i intervju med TF" (*Fram For Partiet*, november 1979, s. 4).
[375] *Tjen Folket*, august 1979, s. 17.
[376] Intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 (cd 3/3, 34.20).
[377] "PU-vedtaket om krisa", ukjend datering (truleg august/september 1979), attgjeve i *Fram For Partiet*, mai 1980,

møtet i PU var det klårt at frontane ikkje hadde vorte mindre desse månadene seinsumaren 1979. Gjennom FFP heldt Oslo-DS fram med å invitera medlemmene til ordskifte om "partikrisa". Neste møte i sentralkomiteen, 26.−28. oktober 1979, måtte gje ei avklåring på dei store spørsmåla som plaga partiet. Før møtet kommenterte ein medlem i SKAU i førebuingspapira at:

> Mitt syn er at det er riktig å prioritere kreftene om å diskutere, utvikle og propagandere *politikk* og prøve å vinne på praktiske eksterne resultater for å seire over partikrisa. Utfra dette er jeg også *mot* å prioritere ei intern kritikkbevegelse nå. […] Retninga i denne kritikken sprer missmot [sic] og defaitisme. Den underminerer tilliten til partiet og ledende organer på en måte som ødelegger disiplinen, skaper oppløsning og gir bedre grobunn for revisjonisme.[378]

Dette var ein repetisjon av argumenta som var ført i marka på PU-møtet tidlegare same haust. Alle var samde i at partiet var i krise, men SKAU ønskte ikkje ope ordskifte om det. På møtet vann også denne lina gjennom hjå fleirtalet i sentralkomiteen.[379] Frå hausten 1979 var såleis haldninga at ein berre ville tillata kritikk av del-område og at ein i staden skulle "seire" over partikrisa, gjennom "å vinne på praktiske eksterne resultater".[380] Sentralkomiteen freista slik, med Sverre Knutsen sine ord, "å behandle partikrisa som 'ikke-krise'".[381] Kontrasten til "oppgjeret med høgreavviket" nokre få år tidlegare var stor. I 1975 skulle partiet konfrontera eigne feil på ein nådelaus måte; den ideologiske lina vart lagt sterkt om, medlemmene "korrigerte" m.o.t. tenkje- og veremåtar og den indre kjernen si makt vart utvida og forsterka. Ved vedtaket av "Teser om høyreavviket" hadde partileiinga sett ut over eit parti og ein medlemsflokk dei ønskte å endra grunnleggjande på. Hausten 1979 stod partileiinga andsynes ein medlemsflokk som etterlyste endringar frå *dei*.

Slik fekk lina frå oktober-møtet i SK ein konservativ tendens: Partileiinga freista å halda att og konservera partiet sin ideologi og partikultur i ein situasjon der andre delar av partiet var radikale og ønskte ope ordskifte og grunnleggjande endringar. Vidare søkte partileiinga i sine eigne analysar mot forklåringsmodellar som tok søkjelyset bort frå indre tilhøve, som kjernen sitt hegemoni og mangelen på partidemokrati, og retta i staden lupa mot ytre, objektive tilhøve dei sjølve ikkje kunne klandrast for.

3.3 Reaksjonar i Oslo-området

Men konservativ frakk kledde den indre kjernen dårleg. Det hadde alt kome irriterte reaksjonar

---

s. 8.
[378] Polemikken vart seinare attgjeve i *Fram For Partiet*, mai 1980, s. 7 (org. uth.).
[379] Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 161−162.
[380] *Fram For Partiet*, mai 1980, s. 7.
[381] Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 162.

på Steigan sine utspel i TF i august 1979, der han hadde gjort alt han kunne for ikkje å ta ordet partikrise i bruk; i staden åtvara han mot å kritisera partileiinga for mykje.[382] Ein innsendar "fra en liten boligavdeling i en liten drabantby" meinte dette likna på ansvarsfråskriving. Partilaget hans opplevde "trøtthet og frustrasjon" i partiarbeidet, fordi partiet i fleire år hadde hatt grunnleggjande feil i måten ein planla og organiserte arbeidet i partiet på: "Og den planlegginga må SK ta sjølkritikk for ettersom de er huene bak planene – så skal nok vi i tur og orden ta sjølkritikk for å ha vært sløve nok til å godta, bukke og springe i vei." Innsendaren meinte det var prisverdig at det no kom opp kritikk av sentralkomiteen som ikkje leiinga hadde lagt fram av seg sjølv, og oppmoda: "[K]jære SK – hold øyne og ører vidåpne for all kritikk, og ikke vær for raske med å slå løs." [383]

Oppmodinga hjelpte lite, for med støtte i fleirtalet i sentralkomiteen hadde SKAU no ryggdekning for å halda fram med strategien å venda blikket utover (mot "ytre forhold" og krav om "meir politikk") for å sleppa ordskifte om eige ansvar og indre forhold som partidemokratiet. I FFP november 1979 svara Steigan på DS sine innlegg om partikrisa. Og no opplevde nok kritikarane det som at Steigan sin ny-konservative frakk hadde vorte utstyrt med ekstra store klaffar. Partikrisa var hjå partiformannen vorten til "den såkalte partikrisa". Og det var ganske openbert at han ikkje delte kjensla av at partiet stod andsynes store og potensielt øydeleggjande farar:

> Jeg har i mange år vært bekymra over at partiet ikke har opplevd mer motgang. Som bevegelse har vi hatt en nesten ubrutt framgang fra den starta opp. Dette har gjort oss bortskjemte. […] Når vi plutselig opplever litt stampesjø og litt motvind, blir vi frusterte. Ja, jeg sier med vilje: *litt* motvind, for ærlig talt, de problemene vi opplever nå, er småtterier i forhold til for eks. NKPs situasjon i -39 eller i femtiåra.[384]

Gjennom hausten og vinteren 1979 vart biletet av ei leiing som i det lengste søkte å halda vanskelege emne under teppet, berre forsterka. Også Øgrim, som med boka si hadde ønskt eit friare klima for ordskifte, åtvara no mot å bli for sjølvkritisk. Øgrim hevda han aldri hadde teke til orde for nokon "kampanje mot dogmatisme":

> Det er ikke jeg som har finni på dette utrykket, tvert imot har jeg sagt i flere intervjuer at jeg er mot ei sånn kampanje. Jeg er også mot 'kulturrevolusjon i

[382] *Tjen Folket*, august 1979, s. 17.
[383] *Fram For Partiet*, oktober 1979, s. 9−10.
[384] *Fram For Partiet*, november 1979, s. 4 (org. uth.). Betre vart det nok ikkje av Steigan si insistering på "meir-politikk"-lina: "Jeg trur at dersom Oslo DS var i stand til å gå ut med en politikk og taktikk som partimedlemmene kunne tro på på noen få viktige områder, så ville mye av trøtt og lei-stemninga forsvinne av seg sjøl," meinte partiformannen (*Fram For Partiet*, november 1979, s. 6).

> partiet' 'stor kritikk- og sjølkritikkbevegelse'. Dette er ikke fordi jeg mener partiet ikke har feil. Det er fordi jeg trur denne typen virkemidler ikke vil gjøre det aller minste for å rette på partiets viktigste feil.[385]

Øgrim si haldning kan ha forsterka inntrykket av ein sjølvtilfreds og arrogant leiarskap. Her hadde Øgrim skrive over 300 boksider om partiet si historie, om feil og dogmatiske haldningar, men då medlemmene ville følgja oppmodinga frå partiideologen, vart dei møtt med ei kald skulder og ei oppmoding om å sjå "framover".

3.4 Frå kritikk til opposisjon

Øgrim og resten av kjernen var ikkje interesserte i ein "kulturrevolusjon i partiet" – kva hadde dei å tena på det? Tena kunne derimot "sersjantsjiktet" i Oslo. Der hadde eks-leiarar frå RU, NKS og tidlegare og noverande DS-medlemmer i snart ti år sett at SKAU trekte stigen opp etter seg og aldri tillet leiarar med alternative bakgrunnar (og maktbasar) å sleppa inn i det aller heilagaste.[386] Vinteren 1979/80 var det tydelege indikasjonar på at kritikkrørsla, under dei misnøgde sersjantane sin alternative leiarskap, var i ferd med å utvikla seg til ein opposisjon. For trass vedtaka i PU og i sentralkomiteen hadde distriktsstyret i Oslo halde fram krise-ordskiftet. Ved juletider 1979 orienterte *Fram For Partiet* om at DS i Oslo hadde halde møte med underutval og avdelingsstyre i Oslo, og at dei aller fleste styra i Oslo meinte at det *var* krise i partiet.[387] Distriktstyret vurderte situasjonen slik:

> I lang tid har demokratiet blitt hemma av at ledende organer har tatt alt for lite hensyn til kritikken, meningene og erfaringene til partiorganisasjonen […] I stor grad har organisasjon ensidig blitt sett på som redskap til å sette planer og tiltak fra sentralt ut i livet, og slik blir også de enkelte medlemmer redusert til redskaper for overksetting [sic]. Mao sier at når den politiske linja er fastlagt, blir kadrene den avgjørende faktoren. Han har imidlertid ikke sagt at kadrene er uten betydning i utforminga av den politiske linja. Men i stor grad har vi praktisert et slikt syn.[388]

Kritikken av manglande intern-demokrati var framleis gjennomgangstonen frå Oslo-DS i analysane av partikrisa. Men no var òg det farlege omgrepet "mistillit" funne fram:

---

[385] *Klassekampen*, 29. november 1979, s. 12.

[386] Fleire av dei mest aktive i kritikk-kampanjen i Oslo høyrde til det vi kan kalla eit sjikt av "misnøgde sersjantar" eller eit "B-lag": Wiggo Knudsen var høgt oppe i partihierarkiet, men hadde aldri kome heilt inn i kjernen; Helge Øgrim var tidlegare leiar av RU, men var kasta ut av SK i 1976; Tor Mostue var aktiv i partiet sitt FU og hadde vore med i SK, men var kasta ut av SK i 1976; Ove Monsen (alias "Faglig-Olaf") var leiar for partiet sitt FU, men hadde ikkje plass i SK; Bernt Holtsmark (som var mellom dei mest kritiske skribentane i TF og FFP, under signaturen "Henry Berg") var tidlegare leiar av NKS, men hadde heller ikkje rykka opp i systemet; Kjell Arild Nilsen, alias "Melis", som våren 1980 skulle leia an i kritikk av Steigan i *Klassekampen*, var tidlegare sentralstyremedlem i RU, men hadde heller ikkje fått viktigare oppgåver etterpå; Asbjørn Solevåg var DS-medlem og ein av støttespelarane for DS-formannen, Solevåg var gift med Kitty Strand, som vart fjerna frå SK i 1976.

[387] *Fram For Partiet*, desember 1979, s. 2.

> Mistilliten til høyere organer er et resultat av at mange har mista trua på at ledelsen kan forstå og lede partiet ut av vanskelighetene. Vi synes det er gode grunner til mistilliten som nå kommer opp. […] Vi har slutta, som dere, å tru at lange sjølkritikker aleine er noe hjelp.
>
> Mistilliten forsterker vanskene i partiet, ledelsen blir skilt fra medlemmene. Hvordan skal tilliten gjenopprettes?[389]

DS svara ikkje sjølv, men oppmoda medlemmene om å halda fram ordskiftet. Januar 1980 skreiv så Wiggo Knudsen orda som skulle avgjera lagnaden hans i partiet.

Ein hestekur med ”meir politikk” vil ikkje løysa dei grunnleggjande problema til partiet, men i staden berre utsetja på ubestemt tid det naudsynte ordskiftet om partikrisa, hevda DS-formannen i FFP januar 1980.[390] Standpunktet var ikkje ukjend for medlemmene i Oslo, DS hadde jo hevda liknande standpunkt i eit halvt år. Det *nye* i artikkelen var at DS-formannen no identifiserte partileiar Steigan og sjefsideolog Øgrim som hovudeksponentar for det han kalla ”mer politikk”-lina, og at han karakteriserte lina som ”en trussel mot enheten i partiet og mot bra ting i den nåværende partilinja”.[391] Som vi har sett, var berre det å ta omgrepet “partikrise” i bruk eit potensielt brot på partilina etter møtet i SK oktober 1979. Men no hevda altså DS-formannen at sjølve *kjernen i kjernen* – Steigan og Øgrim – hindra partiet i å koma seg ut av krisa!

Kjell Skjervø sine eigne understrekingar i januar-artikkelen kan gje innsyn i korleis SKAU las artikkelen frå Oslo-formannen: Med raud penn skreiv Skjervø ved sidan av overskrifta på artikkelen (”Hva skal gjøres med partikrisa?”): ”Eller: Et godt planlagt bakhold.” Dei andre kommentarane til Skjervø lét det vera liten tvil om kva vurderinga til partiet sin organisasjonssjef var: ”Tullprat”, ”Bakvasking av PS [Pål Steigan]”, ”Mer dritt!”, ”Løgn”.[392] Sjølv om artikkelen var trykt i Oslo-partiet sitt blad og underteikna med ”Formannen i DS”, var altså Skjervø, og truleg heile kjernen, si oppfatning at dette var eit *bakhaldsåtak*. Formannen i Oslo hadde lenge utfordra lagnaden. No hadde han gått for langt.

4. Frå partikrise til partikamp: Prosessen mot DS-formannen

For SKAU var truleg ikkje forvirring og usemje kring partiet sin ideologi i seg sjølv det farlegaste no. Det verkelege trugsmålet låg i *kombinasjonen* av ideologiske usemjer og den

---

[388] *Fram For Partiet*, desember 1979, s. 3.
[389] *Fram For Partiet*, desember 1979, s. 5.
[390] *Fram For Partiet*, januar 1980, s. 2.
[391] *Fram For Partiet*, januar 1980, s. 4.
[392] *Fram For Partiet*, januar 1980, s. 2−4. Kjell Skjervø sitt private eksemplar. Skjervø stadfester at det er hans eiga handskrift og at kommentarane var påførte kring januar 1980.

aukande kritikken av interne makttilhøve. Tidlegare hadde SKAU drege viktig lærdom frå røynslene i svenske KFML på 1970-talet, der nestleiaren Frank Baude hadde splitta ut med kanskje tusen medlemmer (sjå kapittel 3). No stadfeste utviklinga i fleire andre maoistparti kor farleg situasjonen *kunne* bli: Fleire ml-parti hadde splitta seg eller lagt seg ned, andre hadde store problem.[393] Kunne Wiggo Knudsen bli ein ny Frank Baude? Tanken må ha streifa SKAU, som opp til då hadde hausta stor suksess med alltid å halda usemjer internt og aldri hadde tillate "småkongar" å veksa opp. Alt på SK-møtet i oktober 1979 hadde SKAU brukt mykje krefter på å isolera og nedkjempa kritikken frå DS-formannen. Etter januar 1980 og artikkelen i FFP var det klårt at han på ingen måte var villig til å gje seg. SKAU starta no ein større motoffensiv mot opposisjonsverksemda i Oslo-avdelinga. Hovudgrepet var ein prosess mot formannen i Oslo AKP (ml).

I løpet av januar 1980 gjennomførte SKAU drøftingar om DS-formannen, og utarbeidde der argumentasjonen som vart basis for den vidare kampen mot han. Ein vart samde om at han skulle bli skulda for fraksjonisme. Deretter gjekk det slag i slag: I februar 1980 vart dei andre medlemmene i distriktsstyret i Oslo informerte om at SKAU rekna formannen i laget som ein "fraksjonist".[394] Seinare same månad vedtok PU, etter oppmoding frå SKAU, ein kritikk som stadfeste diagnosen (mot DS-formannen si røyst).[395] DS i Oslo tok deretter vedtaket "til etterretning", men ønskte ikkje å ta standpunkt til konklusjonane. DS-formannen nekta å ta sjølvkritikk, men bad likevel om å bli permittert frå vervet. I tida etterpå vart så alle medlemmer i Oslo informerte på eigne møte og gjennom eit vedlegg til FFP.[396]

Det var særleg januar-artikkelen som fekk gjennomgå i fraksjonisme-vedtaket. Med utsegna om at partileiinga si line kunne splitta partiet, hadde DS-formannen lansert "et nytt sterkt spørsmål til diskusjon i partiet. […] At kamerat DS-formannen lanserer dette som en overraskelse for AU er brudd på vedtektenes § 6," skreiv PU.[397] Der heitte det m.a. at fraksjonisme var å "unnlate å ta opp eller skjule uenighet i interne diskusjoner om partiets linje"

---

[393] Så å seia alle ml-parti i Vest-Europa gjekk i desse åra gjennom større brytningar: Parti Communiste Marxist-Léniniste (PCML) i Frankrike hadde splitta seg ved årsskiftet 1979; Partido Communista de Portugal (ml) hadde vorte lagt ned; i Austerrike, Sveits, Luxemburg og Nederland hadde ein opplevd store splittingar, og i mars 1980 vart AKP (ml) sitt søsterparti i Tyskland, KPD, vedteke lagt ned. I *Røde Fane* 1980 gav Finn Sjue eit oversyn over det han sjølv kalla "[d]en nye ml-bevegelsens største krise" (Finn Sjue, "Den nye ml-bevegelsens største krise", *Røde Fane*, 7/1980, s. 10−20).

[394] Dette skjedde bak ryggen på DS-formannen. Seinare kritiserte PU SKAU for dette ("Vedtak i PU", maskinskrive, udatert [truleg februar 1980], KSP, s. 4. Heretter: "Vedtak i PU").

[395] "Saksgangen" er gjort greie for av SKAU i *Tjen Folket*, juni 1980, s. 13. "Eks-DS-formannen" og opposisjonen i Oslo protesterte på mange sider av SKAU sine røyndomsskildringar, men ikkje på korleis rekkefølgja var i denne prosessen.

[396] "Melding til alle medlemmer fra DS' arbeidsutvalg", vedlegg til *Fram For Partiet*, mars 1980, ikkje sidetal. Heretter: "Melding til alle medlemmer fra DS' arbeidsutvalg".

[397] "Vedtak i PU", s. 1.

og å "si seg enig i partilinja i ord og motarbeide den i handling".[398] Hovudpunktet mot DS-formannen var at han i dette og fleire tilfelle skulle ha røysta *for* vedtak i sentrale organ, men seinare *kritisert* dei same vedtaka i Oslo-partiet. Ekstra alvorleg var det at DS-formannen var hemmeleg medlem i SK og såleis etter SKAU si meining dreiv dobbeltspel: "Ved å holde skjult de standpunktene han hadde på SK-møter, la vær [sic] å legge dem fram for ledende kamerater og andre kamerater i SK og DS, har han ikke fremma, men hemma den demokratiske sentralismen," heitte det i PU sitt vedtak.[399]

Striden kring Wiggo Knudsen, som etter vedtaket i PU berre vart omtala som "eks-DS-formannen", kom frå no av til å dominera partikrise-ordskiftet fullstendig.

Opposisjonen i Oslo var etter februar 1980 hamna i ein vanskeleg, defensiv posisjon. I eit parti med ein to sider lang eksklusjonsparagraf og like lange vedtektsformuleringar om fraksjonisme, var ein merkelapp som "fraksjonist" det same som å bli stempla som politisk spedalsk. Ein kvar som etter februar 1980 hevda DS-formannen sine standpunkt eller freista å forsvara han, ville risikera same lagnad. Dette visste både SKAU og opposisjonen. Oslo-kritikarane gjorde difor sitt beste for å få oppheva vedtaket mot DS-formannen. For sjølv om DS i Oslo hadde teke PU-vedtaket "til etterretning", var det fleire i styret som framleis slutta opp om "eks-DS-formannen". Asbjørn Solevåg og "Svein Hansen"[400] var to av desse. Dei kritiserte vedtaket for å vera "et alvorlig anslag mot partidemokratiet – misbruk av vedtektene som bare kan fungere oppløsende og splittende".[401] Solevåg/Hansen motsette seg både utlegginga av dei faktiske tilhøva og tolkinga av partiet sine vedtekter:

> I flere møter har vi fra DS sin side retta mye kritikk mot sentralen, og slått fast at utviklinga i organisasjonen gir grunn til bekymring. […] Vi kan ikke se at DS eller formannen her har gått 'bak ryggen på AU', tvert om mener vi DS-formannen sine standpunkt (som vi for øvrig er enige i) har vært presentert flere ganger både muntlig og skriftlig overfor SKAU.[402]

SKAU og PU la opp til at leiinga i partiet skulle oppføra seg som ei monolittisk blokk, også i interne ordskifte om ideologiske spørsmål, hevda Solevåg/Hansen: "Så vidt vi kjenner til var det

---

[398] *Prinsipprogram og vedtekter for AKP (ml)*, Oslo 1977, s. 176.

[399] "Vedtak i PU", s. 1. Saker der DS-formannen skulle ha oppført seg "fraksjonelt" var m.a. i *Klassekampen*-vedtaket gjort i Oslo-DS 28/8/79, som PU meinte var "i motstrid til vedtak han sjøl hadde stemt for [i PU]" (s. 3); DS-formannen sin kritikk av utkastet til prinsipprogram og beretning (i artiklar i *Fram For Partiet* januar og februar 1980), som PU meinte var i strid med vedtak DS-formannen sjølv hadde vore med på i SK (s. 3); kritikkrørsla som DS-formannen hadde starta i Oslo, som PU meinte var stikk i strid med "vedtak [i SK] om at det ikke skal startes en omfattende, ukontrollert kritikk-bevegelse" (s. 4) (alle sitat frå "Vedtak i PU").

[400] "Svein Hansen" var eit dekknamn (intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 [cd 3/3, 65.10]).

[401] *Fram For Partiet*, april 1980, s. 15.

[402] *Fram For Partiet*, april 1980, s. 15−16. Det er vanskeleg å seia kor kjend det var at DS-formannen var SK-medlem. Sjølv meiner han at mange må ha visst det, i alle fall slike som Solevåg (intervju med Wiggo Knudsen,

Komintern-partier som hadde vedtektsfesta at når SK hadde fatta et vedtak, så var det forbudt å drøfte denne saka noe mer i partiet. PU-vedtaket smaker av slike tradisjoner!"[403] Dei gjorde framlegg om at det komande landsmøtet i partiet skulle oppheva vedtaket, og kravde sjølvkritikk frå leiinga.

4.1 Vedtektene på SKAU si side

Men å starta ein kamp mot SKAU om tolkinga av AKP (ml) sine 1976-vedtekter var ei bortimot umogleg oppgåve. Vedtektspørsmål var eit område AKP (ml) si leiing var mykje meir komfortabel med enn sjølvransakande ordskifte om krisa i partiet.

Dei gjeldande vedtektene var sterkt prega av "oppgjeret med høgreavviket" fire år tidlegare: Dei la vekt på mindretalet sine pliktar til å underordna seg fleirtalet, og formulerte tilsvarande lite om rettane til mindretalet i organisasjonen. Vedtektene sin § 5, der den demokratiske sentralismen vart formulert som at "den enkelte er underordnet organisasjonen, mindretallet er underordnet flertallet, lavere organer er underordnet høyere og hele partiet er underordnet sentralkomiteen", gjorde ingen avgrensingar av mindretalet si underordning, korkje m.o.t. om vedtaka famna om interne spørsmål eller om dei var av teoretisk-ideologisk karakter.[404] Slik kunne SKAU hevda at DS-formannen formelt var bunden av vedtaka SK hadde gjort, sjølv om dei var gjorde i ein landsmøteprosess og med sikte på å få opp ordskifte mellom medlemmene. Og ettersom § 6 gjorde det til fraksjonisme å halda attende usemjer, vart DS-formannen anten fraksjonist då han røysta for framlegga i SK (og kanskje eigentleg var imot) eller då han endra standpunkt, utan å be om å få vedtaka opp på nytt.

Opposisjonen var fanga i eit nett dei vanskeleg kunne koma seg ut av. Det var mogleg å tolka vedtektene meir liberalt, slik Solevåg/Hansen og andre ønskte. Men det var lite å gå på. Faktum var at AKP (ml) sine vedtekter i stort *var* tufta på den monolittiske einskapstenkinga som opposisjonen tok avstand frå. Opposisjonen sin kritikk råka i røynda den ortodokse tolkinga av demokratisk sentralisme som ml-rørsla lenge hadde praktisert. Det Oslo-kritikarane gradvis hadde fått røynsle med, og som saka mot DS-formannen understreka, var at det nesten var uråd å endra partiet si line i grunnleggjande spørsmål, på formelt, legalt vis, om ikkje SK i utgangspunktet ønskte endringa velkomen.[405] At opposisjonen slik hadde interesse av meir

---

2. februar 2005 [cd 3/3, 66.47]).

[403] *Fram For Partiet*, mai 1980, s. 25.

[404] *Prinsipprogram og vedtekter for AKP (ml)*, Oslo 1977, s. 175.

[405] Dette hang m.a. i hop med det indre systemet i vedtektene: Etter vedtektene skulle det bli gjort vedtak om "hvilke diskusjoner som skal føres og når de føres" (s. 177). Om ønsket t.d. var eit landsfemnande ordskifte, var det SK som skulle avgjera: "[U]t fra hva som er viktigst for partiet og hva som er mulig ut fra de krava klassekampen stiller til partiet" (s. 177). SK kunne såleis i prinsippet alltid avisa eit krav om ordskifte med at partiet hadde andre

demokratiske vedtekter, viste seg òg i ordskiftet. Signaturen "Høgler" (truleg Helge Øgrim, tidlegare leiar i RU, eks-medlem av SK og fetter til Tron Øgrim) meinte vedtektene i for stor grad var tilpassa ein krigssituasjon og ikkje sikra demokratiet i partiet:

> Vi trenger å frigjøre oss fra en tradisjon i demokratisk sentralisme som gir SK (spesielt politbyrået/SKAU) altfor stor makt over medlemmene, som hemmer demokratiet, gir små muligheter til å motstå press/undertrykkelse ovenfra, og som gjør det mulig å f. eks. sette medlemskontrollen gjennom landsmøter ut av spill i opptil tiår.

"Høgler" ønskte difor å stryka vedtekter som kunne bli misbrukte av leiinga i partiet, m.a. delar av "fraksjonsparagrafen", som han meinte gav leiinga "nær uinnskrenka rett til forfølgelse av oposisjon [sic]".[406] Men for det første kunne ikkje slike argument styrka DS-formannen si sak, som uansett vart handsama i tråd med 1976-vedtektene. Dessutan leidde dette berre til ein situasjon der opposisjonen vart meir stempla: Det at dei i det heile teke kom med slike framlegg, stadfeste i leiinga sine augo berre at opposisjonen stod på ei partifiendtleg line, og svekte slik truleg DS-formannen si sak ytterlegare.

Mykje tyder på at dei opposisjonelle kreftene i Oslo var splitta i synet på DS-formannen. Sume, som Solevåg og "Hansen", støtta eks-DS-formannen fullt ut. Andre, som miljøet kring Fagleg Utval, freista etter kvart å distansera sin eigen kritikk frå DS-formannen sin.[407] Dilemmaet Oslo-opposisjonen stod andsynes var det same som Arne Overrein og Bergens-opposisjonen hadde møtt i 1972: Korleis kan du reformera eit stalinistisk system innanfrå?

4.2 "Partikamp"

No, våren 1980, fanst det krefter heilt inn i sentralkomiteen som byrja å forstå at dét var ei

---

og viktigare oppgåver. (Ein kunne avvisa innlegg til *Tjen Folket* på same grunnlag, noko som kunne forsterka medlemmene sitt inntrykk av at emnet var perifert eller ikkje hadde oppslutnad i partiet.) Og ettersom lægre organ i partiet ikkje hadde noko kontrollorgan som gav innsyn i SK sitt arbeid og kva informasjon dei satt på, var det til kvar tid mogleg å hevda at det ikkje var eit utbreitt ønske med det føreslåtte ordskiftet. (Det fanst ein kontrollkomité, men han utgjekk frå SK.) Å stilla seg kritisk til slike avgjerder kunne vera vanskeleg: Om ein ville arbeida for å få fleire med seg i eit krav om ordskifte var det ikkje ulovleg i seg sjølv, men kunne svært lett bli stempla som å "arbeide fordekt for å fremme linjer som strider mot AKP(ml)s linjer innad" (s. 176), særleg om ein dreiv internt opinionsarbeid etter at SK hadde gjort eit vedtak. (Alle sidetal til *Prinsipprogram og vedtekter for AKP (ml)*, Oslo 1977.) Tvedt har peikt på korleis det i ml-rørsla òg var skapt ein intern *kultur* for reproduksjon av meiningar og leiingar (Tvedt, "Kadervurderingene som kobling til det totalitære", særleg s. 128−131).

[406] Innlegget vart trykt i *Tjen Folket*, august 1980, s. 40, men var datert januar 1980. Eg refererer det difor i denne samanhengen.

[407] Tor Mostue, som var sentral i partiet sitt Faglege Utval (FU), fortel at "vi [FU, min merkn.] hadde ein del fraksjonelle møter med han [DS-formannen, min merkn.] på det tidspunktet, men vi kutta det ut. Årsaka var m.a. at ein skjønte at [han] var 'farleg'" (intervju med Tor Mostue, 7. august 2003 [disk 1, 33.10]). Sjølv karakteriserer DS-formannen det som ein "vennskapeleg splitt", mellom dei som ville halda fram og dei som ville ut (intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 [cd 3/3, 45.19]).

umogleg oppgåve. I forkant av SK-møtet som skulle ta stilling til DS-formannen si sak, trekte "Reka", som hadde sete i leiinga sidan 1973, seg.[408] Han hadde kome til at DS-formannen det siste året stort sett hadde hatt rett, medan SKAU "dels har forsøkt å vri seg unna kritikk, dels tatt helt nødvendig sjølkritikk og dels kommet med motangrep og organisatoriske tiltak som enkelt og greit demonstrerer deres manglende evne til [sic] og kunnskap om sitt publikum, partimedlemmene". "Reka" såg sjansen til å føra eit ope ordskifte om partimodellen som "svært liten", og ville difor ikkje stå som medlem i partiet lenger.[409]

Dei interne kritikarane i SK var for få, hadde "Reka" innsett. Etter at han trekte seg, stod Wiggo Knudsen att åleine på møtet som skulle handsama fraksjonstiltalen mot han. Det gjekk som det måtte gå: På møte 18.−20. april 1980 stadfeste SK (mot den tidlegare DS-formannen si røyst) fraksjonisme-vedtaket frå februar.[410] Ein vedtok vidare at ordskiftet som hadde gått føre seg i Oslo, skulle bli overført til *Tjen Folket*, og at heile partiet no skulle bli involvert.[411] I juni-nummeret av det nasjonale internbladet vart motsetnadene mellom SKAU og Oslo-opposisjonen, og då særleg "eks-DS-formannen i Oslo", bretta ut for heile partiet.

Dette grepet kan i første omgang synest dristig. Situasjonen i Oslo-partiet var på ingen måte under kontroll. Også i andre delar av landet, særleg i Hordaland, var det djup misnøye med måten partileiinga takla partikrisa på.[412] Sanninga var nok at partileiinga ikkje hadde noko val. Ettersom opposisjonen i Oslo alt hadde kravd å få saka til DS-formannen opp på landsmøtet, var ein òg nøydd til å informera i alle fall delar av partiet om fraksjonssaka. (Og rykte og historier om striden i Oslo hadde nok for lengst nådd store delar av partiet uansett.) Dessutan var ikkje AKP (ml) sin leiarskap redde for interne kampar eller organisatoriske brot i seg sjølv, så lenge dei hadde grep om regien. Sjølv om korkje SKAU eller sentralkomiteen i utgangspunktet hadde vilja striden mot DS-formannen, var det ikkje fritt for at saka, no då ho hadde fått form av ei fraksjonssak, representerte eit kraftig våpen i kampen mot ideologiske og organisatoriske oppløysingstendensar i *heile* partiet.

Striden kring eks-DS-formannen var i SKAU sine augo nemleg ei konkretisering av kva som kunne skje om partiet fira på partinormene og det marxist-leninistiske grunnlaget, slik ulike

[408] SK-medlemmen "Reka" hadde kring 1978/79 vore plassert i DS i Oslo av SKAU, men hadde fått sympati med kritikarane.
[409] Utmeldingsbrevet frå "Reka" vart trykt i *Tjen Folket*, juni 1980, s. 18−19.
[410] *Tjen Folket*, juni 1980, s. 24. På dette møtet vart det òg røysta over eks-DS-formannen sitt mistillitsframlegg til SKAU, sett fram på PU-møtet februar 1980. Framlegget fekk ingen røyster, eks-DS-formannen røysta sjølv fråhaldande (*Tjen Folket*, juni 1980, s. 24).
[411] "I Oslo-partiet har det i løpet av de siste månedene foregått en intensiv partidiskusjon der stadig flere emner er kommet opp til debatt. SK mener at disse diskusjonene er av så stor betydning for partiet som helhet at debatten må føres over i 'Tjen Folket' slik at hele partiet kan få kjennskap til og mulighet til å ta stilling til de motsigelsene som diskuteres," uttala sentralkomiteen i *Tjen Folket*, mai 1980, s. 4.
[412] Ottosen og Westlie, "Da 'Klassekampen' ble dagsavis", s. 194.

krefter i partiet hadde teke til orde for det siste året. Kampen mot den tidlegare Oslo-formannen gav såleis leiinga eit høve til å samla dei komplekse motsetnadene i partiet under éin total analyse. Og ein gav ikkje sjansen frå seg: "SKs sammenfatning av den politiske situasjonen i partiet er at høyrefaren er den største faren nå. Det har utvikla seg en alvorlig høyretendens med et stadig klarere innhold som dukker opp på en rekke områder," hevda SK i ei fråsegn til partiet etter møtet i april.[413] I beretninga, sendt ut to månader seinare, heitte det òg at

> For første gang i partiets historie har partiledelsen blitt rammet av fraksjonisme fra et betrodd medlem av komiteen. [...] Fraksjonisme kombinert med de politiske motsigelsene i partiet skaper en fare for splittelse. SK vil oppfordre partiet til å kritisere denne fraksjonismen, holde fast ved partiets demokratiske sentralisme og forsvare enheten i partiet.[414]

Med å kopla kampen mot "fraksjonisme" med diagnosen om eit nytt "høgreavvik" hadde leiinga fått ein mektig symbolsk reiskap: Høgrediagnosen samla og objektiverte dei ulike opposisjonelle diskursane – både den "indre" kritikken av SK og partidemokratiet og den "ytre" kritikken av prinsipprogrammet og eittpartisosialismen – i éin formel: Anten var du for eller mot "høgreavviket".[415]

For den mest aktive delen av opposisjonen, i hovudsak i Oslo, førte grepa frå leiarskapen til ei radikalisering av kritikken. Stendig fleire i Oslo byrja no eksplisitt å ta opp SKAU si rolle i partiet, og spurde om det ikkje var på tide med utskiftingar på det komande landsmøtet.[416] Skepsisen til leiinga vart nok ikkje mindre av at SKAU sjølv stilte seg fullstendig avvisande til slike tankar. I SKAU sin ordbruk vart opposisjonen sin kritikk av partileiinga raskt gjort til eit spørsmål om ein skulle "kaste SK" eller ikkje. For Steigan var slik tenking i strid med klassisk marxisme-leninisme:

> Olaf ["Faglig Olaf", alias Ove Monsen, opposisjonell i Oslo] kjenner like godt som meg hvordan Mao drøfter spørsmålet om marxist-leninistiske ledelser. I "Noen spørsmål om metodene for ledelse" fra 1943 snakker han om betydninga av å "danne ei ledende gruppe" "som er godt sammensveisa". […] Mao ser altså ikke ledelsen som ei samling individer, men som ei ledende gruppe. Det har uten tvil vært avgjørende for AKP (ml) sin relative styrke at vi har hatt ei stabil og ledende gruppe som i hovedsak har stått for ei [sic] riktig marxist-leninistisk kurs. Ropene

[413] *Tjen Folket*, mai 1980, s. 3.
[414] "Beretning fra AKP (ml)s 2. sentralkomite", vedlegg til *Tjen Folket,* juni 1980, s. 41.
[415] Med den nye forteljinga om "høgreavvik" kunne partileiinga endeleg òg ta omgrepet "partikrise" i bruk, men no i ei ganske anna tyding enn tidlegare. Ein vedgjekk at leiinga hadde gjort omfattande feil dei siste åra og at partiet var inne i ei djup krise, men årsakene til krisa fann partileiinga like mykje i "høgreavviket" og i striden i Oslo (*Tjen Folket*, mai 1980, s. 2). Slik omformulerte ein omgrepet "partikrise" til eit våpen mot dei som i over eit år hadde etterlyst ope ordskifte om krisa.
[416] Både "Henry Berg" (alias Bernt Holtsmark) og "Faglig Olaf" (alias Ove Monsen) reiste spørsmålet om SKAU og SK si samansetjing i fleire innlegg i *Fram For Partiet* våren 1980.

> om å "kaste SK" er et program for å styrte denne ledende gruppa og erstatte de prinsippene den har stått for med andre linjer og standpunkter.[417]

Tron Øgrim hadde også vanskar med å sjå for seg at andre kunne styra partiet:

> Jeg er *mot* å splitte eller hive partiledelsen. […] Jeg ser ingen sjenier i denne gjengen, men jeg ser ærlig talt ingen drastisk bedre alternativer heller. Så jeg er for å kritisere partiledelsen med målsettinga å gjenvelge den, sjølsagt styrka med flere bra og erfarne kamerater som har vist sin kvalitet over åra siden 1976.[418]

Mange i Oslo-partiet fekk slik stadfest inntrykket sitt av ein maktkorrumpert og sjølvgod indre klikk, som aldri kom til å gje frå seg makta frivillig.

4.3 Ideologisk oppgjer "på vent"

Denne svært tilspissa kampen vart halden lokalt, i Oslo. Planane om å offentleggjera viktige delar av kritikk-rørsla som hadde gått føre seg i *Fram For Partiet* sidan august 1979, vart skrinlagde. Utover i landet, der kritikkrørsla ikkje var like stor og organisert, førde overgangen til "partikamp" og ny strid mot "høgreavvik" til at mange slutta rekkjene i lojalitet med partiet og leiinga. Ein konsekvens av denne partikamplogikken var at den ideologiske reformeringa av partiet sitt sosialismesyn, som fleirtalet i prinsipprogramnemnda hadde gått inn for, og som fleire i *Klassekampen* og *Røde Fane* hadde støtta, i løpet av seinsumaren/hausten 1980 vart sett på vent. I *Klassekampen* sine spalter heldt rett nok ordskiftet om dei prinsipielle spørsmåla fram, men deltakarane på opposisjonssida var no svekte: Dei hadde høgrestempelen i panna.[419] Til og med Tron Øgrim vedgår at han på dette tidspunktet i røynda var *samd* med Oslo-opposisjonen sin kritikk av eittpartisosialismen, men at han "meinte at desse folka først og fremst gjorde dette for å slå partiet i filler".[420] Ml-rørsla sin sjefsideolog var påfallande taus i AKP (ml) sitt prinsipprogramordskifte sumaren og hausten 1980. Det kunne vera at opposisjonen *hadde* rett i sume spørsmål, men dei skulle ikkje *få* rett.

---

[417] *Fram For Partiet*, august 1980, s. 14.
[418] *Fram For Partiet*, mai 1980, s. 29 (org. uth.).
[419] Sumaren 1980 førte signaturen "Melis" (alias Kjell Arild Nilsen) ein lengre polemikk mot partileiar Steigan, der heile ortodoksien kring proletariatets diktatur og eittpartisosialismen vart kritisert. Truleg var det mange i AKP (ml) som på dette tidspunktet delte kritikken av eittpartidiktatura, men som vi har sett, var den ideologiske striden i partiet no underlagt ein logikk der det galdt å fylka seg mot "høgre". Få andre torde å delta fullt ut på sida til slike openbare tilhengjarar av "eks-DS-formannen" som "Melis" var. I staden stilte folk som den moderate Kjersti Ericsson opp på motsett side i ordskiftet. Ericsson hevda at prinsipprogram-nemnda sitt framlegg om at partiet ikkje skulle ha ei særstilling under sosialismen ville "bety å tvinge arbeiderklassen til å starte på startstreken med ei blykule rundt hver fot" (*Klassekampen*, 23. oktober 1980, s. 12). Ericsson skulle fire år seinare bli vald som partileiar på eit program som tok avstand frå eittpartisosialisme, nett slik opposisjonen hadde etterlyst i 1980.
[420] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 3, spor 3, 15.06).

4.4 Unnatakstilstand

Ein annan konsekvens av overgangen frå ”krise” til ”kamp” var at SKAU fram mot partiet sitt 3. landsmøte tok i bruk former for manipulasjon som gjekk ut over det ein hadde brukt fire år tidlegare, under ”oppgjeret med høgreavviket”. Innføringa av ein kamplogikk, kombinert med den stadig rådande analysen om ein 3. verdskrig, ser ut til å ha skapt ein kultur av permanent unnatakstilstand i toppleiinga av AKP (ml), der dei fleste middel var legitime i kampen for å berga partiet.

Fleire informantar opplyser at SKAU i den pågåande striden sette ned eit hemmeleg utval, eit såkalla ”partikamputval”, som skulle driva etterretning og rapportering på suspekte element innanfor partiet.[421] Utvalet var truleg leidd av Sverre Knutsen, og hadde ifølgje Kjell Skjervø ”alle fullmakter”.[422] Målet var truleg å koma opp med skuldingar som diskrediterte folk frå opposisjonen, og slik gjera dei ikkje-valbare i nominasjonsprosessen fram mot landsmøtet. Kor mange av partiet sine opposisjonelle som vart nøytraliserte på denne måten, er ukjend. Tor Mostue fortel at partikamputvalet freista å finna ting på han og Ove Monsen (leiar av partiet sitt FU), men ”[d]ei fann ikkje ut ein drit, det vart berre tull alt saman”. Mostue slapp unna, etter eit tre timars kryssforhøyr av SKAU.[423] Mange frå opposisjonen slapp nok unna skuldingar frå partikamp-utvalet fordi det faktiske omfanget av samordning og fraksjonisme mellom dei opposisjonelle ikkje ser ut til å ha vore omfattande.[424] Men framleis var det hindringar i vegen for dei som ønskte seg på landsmøte med kritikk i veska.

Som vi såg i kapittel 4, var vala til AKP (ml) sine landsmøte indirekte. Vegen frå å bli nominert frå partilaget sitt til å bli utsending til landsmøtet gjekk gjennom såkalla ”delegatvalskonferansar”. Heilt frå starten hadde SKAU brukt slike konferansar til å

[421] Intervju med Tor Mostue, 7. august 2003 (disk 1, 36.12); intervju med Kjell Skjervø, 28. oktober 2003 (disk 2, spor 2, 03.25). Utvalet er også omtala av Sjøli (Sjøli, *Mao min Mao*, s. 148).
[422] Intervju med Kjell Skjervø, 28. oktober 2003 (disk 2, spor 2, 03.25 og 10.40). Sverre Knutsen hevdar han aldri har leidd noko ”partikamputval” (e-post frå Sverre Knutsen, 17. mars 2006).
[423] Intervju med Tor Mostue, 7. august 2003 (disk 1, 35.37−38.15).
[424] Som vi har sett, var det fram til februar 1980 den formelle leiinga for Oslo, distriktsstyret, som leidde an i kritikkrørsla, og såleis hadde dei opposisjonelle ei ”legal” form for koordinering fram til februar 1980. Etter dette er det vanskeleg å slå fast kor omfattande Oslo-opposisjonen si koordinering (ev. fraksjonering) var. Tor Mostue opplyser at det hadde gått føre seg ei viss samordning mellom DS-formannen og FU i løpet av partikrisa, men at FU trekte seg etter kvart (intervju med Tor Mostue, 7. august 2003 [disk 1, 33.10]). Tidlegare har Helge Øgrim vedgått at han seint i 1980 deltok i ei ”uformell samtalegruppe” av opposisjonelle på kring ti personar i Oslo (Istad, *Politiske endringar i den norske ML-rørsla*, s. 162). Bjørn Nilsen, som korkje hadde sete i distriktsstyret eller delteke i Helge Øgrim si ”samtalegruppe”, høyrde til dei opposisjonelle, men meiner kritikken i Oslo ikkje først og fremst var under nokon sterk ”leiarskap” eller fraksjon (personleg opplysning frå Bjørn Nilsen, 27. november 2004). Wiggo Knudsen stadfester dette inntrykket: Før Oslo-DS sette i gang kritikkrørsla, førte ein ordskifte, der ein gjorde vurderingar av korleis SKAU ville reagera på kritikken. Sume var negative, medan andre var meir positive, men taktikken var å ikkje gå bak ryggen på SKAU, ”den var tvert om: å konfrontera dei og få dei til å snu”. Knudsen meiner at om ein hadde bestemt seg for å organisera ein fraksjon, der fleire tok opp kampen mot den indre kjernen, kunne ”partikampen” fått eit anna utfall (intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 [cd 3/3, 57.30]).

luka ut opposisjonelle og brysame element. Før landsmøtet i desember 1980 gjekk SKAU eit radikalt steg vidare i høve til denne tradisjonen: SKAU sytte for at samansetjinga av personar på konferansane vart ordna på ein måte som gjorde at færrast mogleg frå opposisjonen skulle koma seg vidare. Oppdraget med å leggja "kabalane" gjekk til partiet sin organisasjonssjef, Skjervø. Samansetjingane av delegatvalskonferansane fekk stor merksemd i SKAU. Skjervø fortel:

> Delegatkonferansane var manipulerte. Det vart lagt eit puslespel, gong på gong på gong, med sikte på å finna fram til den samansetjinga […] som gav maksimal utteljing av delegatar for partileiinga. […] Der det var eit fleirtal av leiingslojale folk, kunne du fylla opp til 49 % med opposisjonsfolk, men fordi du hadde 51 %, hadde du fleirtal. Slik vart mindretalet ikkje representert i det heile teke på landsmøtet. Slik vart konferansane sett saman, slik at opposisjonen skulle vera i mindretal på alle konferansar. Og der dei eventuelt var i fleirtal, køyrde du berre opposisjonsfolk, så lét du dei få heile konferansen. [425]

Ein som ikkje skulle vidare, var Bjørn Nilsen, nominert av partiet si NRK-avdeling og sterkt kritisk til partileiinga si takling av partikrisa. Men mot alle odds makta han å vinna røystinga mot partileiinga sin kandidat. Nilsen sitt inntrykk var difor at dei opposisjonelle i Oslo kanskje hadde eit fleirtal i heile Oslo på dette tidspunktet.[426] Dette var òg vurderinga til eks-DS-formannen. Ifølgje han viste teljingar i Oslo om lag 80 % støtte til opposisjonen.[427]

4.5 Epilog: Landsmøtet 1980

Nilsen slepte altså gjennom det finmaska garnet som Skjervø og SKAU hadde lagt ut. Men han høyrde til eit forsvinnande lite mindretal. Då Nilsen troppa opp på AKP (ml) sitt 3. landsmøte, ei helg i desember 1980, var sjokket stort over å oppdaga at talet på opposisjonelle ikkje var meir enn *fem-seks*, av kring 60 røysteføre.[428] Saman med Trond Andresen (som hadde krangla seg igjennom avdelingsnominasjon og delegatkonferanse i Trøndelag) og Mostue utgjorde han helvta av "opposisjonen" på landsmøtet.

Det var såleis inga stor overrasking for SKAU at partiet sitt 3. landsmøte var godt i stand til å avvisa "høgreavviket": I prinsipprogrammet vart dei "ultrademokratiske" framlegga frå fleirtalet i prinsipprogramnemnda endeleg avvist, og i staden vart prinsippet om at partiet måtte ha ei leiande rolle i den sosialistiske staten understreka. Med ei utviding av sentralkomiteen si samansetjing vart SKAU nok ein gong gjenvald. Og fraksjonismedommen mot DS-formannen

[425] Intervju med Kjell Skjervø, 28. oktober 2003 (disk 2, spor 2, 05.50 og 08.28.) Opplysningane blir stadfest av Finn Sjue (intervju med Finn Sjue, 17. desember 2003 [disk 1, spor 3, 31.29]).
[426] Personleg opplysning frå Bjørn Nilsen, 27. november 2004. Dette ser også ut til å vera vurderinga til Westlie og Ottosen (Westlie og Ottosen, "Da 'Klassekampen' ble dagsavis", s. 194).
[427] Intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 (cd 3/3, 58.15).
[428] Personleg opplysning frå Bjørn Nilsen, 27. november 2004.

vart stadfest.[429]

Då *Røde Fane* i etterkant av landsmøtet spurde Steigan, som var attvald som partiet sin øvste leiar, korleis partiet sitt landsmøte kunne vera så samstemt etter ein opprivande partikamp over fleire år, var svaret at usemja som hadde kome til utrykk t.d. i *Klassekampen* sine debattsider ikkje hadde vore representativ, at støtta til programnemnda sine formuleringar om partiet si rolle under sosialismen i røynda hadde vore lita, og at sjølve *landsmøteførebuingane* hadde spelt ei viktig rolle: "En kan si det har vært en foredlingsprosess".[430]

Men under overflata var det for mange som visste at partiet levde på lånt tid. Ein etter ein meldte medlemmer frå opposisjonen i Oslo seg ut av partiet. I Hordaland heldt opposisjonen ut noko lengre, men i februar 1982 meldte ei gruppe på 32 medlemmer seg kollektivt ut av partiet.[431] AKP (ml) sin monolittiske einskap var broten for godt.

5. Oppsummering

I dette kapittelet har vi sett korleis eit samanbrot i ml-rørsla sitt ideologiske grunnlag etter formann Maos død fall saman med eit samanbrot i den enorme tilliten til leiarskapen i AKP (ml). Til saman la dette grunnlag for ml-rørsla si "partikrise" i åra 1979−80. Eg har vist korleis leiarskapen lenge vegra seg for å erklæra ei krise, og søkte ulike "tilpassingsstrategiar" for å møta utfordringane. Men i møte med ein stadig meir utfordrande og kritisk opposisjon valde SKAU å erklæra "partikamp". SKAU mobiliserte slik gjennom nok ein diagnose om "høgreavvik" både heile autoriteten i den ml-ske doksaen og sin eigen leiarskapsautoritet. Slik manøvrerte leiarskapen ut den interne opposisjonen, og berga – men berre på kort sikt – sitt eige ideologiske hegemoni og rørslas "einskap".

---

[429] Referat frå landsmøtevedtaka vart attgjeve i *Tjen Folket,* februar 1981. Det er ikkje korrekt, som Ann-Mari Skorpen skriv i *Maoisme på norsk og svensk*, at "25 medlemmar [forlot] landsmøtet" (s. 147). Av landsmøteprotokollen (attgjeve i *Tjen Folket,* februar 1981) går det fram at avvikande røyster i dei mest kontroversielle spørsmåla gjekk frå ei røyst til maksimalt seks. Litt over eit år *etter* landsmøtet meldte derimot 32 medlemmer frå Hordaland AKP (ml) seg ut av partiet, jf. nedanfor. Som vi har sett, var det utenkjeleg at så mange frå opposisjonen skulle koma seg på landsmøtet.

[430] Pål Steigan i *Røde Fane,* 1/1981, s. 6.

[431] Torstein Hjellum, "Organisasjonsmakt mot politikk og solidaritet", i Greibrokk (red.), *Byens største tanker fins på Burøya…*, s. 36.

6. Analyse

Forventningar, moglegheiter og strategiar 1965−1980

1. Innleiing

Vi har no gått gjennom fire kritiske prosessar i den norske ml-rørsla si soge, og særleg fokusert på det eg har kalla utøvinga av ideologisk leiarskap. Eg vil her sjå desse prosessane samla, og gjera ein analyse av dei strategiane som kjem til syne i leiarskapen sine val og vurderingar.

2. Tese: ei faustisk pakt med maoismen

Som nemnd i kapittel 1, poengterer Hobsbawm at hovudutfordringa for revolusjonære grupper i vestleg-kapitalistiske samfunn er å leva med og i den paradoksale situasjonen å ha systemomveltande ambisjonar i situasjonar som er stabile og ikkje-revolusjonære.[432] Eg har funne perspektivet relevant for den norske ml-rørsla. Sett under eitt er dei 15 åra som her er skildra prega av eit *stort sprik* mellom norske ml-arar sine voner og ambisjonar for framtida, og faktiske moglegheiter for politisk gjennomslag i det norske samfunnet.

På den eine sida var rørsla sine forventningar sterkt prega av dei generasjonsrøynslene som 68-studentane bar på. I sine unge liv hadde dei opplevd stendig økonomisk framgang og rask sosial mobilitet gjennom utdanningsrevolusjonen. Kombinert med det antiautoritære opprøret og den politiske radikaliseringa som følgde i kjølvatnet, var grunnlaget lagt for svært optimistiske voner for framtida: Verda var i endring, *alt* var mogleg. Dei studentradikale røynslene disponerte slik både for ei enorm tru på eigne krefter, som 68-generasjonen sine rørsler makta å utnytta svært godt, men òg for overmot, som kunne framandgjera i høve til andre generasjonar og samfunnssjikt, kanskje særleg arbeidarklassen.

På den andre sida var det sosiologen Sidney Tarrow har kalla den politiske moglegheitsstrukturen avgrensa, i Vesten og ikkje minst Noreg, i desse åra.[433] Trass eiga oppleving av at verda var i endring, stod unge revolusjonære anno 1970 i praksis i det eg vil kalla ein ”trengt posisjon” i det norske politiske feltet, m.o.t. politisk autoritet, økonomiske, materielle og intellektuelle ressursar, og m.o.t. det generelle politiske klimaet mellom folk flest i Noreg. Det norske samfunnet var, trass ungdomsopprør og internasjonale konfliktar, stabilt:

[432] Hobsbawm, *Revolutionaries*, s. 16.

[433] Med politisk moglegheitsstruktur meiner Tarrow vedvarande dimensjonar i den politiske kampen som oppmuntrar til ”misnøyepolitikk” (”contentious politics”). Tarrow meiner dimensjonane vil variera, men legg sjølv stor vekt på systemsårbarheit (m.a. om konflikten dreier seg kring ei djup sosial kløft i samfunnet) og dei eksterne ressursane dei misnøgde har til rådvelde (Sidney Tarrow, *Power in movement. Social Movements and Contentious Politics*. 2. utg., Cambridge University Press, Cambridge [1998] 2003, s. 18−20).

Norske arbeidarar opplevde reallønsvekst og låg arbeidsløyse, og samla seg framleis i stort kring sosialdemokratiet både i 1960- og -70-åra.[434]

Min tese, presentert i lengd i kapittel 1, er at dette spriket er ein av dei viktigaste grunnane til at den unge, men talentfulle leiarskapen i SUF kunne få så mange radikale i sin eigen generasjon til å satsa på eit *maoistisk* prosjekt. Gjennom tilslutnad til marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking fekk ein tilgang på det eg vil kalla "politiske superkrefter", som kompenserte for noko av mangelen på symbolske og materielle ressursar i det norske politiske feltet.[435] Men prisen ein betalte for superkreftene var stor: mental underkasting under Mao Zedong, både som politisk ikon og ideolog/teoretikar. Det mest grunnleggjande strategiske valet leiarskapen i den norske ml-rørsla gjorde i perioden, var såleis etableringa og vedlikehaldet av ein relasjon mellom leiarskap og maoisme som liknar det eg vil kalla ei faustisk pakt.[436] Eg har funne at denne paktliknande relasjonen til maoismen var sterkt styrande for utøvinga av ideologisk leiarskap, og at leiarskapen si rolle i hovudsak kan sjåast i lys av dette: som "paktinngåar" (1965−1973) og "paktforvaltar" (1973−1980). Nedanfor vil eg sjå nærare på korleis tesen om ei faustisk pakt kan bidra til å forstå leiarskapen sine val og vurderingar i dei fire ulike prosessane undersøkt i tidlegare kapittel.

3. 1965−1968: Ideologisk effektivisering

I kapittel 2 har vi sett korleis SUF i løpet av åra 1965−1968 vart vunne for ei ideologisk line tufta på marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking. Vidare at det avgjerande punktet i denne prosessen fann stad då leiarskapen i SF-stud hausten 1967 og våren 1968 gjekk over på Tron Øgrim og Bryn/Hellerud-miljøet si ideologiske og strategiske line for organisasjonen. Som avgjerande i prosessen har eg m.a. peikt på at SF-stud, som var meir pluralistisk enn Bryn/Hellerud SUF, delte den aukande trongen til å "få noko gjort", og at dei ikkje hadde

[434] Sjå t.d. Berge Furre, *Norsk historie 1905−1990*: Tabell 7. Stortingsval 1945−1965 (s. 503), Tabell 8. Stortingsval 1969−1989 (s. 504), Tabell 11. Arbeidskonfliktar (s. 507) og Tabell 17. Lønsutviklinga for industriarbeidarar (vaksne menn). Relative tal (s. 514).

[435] Ettersom protestrørsler sjeldan har personlege insentivordningar eller institusjonelle verkty til å tvinga folk, kan leiarskapar ha ei særleg kreativ rolle i å skapa og mobilisera sosiale rørsler, meiner Tarrow. Og i slike prosessar speler meiningskonstruksjon i form av ideologiske "pakker" eller "innramming" ("framing") ei viktig rolle (Tarrow, *Power in movement*, s. 21). Dette er eit perspektiv nært denne oppgåva sitt: Mobiliseringa av "maoistiske superkrefter" var eit meiningskonstruktivistisk svar på at ml-rørsla fann seg i eit norsk politisk felt med liten grad av systemsårbarheit.

[436] Eg minner om at strategiforståinga som ligg til grunn (presentert i kapittel 1) ikkje er forplikta på at aktørar *må* ha klåre intensjonar eller motiv for å handla strategisk. I analysen nedanfor meiner eg det er rimeleg å seia at ml-leiarane sin overgang til ei maoistisk "pakke" og den påfølgjande forvaltninga av denne, *kan* kallast ein strategi i tydinga handlingsrekkjer objektivt retta mot eit mål (der målet er effektivisering av knappe politiske ressursar). Når det gjeld leiarane sitt medvit om dette, kan vi ikkje vita noko sikkert. På det subjektive, intensjonelle planet, ovra det seg nok både som ei politisk overtyding om at Mao hadde "rett", og sikkert òg slik informanten Mostue seier: "Om du skulle få gjort noko, var det om å gjera å få stabla eit parti på beina, det vart vi alle samde om. Og då

ideologiske alternativ å stilla opp mot ml-arane sin tidleg avklåra plattform og Øgrim sine særlege evner som ideologisk entreprenør.

I denne prosessen meiner eg ein strategi vi kan kalla *ideologisk effektivisering* kjem til syne i leiarskapane (både i Bryn/Hellerud SUF og SF-stud) sine val og vurderingar: I siste halvdel av 1960-talet fanst det gode grunnar til at det utvikla seg eit revolusjonært sinnelag i den venstreorienterte delen av ungdoms- og studentgenerasjonen. Fleire og fleire i miljøet kring SUF vart gjennom politisk aktivisme og medvitsgjering prega av eit handlingsimperativ: Verda var djupt urettvis, og alle som skjønte dette, hadde ein plikt til å forsøka å endra ho. Roar Hagen har med eit omgrep frå Jon Elster kalla desse for "hverdagskantianere".[437] At mange av dei mest engasjerte i SUF etter kvart såg sjølve det imperialistiske og kapitalistiske systemet som den grunnleggjande årsaka til mange av dei største verdsproblema, bør ikkje vera oppsiktsvekkjande. Heller ikkje at fleire av desse byrja å kalla seg revolusjonære. Men alternativa som stod til rådvelde for ungsosialistane, var få. Korkje sosialdemokrati eller moskvakommunisme baud på røynleg motstand mot kapitalismen og imperialismen, meinte dei fleste. Og i aukande grad framstod SF baktungt i høve til dei nye politiske tendensane som var på veg mellom studentar i store delar av Vesten.[438]

Den strategiske situasjonen kan difor bli skildra slik: Nokre hundre ungsosialistar ville nedkjempa kapitaleigarane, Høgre, KrF, Venstre, dagspressa, NRK, Ap, LO og SF politisk, gjennom ei total omvelting som arbeidarklassen skulle bli med dei på. Dette skulle dei gjera nesten utan økonomiske ressursar, og utan nokon tydeleg ideologisk, norsk tradisjon å knyta seg til. Det første imperativet for eit slikt prosjekt måtte vera "Samhald!". Det andre måtte vera "Handling!". Berre med maksimalt slit kunne revolusjonen i Noreg gå frå studentradikal tanke til politisk prosjekt. Sagt med andre ord: Om SUF ønskte å oppnå politisk effektivitet i ein slik "trengt posisjon", var trongen for praktisk, hierarkisk integrering av aktivistane svært stor. Det igjen kravde ei viss ideologisk integrering, ettersom berre dét kunne skapa grunnlag for utøvinga av legitimt leiarskap. I SUF i åra 1965−1968 skapte såleis kombinasjonen av eit sterkt politisk handlingsimperativ og eit revolusjonært sinnelag, men knappe symbolske og materielle ressursar, trong for ideologiske alternativ.

I denne situasjonen svara maoismen på nokre av dei mest prekære symbolske ressursbehova til den yngre revolusjonære generasjonen: Den inneheldt ein kosmologi som gav

---

svelgja du ein god del kamelar" (intervju med Tor Mostue, 7. august 2003 [disk 1, 02.11]).

[437] Roar Hagen, "68 (ml)", i Tvedt (red.), *(ml)*, s. 63.

[438] Torstein Hjellum har argumentert for at ingen av dei etablerte venstrepartia i Noreg makta å fanga opp den nye politiske ungdomsrørsla på 1960-talet, og at dette var noko av årsaka til at det var rom for den norske ml-rørsla (Torstein Hjellum, "Opprøret mot de etablerte partiene og ml-bevegelsens framvekst", i Tvedt [red], *(ml)*, s.

samanheng og retning, og la avgjerande vekt på det subjektive (åndelege) elementet i historia: korleis vilje omsett i praksis kunne utretta det umoglege. Den inneheldt oppskrifter på alt frå partibygging til politiske strategiar. Attpåtil framstod maoismen som ein ideologi i tråd med mange av dei generelle haldningane i det ungdomskulturelle opprøret i Vesten.[439] Maoismen var slik ei slags "pakkeløysing" med akkumulerte ressursar frå langt over femti år med hardt politisk arbeid, i Kina, vel å merka. Vi har sett at leiande krefter i SF-stud ei tid søkte ideologiske alternativ også andre stader (Marcuse, Sartre), men at desse retningane ikkje representerte noko verkeleg alternativ, i form av ein heilskapleg ortodoksi med ein konkret utopi – slik maoismen og Kina gjorde.

Eg vil hevda at viljen til å svelgja kamelar gjennom eit slikt "pakkekjøp" vart forsterka av at prosessen i all hovudsak skjedde i eit ungdoms- og studentradikalt miljø, i relativ isolasjon frå andre delar av samfunnet. Under maoiseringsprosessen i SUF verka truleg ein mekanisme som kan kallast "ideologisk overbodslogikk": Det oppstod tevling om kven som kunna peika ut det neste steget "alle" måtte ta.[440] I denne stoda var Bryn/Hellerud-miljøet i ei særstilling. I det studentradikale feltet hadde miljøet kring Tron Øgrim og Bryn/Hellerud SUF fordelen av å på eit tidlegare tidspunkt enn dei leiande kreftene i SF-stud ha tileigna seg den ideologiske klårleiken og strategiske krafta som dogmatisk truskap til MLM gav. Øgrim og Bryn/Hellerud-miljøet var slik i stand til på kvart steg i radikaliseringsprosessen i SUF å "overby" alle konkurrentane sine, anten desse var i DNA, SF eller SF-stud. I kapittel 2 har vi sett fleire døme på situasjonar med "ideologisk utpressing": Sjølv om Åsmund Egge eigentleg ikkje hadde lyst, vifta han med Maos litle raude. Sigurd Allern lét vera å ta avstand frå den dogmatiske marxist-leninistiske lina til Bryn/Hellerud SUF i *Ungsosialisten* jula 1967. Arne Overrein heldt stilt med kritikken sin av Stalin-plakatane på sumarleiren 1968. Alternativet var å støtta "dei andre" (borgarskapen, Ap, SF-leiinga).

Og til alle i SUF som tvilte, kunne Øgrim jula 1967 *lova* at arbeidarrevolusjonen var mogleg, men berre under eit svært strengt vilkår: Ein måtte skapa eit revolusjonært parti, som "*må* bygge på Marxismen-Leninismen, Mao Tse-tungs tenkning".[441] Trua på denne

---

27−54).

[439] Roar Hagen har såleis argumentert for at Mao verka som ei bru mellom den radikale og motkulturelle ungdomsrørsla og den teoretiske marxismen-leninismen (Hagen, "68 (ml)", s. 71).

[440] Filosofen Jon Hellesnes har skildra denne logikken i essayet "Ideologisk utpressing av ymse slag": I ei stode der det er oppstått ein subkultur (studentradikalisme) med utgangspunkt i motsetnader og spaningar i samfunnet og ideologien subkulturen dreier seg kring har høgkonjunktur, kan det lett oppstå tevling om å vera den som peikar ut det neste steget "alle" må ta, ei tevling om å vera den som er komen lengst på den rette vegen (Jon Hellesnes, "Ideologisk utpressing av ymse slag", i Jon Hellesnes, *Illusjon?*, Det Norske Samlaget, Oslo 2004, s. 126−127).

[441] Tron Øgrim, "6 punkter om partiet", *Ungsosialisten*, 1/1967, s. 5 (mi uth.).

visjonen vart ikkje berre teoretisk, men også praktisk, visuelt og sosialt kultivert, gjennom konstruksjonen av "eit maoistisk univers" som ramma inn medlemmene i SUF. I dette, eit parallelt univers til det sosialdemokratiske som nordmenn flest levde i, såg ikkje situasjonen så vonlaus ut.

MLM fungerte slik som ei storstilt "mental strukturrasjonalisering", som lét den som trudde på Mao hoppa bukk over mange av dei største og vanskelegaste spørsmåla som konfronterte samfunnsteorien generelt, og marxismen spesielt, i andre halvdel av 1900-talet. Væpna med slåande Mao-sitat, inspirert av sjølvtilliten som strålte frå Bryn/Hellerud SUF og med det gigantiske Kinas framgang i ryggen, kunne ungmaoisten klappa igjen læreboka i filosofi og kasta seg djervt ut i kampen, røyndomen, den politiske *praksisen*. Og det var praksis, endring og kamp dei unge radikale lengta etter, ser det ut til, ikkje forskingsseminar og filosofidebattar. Dei ville *baka kake*, ikkje lesa tusen oppskrifter. I Kina vart det baka kommunistisk kake til 800 millionar menneske, og Mao hadde oppskrifta. For unge sosialistar i ein trengt posisjon må den maoistiske pakkeløysinga frå Tron Øgrim og Bryn/Hellerud SUF ha *framstått* som eit tilbod om tilgang til politiske superkrefter. Og dét måtte ein ha, om den sosialistiske revolusjonen skulle framstå som noko meir enn tankespinn, som ei konkret oppgåve, verdt å bruka livet på, i velferdsnoreg anno 1970.[442]

4. 1969−1973: Ideologisk monopolisering

I kapittel 3 har vi sett korleis leiarskapen i SUF (ml) og MLG takla to tilfelle av opposisjon, i den kritiske fasen då ml-rørsla var i ferd med å skapa eit nytt kommunistisk parti. Både i striden med MLF i 1971 og striden i Bergen i 1972−1973 vart usemjene underlagte ein maoistisk inspirert diskurs, i form av diskusjonsrørsla "Enhet-Kritikk-Enhet". Båe tilfella enda med eksklusjonar, utmeldingar og etableringa av nye organisasjonar på sida av AKP (ml). Men skadane vart minimale, og smågruppene kom aldri til å truga AKP (ml) sitt hegemoni på ytre venstre i Noreg.

I denne prosessen meiner eg ein strategi vi kan kalla *ideologisk monopolisering* kjem til syne i leiarskapen i SUF (ml) og MLG sine val og vurderingar: Ved inngangen til 70-åra såg det ut til at den internasjonale opprørsvinden som hadde blåse så sterkt kring 1968, var i ferd med å

[442] Eg ser ingen grunn til å eksotisera denne forma for handlingslogikk. Som Hobsbawm har poengtert består ikkje moderne politiske val av at ein vel mål og middel i ein konstant prosess, men ofte av at ein har berre eitt enkelt eller sjeldne val mellom "pakker". Vi kjøper ting vi ikkje likar fordi det ikkje finst nokon annan måte å få resten, og uansett fordi det ikkje finst andre måtar å vera politisk effektiv på. Dette gjeld for alle politiske parti. Men, som Hobsbawm òg legg til: "[N]on-communist ones have hitherto generally made things easier for their intellectual adherents by refraining from formal commitments on such subjects as genetics or the composition of symphonies" (Hobsbawm, *Revolutionaries*, s. 27).

gjera inntog også her heime. Studentopprøret var endeleg kome til Noreg, og SUF (ml) var godt posisjonert til å ta hovudstraumen av dei radikaliserte studentane inn i rekkjene sine.[443] I byrjinga av 1970 opplevde Noreg ei bølgje av ulovlege streikar; først ved Norgas-fabrikken i Oslo, deretter m.a. i Sauda og Odda. I fleire av streikane var SUF (ml) og MLG direkte involverte.[444] I juni 1970 søkte Stortinget medlemskap i Det Europeiske Fellesskap, EEC. I åra fram mot folkerøystinga opplevde Noreg ein intens politisk strid som 25. september 1972 enda med eit stygt nederlag for dei politiske elitane i Noreg. Til saman skapte endringane i norsk politikk på tidleg 1970-tal ei kjensle av at den opprørselden som var tend internasjonalt på slutten av 1960-talet var i ferd med å flamma opp også i trauste, sosialdemokratiske og harmoniske Noreg. Vegen frå å oppleva eit brot på den konsensusprega politiske kulturen i Noreg til å tru at revolusjonen kunne vera på veg var gjort kortare gjennom den intensive studieverksemda av Mao Zedong si tenking, som m.a. fortalde at "[v]i kan befale månen og sola å bytte plass".[445] Det kjendest nok ikkje lenger *berre* som svermeri då Sigurd Allern i 1971 erklærte at 1970-talet ville bli ein revolusjonær epoke, og Rød Front sin sumarleir 1971 konkluderte med at ein i det næraste tiåret måtte vera budde på "revolusjonære stormer". Heller ikkje då Pål Steigan, formann i SUF (ml) i 1971 hevda at "[b]reie lag av det arbeidende folket slutter i dag opp om revolusjonære synspunkter".[446]

Men i røynda var den trengte posisjonen i norsk politikk ikkje endra grunnleggjande. Framleis var det maoismen og Kina som gav sjølvtillit og autoritet nok til å tru på og arbeida for ein norsk sosialistisk revolusjon. I 1967−1968 hadde unge revolusjonære kjend trongen for ein alternativ ideologi så sterk at det store fleirtalet i SUF hadde slutta opp om maoismen, utan å

[443] Hausten 1969 vann Rød Front for første gong valet i Det Norske Studentersamfund, med formannskandidaten Carl-Erik Schultz. I november 1970 vart det siger for Rød Front både i Bergen, Oslo og Trondheim. Då bølgja av ulovlege streikar tok til frå byrjinga av året 1970, vart det òg gjort forsøk å byggja aksjonseinskap med arbeidarklassen utanfor universitetet, gjennom omfattande streikestøttearbeid. Hendingane var på langt nær like valdsame og intense som i Paris mai 1968, men Noreg hadde definitivt fått *sin* versjon av studentopprøret. (Hjellum, "Opprøret mot de etablerte partiene og ml-bevegelsens framvekst", s. 44−47; Steigan, *På den himmelske freds plass,* s. 104−107; Folkvord, *Rødt!*, s. 45−52; Ragnvald Kalleberg, "Studenter i det sivile samfunn: et perspektiv på norske 'studentopprørere'", i Guri Hjeltnes (red.), *Universitetet og studentene. Opprør og identitet. Foredrag fra en nordisk konferanse om studenthistorie*, Forum for universitetshistorie, Oslo 1998, s. 52−86; Anders Haaland, "Studentrevolusjonen – særtrekk ved den norske utvikling (særlig om marxist-leninistenes rolle)", i Hjeltnes (red.), *Universitetet og studentene*, s. 167−173.)

[444] I 1970 var det godt og vel 30 arbeidskonfliktar i Noreg, berre to av dei godkjende av LO. Dei øvrige braut med avtaleverket mellom fagrørsla og Norsk Arbeidsgiverforening (NAF), og vart såleis stempla som "ville" eller "ulovlige" streikar. Av til saman 115 streikar frå 1970 til 1973 var berre sju av desse godkjende av LO (Hjellum, "Opprøret mot de etablerte partiene og ml-bevegelsens framvekst", s. 48). Det er ingen tvil om at SUF hadde gode kontaktar inn i sume av dei viktigaste streikane, men Jostein Nyhamar skriv om dei ville streikane på 1970-talet at dei "oppstod som et resultat av en lengre oppdemmet og reell misnøye. Selv om de ble støttet utenfra, og selv om de streikende ble forsøkt ledet utenfra, er det ingenting som tyder på at de ble ledet utenfra" (Nyhamar, *Nye utfordringer*, s. 231).

[445] Sitert i Tvedt, "Kadervurderingene som kobling til det totalitære", s. 110.

[446] Båe sitert i Tvedt, "Kadervurderingene som kobling til det totalitære", s. 117.

vita spesielt mykje om Kina eller Mao. No, like før ein skulle skipa eit ekte kommunistisk parti som kunne aksla oppgåva å leia den norske arbeidarklassen ut i revolusjon og oppbygging av sosialismen, var trongen for alternativ ideologi med superkrefter berre endå større. Tvedt har skildra korleis Mao sitt bidrag i den marxist-leninistiske idéhistoria var eigna til å generera ekstraordinære politiske krefter, som rørsla i desse åra nyttiggjorde seg av til fulle:

> Konsekvensen av å 'sette Mao Tse Tungs tenkning i spissen på alle områder', bidro til å skape en nærmest ubegrenset tro på at grunnleggende forandring var mulig. Betingelsene for eksisterende liv *kunne* sprenges; personlige liv *kunne* revolusjoneres. Den opprørsånd og energi dette skapte er det vanskelig å fatte i ettertid. Maos filosofi bidro til å gjøre visjoner om et annet samfunn mulige, ikke bare som drøm, men som prosjekt. Den ga næring til et opprør mot en avmektighet og passivitet mange følte.[447]

Trua på at "betingelsene for eksisterende liv *kunne* sprenges" inkluderte, ikkje minst, trua på MLM som ei koherent, einskapleg lære. Mao i seg sjølv var stor, men først med Marx' geniale teori, Lenins heroiske revolusjon og Stalins store siger over nazi-Tyskland inkludert i same pakka, var ideologien sterk nok til å marknadsførast som vitskapen om "åssen man gjør revolusjon". Difor portrett av alle "dei fem store" på ml-publikasjonane. Difor "marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking", og ikkje berre "maoisme".

Men føresetnaden for MLM sin funksjon som det eg har kalla mental strukturrasjonalisering var at ideologien faktisk var oppfatta som eit korrekt og samanhengande tankesystem. Dersom Lenin brått skulle vera kraftig på kollisjonskurs med Mao, ville jo dei norske ungsosialistane brått vera tilbake "i sitt studérkammer − bøyd over et teoretisk arbeid" (slik MLG ironisk skildra plageånda Ebbing), for både Lenin og Mao var kanoniserte autoritetar innanfor MLM. Kollisjon dei imellom ville oppheva førestellinga om at MLM var ei, og berre ei, einskapleg og korrekt lære. Dimed ville mykje av den mentale strukturrasjonaliseringa gå tapt. Og heile trua på den politiske effektiviteten i eit maoistisk prosjekt under norske vilkår kunne bli underminert. Tvedt har understreka dette momentet:

> En kan si at Mao forsøkte å frigjøre marxismen fra 1800-tallets europeiske og deterministiske evolusjonsteori, en teori som hadde påvirket Marx og Engels og seinere i enda større grad Stalin. Den norske ml-bevegelsen erkjente ikke denne fundamentale uenigheten blant 'klassikerne'. *Da ville jo selve grunnlaget, illusjonen om marxismen-leninismen-Mao Tsetungs tenkning som et enhetlig, korrekt tankesystem, bryte sammen*.[448]

I denne stoda, med stort sprik mellom forventningar og moglegheiter og i ein utfordrande

[447] Tvedt, "Kadervurderingene som kobling til det totalitære", s. 111 (org. uth.).

samlingsprosess mot eit nytt kommunistparti, representerte all tvil på leiarskapen sine strategiske vurderingar og ideologiske tolkingar eit potensielt trugsmål. Men det var nett det kritikken frå Kjell Hovden og Hans Ebbing/Arne Overrein gjorde. I tillegg til dei ulike politiske vurderingane, utfordra desse miljøa kvar på sitt vis det unge ml-prosjektet på to meir alvorlege og grunnleggjande punkt: Påstanden om den strategisk gode situasjonen for eit revolusjonært prosjekt av SUF (ml) og MLG sin type, og førestellinga om dei "vitskaplege" kreftene i MLM. I kapittel 3 har vi sett korleis leiarskapen i ml-rørsla møtte desse trugsmåla med å søkja det vi kan kalla ideologisk monopol. Alle småhandlarar på den ideologiske marknaden måtte underleggja seg storkonsernet Marxismen Leninismen Mao Zedong si tenking, administrert lokalt av SUF/MLG sin leiarskap. Rørsla kunne berre ha eitt sentrum, og éi legitim tolking av ideologien. Utan desse to vilkåra på plass ville superkreftene i ml-ideologien bli svekte radikalt, og spriket mellom rørsla sine forventningar og reelle moglegheiter bli synleg. Effektiviseringsvinsten av den ml-ske "pakka" låg nettopp i stram hierarkisk innordning og tiltru til at dei fleste, ja, kanskje alle vanskelege teoretiske og ideologiske spørsmål alt var løyste i den maoistiske tradisjonen. I denne samanhengen var Enhet-Kritikk-Enhet-rørslene eit effektivt trekk frå leiarskapen si side: ein etablerte ein felles symbolsk orden alle i rørsla måtte forhalda seg til, og tvang slik opposisjonen inn i ein logikk der grunnleggjande og langvarig usemje med leiarskapen vart rekna som illojalt.

Leiarskapen søkte slik å løysa motsetnaden mellom ideologisk pluralisme og politisk effektivitet med stram integrering under maoismen og leiarskapen sitt hegemoni. Ei god stund lukkast ein med dette: ml-rørsla mista nesten ikkje medlemmer og fekk ingen verkelege organisatoriske utfordrarar i prosessen fram mot partiskipinga. I Sverige mista "storebror" KFML til samanlikning godt over 1000 medlemmer til fleire tevlande grupper før ein kunne skipa parti. Vi kan såleis seia at funksjonen av nedkjempinga av Hovden-miljøet i 1971 og Ebbing/Overrein i 1972−73 var at ein slik oppnådde den naudsynte graden av utreinsking og integrering av eit handlande kollektiv, i forkant av skipinga av AKP (ml).

5. 1975−1976: Ideologisk maksimering

I kapittel 4 har vi sett korleis leiarskapen i AKP (ml) våren 1975, gjennom vedtaket av "Teser om høyreavviket", starta ei kraftfull omlegging av partiet sin ideologiske, politiske og organisatoriske kurs. I denne omdanningsprosessen, som m.a. førte til at partiformann Sigurd Allern måtte gå av, makta leiarskapen paradoksalt nok å halda oppe og til og med utvida den

[448] Tvedt, "Kadervurderingene som kobling til det totalitære", s. 111 (mi uth.).

ideologiske og organisatoriske einskapen i rørsla.

I denne prosessen meiner eg ein strategi vi kan kalla *ideologisk maksimering* kjem til syne i leiarskapen i AKP (ml) sine val og vurderingar: Etter å ha opplevd kontinuerleg framgang for det maoistiske prosjektet heilt sidan 1967, var AKP (ml) kring midten av 1970-åra konfrontert med teikn på at livet som politisk parti kunne vera vanskelegare enn tilveret i ungdomspolitikken. Sosialistisk Valallianse gjorde i stortingsvalet i 1973 eit brakval og fekk 11,2 % av røystene. AKP (ml) sin valfront, Raud Valallianse (RV), fekk på si side 0,4 %. Etter valet var "revisjonistane" representerte med 16 representantar på Stortinget, dei "ekte revolusjonære" hadde ingen. Same kor mykje ml-arane prøvde, både med songar, aviser og slagord om at den heroiske arbeidarklassen trong eit heroisk kommunistparti, såg det ikkje ut til å hjelpa på: Den norske arbeidarklassen kjøpte ikkje *Klassekampen*, vart ikkje medlem i AKP (ml) og røysta ikkje RV. Min tese er at AKP (ml) slik berre få år etter partiskipinga stod andsynes grunnleggjande problem i høve til overgangen frå studentpolitikk til "vaksenpolitikk". Valresultatet, men også røynslene frå "massekampen", tydeleggjorde ml-prosjektet sin relative isolasjon m.o.t. oppslutnad utanfor det studentradikale miljøet, og gav ein indikasjon på at det fanst sterke sosiale og politiske avgrensingar i AKP (ml) sitt potensial. Det var nok ei erkjenning som satt langt inne hjå ein leiarskap som to år tidlegare hadde hevda at breie lag av det arbeidande folket slutta opp om revolusjonære synspunkt.

Men slike "kjettarske" tankar fanst. Alt året etter partiskipinga hadde Arne Overrein, som vi i kapittel 3 såg meldte seg ut av SUF (ml), teke opp problemet med avstanden mellom den nye tidas radikalisme og den norske arbeidarklassen:

> Et av de store problemene med […] radikaliseringa er at den i svært liten grad har berørt den tradisjonelle arbeiderklassen, og at den har hatt sitt utgangspunkt i universitets- og skole-miljø. Dette har ofte ført til at de nye revolusjonære ideene er blitt møtt med mistro fra arbeiderne. […] Det er den gamle historia som har gjentatt seg. *Det har funnet sted en radikalisering i en del av mellomsjiktet samtidig som arbeiderklassen har stått stille i tilskuerposisjon.* Mangelen på kollektive erfaringer mellom dem gjør det omtrent umulig for en politisk radikalisering som har sin basis i strømninger som er *særegne* for en del av mellomsjiktet, å ekspandere inn i arbeiderklassen og festne seg der.[449]

Overrein sin artikkel var ei presis formulering av dei grunnleggjande problema som no møtte ml-rørsla: AKP (ml) sprang ut av tendensar som var særeigne for mellomsjiktet (studentane) si politiske radikalisering på 1960-talet. Den norske arbeidarklassen hadde stått på sidelina i denne

[449] Arne Overrein, "Om sekterismen og partiteorien", *Vardøger*, 6/1974, s. 12−13 (org. uth.). Heile dette nummeret av *Vardøger* var vigd ml-rørsla. Redaksjonen bestod av Hans Ebbing, Arne Overrein og Rune Skarstein. Alle tre hadde vorte meir eller mindre kasta ut av MLG/SUF (ml) i åra før.

prosessen, og delte ikkje kollektive røynsler med studentradikalarar generelt eller ml-arar spesielt. Streikerørsla på tidleg 1970-tal hadde gjeve von om at noko kunne vera på gang også i arbeidarklassen, men "dei ville streikane" hadde dabba av i etterkant av EEC-røystinga, og fleire av dei potensielle arbeidaravantgardistane, som streikeleiarane Kjell Hovden og Kjell Pettersen, hadde brote med AKP (ml).[450]

Kanskje var ml-rørsla sitt grunnleggjande problem at ein habitus eigna til suksess i det studentradikale feltet (radikalisme og ultraaktivisme) var ueigna i det større politiske feltet. Det såg i alle fall slik ut: Arbeidarklassen kom ikkje til Arbeidernes kommunistparti. For leiinga kom problema først i form av ei vag, aukande uro, om at *noko* var gale. Men spørsmål om kva retning partiet skulle gå i, tvang seg meir og meir på. Til den "normale" politikken, rett nok prega av hestehandel, pressejippo og meiningsmålingsfetisjisme, men også med stortingsmandat, folkeleg oppslutnad og politisk påverknad som mogleg vinst? Eller til ei eller anna form for "annleispolitikk", kanskje ikkje med spontan støtte frå folkemassane, men med ein klårare profil, og meir i tråd med den kommunistiske ortodoksien? Slik stod ml-rørsla kring midten av 1970-talet andsynes det eg vil kalla eit eksistensielt vegval: Ein ønskte å spela ei viktig rolle i norsk politikk. Samstundes ville ein vera "ekte" marxist-leninistar.

I denne stoda fanst det altså marxistiske røyster som meinte at vilkåra for suksess med den type kaderparti som AKP (ml) hadde bygd opp, ikkje var til stades. Alternativet til den type utolmod som AKP (ml) representerte, var å innsjå denne stoda og freista å unngå å skapa ytterlegare avstand (sekterisme) i høve til arbeidarklassen. Men dette var ikkje eit reelt alternativ for AKP (ml), slik stoda var i 1975. Kven ville kasta ti år med politisk arbeid på båten, til fordel for Arne Overrein sitt "Sosialistiske Venteparti"? For eit miljø sterkt prega av eit grunnleggjande handlingsimperativ, forsterka gjennom fleire års trening i å "sette Mao Tse Tungs tenkning i spissen på alle områder", var slik tenking fullstendig framand. Det var defaitisme! Ingen leiarskap, uansett politisk parti, ville ha funne på å leia partiet sitt inn i ein erkjenningsprosess der nedlegging av sjølve prosjektet kunne vera eit reelt utfall. For leiarskapen i AKP (ml) var difor det mest realistiske alternativet å freista løysa utfordringane innanfor det maoistiske universet.

I ein situasjon konfrontert med eit slikt eksistensielt vegval gjorde Tron Øgrim mai 1975 med sine "Tesar om høyreavviket" eit tydeleg val: I det vanskelege møtet

[450] I kapittel 3 såg vi korleis Kjell Hovden i 1971 vart fjerna frå ml-rørsla gjennom prosessen kring *Enhet-Kritikk-Enhet*. Kjell Pettersen, som var vald inn i AKP (ml) sin første sentralkomité, hadde trekt seg alt i desember 1973, og seinare meldt seg ut. Ifølgje Wiggo Knudsen var Pettersen si utmelding politisk: "[H]an ønska å ha ein type politikk som han kunne selja i Sauda hjå folka sine" (intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 [cd 1/3, 21.39]).

med ”vaksenpolitikken” satsa han no alt på reindyrking og forsterking av språket og metodane som hadde sikra SUF (ml) relativ suksess i gymnas- og studentpolitikken. Alt maoistisk, marxist-leninistisk og krigskommunistisk ved AKP (ml) skulle bli meir og meir framheva, alt som minna om ”normal norsk politikk” skulle tonast ned, eller vekk. Ein kvar tanke om at den ideologiske ”guden” (maoismen) hadde svikta, skulle nedkjempast. Diagnosen var tvert imot at ”kyrkjelyden” (partiet) hadde svikta. AKP (ml) hadde ikkje reinsa seg nok, ikkje stålsett seg nok, ikkje ofra seg nok til å gjera seg fortent til dei politiske superkreftene som var lova av marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking – ”vitenskapen om åssen man gjør revolusjon”. Øgrim fekk med seg SKAU og deretter SK i dette vegvalet. AKP (ml) maksimerte slik den symbolske og sosiale avstanden til SV og norsk partipolitikk. I vår tids språk kan vi seia at partiet verkeleg reindyrka profilen som ”nisjeprodukt”. Kanskje kan vi også snakka om at det innanfor denne stadig meir lukka partikulturen oppstod ein slags omvendt symbolsk økonomi, der det som til vanleg gav autoritet i politikken: stor oppslutnad i parlamentariske val, høg profil i offentlege ordskifte og utvikla evne til alliansebygging, gav *negativ* verdi i ml-rørsla. Logikken attom både formannsskiftet og utreinskinga av sentralkomiteen kan sjåast i dette perspektivet: Sigurd Allern var, som vi såg i kapittel 2, rekna for å vera eit stort politisk talent, langt inn i SF-leiinga. Etter vedtaket av ”Tesene” var mange av dei politiske kvalitetane hans diskrediterte som ”høgreavvik”.[451] Slik var det for fleire av dei som rauk ut av sentralkomiteen på landsmøtet i 1976.[452]

På kort sikt var ”oppgjeret med høyreavviket” slik faktisk eit forløysande initiativ, som gjorde ml-rørsla sine problem moglege å takla: I kapittel 4 har vi sett korleis leiinga no bytta ut dei utopiske førestellingane om ein snarleg norsk revolusjon med ein ny, disiplinerande dystopi, i form av analysen om den komande verdskrigen. Og problemet med partiet sin studentradikale karakter skulle løysast gjennom proletarisering. Kanskje kunne ikkje partiet frelsa klassen umiddelbart, men klassen kunne i alle fall frelsa partiet: Sjølvproletarisering skulle halda partiet reint og raudt. Slik vart problema for partiet lokaliserte i indre tilhøve: Det var ”høgreavvik” i partiet og hjå den einskilde medlemmen som var hovudårsak til vanskane. Framgang var eit

[451] Allern var alltid rekna for å vera mellom dei meir pragmatiske i rørsla, fortel Kjersti Ericsson. Som døme på eit av Allern sine ”høgreavvik” nemner ho at han i 1974 hadde teke initiativ til at AKP (ml) måtte utvikla ein eigen oljepolitikk: Han burde ha fokusert på kampen mot sosialimperialismen, meinte SK. Ericsson hadde også spurd om ikkje oljepolitikk var viktig, noko som vart brukt mot henne i forkant av landsmøtet i 1976, der ho vart teken ut av leiarskapen (intervju med Kjersti Ericsson, 14. august 2003 [disk 1, 80.45]).

[452] Utan å ha fullstendig oversyn over bakgrunnen til dei som rauk ut av SK i 1976 vågar eg å stilla hypotesen at det særleg var pragmatiske og meir utetterretta ”praktikarar” med politisk talent som måtte gå. For å nemna nokre som forsvann: Kitty Strand, som var mellom dei mest sentrale i utviklinga av Kvinnefronten og hadde eit stort kontaktnett til andre miljø; Tor Mostue, som hadde leidd partiet sitt Faglege Utval; Ellen Pedersen, som frå 1975 gjorde ein pionerinnsats som RV sin første, og i åtte år den einaste, RV-representanten i Oslo bystyre.

spørsmål om *vilje*. På denne måten søkte leiarskapen det eg vil kalla ideologisk maksimering: Andsynes eit eksistensielt vegval satsa ein *maksimalt* på superkreftene i marxismen-leninismen. Hobsbawm har peikt på at slik "bolsjevisering" har vore eit vanleg alternativ for kommunistparti som har funne seg i situasjonar der samfunnet er stabilt og revolusjonære tilstander er langt unna. Bolsjevisering fungerer i slike tilfelle som ei slags "barrikadering" i vente på betre tider.[453]

Kostnaden av denne satsinga var auka avstand til norsk politikk og enorme disiplin- og aktivitetskrav. Men vinsten på kort sikt var stor: Eit sterkt oppsving i partiet sin politiske effektivitet som "apparat" for kollektiv handling. Ml-rørsla sin aktivisme var aldri meir oppofrande og omfattande enn i åra under og like etter "oppgjeret". Parti og rørsle hadde aldri vore større. Denne analysen gjer etter mi meining paradokset med ei stadig meir dogmatisk, men òg meir aktivistisk og stor ml-rørsle lettare å gripa.

6. 1979−1980: Ideologisk konservering

I kapittel 5 har vi sett korleis samanbrotet for den internasjonale ml-rørsla skapte omfattande ideologiske problem, som hausten 1978 fall saman med ein alvorleg knekk i medlemmene sin tillit til leiarskapen i AKP (ml). Til saman danna dette bakgrunnen for AKP (ml) si "partikrise", tidfest særleg til åra 1979 og 1980. Lenge nekta leiarskapen å kalla stoda for ei krise, men etter at det hausten 1979 var oppstått ei større kritikkrørsle i Oslo AKP (ml), erklærte leiinga "partikamp" mot opposisjonen. Endeleg var òg "krise" ein del av leiarskapen sitt vokabular, men no var det opposisjonen som fekk mykje av skulda for problema. Med iherdig arbeid før landsmøtet i 1980 makta leiinga i partiet å bli gjenvald og å avvisa det dei oppfatta som opposisjonen sitt "høgreavvik".

I denne situasjonen meiner eg ein strategi vi kan kalla *ideologisk konservering* kjem til syne i leiarskapen i AKP (ml) sine val og vurderingar: Ved slutten av 1970-åra var dei utopiske førestellingane om Kina og trua på den ml-ske ortodoksien skaka i grunnvollane. Parallelt braut dei utopiske førestellingane om sentralkomiteen saman, etter at partileiinga nesten hadde køyrd partiøkonomien i grøfta hausten 1978. Samstundes var partiet sin faktiske posisjon i norsk politikk ikkje betra. Utdanningsrevolusjonen var avslutta. Vietnam-krigen slutt. Studentopprøret si tid var definitivt over.

Det var slik oppstådd djup uvisse i høve til dei to kanskje viktigaste ressursane til

[453] Hobsbawm, *Revolutionaries*, s. 46−51."Bolsjevisering" som svar på aukande avstand mellom forventningar og moglegheiter er ein betre og meir dynamisk tese for å forstå "oppgjeret" enn det som ser ut til å vera Sjøli sin: Han meiner "ultravenstreperioden" på siste halvdel av 70-talet var verkeleggjeringa av diamantgjengen [SKAU] sin

ml-rørsla (i tillegg til medlemmene): maoismen og Sentralkomiteen. Og slik hadde leiarskapen korkje reiskapar eller rom til å undertrykkja dei grunnleggjande problema ein gjennom "oppgjeret med høgreavviket" hadde makta å fortrengja: Kløfta mellom rørsla sine forventningar og moglegheiter var i ferd med å bli påtrengjande og synleg for alle som ville sjå. Ei mogleg krise var vorten ei reell krise.

Under "partikrisa" har vi sett korleis leiarskapen ser ut til å ha oppfatta at føresetnaden for å koma heilskinna ut av denne vanskelege situasjonen var at grunnleggjande element i ml-ideologien vart halde fram, og at SK/SKAU sin autoritet låg fast. Leiarskapen i AKP (ml) kom slik til å stå for ei i hovudsak konserverande line: Først søkte ein å halda usemjene mellom Albania og Kina skjult for medlemmene, for slik å varsamt kunna justera kursen i tråd med Beijing. Deretter, då skismaet var eit faktum og "gudane" og dogma i internasjonal maoisme fall, søkte Tron Øgrim å koma interne kritikarar i møte med utgjevinga av *Marxismen – vitenskap eller åpenbaringsreligion?*. Ein "forandra, for å bevara". Til slutt, i møte med ei opposisjonsrørsle særleg i Oslo AKP (ml), tok SKAU ei open konserverande rolle: Større endringar av samansetjinga av SKAU eller prinsipprogrammet var mistillit, ikkje berre til partiet, men òg til MLM.

Bakgrunnen for denne ideologiske konservatismen er etter mi meining at det var oppstådd det vi kan kalla eit gjensidig forsterkande samspel mellom marxismen-leninismen sin einskap og leiarskapen sin einskap. Ideologien legitimerte, gjennom skinet av å vera objektiv sann, leiarskapen sin opphøgde og ufeilbarlege status. Og leiarskapen stadfeste, gjennom å aldri avsløra tvil og usemje, illusjonen om ein opphøgd og ufeilbarleg ideologi. Så lenge dette samspelet var intakt, hadde rørsla framleis tilgang på maoismen sine superkrefter, dvs. mental strukturrasjonalisering og praktisk effektivisering. Men uvisse, anten i høve til ideologien eller leiarskapen sitt hegemoni, ville setja i gang ein "kjedereaksjon", eit samabrot i partiet sitt trusgrunnlag. I mange år hadde leiarskap og medlemmer handla i tråd med dette normsystemet. Og etter kvart som denne trua gav visse oppsiktsvekkjande resultat, i form av organisatorisk effektivitet (som etableringa av eiga dagsavis), hadde trua vorte til ureflektert "sanning". Under partikrisa har vi sett ein tydeleg illustrasjon på denne samanhengen i ordskiftet om AKP (ml) sitt nye prinsipprogram i 1980 og spørsmålet om eittpartisosialismen. Der var det oppstått nærast fullstendig samklang mellom det ideologiske (ytre) forsvaret for partiet sin særstatus i den kommunistiske staten og det praktiske (indre) forsvaret av "kjernen" (SKAU) sin særstatus i det kommunistiske partiet. Denne ortodoksien ser leiarskapen ut til å ha sett særleg høgt. I

---

draum frå 1960-talet, om "det stalinistiske kaderpartiet" (Sjøli, *Mao min Mao*, s. 104).

prinsipprogramordskiftet kunne såleis Steigan hevda at "[d]et er elementær marxisme at kommunistpartiet er arbeiderklassens høyeste form for klasseorganisasjon".[454] Samstundes som han, i den organisatoriske debatten internt i partiet, kunne slå fast at: "Mao ser […] ikke ledelsen som ei samling individer, men som ei ledende gruppe. […] Ropene om å 'kaste SK' er et program for å styrte denne ledende gruppa og erstatte de prinsippene den har stått for med andre linjer og standpunkter."[455] Kritikk av den leninistiske partimodellen, i AKP (ml) sin stalinistiske variant, var implisitt ein kritikk av den leiande kjernen sitt maktmonopol i partiet – og motsett. Slik vart leiinga si insistering på ideologisk truskap eit moralsk krosstog for eiga makt.[456]

Men med opposisjonen sin kritikk vart slike førestellingar truga. Sjølv om opposisjonen retta kritikken mot forskjellige område (prinsipprogrammet, prioriteringane, den demokratiske sentralismen, SKAU si makt) var det eitt tema som var felles i nesten alt: ei generell oppvurdering av *eigenverdien av demokrati*. Dimed vart einskapen mellom ideologi og leiarskap truga på fundamentalt vis. For den marxist-leninistiske bygnaden førte vektleggingа av demokrati (som ein verdi i seg sjølv) til ein katastrofal dominoeffekt i kjeda av ml-ske samanhengar. I forenkla form kan vi setja opp effekten slik:

1) Ei oppvurdering av demokrati førte implisitt med seg ei *nedvurdering* av marxismen-leninismen som objektiv vitskap (sjølv om kritikarane sjeldan tematiserte dette eksplisitt);

2) dersom det var uvisse om den ml-ske teorien sin vitskaplege status, var òg dogmet om at parti som praktiserte marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking på korrekt vis objektivt *var* arbeidarklassen sine parti, i fare;

3) dimed vart overbygnaden for at kommunistpartiet skulle ha ei særstilling i dei sosialistiske statsapparata (eittpartisosialisme) svekt;

4) dimed også legitimeringa av den indre kjernen si særstilling i partiet, som dominerte i kraft av "høgt nivå" og meistring av den ml-ske teorien (vitskapen).

Opposisjonen sin kritikk var såleis eit trugsmål mot heile den indre koherensen i det ml-ske systemet. Krava om meir demokrati råka slik sjølve *doksaen*, dei tause, ureflekterte førestellingane i ml-rørsla, og dimed sjølve kjernen i dei maoistiske superkreftene. Forsvararane av den etablerte partilina hadde difor rett i at opposisjonen hadde reist "spørsmål ved

[454] *Klassekampen*, 25. juli 1980, s. 11.
[455] *Fram For Partiet*, august 1980, s. 14.
[456] Fleire av desse poenga ligg tett opp til Sverre Knutsen sin analyse av det han har kalla ml-rørsla sitt "sannhetsministerium". Knutsen meiner førestellinga om at det fanst éi korrekt line i forståinga av heile verda, *kravde* at det fanst eitt senter som kunne tolka kva den rette lina til kvar tid var og kunne setja i gang tiltak for å tryggja einskap og oppslutnad om ho i organisasjonen (Knutsen, "Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd", s. 135).

holdbarheten til hele den marxist-leninistiske teorien".[457] I *denne* situasjonen, og etter ti år på toppen av partiet, var det ikkje rart at det verka uråd for SKAU å gje konsesjonar til interne kritikarar. For gjennom 1970-talet var det investert enorme ressursar i ml-prosjektet. Som i eit pyramidespel auka presset på å få realisert eller teke vare på verdiane som var skotne inn. "Eg vurderte dette [partikrisa] som eit spørsmål om liv eller død for partiet," fortel Tron Øgrim.[458]

"Eks-DS-formannen" Wiggo Knudsen, som vi har sett fekk oppleva effektane av denne ideologiske konservatismen, meiner dei leiande folka i SKAU no hadde utvikla eit personleg eigartilhøve til partiet, som gjorde at dei heller ville "vera sjefar i eit lite parti, med lita framtid og få folk, enn ikkje å vera sjefar i det heile teke".[459] Inntrykket han hadde fått då han hadde kome tilbake til Oslo etter mange år med partiarbeid i Nord-Noreg, var at delar av SKAU var vortne maktkorrumperte.[460] Og han minnest at den kritikken som slo best an i Oslo-partiet, meir enn kritikk av Kina og marxismen-leninismen, var at SKAU var "korrupte".[461] Sveisa saman, gjennom ti år i toppsjiktet i rørsla, hadde SKAU danna seg det ein i psykoanalysen kallar eit "delutional system", meiner "eks-DS-formannen": Dei hadde skapt sin eigen røyndom, godt isolert frå "den ubehagelege greia som finst ti meter utanfor, på gata".[462]

Vurderinga til Pål Steigan er ganske annleis. I *På den himmelske freds plass* har han forsøkt å forklåra kvifor han i mange sine augo hadde "betong i øra" i denne perioden:

> Jeg syntes dette gikk litt vel fort og tenkte: 'rolig i svinga nå, ta en ting ad gangen'. Riktignok [sic] var det nødvendig med kritikk, og riktignok [sic] var det nødvendig å tenke gjennom på nytt en del av det som var gjort i kommunismens historie. Ikke alt var reint som snø. Men skulle vi miste hue av den grunn? Skulle vi få laus mage i rein panikk over å ha sett noen feil?
>
> I brottsjøer av omvurderinger syntes jeg det var riktig å prøve å holde fast ved en del grunnleggende ting, for på tross av feil har grunntrekka i marxismen-leninismen vist seg levedyktige og holdbare. […] Jeg frykta at det kunne bli utløst ei lavine i AKP ved inngangen til 1980-åra. Det jeg gjorde, blei gjort i et forsøk på å avverge en sånn situasjon.[463]

På bakgrunn av det vi no veit om dei praktiske styrkane og føremonane med den forma for ideologisk truskap ml-rørsla hadde bygd seg opp på, er det kanskje mogleg for oss å gje både

[457] *Beretning fra AKP (ml)s 2. sentralkomité*, udatert, truleg gjeve ut juni 1980, s. 38.
[458] Intervju med Tron Øgrim, 23. oktober 2003 (disk 3, spor 2, 23.50).
[459] Intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 (cd 1/1, 52.26).
[460] Wiggo Knudsen minnest t.d. eit 1. mai-arrangement i Oslo, der Folkets Hus var stappfullt av folk som reiste seg og applauderte då formann Pål Steigan og kona hans kom nedover midtgangen: "Eg minnest eg fekk heilt sjokk" (intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 [cd 1/3, 58.00]).
[461] Intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 (cd 1/1, 41.00). Etter det eg veit vart det aldri sett fram påstandar om underslag e.l. Det var meir den leiande kjernen si vedvarande stilling i partibyråkratiet som vart kritisert som "korrumperande", m.o.t. tilgang på lønsmidlar, utanlandsreiser og makt over medlemmene i partiet.
[462] Intervju med Wiggo Knudsen, 2. februar 2005 (cd 1/3, 76.00).
[463] Steigan, *På den himmelske freds plass*, s. 227−228.

Wiggo Knudsen og Pål Steigan sine tankar kring leiarskapen si takling av AKP (ml) si "partikrise" rett. Den forma for ideologisk leiarskap som SKAU hadde bygd opp, kan gjerne bli skildra som tufta på eit "delutional system". I alle fall kan vi seia at superkreftene i maoismen var avhengige av at medlemmene frivillig underordna seg marxismen-leninismen og leiarskapen sin dominans, i relativ isolasjon frå resten av norsk (og global) politisk røyndom. Innanfor denne tette fellesskapen var risikoen for at det vart utvikla vrangførestellingar stor. Men samstundes har nettopp *krafta* i denne forma for dogmatisk truskap til ideologi og leiarskap vore ein av dei faktorane eg har sett som viktigast for å forklåra kvifor så mange heldt ut, år etter år, i ml-rørsla. Det var kanskje ein del som var ille med AKP (ml), men alternativet var oppfatta som verre: politisk impotens. Slik kan vi òg gje Pål Steigan rett i at om premissen var å berga AKP (ml) og kanskje til og med delar av dei ideologiske kreftene ("grunntrekka i marxismen-leninismen"), så representerte "partikrisa" og den interne opposisjonsrørsla ein livsfare for partiet. For leiarskapen var det rasjonelt å freista å avverja denne stoda.

Men som vi har sett, var den doksiske tilstanden alt broten. Det var slutt på "sannhetsministeriet". Og såleis på maoismen sine superkrefter.

7. Oppsummering

I dette kapittelet har eg analysert dei fire kritiske prosessane skildra i kapittel 2−5. Utgangspunktet har vore ein tese om at relasjonen mellom den norske ml-rørsla sin leiarskap og maoismen hadde karakter av ei faustisk pakt. I ei trengt stode i norsk politikk gav maoismen "politiske superkrefter". Men prisen var stor, i form av mental underkasting under Mao Zedong si tenking.

Med bakgrunn i denne tesen har eg identifisert fire hovudstrategiar eg meiner kjem til syne i leiarskapen sine val og vurderingar. Desse strategiane har eg kalla ideologisk effektivisering (1965−1968), ideologisk monopolisering (1969−1973), ideologisk maksimering (1975−1976) og ideologisk konservering (1979−1980). I desse strategiane er eit gjennomgåande funn ein dobbel, eller "faustisk" kvalitet i relasjonen leiarskap og maoisme. Mao gav, og Mao tok. Tesen om ei faustisk pakt gjev etter mi meining betra forståing av ml-rørsla generelt, og leiarskapen i den norske ml-rørsla spesielt.

7. Konklusjon

Ideologisk leiarskap som det umogleges kunst

1. Innleiing

I denne oppgåva har eg skildra og analysert det eg har kalla *utøvinga av ideologisk leiarskap* i den norske ml-rørsla 1965−1980. Eg har særleg vore ute etter å få svar på kva rolle maoismen spelte, og korleis samspelet mellom leiarskap og ideologi gjekk føre seg i denne prosessen. Før eg konkluderer endeleg, vil eg til slutt drøfta meir inngåande to spørsmål som er aktualiserte av analysen.

Det første spørsmålet er: Korleis bør vi forstå karakteren til dei maoistiske "superkreftene": Var maoismen ein slags erstatningsreligion, eit "religionssubstitutt" for ml-rørsla? Det andre spørsmålet er: Korleis bør vi forstå relasjonen mellom leiarskap og ideologi i den norske ml-rørsla: Var maoismen eit band som medlemmene hadde om livet og leiarane i handa? Eller kan vi forstå samspelet mellom leiarskap og ideologi på andre måtar?

2. Var maoismen eit religionssubstitutt?

I analysen har eg nytta formuleringar som "trua på maoismen" og omtala ideologien som ei "superkraft", som først fekk verdi då aktørane trudde og handla i tråd med ho. Slike formuleringar pensar uunngåeleg tankane inn på religionen sitt domene.

Parallellane er så påfallande at det er naudsynt å drøfta tilhøvet mellom min analyse og teoriar som oppfattar kommunismen som ein religion eller eit religionssubstitutt. I kommunismeforskinga har dette vore ein gjennomgåande figur.[464] Og i den grad det finst eit etablert perspektiv på den norske ml-rørsla, er det nok som "vekkingsrørsle".[465] Er det gjennomgåande funnet i denne oppgåva at ml-arane djupast sett var ein kyrkjelyd, at det eg har omtala som superkraft i praksis kan bli bytt ut med "religion", og leiarskap med "presteskap"?

[464] Sjå oversyn i Morten Thing, *Kommunismens kultur*, bd. 2, Tiderne Skifter, København 1993, s. 993−995; Jensen, *Stalinismens fascination og danske venstreintellektuelle*, s. 185−214.

[465] Hompland, "Opprør fra flere kanter", s. 161; Nyhamar, *Nye utfordringer*, s. 219; Mork, *Kinas raude sol*, s. 112; Skorpen, *Maoisme på norsk og svensk*, s. 156−160. Perspektivet har vore til stades i ålmenta heilt sidan radikaliseringa av SUF fann stad på slutten av 1960-talet. Dag Solstad sin roman *Gymnaslærer Pedersens beretning om den store politiske vekkelsen som har hjemsøkt vårt land* har nok trekt perspektivet i same retning (Dag Solstad, *Gymnaslærer Pedersens beretning om den store politiske vekkelsen som har hjemsøkt vårt land*, Oktober, Oslo [1982] 2000).

2.1 Kommunismen som trussystem

Ifølgje Morten Thing, som har diskutert religionstematikken inngåande i doktoravhandlinga *Kommunismens kultur*, er det særleg trua si organisering i eit system og institusjonaliseringa av trua som har vore tema i dei analysane som understrekar religionskarakteren til kommunismen.[466] Til dømes hevdar Arthur Koestler at den kommunistiske utopien er forma over biletet av "det tapte paradis", og at det i røynda ikkje er nokon skilnad på ein tradisjonell og revolusjonær truande. Båe er like uforsonlege, radikale og puristiske i si tru, meiner han.[467]

Mange har tenkt i same spor som Koestler. Den polske filosofen Leszek Kolakowski meiner "Marx' revolusjonære doktrine imiterer det samme dikotomiske skjema som kjennetegner den kristelige forløsningslære".[468] Den engelske historikaren og eks-kommunisten Raphael Samuel har samanlikna det engelske kommunistpartiet med ein *krossriddarorden*: ein militær kyrkjeleg orden, med eit strengt trussystem.[469] Eit gjennomgangstema hjå fleire har vore kommunistane sitt ukritiske og dyrkande tilhøve til utopiane Sovjet og Kina. Bertrand Russell samanlikna t.d. bolsjevismen med islam og skreiv såleis om *politiske pilegrimar*, som drog til den nye trua sitt Mekka – Moskva.[470] Paul Hollander har seinare gjort liknande analysar av Kina-fararar.[471]

Det er ikkje vanskeleg å finna sterke parallellar mellom kommunisme og religion, heller ikkje når det gjeld den norske ml-rørsla. Ein sentral mekanisme eg har funne har vore det eg har kalla eit gjensidig forsterkande samspel mellom ideologiens og leiarskapens einskap. Så lenge denne einskapen framstod absolutt, verka "superkreftene" i MLM: Ein makta å driva til dels ekstremt rasjonalisert kollektivt arbeid, fordi ein *trudde* – på ideologien og leiarskapen sin suverenitet. Då einskapen mellom ideologi og leiarskap sprakk opp, vart òg trusgrunnlaget svekt fundamentalt – og den enorme effektiviteten svann gradvis bort: Den symbolske orden var falle saman, og slik var rørsla si samanbindande og motiverande kraft borte. Denne relasjonen liknar på den vi kan finna mellom presteskap og gudstru i einskilde særleg dogmatisk-religiøse samfunn, der presteskapet sitt tolkingsmonopol er ein føresetnad for at trua kan framstå som "sanning" og ikkje bli relativisert til å bli eit av fleire moglege alternativ. Så lenge presteskap og ortodoksi er eitt, har kyrkjesamfunnet ei sterk samanbindande og mobiliserande kraft seg imellom.

---

[466] Thing, *Kommunismens kultur*, bd. 2, s. 994.
[467] Attgjeve i Thing, *Kommunismens kultur*, bd. 2, s. 994.
[468] Leszek Kolakowski, *Den revolusjonære ånd*, Dreyers Forlag, Oslo 1978, s. 13.
[469] Attgjeve i Thing, *Kommunismens kultur*, bd. 2, s. 994−995.
[470] Attgjeve i Jensen, *Stalinismens fascination og danske venstreintellektuelle*, s. 199.
[471] Paul Hollander, *Political pilgrims. Western intellectuals in search of the good society*, Transaction, New York 1998.

I tråd med dette vil eg hevda at det maoistiske universet hadde ein liknande funksjon som det religionssosiologen Peter Berger kallar "en hellig baldakin" (sacred canopy); eit basalt og overbyggjande lerret, som stabiliserer og stør opp om dei skjøre konstruksjonane som fellesskapen lever med. Den heilage baldakinen "knytter sosialt nomos sammen med et videre og mer stabilt hellig kosmos på en måte som beskytter mot kaos og meningsløshet. Vår omskiftelige tilværelse gis mening i lys av en høyere konsepsjon av tid og historie. Tilfeldige menneskelige handlinger får et kosmisk overlys − mikrokosmos blir avspeiling av makrokosmos".[472] I mikrokosmoset AKP (ml) vart det maoistiske makrokosmoset spegla i kvar detalj. Kampen mellom dei to linene stod i verda, Noreg, partiet, familien – og i den einskilde partimedlemmen.

Sjølv om leiarskapen i den norske ml-rørsla hadde eit mangfald av arbeidsfelt og oppgåver, var såleis kanskje den sentrale funksjonen til den indre kjernen å vera ein *presteskap*: hegemoniske fortolkarar og forvaltarar av det heilage kosmos. Med religionssosiologiske briller kan vi seia at ideologi-importørar og entreprenørar som Tron Øgrim dreiv det Berger kallar *nomisering*: å leggja "[e]n meningsfuld orden […] ned over individets enkeltstående oplevelser og meninger".[473] Deretter var oppgåva å hindra det Berger reknar som det heilages farlegaste trugsmål: anomi, kaos – som gjer deltakaren i ein fellesskap "verdens-løst".[474] Dette svarar godt til tesen om leiarskapen si rolle som "paktinngåar" og "paktforvaltar", presentert i kapittel 1.

Det er fullt mogleg å sameina analysane i denne oppgåva med ein slik presteskapstese: Leiarskapen sine offensivar mot kritikarar som Kjell Hovden og Hans Ebbing kan lett sjåast som teologiske krosstog, der opposisjonelle standpunkt kring ideologi og strategi vart stempla som blasfemiske, og alternative leiarskapar rekna som kjettarar. "Tesene om høyreavviket" i 1975 kan sjåast som ein intern bannbulle, ein teodicé[475] som reinsa kyrkjelyden for tvil på trusgrunnlaget og slik atter mobiliserte til nye, usjølviske offer. (I denne samanhengen er det interessant at forfattaren av "Tesene", Tron Øgrim, var barnebarn av ein kommandør i Frelsesarmeen.) Og "partikrisa" i 1979−80 var slik sett eit *teologisk* samanbrot, der trua på Gud (Mao) og hans disiplar (Sentralkomiteen og den indre kjernen) vart skaka grunnleggjande – på omtrent same tid.

[472] Otto Krogseth, "Peter L. Bergers sosiologiske humanisme", føreord i Berger, *Religion, samfund og virkelighed*, s. XVI.
[473] Berger, *Religion, samfund og virkelighed*, s. 16.
[474] Berger, *Religion, samfund og virkelighed*, s. 17.
[475] Peter Berger brukar omgrepet teodicé (som han har henta frå Weber) om religiøse legitimeringar, dvs. teoretiske forklåringar på anomiske fenomen, utvikla innanfor den orden (nomos) som er etablert for det gjeldande samfunnet (Berger, *Religion, samfund og virkelighed*, s. 46).

2.2 Var maoismen svar på eksistensiell lengt?

Ei sak er å skildra mekanikken i eit kommunistparti, ei anna å forstå årsakene til at slike mekanismar oppstår. På dette punktet har mange søkt å forklåra "religiøsiteten" i kommunistparti med at aktørane har ulike former for religiøs lengt. Ein av eksponentane for denne retninga er historikaren Bent Jensen. Han forklårar det han kallar "stalinismens fascination" i omgrepet erstatningsreligion: "der igen hænger sammen med et undertrykt religiøst behov og en angst for at leve livet på eget ansvar, ubehaget ved selv at skulle søge sandheden."[476]

Hjå Jensen har kommunistisk utopidyrking ikkje berre same form som religionar, han meiner likskapen kjem av (undertrykt) trong for ein slags verkeleg religiøsitet. Ragnhild Mork har sett fram ein liknande tese om AKP (ml). Mork meiner å sjå ein samanheng mellom maoismen sin vokster og sekulariseringsprosessane på 1960- og 1970-talet i Vesten:

> Den åndelege krisa, og ein stadig meir utbreidd sekulariseringsprosess, gjorde at maoismen kunne framstå som eit eksistensielt og religiøst surregat [sic]. Gud var død, men maoismen hadde eit tilbod til dei abstrakt orienterte med ei total forklåring på historia, og eit eintydig svart-kvitt bilete av tilværet. Det politiske engasjementet blei eit religiøst substitutt, og maoismen den absolutt sanningsgivande ideologi. Fascinasjonen for det ekstreme blei slik ein søken etter ei overtyding som kunne fylle eit åndeleg tomrom. Trusobjekta hadde forvitra, men ikkje behovet for ei tru. Her kom den revolusjonære politikken inn og kompenserte for behovet med å finne eit mål og ei meining i livet.
>
> Ml-rørsla sitt prosjekt med å gjennomføre ein norsk revolusjon etter kinesisk mønster blei såleis ein del av eit *eksistensielt* prosjekt.[477]

Mork følgjer her same tankegang som Jensen: Det er ikkje berre parallellar mellom ml-arane si dyrking av Kina og religiøse si dyrking av Gud; opphavet til parallellane er ein *åndeleg lengt* hjå aktørane.

Religionsparallellar er, slik eg ser det, eit høveleg middel for å gje observasjonar av kommunistisk praksis det Morten Thing har kalla "forståelsens form".[478] Men dei slutningane som Jensen og Mork her gjer, er problematiske. For meg ser det ut til at "religionstesen" freistar å forklåra opphavet til fenomenet "religiøsitet" i kommunistiske parti med å visa til fenomenet sjølv.[479] Men dette gjer at tilhengjarar av tesen blir nøydde til å tenkja seg at det fanst drivkrefter

---

[476] Jensen, *Stalinismens fascination og danske venstreintellektuelle*, s. 199. Jensen har gjort det klårt at teoriane i stor grad òg gjeld for "maotilbedelsen" (Jensen, *Stalinismens fascination og danske venstreintellektuelle*, s. 185).
[477] Mork, *Kinas raude sol*, s. 112 (org. utheving).
[478] Thing, *Kommunismens kultur*, bd. 2, s. 995.
[479] Slik forklårar t.d. Bent Jensen danske intellektuelle si innordning i kommunistpartiet sin harde meinings- og organisasjonsdisiplin med "en *trang* til underkastelse" (Jensen, *Stalinismens fascination og danske venstreintellektuelle*, s. 207 [mi uth.]).

hjå aktørane som dei ikkje naudsynleg har særleg empirisk støtte for. T.d. skriv både Jensen og Mork om aktørane sin fascinasjon, anten det er for "stalinismen" eller "det ekstreme", men med spinkelt empirisk grunnlag. Som Morten Thing har peikt på, gjer Jensen ein metodisk feil alt i utgangspunktet: Jensen definerer "stalinisme" som dei faktiske tilhøva under Stalin (dvs. svolt, ufridom, Gulag). Deretter spør han etter dei venstreintellektuelle sin fascinasjon for stalinismen. Men er det rett at dei venstreintellektuelle var fascinerte av dette? Er ikkje spørsmålet motsett: At i den grad aktørane var fascinert av noko, så var det av fridom og menneskeleg lukke? Det historiske problemet er ikkje å forklåra kvifor dei var fascinerte av masseutryddingar av kommunistar og kulakkar, men det motsette: Kvifor dei trudde på noko som ikkje var der.[480] Den same metodiske veikskapen ligg i Mork sin påstand om ml-arane sin fascinasjon "for det ekstreme": Var det verkeleg *dette* ml-arane var fascinerte av? Som m.a. Sjøli har vist, var det ganske andre (positive) verdiar som brann i hjarta til dei unge SUF-arane: rettferd, antiimperialisme og sosialisme.[481] Det historiske problemet er ikkje å forklåra det Mork har kalla 68-arane si "dragning mot diktaturet"[482], men korleis "dragninga" mot rettferd og fridom førte aktørane inn i samanhengar der dei på visse område praktiserte og stod for det motsette.

Mork sin tese om at maoismen var svar på ein eksistensiell lengt er definitivt sann i si mest trivielle meining, dvs. at det er rimeleg å tru at ml-arane gjennom engasjementet var på leit etter samanhengar og meining i liva sine. At ml-arane i *større grad* enn andre i sin generasjon var fylt med eit eksistensielt tomrom, er derimot i beste fall ein svært skjør hypotese. Eg vil ikkje avvisa at maoismen for sume ml-arar kan ha vore det Mork kallar eksistensielt og religiøst surrogat (sjølv om det er uklårt kva som er meint med dette; burde dei i staden vald den "verkelege vara"?). Likevel ottast eg for at kjeldetilfanget hennar, der Dag Solstad sine romanar har ei prominent rolle og korkje internt skriftleg tilfang frå AKP (ml) eller munnlege kjelder er bruka, har gjeve det eksistensielle aspektet ei for stor rolle i forklåringa på ml-rørsla sin "religiøsitet".

2.3 Aktivistisk utopisme

Kva var det då i "superkrafta" som motiverte så sterkt, om det ikkje var å svara på ein åndeleg lengt? Her er det nærliggjande å trekkja inn omgrepet "utopi", men i ei noko anna tyding enn det synet som vurderer all utopisk politikk negativt.[483] Årsaka til at menneska ikkje berre er passive

[480] Morten Thing, *Kommunismens kultur*, bd. 1, Tiderne Skifter, København 1993 s. 59.
[481] Sjøli, *Fra raddis til kader*, s. 75−120.
[482] Ragnhild Mork, "Dragning mot diktaturet", kronikk i *Dagbladet,* 25. april 1998.
[483] Slik t.d. Bent Jensen synest å gjera, når han hevdar at den djupaste årsaka til Stalin sitt despoti låg i ønsket om å "ville trække Himlen ned på Jorden" (Bent Jensen, *Gulag og glemsel,* s. 447). Sidestilling av utopisk politikk og

instrument i hendene på "kreftene i historia" er, ifølgje Maurice Meisner, at mennesket har evna til å sjå for seg ei anna verd i framtida:

> Such "images of the future" bear upon one of the enduring features of human historical experience – the tension between the imperfections of the world as it is and a vision of the world as it should be. This sense of tension between the real and the ideal lies at the root of the utopian mentality, and it is an essential and universal feature of both religious and secular utopianism.[484]

I staden for å skilja mellom religiøs og sekulær utopisme, meiner Meisner det er fruktbart å skilja mellom aktive og passive former for utopisme.[485] Aktivistisk utopisme

> not only sets forth a vision of the future society but also combines that vision with the expectation that its advent is more or less imminent, […] it is a utopianism which carries the conviction that people can create the new and perfect order by their own actions in the present; and it is thus a utopianism which demands collective political action.[486]

Ifølgje Meisner er slik aktivistisk utopisme eit moderne produkt og heilt sentralt i marxismen som revolusjonær teori. Meisner sitt perspektiv ligg nært den tyske marxisten Ernst Block si drøfting av den utopiske tankegangen si historie. Block meiner ein må skilja ulike "voner for framtida" frå den subjektive førestellinga av kva som kan vera godt. Block talar difor om "konkret utopi", når framtidsvonene er knytt til historiske moglegheiter. Moglegheitene er avgrensa av den historiske situasjonen, men historia si faktiske utvikling er noko menneska har innverknad på. For Block var sosialismen ein slik "konkret utopi".[487]

Meisner og Block sine positive vurderingar av utopistisk politikk peiker dei etter mi meining på noko heilt sentralt for forståinga av revolusjonære rørsler: Revolusjonære lever heile tida i spennet mellom det dei oppfattar som moralske krav og historiske realitetar. Ofte kan spriket vera enormt. Men revolusjonære veit samstundes at mangelen på korrespondanse kan gje handlingsrom. Og i visse historiske tilfelle har ein, gjennom mobiliseringa av konkrete utopiar og utopisk-aktivistiske mentalitetar, skapt revolusjonar.

---

totalitarianisme har vore vanleg, men det er ikkje påvist nokon kausal samanheng mellom desse fenomena, meiner Maurice Meisner (Meisner, *Marxism, maoism and utopianism*, s. 18−20). Anders Lindhjem har argumentert for at utopisme var eit heilt sentralt element i 1960- og -70-tallet sine ungdomsopprør, og då særleg i tydinga trua på ein *ideell stad*, meir enn ein stad som ikkje finst. Han understrekar at sjølv om ein utopi ikkje let seg gjennomføra i praksis, vil *trua* på utopien kunne vera så sterk at ho mobiliserer til handling. Lindhjem meiner både ungdomsopprøret sin start og slutt kan bli forklåra i relasjon til slik utopisme (Anders Lindhjem, *Karlsøya-kollektivene. Drøm og virkelighet 1971 til 1977*, hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo hausten 1999, s. 4−5 og 163).

[484] Meisner, *Marxism, maoism and utopianism*, s. 21−22.

[485] Meisner, *Marxism, maoism and utopianism*, s. 24.

[486] Meisner, *Marxism, maoism and utopianism*, s. 25.

[487] Attgjeve i Thing, *Kommunismens kultur*, bd. 2, s. 993−994.

2.4 Kina som surrogat for ein ”konkret utopi”

Ml-rørsla hadde opphav i ei tid og eit intellektuelt klima der det Meisner kallar ”the tension between the imperfections of the world as it is and a vision of the world as it should be,” var stor. Ønsket om å kunna handla i høve til dette gapet auka mellom radikal ungdom utover 1960-talet. Fleire og fleire ville “vekk herifra”. Men dei famla i høve til vona på suksess, og mangla idear om kva retning opprøret skulle ta. I denne situasjonen kan vi seia at Kina – for ambisiøse og ideologitrengjande norske revolusjonære – fungerte som *surrogat* for det Block kallar ein ”konkret utopi”. Kina og Mao peikte på det aktørane oppfatta som dei historiske moglegheitene for revolusjon og sosialisme, også i Vesten og Noreg. I eit tett samspel av fleire faktorar, der dei viktigaste var (a) den internasjonale utviklinga, som gav voner om at ei anna verd var mogleg; (b) stadig meir radikale ungdoms- og studentmiljø; og (c) den maoistiske ideologien, som proklamerte at revolusjon var mogleg ved hjelp av truskap til MLM, vart det såleis utvikla det Meisner kallar ein *aktivistisk utopistisk mentalitet*.

I ettertid veit vi at verkeleg politisk suksess for denne mentaliteten nok var uråd, all den tid mentaliteten voks fram i ein svært avgrensa del av det norske folket. Men eg har i dei føregåande kapitla vist korleis denne forma for utopistisk aktivistisk politikk ikkje berre var tufta på ein illusjon: Etter kvart som maoiseringa av aktørane endra synet på moglegheitene, auka òg arbeidet dei faktisk fekk gjort. Og etter kvart som ein oppnådde visse praktiske resultat, auka òg trua på moglegheitene.

Såleis vil eg identifisera innhaldet i ”superkreftene” i MLM som *ideologisk effektivisering av knappe politiske ressursar*. Maoismen gjorde ml-arane i stand til å handla *som om* skiljet mellom forventningar (om revolusjon og sosialisme) og moglegheitene (i det norske politiske rommet) var mogleg å overskrida. Og i prosessen fekk aktørane praktiske røynsler med at maoismen *verka*, jamfør Terje Tvedt si gode skildring av funksjonen av slik form for ideologisk truskap: ”Den opprørsånd og energi dette skapte er det vanskelig å fatte i ettertid. Maos filosofi bidro til å gjøre visjoner om et annet samfunn mulige, *ikke bare som drøm, men som prosjekt*. Den ga næring til et opprør mot en avmektighet og passivitet mange følte.”[488]

Men samstundes som dei mest radikale elementa i ”68-opprøret” slik makta å omsetja eige subjektive engasjement i kollektiv og praktisk handling, fjerna ein seg på mange område frå å spela ei faktisk rolle i norsk politikk. Slik kan vi seia at ml-rørsla kom til å stå i eit nærast uløyseleg dilemma: Ein fekk enorme ressursar gjennom truskap til Mao Zedong, som særleg

[488] Tvedt, ”Kadervurderingene som kobling til det totalitære”, s. 111 (mi uth.).

gav utslag i (kortsiktig) oppsving i venstreaktivitetar og eiga partibygging. Men samstundes kravde dette enorme personlege offer og avgrensa i praksis rommet av faktiske moglegheiter til å spela ei rolle i den norske samfunnskampen.

3. Den leiande kjernen og maoismen

Kor mykje makt har ein prest over tolkinga av Bibelen? For å parafrasera Jens Arup Seip: Vi har sett at maoismen var eit sterkt band mellom leiarskap og medlemmene. Men var dette eit band som medlemmene hadde om livet og leiarane i handa, eller var dei alle vikla inn i det same marxist-leninistiske nettet?

Ifølgje sosiologen Robert Michels er maktkonsentrasjon og einerådande leiarskapar ei uunngåeleg utvikling i eit kvart politisk parti og organisasjon.[489] Naudsynte ordningar som trongen for arbeidsdeling og spesialisering genererer ei rad mekanismar som sikrar reproduksjon av leiarskapen si makt, hevdar han. Michels ser påvisinga av oligarkiske tendensar i sosialistiske parti som sjølve provet for det han kallar "oligarkiets jernlov": "Det er organisasjon som gir grunnlag for dominansen av de valgte over velgerne, av de som har mandatene over de som har gitt dem mandat, av delegatene over dem som de har fått delegasjon fra. Den som sier organisasjon, sier samtidig oligarki."[490]

I denne oppgåva har vi nettopp sett korleis etableringa av organisasjon og stram arbeidsdeling, først i SUF (ml) og deretter AKP (ml), gradvis auka makta til dei i toppen: Ein "leiande kjerne" på seks menn vart sitjande i partiet sitt øvste organ gjennom heile 1970-talet, fekk formell og reell makt over heile partiapparatet, og kunne i praksis ikkje bli kontrollerte eller kasta av sine eigne medlemmer. Vidare har vi i fleire tilfelle, kanskje klårast under "partikrisa" i 1979−80, sett at denne kjernen hadde utvikla ein sterk gruppeidentitet, og det eg har kalla eit gjensidig forsterkande samspel mellom ideologi og leiarskap.

Michels gjev oss ei nyttig åtvaring mot å eksotisera slik maktkonsentrasjon: Vi vil nok finna oligarkiske tendensar i dei fleste parti og organisasjonar. Likevel er det klårt at nokre faktorar gjorde tendensen svært sterk for ml-rørsla sin del: Ml-rørsla sitt enorme ambisjonsnivå, kombinert med knappe politiske ressursar, gav ekstra trong for stram arbeidsdeling. Med importen av ein leninistisk partimodell og ein stalinistisk versjon av demokratisk sentralisme var grunnen lagt for at leiarskapen i AKP (ml) gjennom 1970-åra nærast "måtte" utvikla seg til

[489] Michels, *Political Parties*, særleg s. 406.
[490] Sitert etter Stein Ugelvik Larsen, "Oligarkiets jernlov", i Stein Ugelvik Larsen (red.), *Lov og struktur*, Universitetsforlaget, Bergen 1987, s. 25.

det Michels kallar fåmannsvelde.[491]

Det er rimeleg å tenkja at slik sterk maktkonsentrasjon òg gav ulik makt i høve til AKP (ml) sitt normsett og ideologi. Men kor stor ulikskapen var, er ikkje openbert. På den eine sida kan vi spørja om ml-leiarane etter kvart utvikla seg til kyniske "machiavellianarar", som brukte den maoistiske ideologien til å binda og å få makt over andre. På den andre sida kan vi spørja om ikkje leiarskapen si harde framferd og vilje til makt nærast er eit ideal i marxismen-leninismen, og om leiarane i ml-rørsla slik kan ha vore like rettruande og ideologisk strukturerte som dei meinige medlemmene. Dette er viktige spørsmål, fordi dei tematiserer kva som er rimeleg å tenkja om motiv, interesse og medvit i utøvinga av ideologisk leiarskap i ml-rørsla.

Svar på slike spørsmål kan ikkje hentast direkte ut av kjeldene, men er avhengig av teoretisk perspektiv. Nedanfor vil eg difor drøfta spørsmålet om tilhøvet mellom ml-leiarane og den maoistiske ideologien med utgangspunkt i det handlingsteoretiske skiljet mellom metodologisk individualisme og kollektivisme, her representert med Jens Arup Seip og Francis Sejersted.

3.1 Metodologisk individualisme vs. kollektivisme

Hjå Jens Arup Seip er det liten tvil om at det asymmetriske tilhøvet mellom leiarskap og medlemmer i eit politisk parti gjev opphav til ulike interesser, og dimed også ulikt tilhøve til normer og ideologi i partiet. I sin vidgjetne analyse av Arbeidarpartiet i etterkrigstida skriv Seip om lojalitet internt i eit politisk parti, at "[l]ojalitetsfølelse er et bånd mellom medlemmer og ledelse, men et bånd som medlemmene har om livet og lederen i hånden."[492] I tråd med dette har Seip ein annan stad hevda om normer generelt at: "I politikken er normer et middel til å binde andre. Et kjennetegn på den store statsmann er at han for eget vedkommende er uavhengig − forholdsvis uavhengig − av regler, men forstår å benytte dem overfor andre. Han hersker ved hjelp av normer, men beherskes ikke av dem."[493] Ein stor statsmann kan altså ifølgje Seip vera relativt sjølvstendig i høve til normer og reglar, og kan bruka normer instrumentelt andsynes andre.[494] Men som vi ser er leiaren sin fridom, sjølv om denne er større enn for dei dominerte, likevel relativ.

---

[491] Torstein Hjellum har diskutert AKP (ml) si utvikling i lys av Robert Michels sin oligarkiteori, og konkluderer med at politikken og solidariteten som låg til grunn for 1960-talet sitt politiske engasjement, vart "pervertert av organisasjonsmakt" (Hjellum, "Organisasjonsmakt mot politikk og solidaritet", s. 34).

[492] Seip, "Fra embedsmannsstat til ettpartistat", s. 29. Eg oppfattar Seip sitt syn på "normer" som så nært det eg har omtala som "ideologi" at eg ikkje treng å ta omsyn til at Seip har ein noko annan omgrepsbruk enn meg.

[493] Seip sitert av Bjørn Quiller i *Morgenbladet* 21.2.1997, sitert i Hege Skjeie, *Vanens makt. Styringstradisjoner i Arbeiderpartiet*, Ad Notam Gyldendal, Oslo 1999, s. 25.

[494] Merk at Seip her skriv om "den store statsmann". Etter mi meining er det likevel rimeleg å tolka Seip slik at han meiner dette sjølvstendet *kan* gjelda leiarskapar meir generelt, men at graden av fridom vil variera.

Seip vedgår at ein skulle tru ”normer kan utøve en tvang over en manns atferd, som i visse tilfelle kommer i konflikt med handlingsimpulser som er fremkalt av en konkret situasjon”.[495] Ifølgje Seip vil leiarar (som Schweigaard) kunna løysa slikt ”krysspress” gjennom å freista sameina ideologi og realitetar, gjennom å halda fram ein ny ålmenn teori, som gjev framleis legitimitet til eigen politikk. Om leiarskapen sjølv vil vera medviten om slike legitimeringsprosessar, lèt Seip stå ope:

> Vi vet ikke i hvilken grad Schweigaard for sin egen del har hatt bruk for å ”tro”, eller i hvilken grad han […] har gjennomskuet seg selv. En dobbeltsikring kan vel gi økt handlekraft, og en almen teori som faller sammen med hva praktiske politiske overveielser tilsier, vil vi gjerne tro kan skape følelsen av noe irresistibelt.[496]

Ein leiar *kan* altså ifølgje Seip driva sjølvrefleksjon kring sin eigen bruk av normer, men treng ikkje. Ein kan i staden driva ”dobbeltsikring”: dekkja til både for seg sjølv og omverda dei underliggjande motiva for handlinga.[497] Ein leiar er slik ”forholdsvis uavhengig” av normer; graden av sjølvstende vil vera avhengig av situasjonen, og normer kan i stor grad bli oppløyst til underliggjande (eigentlige) motiv hjå den politiske leiarskapen.[498] Slik ser vi at i botn for heile Seip si tilnærming til politisk leiarskap ligg eit klårt metodologisk individualistisk program, ein gong formulert av Seip slik: ”Sosiale forklaringer vil alltid i prinsippet kunne oppløses i forklaringer ut fra individuelt følte behov og altså individuelle motiveringar.”[499]

Styrken i Seip sin teoretiske posisjon er at den er særleg fokusert på makt. Historikaren skal kle av, ikkje på. Problemet med Seip sitt kyniske blikk er likevel at han berre i liten grad har opning for at politikarar faktisk *trur* på det dei seier og gjer – i alle fall at denne trua er noko anna enn det Seip kallar ”dobbeltsikring”.

Francis Sejersted meiner Seip sin posisjon kviler på for sterke rasjonalitetsføresetnader. Ein reindyrka metodologisk individualisme har som utgangspunkt at handlingar blir utførte av medvitne, rasjonelle og frie einskildindivid, meiner Sejersted. ”Hvor får dette ubefestede

---

[495] Seip, ”’Det norske system’ i den økonomiske liberalismes klassiske tid (1850−1870)”, s. 22.
[496] Seip, ”’Det norske system’ i den økonomiske liberalismes klassiske tid (1850−1870)”, s. 71.
[497] Dette er nok eit døme på den type modifikasjonar Sejersted meiner Seip freista å gjera i høve til den metodologiske individualismen sin strenge rasjonalitetsføresetnad (Sejersted, ”Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene”, s. 317). Seip sitt omgrep ”dobbeltsikring” antyder jo at aktørar kan følgja strategiar dei ikkje sjølve er fullstendig klåre over den ”eigentlege” motivasjonen attom (jf. ”ha bruk for å ’tro’”). Formuleringane svarar nesten til Karl Marx sitt omgrep om ”falskt medvit” (ideologi).
[498] Seip skil mellom (a) at eit normsystem gjev meining til ei handling, og dimed korleis handlinga framstår, og (b) dei politiske motiva bak handlinga: "Et normsystem som gir en tilnærmet riktig beskrivelse av en faktisk politisk atferd, vil ha den virkning at de handlinger som gjøres, får ’mening’ fordi de på den måten fremtrer som ledd i en sammenheng. Kanskje en annen mening og en annen sammenheng enn de som fremkommer når det politiske motiv bak handlingen legges i dagen" (Seip, ”’Det norske system’ i den økonomiske liberalismes klassiske tid (1850−1870)”, s. 70).

individ sine motiveringer fra, hva er hans eller hennes behov? Individualismens intensjonale forklaringer famler med utgangspunktet".[500] Den metodologiske individualismen maktar ikkje å gje ei god nok forklåring på korleis menneskelege behov oppstår, meiner Sejersted. I praksis har også metodologiske individualistar måtta ta høgde for eksterne faktorar som påverkar og avgrensar tilfredstillinga av den einskilde aktøren sine behov. Men det blir ifølgje Sejersted likevel for ufullstendig, ettersom ytre faktorar berre kjem som tilleggsforklåringar når premissen om den rasjonelle einskildaktøren ikkje strekk til lenger. På denne måten skyv den metodologiske individualismen sosiale fenomen under teppet, meiner han.[501]

Etter mi meining er kritikken av Seip treffande. Det er ikkje plausibelt at t.d. den maoistiske ideologien ikkje på grunnleggjande vis skal ha verka inn på preferansane og orienteringa også til ml-leiarane.

Sejersted sitt alternativ til den metodologiske individualismen er eit "metodologisk kollektivistisk" program, formulert slik:

> Hovedpoenget med den metodologiske kollektivisme er, om vi skal bruke en kort formel, at man istedenfor å se på den sosiale orden som et resultat av individuelle behov og strategier ser på de individuelle behov og strategier som et resultat av den sosiale orden − individet beskrives først og fremst *som ikke-atomistisk*, som et historisk og kulturelt betinget vesen.[502]

I eit slikt program er det klårt at vurderinga av tilhøvet mellom leiarskap og ideologi blir kvalitativt annleis enn for Seip. For Sejersted kan normer og idear utgjera ein apriorisk, over-individuell orden, "et nett av tradisjonelle forestillinger/internaliserte normer og rituelle handlinger, kort sagt en kultur, som gir retning til politikken".[503] Ifølgje Sejersted kan denne ordenen vera *handlingsdeterminerande* "et stykke på vei".[504]

Ei slik tilnærming har, etter mi meining, ein del for seg, også i analysen av politiske parti. Denne oppgåva sitt omgrep om eit "maoistisk univers" liknar – eit stykke på veg – Sejersted sin aprioriske over-individuelle orden. Men sjølv om Sejersted unngår Seip sin ustrukturerte, rasjonelle aktør, ser det ikkje ut til at den metodologiske kollektivismen/strukturalismen gjev eit godt nok utgangspunkt for å forstå relasjonen mellom ml-leiarane og den maoistiske ideologien.

---

[499] Jens Arup Seip, *Problemer og metode i historieforskningen*, Gyldendal, Oslo 1983, s. 181.
[500] Sejersted, "Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene", s. 318.
[501] Sejersted, "Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene", 318−319. I sin studie av styringstradisjonar i Arbeidarpartiet har Hege Skjeie kritisert Seip for mykje av det same. Skjeie distanserer seg frå Seip og det ho kallar "et monotont insisterende premiss om autonome og manipulerende politiske lederskap" (Skjeie, *Vanens makt. Styringstradisjoner i Arbeiderpartiet*, s. 27).
[502] Sejersted, "Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene", s. 320 (org. uth).
[503] Sejersted, "Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene", s. 337.
[504] Sejersted, "Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene", s. 323.

Om vi for medlemmene i ml-rørsla reknar den maoistiske ideologien som ein viktig del av det Sejersted kallar ein apriorisk, over-individuell orden, handlingsdeterminerande "et stykke på vei", må vel likevel strukturen til denne kulturen bli forklåra i relasjon til aktørane som lever i den? Som Knut Kjeldstadli har påpeikt, står ikkje "kultur" i noko utvendig tilhøve til maktrelasjonar i eit samfunn: "Kultur er primært noens kultur."[505] Som denne oppgåva har vist i ei rad ideologiske omdanningsprosessar, var måten den maoistiske ideologien vart tolka på alltid resultat av *nokon* sin vilje. Også det maoistiske universet var konstruert, importert og kultivert – av handlande aktørar. For meg ser det ut til at ei metodologisk kollektivistisk/strukturalistisk tilnærming risikerer å skyva problemet føre seg, og slik bidrar til å "kle på" ml-leiarane.

3.2 Pierre Bourdieu sin praksisteori

Ein reindyrka metodologisk individualisme, i alle fall i Seip si tyding, kviler på for strenge rasjonalitetsføresetnader.[506] Men motsatsen, metodologisk kollektivisme/strukturalisme, risikerer å gå glipp av aktørane si aktive rolle i skapinga og gjenskapinga av strukturane dei lever i. Vi treng eit omgrep om sosial, strukturert handling, som samstundes ikkje mister aktørane si aktive rolle av syne.

Eit inntak kan vera sosiologen Pierre Bourdieu og praksisteorien hans.[507] I denne oppgåva har vi alt nytta Bourdieu si forståing av strategi, for slik å unngå å forplikta analysen av leiarskapsstrategiar på anten utslag av bestemte intensjonar eller strukturelle forklåringar der aktørane si eigeninteresse er uviktig. Mellom dei sentrale poenga til Bourdieu er at kunnskapane våre om handling er ufullstendige, og at det er dette som gjer at vi *trur* vi må velja mellom ei aktørorientert eller strukturorientert tilnærming til handling. Ifølgje Knut Kjeldstadli søkjer Bourdieu å "heve opp (ikke oppheve) begge disse to typene kunnskap".[508]

Det sentrale omgrepet i praksisteorien til Bourdieu er omgrepet *habitus*. Habitus er korkje noko som ligg i subjektet eller strukturen, men fungerer som ein formidlar, det

---

[505] Knut Kjeldstadli, "Struktur, norm og interesse − om historikernes behov for handlingsteori", *Historisk Tidsskrift*, 1/1991, s. 58.

[506] Tor Egil Førland meiner Sejersted overdriv rasjonalitetskrava i den metodologiske individualismen. Førland viser til Jon Elster, som meiner metodologisk individualisme korkje er forplikta på egoisme eller rasjonalitet (Tor Egil Førland, "Tidsånden som forklaring på studentopprøret? Sejersted, Seip og metodologisk individualisme en gang til", innledning på Instituttseminaret, historie, 28. november 2005, upublisert manus, s. 3). Eg diskuterer ikkje desse interessante problematiseringane av Sejersted sin kritikk vidare, men undersøkjer i staden eit tredje alternativ i debatten, representert ved sosiologen Pierre Bourdieu.

[507] Knut Kjeldstadli har gjort framlegg om dette, i Kjeldstadli, "Struktur, norm og interesse", s. 50−61, og Knut Kjeldstadli, "Habitusser og andre troll – på sporet av vår egen underjordiske. En kommentar til Pierre Bourdieus begrep om habitus", *Dugnad*, 3/1996, s. 3−22.

[508] Kjeldstadli, "Struktur, norm og interesse", s. 59.

ligg ”mellom” desse. Habitus er ifølgje sosiologen Donald Broady ”[ett] *system av dispositioner* som tillåter människor att handla, tänka och orientera sig i den sociala världen. Dessa system av dispositioner är resultatet av sociala erfarenheter, kollektiva minnen, sätt att röra sig och tänka som ristats in i människors kroppar og sinnen.”[509]

Habitus-omgrepet heng i hop med dei andre nykelomgrepa til Bourdieu: kapital og felt. Bourdieu sitt omgrep *kapital* kan samanliknast med verdi, tilførsel eller ressurs. Ein komprimert definisjon lyd slik: Symbolsk kapital er det som av sosiale grupper (deltakarar i eit felt) er gjenkjend som verdifullt og er tilkjend verdi.[510] Eit sentralt poeng i Bourdieu si forståing av omgrepet er at symbolsk kapital kan bli investert, gje kred(itt) og avkastning. Vidare at verdien av kapitalen er avhengig av ein marknad, ein kontekst der kapitalen blir tillagt verdi. Bourdieu kallar slike marknader for *felt*, som kan bli samanlikna med eit samfunn med relativ autonomi. Ifølgje Broady finst eit felt ”när en avgränsad grupp människor och institutioner strider om något som är gemensamt för dem.”[511]

I sum avviser Bourdieu at menneska *anten* handlar ut frå rasjonell maksimerande eigeninteresse *eller* ut frå overindividuelle normer, reglar og kulturar. Normene i eit samfunn er på grunnleggjande vis knytt saman med dei dominerande kapitalformene i samfunnet. Slik blir det å handla i tråd med normene på ei og same tid å tevla om kapital, som igjen gjev makt (dominans). Interesse og norm står altså ikkje i opposisjon til kvarandre; dei er på eit vis to sider av same sak. Staden der norm og interesse ”møtest” er i menneskas habitus. Men ein aktør sin habitus er igjen grunnleggjande knytt saman med tilgangen på kapital (økonomisk og symbolsk) og logikken i det feltet der aktøren opererer i.

Ein person som over lengre tid har delteke aktivt i politikken, vil i Bourdieu sin teori vera medlem av eit relativt sjølvstendig ”samfunn”, eit politisk felt, der deltakarane reknar det som står på spel, som svært viktig. Det som står på spel, er ei form for symbolsk kapital – politisk kapital – som gjev innehavarane ein kredibilitet, og slik dominans over andre posisjonar i feltet. Gjennom habitus vil ein politikar vera disponert til å følgja strategiar som følgjer logikken i feltet, og som kan gje auka tilgang på politisk kapital.[512]

---

[509] Donald Broady, *Sociologi och epistemologi. Om Pierre Bourdieus författarskap och den historiska epistemologin*, HLS Förlag, Stockholm 1990, s. 228 (org. uth). Eg brukar Broady si avhandling i denne gjennomgangen i staden for referansar til Bourdieu sjølv, ettersom Bourdieu i liten grad har gjeve eksplisitte definisjonar av dei mest sentrale omgrepa sine.

[510] Broady, *Sociologi och epistemologi*, s. 171.

[511] Broady, *Sociologi och epistemologi*, s. 270.

[512] Bourdieu har ikkje gjort empiriske studium av det politiske feltet, men sjå Pierre Bourdieu, ”Political representation: Elements for a theory of the political field”, i Pierre Bourdieu, *Language and symbolic power*, Polity Press, Cambridge 1991, s. 171−202. I Noreg har samfunnsvitarane Johs. Hjelbrekke og Oddbjørn Osland diskutert Bourdieu sin praksisteori i høve til det politiske feltet i artikkelen ”Den symbolske dominansen og ’det kommunikative mistaket’: Om Bourdieu sin praksisteori i studiar av det politiske feltet”, *Norsk statsvitskapelig*

3.3 Mao Zedong sin symbolske kapital

Det er ikkje rimeleg å tru at Bourdieu har "løyst" aktør-struktur-problematikken.[513] Og som vi har sett, kan omgrepa hans verka utflytande. Etter mi meining gjev likevel Bourdieu ei god ramme for betre å forstå relasjonen mellom leiarskap og ideologi i ml-rørsla.

I eit "seipsk" perspektiv kan vi forstå leiarane si utmanøvrering av intern opposisjon og generelle driv mot å styrka eigne posisjonar som forfølging av eigne interesser. Men det er vanskelegare å samstundes forstå kvifor *medlemmene* heldt ut, utan å redusera desse til passive vedheng som leiarane gjennom maoismen heldt i band. Eit slikt bilete stemmer ikkje med det vi veit om medlemmene si aktive deltaking og engasjement. I eit "sejerstedsk" perspektiv, der det maoistiske universet som ml-arane definerte seg innanfor blir sett som ein "apriorisk, overindividuell orden", kan vi lettare forstå kvifor rørsla hang saman. Men dette er vanskeleg utan å gå glipp av leiarane si særeigne interesse og makt i høve til forminga av denne felles kulturen.

I eit "bourdieusk" perspektiv kan vi tenkja desse to posisjonane saman, på ein ikkje-dikotomisk måte. Slik kan vi sjå skapinga av den norske ml-rørsla som etableringa av eit relativt autonomt felt i norsk politikk, utvikla i ei stode der ein fann det tvingande naudsynt å formulera eit heilskapleg samfunnssyn og slik definera eit eige rom til venstre for sosialdemokratiet. Dette rommet (feltet) har vi sett vart bygd kring særleg éin ressurs, som det var forventa at alle deltakarar rekna som verdifull og viktig: marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking. Hovudkjelda til denne ressursen, eller symbolske kapitalen, låg utanfor ml-rørsla og Noreg; i Kina, hjå Mao Zedong. Slik sett var maoisme eit band som *både* medlemmer og leiarar hadde "kring livet". SKAU kunne ikkje gjera *kva som helst*; maoismen sette grenser og gav normer, som alle – også dei – måtte følgja. På den andre sida: Maos symbolske kapital var ulikt fordelt, og dette gjorde også verknaden av kapitalen ulik.

Gjennom å vera først ute, og kanskje også gjennom å ha ein særleg eigna habitus, makta særleg Tron Øgrim å skaffa seg ei særstilling i høve til å forvalta denne kapitalen. Denne oppgåva har vist at Øgrim var den personen i ml-rørsla si leiing som kan kallast ein ideolog. Han

---

tidsskrift, 1/2000, s. 3−32).

[513] Sume *har* rett nok meint at Bourdieu har avskaffa motsetnaden aktør-struktur. Her held eg meg i staden til Kjeldstadli si haldning: "vi [er] ikke […] tjent med den formen for avskaffing som består i å oppheve skillet ved å slå dem sammen til én størrelse eller å hogge dem sund. Utfordringen ved å oppheve noe er ikke å fjerne det, men å ta det gamle med inn i en ny helhet. […] Derfor er det mer innsiktsgivende om habitus *formidler* mellom aktør og struktur enn å si at habitusbegrepet avskaffer disse to størrelsene" (Kjeldstadli, "Habitusser og andre troll – på sporet av vår egen underjordiske", s. 10). Denne haldninga meiner eg det går an å ha til heile "triangelet" av Bourdieu sine omgrep: Dei kan vera søkjarlys, for å omarbeida og tolka empiriske funn, og må ikkje forplikta på ei "total" løysing av metodologiske problem.

var den sentrale personen ved dei to store ideologiske omdanningsprosessane skildra i denne oppgåva; først ved maoiseringa av SUF i siste halvdel av 1960-talet, deretter ved "oppgjeret med høgreavviket" og den maksimeringsstrategien AKP (ml) sette inn på i siste helvta av 1970-talet. Også under "partikrisa" i 1979−80 var Øgrim den i partileiinga som – i bokform – søkte å gje ei heilskapleg omformulering av det ideologiske grunnlaget til ml-rørsla. Det er ikkje unaturleg å sjå på Øgrim sin habitus for å finna forklåringar på kvifor det var *han* som slik enda opp som hovudforvaltar av den maoistiske ideologien. Då vil ein leggja merke til at Øgrim var den i SKAU med klårast middelklassebakgrunn, og som kom frå ein familie med særleg lange tradisjonar for politisk virke. Ingen andre i AKP (ml) sin leiarskap kunne "matcha" denne kombinasjonen av kulturell og politisk arva kapital, trass andre med middelklassebakgrunn i ml-rørsla si øvste leiing, m.a. Sigurd Allern.[514]

I kapittel 2 reiste eg spørsmålet om Tron Øgrim kan sjåast som ein karismatisk leiar, ein "guru" i ml-rørsla. Spørsmålet blir ikkje mindre aktuelt av analysen av ml-leiinga som ein "presteskap" med "teologisk monopol" i ein lukka "kyrkjelyd". Heller ikkje med tanke på Øgrim sin familiebakgrunn, med ein farfar og oldefar som sentrale leiarar i Frelsesarmeen. Kjeldetilfanget gjev meg ikkje rom til å konkludera klårt i høve til denne spørsmålsstillinga, ettersom eg manglar empiri om kor viktig Øgrim som person framstod for den vanlege medlemmen og korleis han vart oppfatta "på gølvet". Men eg tykkjer det er lite truleg at Øgrim kan seiast å ha utøvd noko form for kontinuerleg personleg-karismatisk leiarskap i ml-rørsla: I periodar, kanskje særleg under maoiseringa av SUF 1965−68, var nok Øgrim sin personlege "karisma" viktig. Men i ml-rørsla si seinare utvikling, med ei stadig meir anonymisert leiing, var det som forvaltar av Mao Zedong sitt karismatiske herredømme – eller symbolske kapital – Øgrim spelte ei rolle. Denne rolla ser det ut til at han var særleg viktig i.

Dei fleste medlemmene godtok Øgrim og SKAU si særstilling i høve til å forvalta det vi kan kalla Mao-kapital, og tilkjende slik leiarskapen den autoritet som måtte til for å kunna framstå som Mao sine legitime representantar i Noreg. Med denne ressursen makta rørsla eit stykke på veg å kompensera for låge politiske ressursar i norsk politikk: Ein fekk verdas mest folkerike land som (symbolsk) alliert. Ein fekk ein politisk "vitskap", som lova suksess ved korrekt handsaming. Ein fekk ei pakke, med oppskrifter på alt frå politisk strategi til praktisk partibygging og kaderfostring. Slik vart Mao-kapital ein verdi, ikkje berre for dei få som makta å bli leiarar ved hjelp av han, men òg for tusenvis av medlemmer, som slik vart i stand til å tenkja og handla kollektivt, og dimed effektivt.

[514] Sjå vedlegg 3.

3.4 Oppsummering

Sett i høve til Seips vidgjetne metafor om lojalitet som eit band mellom leiarar og medlemmer, kan vi oppsummera resonnementet ovanfor slik: 1) Maoismen var ikkje berre eit band som leiarane hadde i handa og medlemmene om livet; 2) Eller eit nett som både leiarar og medlemmer var "vikla inn i"; 3) Maoismen kan heller sjåast som ei form for *symbolsk kapital*. Denne kapitalen vart tillagt stor verdi av både leiarar og medlemmer, og kunne slik vera ei sterk samanbindande kraft og ein ressurs utetter i norsk politikk. Men samstundes, gjennom å vera ulikt fordelt, gav maoismen leiarskapen enorm dominans innetter. Maoismen var slik ein felles, men hierarkisert verdi. Maoismen utgjorde både eit felles "univers", *og* var kjelde til sterk leiarskapsmakt.

4. Konklusjon

På bakgrunn av den analysen som er gjort i denne oppgåva, meiner eg å ha funne støtte for den framsette tesen i kapittel 1: *Ml-leiinga – og dimed også ml-rørsla – inngjekk i ein relasjon til maoismen som kan karakteriserast som ei faustisk pakt.*

I ei stode av politisk avmakt søkte ein å oppheva eigne avgrensingar gjennom ei pakt med superkrefter. Men suksess kravde full ideologisk lojalitet, og systematisk og aukande fortrenging av objektive realitetar. Vi kan såleis karakterisera leiarskap i ml-rørsla som utøving av *det umogleges kunst*. Leiarskapen var likevel lenge svært gode i denne kunsten: først som importørar av maoismen, som det eg har kalla paktinngåar, deretter som monopolistiske forvaltarar av maoismen, og det eg har kalla paktforvaltarar. Den ideologiske leiarskapen måtte først gje tapt då kjelda til superkreftene tørka inn etter formann Mao Zedong sin død i 1976. Pakta sin doble karakter, eller "faustiske" kvalitet, kan etter mi meining bidra til ei forklåring på fleire av dei paradoksa som blir knytt til den norske ml-rørsla si historie:

- Ml-rørsla vart ein særeigen kombinasjon av *suksess og fiasko*, fordi rørsle og leiarskap var gode til å utnytta maoismen sine superkrefter, men samstundes ikkje kunne frigjera seg frå ideologien sine absolutte lojalitetskrav – dei "faustiske pliktene". Ein fekk ikkje det eine utan det andre.

- Ml-rørsla vart både *frigjerande og undertrykkande*, av same grunn: Maoismen sine "faustiske" krefter sette medlemmene i stand til å utføra enorme viljeshandlingar, som dei utan lojalitet og underkasting under SKAU og Mao Zedong truleg ikkje ville oppnådd.

- Ungsosialistane gjekk frå å delta i eit *antiautoritært opprør* til å byggja eit *autoritært ml-prosjekt*, fordi ein tilsynelatande ikkje kunne få realisert dei mest politisk radikale sidene ved

den antiautoritære vendinga utan gjennom målretta, praktisk integrering i eit felles, effektivt prosjekt. Den kinesiske varianten av den marxist-leninistiske tradisjonen framstod som det beste alternativet for å få til dette.

Oppgåva reiser spørsmålet om ikkje den paktliknande relasjonen til maoismen – i alle fall for leiarskapen sin del – kanskje i større grad enn intellektuell, etisk eller moralsk overtyding, var tufta på ei praktisk tilnærming: Det var om å gjera å "få noko gjort", og maoismen var på mange måtar ein effektiv reiskap for dette. I dette perspektivet, der praksis står i sentrum, er ml-arane si tilsynelatande ufruktbare, vekkingsprega, for sume òg irrasjonelle satsing på autoritær sosialisme i kinesisk tapping langt på veg forståeleg og rasjonell.

Litteratur

Alexander, Robert Jay (1999): *International maoism in the developing world*. Westport, Connecticut: Praeger Publishers.

Alexander, Robert Jay (2001): *Maoism in the developed world*. Westport, Connecticut: Praeger Publishers.

Apter, David E. og Tony Saich (1994): *Revolutionary discourse in Mao's republic*. Cambridge, Massachusetts: Harvard University Press.

Augustsson, Lars Åke og Stig Hansén (2001): *De svenska maoisterna*. Göteborg: Lindelövs bokförlag.

Berger, Peter L. (1993): *Religion, samfund og virkelighed. Elementer til en sociologisk religionsteori*. 2. utv. utg. (norsk innleiingstekst). Oslo: Vidarforlaget.

Berntsen, Harald (1998): *Det lange friminuttet. Et essay om ungdom i 1960-åra*. Oslo: Aschehoug.

Blondel, Jean (1987): *Political leadership. Towards a general analysis*. London: Sage publications.

Bourdieu, Pierre (1991): ”Political representation. Elements for a theory of the political field”, i Pierre Bourdieu, *Language and symbolic power*: 171−202. Cambridge: Polity Press.

Bourdieu, Pierre (1999): *Meditasjoner*. Oslo: Pax.

Broady, Donald (1990): *Sociologi och epistemologi. Om Pierre Bourdieus författarskap och den historiska epistemologin*. Stockholm: HLS Förlag.

Elstad, Jon Ivar (2004): ”Arbeiderklassen tur/retur. (Ml)-bevegelsens sjølproletarisering”, *Samtiden*, 3/2004, s. 26−35.

Elster, Jon (1979): *Forklaring og dialektikk: noen grunnbegreper i vitenskapsteorien*. Oslo: Pax.

Eriksen, Knut Einar og Trond Bergh (1998): *Storhetstid og stormkast 1955−1997*, bd. 2 i Knut Einar Eriksen og Trond Bergh: *Den hemmelige krigen. Overvåking i Norge 1914−1997*. Oslo: Cappelen akademisk forlag.

Fields, A. Belden (1988): *Trotskyism and maoism. Theory and practice in France and the United States*. New York: Praeger Publishers.

Folkvord, Erling (1998): *Rødt! På barrikadane for AKP og RV*. Oslo: Millennium.

Furre, Berge (1990): *Norsk historie 1905−1990*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Gustavsen, Finn (1979): *Kortene på bordet*. Oslo: Gyldendal.

Godbolt, James (2004): ”RAPPORT: Vietnam-protesten i Norge. Fra ad hoc-aksjoner til

politisk kapital", *Nytt norsk tidsskrift*, 1/2004, s. 61−70.

Godbolt, James: *Vietnam-protesten i Norge*. Avhandling under arbeid: Universitetet i Oslo.

Gulbrandsen, Jorun (2003): "Et langt innlegg om mange saker i 'Hagtvet-debatten'", artikkel (berre på nett): <www.akp.no/omakp/bh-debatt/gulbrandsen-lang.html#1> (lesedato: 1. desember 2005).

Hagen, Roar (1989): "68 (ml)", i Terje Tvedt (red.): *(ml). En bok om maoismen i Norge*: 55−80. Oslo: Ad Notam.

Hellesnes, Jon (2004): "Ideologisk utpressing av ymse slag", i Jon Hellesnes: *Illusjon?*: 120−135. Oslo: Det Norske Samlaget.

Hjelbrekke, Johs. og Oddbjørn Osland (2000): "Den symbolske dominansen og 'det kommunikative mistaket': Om Bourdieu sin praksisteori i studiar av det politiske feltet", *Norsk statsvitskapelig tidsskrift*, 1/2000, s. 3−32.

Hjellum Torstein (1989): "Opprøret mot de etablerte partiene og ml-bevegelsens framvekst", i Terje Tvedt (red.): *(ml). En bok om maoismen i Norge*: 27−54. Oslo: Ad Notam.

Hjellum, Torstein (2003): Intervju i *Klassekampen*, 4. mars 2003.

Hjellum, Torstein (2004): "Organisasjonsmakt mot politikk og solidaritet", i Jostein Greibrokk (red.): *Byens største tanker fins på Burøya… Festskrift til Brigt Kristensen på 60-årsdagen*: 34−41. Bodø: Bodø RV.

Hobsbawm, Eric J. ([1973] 1994): *Revolutionaries*. London: Phoenix.

Hodne, Bjarne, Knut Kjeldstadli og Göran Rosander (red.) (1981): *Muntlige kilder. Om bruk av intervjuer i etnologi, folkeminnevitenskap og historie*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hollander, Paul (1998): *Political pilgrims. Western intellectuals in search of the good society*. New York: Transaction.

Hompland, Andreas (2003): "Opprør fra flere kanter", i Trond Berg Eriksen, Andreas Hompland og Eivind Tjønneland: *Et lite land i verden. 1950−2000. Norsk idéhistorie*, bd. 6: 149−191. Oslo: Aschehoug.

Hsiung, James Chieh (red.) (1974): *The logic of "maoism". Critiques and explication*. New York: Praeger Publishers.

Haaland, Anders (1998): "Studentrevolusjonen – særtrekk ved den norske utvikling (særlig om marxist-leninistenes rolle)", i Guri Hjeltnes (red.): *Universitetet og studentene. Opprør og identitet. Foredrag fra en nordisk konferanse om studenthistorie*: 167−173. Oslo: Forum for universitetshistorie.

Istad, Anders Holsbø (1992): *Politiske endringar i den norske ML-rørsla 1969−1980*. Hovudoppgåve i historie: Universitetet i Oslo.

Jensen, Bent (2002a): *Gulag og glemsel. Ruslands tragedie og Vestens hukommelsestab i det 20. århundrede*. København: Gyldendal.

Jensen, Bent (2002b): *Stalinismens fascination og danske venstreintellektuelle*. København: Lindhardt og Ringhof.

Johannesen, Georg (1981): *Om den norske skrivemåten: eksempler og moteksempler til belysning av nyere norsk retorikk*. Oslo: Gyldendal.

Kalleberg, Ragnvald (1998): ”Studenter i det sivile samfunn: et perspektiv på norske ’studentopprørere’”, i Guri Hjeltnes (red.): *Universitetet og studentene. Opprør og identitet. Foredrag fra en nordisk konferanse om studenthistorie*: 52−86. Oslo: Forum for universitetshistorie.

Kjeldstadli, Knut (1991): ”Struktur, norm og interesse − om historikernes behov for handlingsteori”, *Historisk Tidsskrift,* 1/1991, s. 50−61.

Knut Kjeldstadli (1996): ”Habitusser og andre troll – på sporet av vår egen underjordiske. En kommentar til Pierre Bourdieus begrep om habitus”, *Dugnad*, 3/1996, s. 3−22.

Knutsen, Sverre (1989): ”Sannhetsministeriets framvekst og sammenbrudd. Noen aspekter ved ledelsens rolle i ml-bevegelsen”, i Terje Tvedt (red.): *(ml). En bok om maoismen i Norge*: 135−164. Oslo: Ad Notam.

Kolakowski, Leszek (1978): *Den revolusjonære ånd*. Oslo: Dreyers Forlag.

Kristensen, Brigt (2004): ”AKP og RV 30 år. Demokratisk spydodd med materialbrest.”, i Jostein Greibrokk (red.): *Byens største tanker fins på Burøya… Festskrift til Brigt Kristensen på 60-årsdagen*: 331−344. Bodø: Bodø RV.

Kvale, Steinar (2001): *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Lakoff, George og Mark Johnson (2003): *Hverdagslivets metaforer*. Oslo: Pax.

Larsen, Stein Ugelvik (1987): ”Oligarkiets jernlov”, i Stein Ugelvik Larsen (red.): *Lov og struktur*: 25−36. Bergen: Universitetsforlaget.

Leonhard, Wolfgang (1970): *Three faces of marxism*. *The political concepts of Soviet ideology, maoism, and humanist marxism*. New York: Holt, Rinehart and Winston.

Lindhjem, Anders (1999): *Karlsøya-kollektivene. Drøm og virkelighet 1971 til 1977*. Hovudoppgåve i historie: Universitetet i Oslo.

Lorentzen, Per (1990): *Leninismen og partidemokratiet. En drøfting av begrepet demokratisk sentralisme og det interne demokratiet i bolsjevikpartiet*. Oslo: Arbeidermaktgruppa i Oslo.

Meisner, Maurice (1982): *Marxism, maoism and utopianism*. Madison, Wisconsin: The University of Wisconsin press.

Michels, Robert ([1915] 1958): *Political Parties. A sociological study of the oligarchical tendencies of modern democracy*. Glencoe, Illinois: The Free Press.

Mork, Ragnhild (1996): *Kinas raude sol. Den norske ml-rørsla og kulturrevolusjonen i Kina 1966−1976*. Hovudfagsoppgåve i historie: Universitetet i Oslo.

Mork, Ragnhild (1998): "Dragning mot diktaturet", kronikk i *Dagbladet*, 25. april 1998.

Nyhamar, Jostein (1990): *Nye utfordringer (1965−1990)*, bd. 6 i Edvard Bull, Arne Kokkvoll, Jakob Sverdrup (red.): *Arbeiderbevegelsens historie i Norge*. Oslo: Tiden.

Ottosen, Rune og Bjørn Westlie (1989): "Da 'Klassekampen' ble dagsavis. Eller hvorfor ingen kan starte dagsavis uten en fanatisk vilje til å lykkes.", i Terje Tvedt (red.): *(ml). En bok om maoismen i Norge*: 165−196. Oslo: Ad Notam.

Overrein, Arne (1974): "Om sekterismen og partiteorien", *Vardøger,* 6/1974, s. 1−17.

Salomon, Kim (1996): *Rebeller i takt med tiden : FNL-rörelsen och 60-talets politiska ritualer*. Stockholm: Rabén Prisma.

Seierstad, Dag (1984): "Bruddet mellom Sosialistisk Folkeparti og Sosialistisk Ungdomsforbund", *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*, 1/1984, s. 139−165.

Sejersted, Francis (1993): "Norsk historisk forskning ved inngangen til 1990-årene: Et oppgjør med den metodologiske individualisme", i Francis Sejersted: *Demokratisk Kapitalisme*: 305−328. Oslo: Universitetsforlaget.

Seip, Jens Arup (1963): "Fra embedsmannsstat til ettpartistat", i Jens Arup Seip: *Fra embedsmannsstat til ettpartistat og andre essays*: 7−42. Oslo: Universitetsforlaget.

Seip, Jens Arup (1968): "'Det norske system' i den økonomiske liberalismes klassiske tid (1850−1870)", i Jens Arup Seip: *Tanke og handling i norsk historie*: 22−71. Oslo: Gyldendal.

Seip, Jens Arup (1983): *Problemer og metode i historieforskningen*. Oslo: Gyldendal.

Sjue, Finn og Egil Fossum (2003): "Å ville det helt store", kronikk i *Klassekampen*, 1. mars 2003.

Sjøli, Hans Petter (2002): *Fra raddis til kader. Kineseri i tidens ånd (om ml-erne og det antiautoritære opprøret)*. Hovudfagsoppgåve i historie: Universitetet i Oslo.

Sjøli, Hans Petter (2005): *Mao min Mao. Historien om AKPs vekst og fall*. Oslo: Cappelen.

Sjøli, Hans Petter (2006): "Dissident (m-l)", Helge Øgrim i samtale med Hans Petter Sjøli, *Samtiden*, 1/2006, s. 119−129.

Skjeie, Hege (1999): *Vanens makt. Styringstradisjoner i Arbeiderpartiet*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Skjønsberg, Harald (1990): *På parti med Stalin? Den merkelige historien om MLernes*

storhetstid. Oslo: Gyldendal.

Skorpen, Ann-Mari (1995): *Maoisme på norsk og svensk. Ei komparativ analyse av den norske og svenske ml-rørslas organisatoriske styrke og einskap på 70-talet*. Hovudfagsoppgåve i samanliknande politikk: Universitetet i Bergen.

Solheim, Erik (red) (1978): *Oppgjør med AKP*. Oslo: Sosialistisk opplysningsforbund.

Solstad, Dag (2000): *Gymnaslærer Pedersens beretning om den store politiske vekkelsen som har hjemsøkt vårt land*. Oslo: Oktober.

Suominen, Tapani (1996): *"Verre enn Quislings hird": metaforiska kamper i den offentliga debatten kring 1960- och 1970-talens student- och ungdomsradikalism i Norge, Finland och Västtyskland*. Avhandling (dr. philos.) ved Universitetet i Oslo: Helsingfors.

Steigan, Pål (1985): *På den himmelske freds plass. Om ml-bevegelsen i Norge*. Oslo: Aschehoug.

Tarrow, Sidney ([1998] 2003): *Power in movement. Social Movements and Contentious Politics*. 2. utg. Cambridge: Cambridge University Press.

Thing, Morten (1993a): *Kommunismens kultur*, bd. 1. København: Tiderne Skifter.

Thing, Morten (1993b): *Kommunismens kultur*, bd. 2. København: Tiderne Skifter.

Titlestad, Torgrim (1982): *Når folket fortel: ei handbok i intervjuteknikk og tradisjonsinnsamling*. Bergen: Universitetsforlaget.

Trier, Elisabeth (1973): *Splittelsen mellom SF og SUF: den ideologiske bakgrunn*. Hovudoppgåve i historie: Universitetet i Oslo.

Tvedt, Terje (red.) (1989a): *(ml). En bok om maoismen i Norge*. Oslo: Ad Notam.

Tvedt, Terje (1989b): "Det virkelige Kina i Jens Bjelkes gate", i Terje Tvedt (red.): *(ml). En bok om maoismen i Norge*: 93−104. Oslo: Ad Notam.

Tvedt, Terje (1989c): "Kadervurderingene som kobling til det totalitære", i Terje Tvedt (red.): *(ml). En bok om maoismen i Norge*: 105−134. Oslo: Ad Notam.

Weber, Max ([1971] 1997): *Makt og byråkrati*. Oslo: Gyldendal.

Øgrim, Helge (2005): "Beretningen om et politisk innbrudd", artikkel (berre på nett) i *Dagbladet*: <www.dagbladet.no/magasinet/2005/09/09/442839.html> (lesedato: 9. september 2005).

Øgrim, Tron (1979): *Marxismen – vitenskap eller åpenbaringsreligion?*. Oslo: Oktober.

Øgrim, Tron (1982): *Den vestlige maoismens sammenbrudd og krisa i AKP (ml) – et debattinnlegg om partiteori (mai 1982)*. Oslo: Oktober.

Kjelder

Offentlege kjelder

Offisielle partidokument:

AKP (ml) (1973): *Arbeidernes Kommunistparti (m-l): programmer og vedtekter fra det 1. landsmøtet februar 1973*. Oslo: Oktober.

AKP (ml) (1975): *Sosialimperialismen i dag*. Oslo: Oktober.

AKP (ml) (1977): *Prinsipprogram og vedtekter for AKP (ml). Vedtatt på det 2. landsmøtet til Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene) november 1976*. Oslo: Oktober.

AKP (ml) (1978): *Beretning fra AKP (ml). Vedtatt på det 2. landsmøtet til Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene) november 1976*. Oslo: Oktober.

AKP (ml) (mai 1980): *Nytt framlegg til prinsipp-program for AKP (ml)*. Oslo: Oktober.

AKP (ml) (1981): *Prinsipp-program, sameprogram, vedtekter for AKP (ml). Vedtatt på det 3. landsmøtet desember 1980*. Oslo: Oktober.

Aviser og tidsskrift:

Klassekampen 1969−1984

Oppbrudd 1968−1975

Orientering 1965−1969

Røde Fane 1973−1984

Ungsosialisten 1964−1969

Upubliserte kjelder

Ymse dokument frå SUF/SUF(ml)/MLG/AKP(ml):

AKPs arkiv (AKPA); Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek (AAB); Brigt Kristensens papir (BKP); Kjell Skjervøs papir (KSP). Full dokumentreferanse står i kvar einskild note.

Interne publikasjonar:

Enhet-Kritikk-Enhet (EKE). Debattblad for SUF (ml), MLG og MLF. 1−4 1971. AKPA.

Enhet-Kritikk-Enhet-Vestlandet (EKE-Vestlandet). Debattblad for ml-rørsla på Vestlandet. 1−3 1972−1973. BKP.

Fram For Partiet (FFP). Internblad for Oslo AKP (ml). 1978−1980. KSP.

Solrenning. Leiravis for MLGs sommerleir 1972, deretter diskusjonsblad for MLG og sympatisørar i Bergen og Hordaland. 1−2 1972. BKP.

Tjen Folket (TF). Internblad for SASG/MLG. Einskilde nummer 1970−1973. BKP.

Tjen Folket (TF). Internblad for AKP (ml). 1973−1984. AKPA.

Informantar:

Arne Overrein vart intervjua 19. november 2003.

Brigt Kristensen vart intervjua 14. juni 2003. Tilleggsopplysningar på e-post 24. januar 2005 og 28. januar 2006.

Finn Sjue vart intervjua 17. desember 2003. Tilleggsopplysningar på e-post 28. januar 2005.

Gro Hagemann vart intervjua 26.. august 2003.

Helge Øgrim vart intervjua 30. juli 2003.

Harald Berntsen vart intervjua 5. august 2003.

Jorun Gulbrandsen vart intervjua 12. juni 2003.

Kjersti Ericsson vart intervjua 14. august 2003.

Kjell Skjervø vart intervjua 28. oktober 2003.

Leikny Øgrim vart intervjua 23. juni 2003.

Sigurd Allern vart intervjua 4. august 2003. Tilleggsopplysningar på e-post 29. januar 2005.

Sverre Knutsen vart intervjua 16. oktober 2003. Tilleggsopplysningar på e-post 17. mars 2006.

Tor Mostue vart intervjua 7. august 2003.

Tron Øgrim vart intervjua 23. oktober 2003.

Åsmund Egge vart intervjua 20. juni 2003. Tilleggsopplysningar på e-post 19. januar 2005.

Wiggo Knudsen vart intervjua 2. februar 2005.

Personlege opplysningar frå:

Samtale med Anders Ekeland, 11. november 2003; samtale med Bjørn Nilsen, 27. november 2004; samtale med Egil Fossum, 13. januar 2005; e-post frå Toril Brekke, 5. oktober 2004.

Vedlegg 1: Forkortingar

AKMED:	Aksjonskomiteen mot EEC og Dyrtid. Seinare Arbeiderkomiteen mot EEC og Dyrtid
AKP (ml):	Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene)
APA:	Arbeidets Parti i Albania
DNA:	Det Norske Arbeiderparti
DS:	Distriktstyre i AKP (ml)
EKE:	Enhet-Kritikk-Enhet
FFP:	Fram For Partiet
FU:	Fagleg Utval i AKP (ml)
KA:	Kommunistisk Arbeiderforbund
KAG:	Kommunistiske Arbeidsgrupper
KUL:	Kommunistisk Universitetslag
KFML:	Kommunistiska Förbundet Marxist-Leninisterna
KFML(r):	Kommunistiska Förbundet Marxist-Leninisterna (revolutionärarna)
KKP:	Kinas Kommunistiske Parti
MLG:	Marxist-leninistiske grupper
MLF:	Marxist-leninistisk front i NKP. Etter brotet med NKP berre Marxist-leninistisk front
MLM:	Marxismen-leninismen Mao Zedong si tenking
NKP:	Norges Kommunistiske Parti
NKS:	Norges Kommunistiske Studentforbund
OU:	Organisasjonsutvalet i AKP (ml)
PU:	Politisk Utval i AKP (ml)
RU:	Raud Ungdom
RV:	Raud Valallianse
SASG:	Sosialistiske Arbeids- og Studiegrupper
SF:	Sosialistisk Folkeparti
SF-stud:	Sosialistisk Folkepartis Studentforbund
SK:	Sentralkomiteen i AKP (ml)
SKAU:	Sentralkomiteens Arbeidsutval i AKP (ml)
SKP:	Sveriges Kommunistiska Parti
Sos. stud:	Sosialistisk Studentforbund
SUF:	Sosialistisk Ungdomsforbund
SUF (ml):	Sosialistisk Ungdomsforbund (marxist-leninistene)
SV:	Sosialistisk Valforbund. Frå samlingskongressen 1975 Sosialistisk Venstreparti
TF:	Tjen Folket

Vedlegg 2: AKP (ml) sin leiarskapsstruktur



Merknader:
I AKP (ml) var det høgste organet (utanom landsmøta) sentralkomiteen (SK). Ifølgje vedtektene skulle SK konstituera seg sjølv, velja formann og andre naudsynte tillitsmenn og eit Politisk Utval (PU). PU skulle kalla inn til plenumsmøte i SK minst to gongar i året. Når SK ikkje var samla skulle PU utøva SK sine funksjonar og myndigheit, og oppretta dei organa og utvala som trongst for å ta seg av partiet sitt daglege arbeid. Viktigast av desse organa var Sentralkomiteens arbeidsutval (SKAU). SKAU var lokalisert i Oslo og hadde ofte og jamlege møte, ein gong i veka eller meir. SKAU hadde òg ei dagleg leiing, som truleg bestod av partileiaren, partisekretæren og ein eller to til frå SKAU. Samansetjinga av SKAU varierte noko gjennom 1970-talet, i tråd med valet av SK-ane, men kjernen i SKAU var den same gjennom heile tiåret (sjå vedlegg 3).

Partileiinga utvikla etter kvart ei rad sentrale utval, knytt til arbeidsområde (dei viktigaste er nemnde ovanfor, det fanst fleire). Utvala hadde eigne budsjett, regulert av SK, og kunne også ha eigne tilsette. Det mest sentrale utvalet var altså PU, men også Organisasjonsutvalet (OU), som hadde overoppsyn med utviklinga av partibygginga og direktivutsendinga, var svært viktig. Det ser ut til å ha vore vanleg at ein medlem av SKAU leidde dei mest sentrale utvala.

Under det sentrale nivået var partiet organisert med distriktsstyre (DS) og partiavdelingsstyre. Det var vanleg at SK-medlemmerne var DS-leiararar eller medlemmer av DS-styra.

Vedlegg 3: Den sentrale kjernen i Sentralkomiteens Arbeidsutval (SKAU) 1973−1980

Namn	Fødeår og –stad	Innmeldt i SUF	Verv i SUF/AKP (ml)	Utdanning/yrke	Mor og fars yrke	Medlem SK i AKP (ml)	Medlem SKAU i AKP (ml)
Sigurd Allern	05.09.1946; Sandnessjøen	1966	Sentralstyret i SUF 1966/1968; SUF-leiar 1967−1968; MLG-leiar 1971−1973; AKP (ml)-leiar 1973−1975; Redaktør i *Klassekampen* 1970−1972; 1979−1995	Artium v/ Trondheim katedralskole 1965; Mag. art sosiologi v/Universitetet i Oslo 1974; Dr. polit i medievitskap v/ Universitetet i Bergen 1997; Professor i journalistikk v/ UiO (2002)	Mor: Husmor/ kontorist Far: Økonomisjef ved Sandnessjøen Sykehus	1973−1991	1973−1984
Sverre Knutsen	23.06.1945; Oslo (Østre Aker)	1966 (?)	Sentralstyret i SUF 1967−1972; Formann i SUF (ml) 1971−72; Sentralkomiteen i MLG 1970−1973; Sekretær i AKP (ml)s Sentralkomité 1973−1982	Sinsen høyere allmennskole 1959/64; Artium, 1964; Cand.mag. 1971; Cand. philol 1990; Førsteamanuensis i økonomisk historie, HHS BI	Mor: Blomsterbindar, fabrikkarbeidar, reinhaldshjelp Far: elektrikar/bygningsarbeidar	1973−1982	1973−1982
Pål Steigan	31.05.1949; Oslo	1965/1966	Redaktør i *Ungsosialisten* 1967−1968; Formann i SUF (ml) 1969−1971; AU i MLG 1971−1973; Formann i AKP (ml) 1975−1984	Artium; Mellomfag historie v/ Universitetet i Oslo 1971; Transformatorviklar 1971−1975; Leiar for Parkteateret scene A/S (2006)	Mor: Realskole, kontordame Far: ”Diverse universitetsfag”, Skolefilmkonsulent og laboratoriesjef ved Kommunenes filmcentral	1973−1988	1973−1988 (?)
Finn Sjue	27.10.1943; Hof i Vestfold	Aldri	Redaktør i *Klassekampen* 1973−1977; Nestleiar i AKP (ml) 1980−1981	Artium v/ Landsgymnaset i Bø i Telemark 1963; Cand. psychol. UiO (1969);	Mor: Gardbrukarkone Far: Gardbrukar, seinare skogsarbeidar	1973−1984	1973−1984

				Journalist; Førstelektor i journalistikk HiO (2000-)			
Kjell Skjervø	08.06.1948; Steinkjer	1966	Sentralkomiteen i MLG 1970−1973; Leiar for OU 1974/5−1980 (?); Leiar for DS i Oslo AKP (ml) 1980−1982 (?)	Artium; Ex.phil v/Universitetet i Oslo; Tømrar; Rådgjevar i Fellesforbundet (2006)	Mor: Husmor Far: Landbruksutdanning, ”div. yrke”	1973−1984 (?)	1973−1980
Tron Øgrim	27.6.1947; Oslo	1963	Redaktør i *Ungsosialisten* 1966−1967; Sentralstyret i SUF 1965−1969/70; Sentralkomiteen i MLG 1970−1973; nestleiar i MLG 1971−1973	Artium; Førebuande prøve, UiO	Mor: Ernæringsfysiolog Far: Universitetslektor i fysikk	1973−1984	1973−1984

Merknad: Opplysningane stammar frå personane sjølve, og er ikkje fullstendige på nokon måte. Der personane er i tvil om fakta er det sett spørjeteikn.

Vedlegg 4: Bruk av munnlege kjelder

Nokre særlege kjeldekritiske vurderingar

Minne og munnleg tradisjon blir stundom sett som kvalitativt annleis enn skriftlege leivningar. Eg har ikkje funne grunn til å tenkja det slik. Også dokument kan vera basert på munnleg informasjon. I andre tilfelle kan skrifter som ser samtidige ut vera nedteikna i etterkant. Dessutan kan samtidige data innehalda feilkjelder. Munnlege kjelder bør difor i stort bli underlagt den vanlege forma for kjeldekritikk, der ein særleg vurderer ei kjelde ut frå testing av indre konsistens, kryssjekking med anna tilfang og plassering av vitnesbyrdet i ein større samanheng.[1] Men munnlege kjelder byd òg på visse metodiske problem dei er åleine om. I tillegg kan visse vanlege kjeldespørsmål bli forsterka og trenga ekstra merksemd. Problema er særleg knytt til gløymsle, feilminne, at informasjonen kan ha gått gjennom fleire ledd (tradering) og at perspektivet til forteljaren er avgrensa. Sjølve intervjusituasjonen representerer òg ei mogleg feilkjelde.[2]

Nokre av desse problema har eg søkt å takla ved måten eg har lagt opp intervjua på. Alle intervjua er gjennomførte etter eit relativt fast mønster, der eg først har bede informanten om å skildra "karrierevegen" sin i ml-rørsla og deretter det han/ho minnest frå dei fire prosessane eg har vald ut. Etter kvart som særleg interessante emne eller opplysningar har kome fram har eg følgd opp med tilleggsspørsmål og supplerande kommentarar.[3] Både fenomena gløymsle, feilminne, og den einskilde sitt avgrensa perspektiv har slik vorte teke omsyn til ved at informantane kvar for seg har kommentert dei same tilfella. Med å halda svara opp mot einannan har eg i fleire tilfelle kunna korrigera direkte feilopplysningar og vonleg unngått å festa for mykje lit til einskildversjonar.[4]

---

[1] Bjarne Hodne mfl. (red.), *Muntlige kilder. Om bruk av intervjuer i etnologi, folkeminnevitenskap og historie*, Universitetsforlaget, Oslo 1981, s. 66.
[2] Bjarne Hodne mfl. (red.), *Muntlige kilder*, s. 66−84.
[3] I utviklinga og gjennomføringa av intervjugranskinga har eg hatt nytte av Steinar Kvale si bok *Det kvalitative forskningsintervju*, særleg i høve til utforminga av eit rammeverk for intervjusituasjonen (Steinar Kvale, *Det kvalitative forskningsintervju,* Gyldendal akademisk, Oslo 2001, s. 43−61, s. 72−81). Torgrim Titlestad si bok *Når folket fortel* var særleg nytting m.o.t. tekniske råd kring intervjua, intervjukontraktar og spørjeskjema (Torgrim Titlestad, *Når folket fortel: ei handbok i intervjuteknikk og tradisjonsinnsamling*, Universitetsforlaget, Bergen 1982).
[4] Problemet med tradering er likevel i utgangspunktet stort i høve til eit så ideologisert tilfelle som den norske ml-rørsla. I visse tilfelle, t.d. i spørsmålet om korleis SUF vart maoistisk, bar nesten alle informantane sine versjonar preg av å vera fortald mange gongar og at dei har hatt ein integrerande funksjon i skapinga av kollektivet ml-rørsla. I slike tilfelle, der forteljingane nærast er å rekna for segn, bør ein vera særleg påpasseleg med å søkja alternative skriftlege kjelder. Alternativt kan ein handsama forteljingane som leivingar, for slik å få "kunnskap om 'holdninger', dvs. den forklaring og vurdering et miljø ga av et fenomen" (Bjarne Hodne mfl. (red.), *Muntlige kilder*, s. 73).

Det er klårt at sjølve intervjusituasjonen og mi eiga interesse på venstresida kan ha gjort dei munnlege kjeldene særleg sårbare for påverknad og forvrenging. Intervjuaren kan stilla leiande spørsmål eller leggja ord i munnen på informanten. Vidare kan informanten utøva påverknad motsett veg. Informantane kan framleis ha strategiske interesser i høve til feltet: Anten fordi dei har interesse av at historia blir skriven på ein måte som er heldig for dei, eller fordi dei framleis er med i partiet AKP.[5] Informanten kan også, medvite eller umedvite, leggja stor vekt på eit spesielt emne og såleis freista styra intervjuet i ei spesiell retning. Eller informanten kan "løna" intervjuaren med å "letta på sløret" eller til og med gje tilgang til kjelder som han veit intervjuaren er interessert i, og på den måten skapa ein lojalitetstilhøve mellom seg og intervjuar. Etter mi meining finst det likevel ikkje andre metodar for å unngå slik påverknad enn å vera medviten om at slikt kan skje og søkja å veia den opp med å heile tida konfrontera intervjuet med skriftlege kjelder og andre informantopplysningar.

Dei munnlege kjeldene er freista handsama i tråd med dei kjeldekritiske omsyna nemnt ovanfor. Alle intervjua er tekne opp på minidisk og transkriberte i ettertid.[6] Alle informantar har underskrive ein intervjukontrakt der eg har forplikta meg til å oppbevara intervjua i samsvar med reglane for diskresjon ved norske arkivinstitusjonar og informanten har gjeve meg samtykke til å nytta intervjuet i hovudoppgåva slik eg har funne det tenleg. Dei som har ønskt det, har fått høve til å godkjenna brukte sitat og opplysningar. (Dei som har nytta seg av dette er Allern, Egge, Ericsson, Knutsen, Sjue, Skjervø og Wiggo Knudsen. Dette har ikkje ført til vesentlege endringar i sitata.)

I oppgåva er dei einskilde intervjua referert med dato for intervjuet og spor og tid på minidisken. I dei tilfella der eg har vurdert det som naudsynt er informanten si plassering i ml-rørsla nemnt i samband med referansen.

[5] Det er her naudsynt å nemna at Bernt Hagtvet sumaren 2003 starta eit omfattande ordskifte i *Dagbladet* om ml-arane sitt eventuelle personlege ansvar for støtte til folkemord, gjennom den politiske støtta til Raude Khmer på slutten av 1970-talet. Ordskiftet oppstod midt under intervjugranskinga mi. Striden var til dels svært hissig og eg kan ikkje sjå bort i frå at det har påverka informantane mine sine svar. Men sjølv om dei fleste nemnde ordskiftet under intervjua, var det lite eg kunne gjera med dette anna enn å leggja det på minnet og vera merksam på problemet.

[6] Eg har ikkje funne det praktisk mogleg å transkribera heile intervjua. Eg har skrive ut dei delane eg har funne mest interessante og referert til kvar einskild stad på disketten.